

Ivar Aasen
Skrifter i samling

Trykt og utrykt

II

Kristiania og Kjøbenhavn 1911–12

Føreord (1997)

Innhald (detaljert)

Røddor og spelstykke

Ervingen (1855)

Dagbøker og reiseminne

Ymse utgreidingar

Heimsyn (1875) innhald, teksten

Merknader

Band I

Band III

Elektronisk utgåve
Det Norske Samlaget
Oslo 1997



IVAR AASEN

SKRIFTER I SAMLING

TRYKT OG UTRYKT

II



KRISTIANIA OG KJØBENHAVN
GYLDENDALSKE BOGHANDEL
NORDISK FORLAG
MCMXII

Føreord (1997)


Skrifter i Samling kom ut i tre band i 1911 (band I) og 1912 (band II og III), redigert av Knut Liestøl. Dette er den største samleutgåva av skriftene til Aasen som har kome ut, og det er eit sentralt referanseverk i litteraturen om Aasen. Det er ei liste over dei ulike samleutgåvene i **bibliografidelen** på denne cd-en.

Trass i storleiken er tittelen *Skrifter i Samling* misvisande. Trebandsverket inneheld berre eit lite utval av den store produksjonen til Aasen. Ingen av dei større verka (grammatikkane, ordbøkene, *Prøver af Landsmaalet, Norske Ordsprog*) er med, og det er heller ikkje ein del av dei artikkane som stod på prent i levetida til Aasen. Sjå elles «Etterord» av Knut Liestøl i **band III**.

Skrifter i Samling vart på nytt tilgjengleg som bok i 1996 då Gyldendal gav ut ei ny fotografisk utgåve med etterord av Kjell Venås. Dei tre banda er der samla i eitt band.

Denne elektroniske utgåva ligg tett opp til originalutgåva i 1911–12, og sidenummera på boksidene er dei same. Dei viktigaste skilnadene er:

- 1) innhaldslista er her flytt fremst, og dei nye sidene er nummererte med romartal,
- 2) teiknet ♂ er bytt ut med «d. v. s.»,
- 3) rettingane som er førte opp lengst bak i bokutgåva er førte inn i hovudteksten, og nokre prentefeil i bokutgåva er retta utan at det er gjort greie for det i kvart einskild tilfelle,
- 4) nokre av overskriftene er retta slik at dei no er i samsvar med originaltitlane på stykka.

Det er laga lenkjer slik at ein kjem seg frå teksten til merkningane ved å trykkja på  ved overskriftene.

Skrifter i Samling er skanna og korrekturlese av Dokumentasjonsprosjektet ved Universitetet i Oslo.

Oslo, januar 1997

Oddmund Løkensgard Hoel

INNHALD

RØDOR OG SPELSTYKKE

Samtale imellem to Bønder (1849)	7
I Marknaden (1854).....	14
Ervingen (1855).....	20
Sidste Kvelden (1887).....	66

DAGBØKER OG REISEMINNE

Dagbog paa en Reise til Bergen 1841	75
Dagbog paa en Reise til Trondhjem 1842	111
Erindringer af mine Reiser (1842-45)	134

YMSE UTGREIDINGAR

Um Vanen (1852?).....	159
Um Dikting (1853).....	161
Um Storlæte (1853).....	166
Brev om Kulturen (1859)	169
Um Folkasegner paa Island (1862)	175
Merkedagarne (1863)	181
Ettersleng til 17de Mai (1864)	187
Talar fyre tome Stolar (1864)	190
Um Namnet Oslo (1866).....	200
Aasmund Vinje (1870)	206
Um sjeldsynte Dyr i Sjoen (1878).....	211

HEIMSYN (1875).....

I. Um Jordflata.....	221
II. Um Luft og Veder	228
III. Um Himmelklotarne.....	232
IV. Um Jordbolkarne	240
V. Um Skapningen paa Jord	247
a) Steinriket	248
b) Voksterriket	251
c) Dyreriket.....	257
VI. Um Menneskja	266
VII. Um Folkeskipnad.....	274
VIII. Um Tilstand i fyre Tider.....	283
Fornaldren	284
Midaldren.....	290
Nyaldren	296

MERKNADER

305

Skrifter i Samling II

RØDOR OG SPELSTYKKE

SAMTALE IMELLEM TO BØNDER.



A. Eingaang vart dæ daa Ende paa dette Aare ogso. Dæ heve hendt so mangt sida ifjor dette Bil'e, at naar eg tenkjer ette altsama, so tykjer eg at dette Aare heve vore lenger en mange andre.

B. Ja, ein synest no altid so um den Tidi, som ær sist avlidi; men so vidt som eg skynar, so heve dæ no inkje vorte so store Umskiftingar helder. Dæ heve vore snakka mykje aa kiva mykje; men dæ som ær gjort, ær væl inkje stort meir en dæ plar vera.

A. Dæ kann vera sant, so lengje som me bære tenkjer paa oss sjølve; men dæ ær no som du veit mæ vaart Land, at dæ ær bære som ein Fetling paa ei Hud, elder som eit lite Utnes paa ei stor Øy. Difyre heve me den Lukka, at me kann hava Ro, um dæ endaa ær Uro i dei andre Landi; me kann standa utanfyre aa læra te vara oss fyre dei Ting, som vekkjer Ufreden i andre Rikje. Han lever best, som ær minst kjend, segjer dei gamle; – heve han den Skaden, at ingjen bryr seg um han, so heve han ogso den Vinningji, at han fær vera i Fred og skjøyta seg sjølv; heve han lite te segja, so heve han og lite te syta fyre. Men endaa kann ein ikje altid vera like glad kor dæ gjeng i dei andre Landi; dæ eine Rikje heng ihop mæ dæ andre paa mange Maatar; aa naar dæ gjeng ein galen Veg i dei store Landi, so kjennest dæ ogso i dei smaa.

B. Dæ ær sant, dæ skal ha' vore eit gale Tilstand uttanlands. Eg heve høyrte mangt, men eg heve ikje fingje rettug Grunn i dæ. Du som les Avisunne, du veit no væl kor dæ stend til, aa kva Slag dæ ær som all den Uroi kjem av. Eg heve høyrte, at dær heve vore Upprør i mange Land.

A. Ja, dæ heve vore urolegt paa mange Stader; sume kallar dæ Upprør, aa sume heve andre Namn paa dæ. Ellest skal dæ no hava seg so, at Folkje heve vorte so misnøgde mæ Landsstyringji si, at dei heve sett seg upp aa sagt, at dei vilde ikje tola den gamle Styremaaten lenger.

B. Men ær ikje dæ Synd slikt, aa ær ikje dæ stygge Folk, som set seg upp mot sine Overmänner aa mot dei som er innsette te styra Lande?

A. So lengje som Styringji er logleg aa lempeleg, so ær dæ vist baade Synd aa Skam te setja seg imot, aa inkje ær dæ vituge Folk, som gjerer dæ helder. Men dæ kann ogso vera ei Landsstyring, som gjerer mykjen Urett aa fær ille mæ Folkje i lang Tid, aa daa ær dæ vondt te vita kor lengje Folkje skal tegja, elder kor mykjen Urett dei skal tola, før dei heve Rett te setja seg imot. Den Sakji ær so vandug aa so flokji, at dæ ær faae som kann greida henne, aa difyre vil me inkje snakka meir um den Ting. Dæ ær no og so hyggjelegt mæ dæ, at me treng ikje um te grunda paa dæ; fyre den Friheiti, som andre Folk hikar aa trøyter seg ette, henne heve me alt havt i lang Tid; aa den Vinningji fekk me so syndlaust aa so uskyldugt, at dæ ær ingjen som heve noko te anka paa i den Maaten.

B. Men kor gjekk dæ til, at dæ vart slik ei Uro paa so mange Stader, aa so dæ at dæ hævde til allestader paa ei Tid?

A. Orsakji var væl den same paa den eine Staden som paa den andre, aa difyre gjekk dæ væl so, at so snart som dæ spurdest at denne Umsnuingji var

gjord paa ein Stad, so fekk dei andre eit nytt Mod og tok te freista paa dæ same. Franskmannen ær no den som altid heve vore stridugaste mot all Tvang aa Undertrykk; han var dæ som var Upphave til den store Umstøytingji, som var fyre ei seksti Aar sida, daa dæ vart so mykjen Ufred; aa han var dæ som tok til mæ dæ denne Gaangjen ogso. No ær dæ den Ting som ær mest te merkja, at denne Freistnaden fekk so stor Framgang, aa so dæ at Folkje i dei nærmaste Rikji tok te røra paa seg mæ dæ same. Dæ synest no vera eit vist Merkje paa, at Styremaaten hadde vore galen, aa at dei gamle Raadsherranne hadde ikje bygt paa den Grunnen, som til hørde. Bygnaden deira hadde for lite te stydja seg paa, aa difyre vilde dæ inkje meir til en ei slik Vindflaga, før han maatte brotna.

B. Men endaa tykjer eg dæ, at eg kann ikje skyna, kor Folk kunde verta so forhatuge aa sinte paa dei Fyremennen som dei var skylduge te lyda. Naar dæ kunde ganga so langt, so maatte dæ væl svida saart, aa dei hadde vist lide mykjen Urett.

A. Dæ var no væl dæ, dei syntest, aa so var dei væl rædde fyre, at dei skulde lida endaa meir, sida dei saag kva Veg dæ tok te ganga. Dæ var mange som hadde klaga fyre dæ, aa radt til Ettegiving; men fyst so vart dæ no inkje ettelydt, aa sist paa fekk dei ikje Lov te klaga helder. Den som snakka fint aa roste alt, som dei store hadde gjort, han vart upphøgd aa æra framfyre andre, men den som skulde segja Sanningji beint fram, han vart nedsett aa forfylgd, som han hadde gjort ei Ulukka. Dæ vart sette so strenge Forbod paa all snakking aa Skrivning um slike Ting, aa var dæ daa nokon som forsnakka seg, so fekk han nog svida fyre dæ. Dæ vart paalagt store Skattar aa Utlegg; aa so vart Penganne burtsumla aa oppøydde til Faanyttes, aa sume Tider fekk ein inkje vita kvar dæ vart av dei helder. Naar dæ

no var einkvar som snakka væl fyre Aalmugjen, aa som kom fram mæ slike Raader elder Bøner, som disse Raadsherranne inkje lika, so var dei ille aa tvere, aa dæ var likt til, at dei hadde Gaman av dæ dei kunde plaga han aa gjera han til Meins. Slikt aa meir var no dæ som sette Harm aa Ergelse i Folkje; aa dæ var no inkje te undrast paa, um dær vart mukka aa murra, men dæ vilde ikje disse Raadsherranne bry seg um. Dei stola seg paa Magti, aa tykte so at dei hadde so mange Fangehus aa so mykje Krut aa Kulur, at dæ skulde ikje hava noko Naud mæ Mukkingji.

B. Men dæ synest eg daa var uvitugt gjort. Um disse Herranne hadde no so stor Magt, at dei tykst vera urædde, so skulde dei daa laga seg ette Folkje likevæl, baade fyre dæ, at dei kunde lita meir paa Folkje, naar noko nøydde paa, aa allermest fyre dæ, at dei kunde hava Hugnad aa Godvilje av Folkje sitt. Dei var no væl like gode Menner fyre dæ, um dei lempa seg noko ette sine Undermenner.

A. Ja, dæ var vist klokare gjort te laga seg ette Aalmenning Viljen aa giva ette so mykje som rett aa rimelegt var; aa meir skulde væl inkje Aalmenningjen krevja helder. Hadde dei gjort dæ i rette Tidi, so hadde dei fingje baade Takk aa Æra, aa sloppe baade Fyrekviding aa Ettesviding. Men dæ ær den Ulukka som fylgjer mæ, naar ein Mann fær for stor Magt, at han inkje tenkjer ette, kor dæ trykkjer paa den, som ær under komen. Aa so gjeng dæ væl like eins mæ dei store Herranne som mæ dei smaa; dæ ær ikje altid den høgste som ær den haraste. Um Overmannen endaa vilde vera snild aa folkeleg, so heve han altid eit lite Lag ikring seg, som heng i han aa eggjer han te bruka Magti. Dei høler aa snakkar fyre han, um at alting ær godt aa væl, at han skal inkje lyda ette dei som klagar, at dæ ær Skam te giva ette aa sleppa dæ Takje som

han eingang heve fingje, aa meir slikt. Aa so hender dæ stundom og, at dei narrar Folkje mæ Snakk aa Lovnad, som inkje ær noko Aalvore i; dei lovar godt, so lengje som dei ær rædde, men dei byd vondt, so snart som dei ær urædde.

B. Men naar no Aalmenningjen eingang heve fingje Overmagti, so heve han væl Raad te faa dæ som han vil daa, aa so kunde dæ verta Fred aa Ro; difyre undrast eg paa, at denne Ufreden varer so lengje, at dæ ser ikje ut til nokon Ende.

A. Dæ kjem no utav dæ, at dær ær so mangt te kivast um, aa at dæ kjem upp alt meir aa meir, so lengje som Striden varer. Naar Riksstyre skal koma i ein ny Gang, so ær dæ mange Maatar te laga dæ paa, aa daa vil sume hava dæ paa den eine Maaten, aa sume paa den andre. Difyre hender dæ so lett, at Aalmenningjen vert usamheldig, aa naar no Aalmenningjen

skil seg i tvo elder tri Flokkar, so held desse Flokkanne paa aa kivast seg imillom, aa daa passar dei gamle Raadsmenne paa te vinna seg upp atte aa faa atte Magti si. So ær dæ ogso dæ Uhyggje, at naar Aalmenningjen heve fingje Magti, so gjeng han ogso for langt fram; hadde han daa vore varsam aa lempeleg i Tiltøkji sine, so hadde han vunne meir aa mist mindre. Men dæ ær ikje altid te venta, at alle skal lyda den som best vil, elder at dei nye Herranne skal halda slik ein Agje, som dei gamle kunde gjera naar dei vilde. Dei gamle hadde alting fyrelaga, aa var væl vane te hava Magti; aa naar no dei inkje heve meir Vit, en at dei tæk ein Mann aa skyt han ihel, fyre dæ han heve snakka imot dei, so ær dæ ikje ventande, at Aalmugjen skulde vera so mykje mildare, naar han slær seg laus. Man heve vore lengje erga aa uppeggja aa tykst hava mangein Harm te hemna; difyre ær dæ mange som tenkjer meir paa Hemnen enn paa sitt eigje Gagn, aa dæ ær ein stor Uvitingsskap, som fører mykje ilt mæ seg.

B. Ja, naar eit Rikje eingang ær kome i eit slikt Ulag, so skynar eg væl, at dæ ær mangt som gjeng verr enn dæ skulde, aa at dæ ær ikje altid beste Folkje som raader. Dær maa vist vera eit godt Tillaup fyre slike som elsker Ufreden aa vil gjera seg godt av dæ, at andre fær ille.

A. Dæ ær alt for sant; dær ær mange æregiruge Folk, som vil endelege hava eit stort Or aa vera vidgjetne, anten dæ so ær fyre dæ gode elder dæ vonde. Slike Karar brukar mange Raader te koma seg i Høgdi aa faa Magt yve dei andre; aa daa gjeng dæ ofta som dei gamle segjer, at naar ein vesall fær Vald, so veit han inkje Attehald. No ær dæ oftaste i dei store Byanne, at desse Umsnuinganne heve Upphave sitt; aa paa slike Stader ær dæ jamnaste ei stor Folkemengd, som heve lite te gjera aa lite te leva utav. Naar no ein slik Flokk vert uppeggja til dæ som ilt ær aa lokka mæ Gull aa grøne Skogar, so kann ein væl venta seg mange Ufærer; aa so ær dæ dæ leidaste, at dei Ulukkunne, som ein slik Flokk heve gjort, dei fær heile Folkje Skuldi fyre, endaa dæ ær største Parten av Folkje, som inkje veit um dæ.

B. Men kva skal no vera Enden paa alt dette? Dei vert no vel eingang leide av Ufreden alle ihop.

A. Ein Ende maa dæ no verta paa dette som paa alt anna; men endaa ær dæ uvist kor dæ vil laga seg paa sume Stader. Franskmannen heve no gjort dæ av soleis, at han vil ikje hava nokon Kungje, men bære ein Fyrestandar, som heile Aalmenningjen skal velja. I dei andre Landi vil dei no inkje ganga so vidt; men dei vil fyst hava seg ei Grunnlog, som segjer greidt og tydelege, kor Kungjen aa Raade skal styra, og sida skal dær vera Aalmennings Ting elder Storting, som skal retta paa dei andre Sakjenne. Dæ ær paa same Lagje, som me heve dæ hær hjaa oss, aa den Styremaaten ær vist og den beste aa stødaste av alle. Daa heve Folkje ei Vissa paa Fri-

heiti, aa like eins heve dæ ein Fyrestandar, som ær
fødd aa uppalen til dæ, so dær kann ikje vera nokon
Kiv elder Strid um, hvem som skal vera Fyremannen.
At dæ endaa kann vera mangt smaatt te lasta
paa, dæ ær ein Ting, som ingjen kann hjelpta fyre;
dær finst inkje Rikje, som heve alting so væl laga,
at inkje Menneskje skulde finna eitkvart Slag te klaga
fyre.



I MARKNADEN.

(Etterspil).

Stue hos en Høker i Kristiania.

5 Personer:

OLAVTrønder.
 RAGNILDhans Datter.
 AAMUNDBergenhusing.
 HALVARØstlænding.
 GUROhans Kone.

HALVAR. Kvat synest du no, Guro, um Staden. Er her ikkje myket nytt og mange Skifte paa, sidan sidst du var her?

GURO. Jau, det kann mest henda! D'er so mange nye Hus og so mange Umskapingar, at ein kann mest aldri kjenna seg atter paa nokon Stad. Og so stort og staselegt er det altsaman, at ein kann verta baade bljug og rædd; ein veit ikkje anten ein torer ganga inn elder ei.

HALVAR. Ja eg kann ikkje annat segja, her heve vortet rettugt fint og fagert paa nokre Aar. Skal det halda paa so eit Bil frametter, so maa her no sagte verta nokot te bisna paa med Tidi.

OLAV. Her er no sopass folkutt og, at d'er ikkje undrast paa, at der vil mange Hus til. Eg heve tykt at der var myket i Trondheim, men det vert no meir her likevel.

HALVAR. Ja, det er ikkje i Hop liknande. Er denne Mannen langt nordantil?

OLAV. Eg er or Uppdal, nordanfyre Fjellet.

HALVAR. Og denne Gjenta er vel og nordantil?

OLAV. Ja, det er Dotter mi.

AAMUND. Nei, er det rimelegt? Og heve faret so lang Veg! Kanskje de hava Kjenningar her i Byen?

OLAV. Ja, d'er ikkje fritt. Og so er dei so forvitne desse Ungdomarne, at dei var tilfreds dei kunde fara heile Verdi i Kring. Elles er det no vandelaust aa fara yver Fjellet no, naar det høver til, at d'er fint Føre og vel vegat; fyre daa er det no so, at d'er meir Moro en d'er Møda, maavita.

AAMUND. Aa ja, d'er godt aa faa sjaa seg um i Landet ein liten Grand baade fyre Kar og Kvinna. Naar ein heve Hug til det og heve nokot te fara med, so vert ein ikkje galen utav di. Men kvat synest du sjølv, Gjenta – tykkjer du ikkje d'er liksom undarlegt, naar ein kjem so langt avstad og paa slik Stad som her?

RAGNILD. Aa jau, d'er liksom nokot undarlegt; men eg tykjer d'er morosamt aa vera der, som er myket Folk. D'er daa inkje so langsamt og so audslegt som d'er uppi Bygdom hjaa oss.

AAMUND. Nei, d'er Skil paa det. D'er ikkje so stilt um Øyro her, som d'er uppi Einbølom i Fjellbygdi. Og so vert her no mangt morosamt baade te sjaa og høyra no i Marknaden, maavita; fyre det plar no alltid vera eitkvart Slag te bisna paa i dei Bilom. No i Aar er det Stortinget ogso attaat alt annat. Den som heve Hug te høyra paa det eikor Stundi, so er det Raad til det og.

GURO. Men er det so, at det fær høyra paa deim kven som vil?

HALVAR. Ja daa, – so mange som fær Rom paa Trevet; men det er no ikkje so fælt mange, fyre d'er myket for litet Rom der. Det kann gjerna henda, at du inkje slepp inn fyrste Dagen og kanskje inkje den andre helder.

GURO. Ja, – naar d'er so voret, so faa ikkje me noko godt av di daa. Me hava annat te gjera en te ganga her og stunda.

HALVAR. Jau menn skal me faa godt av di, Mor. Me skal bida til dess, at dei hava rivet Hungren av seg, dei som næst er. Me skal giva oss goda Tider, Mor, me vil ikkje fara som me skulde fara etter Nærkona.

AAMUND. Eg skulde sagte havt Hug te lydt paa deim, eg og, naar eg berre kunde skyna det som dei segja; men d'er slik ein vanskeleg Talemaate dei bruka, at ein Stakar kann ikkje vita anten d'er Fugl elder Fisk, som dei tala um.

HALVAR. Nei, det gjeld um ein god Kunnskap, maavita. Ein lyt ganga lenge i Læra, fyrr ein skynar paa slikt.

OLAV. Ja, dei kann no tala, kor dei vil, naar det berre kjem nokot godt utav di. Det meste eg tenkjer paa, det er alle desse Utgifterne, som koma paa med kvart Ting og den eine Gongen myket og den andre meir. Skal det halda lenge so paa, so veit eg inkje, kvar det vil taka Land.

AAMUND. Ja, du maa vel segja det; eg tenkjer ogso det same. Du høyrer ikkje annat en so snart d'er eit nytt Hus te byggja elder ein ny Veg te leggja, so gjeng det paa mange Tusund og Hundrad Tusund.

HALVAR. Det kann ikkje annarleides vera. Naar ein skal faa nokot som duger, og som ser ut so, at ein kann syna Folk det, so fær ein ikkje sjaa so grant paa Skillingen.

AAMUND (halvt spøgende). De er no alltid so kjære fyre Stasen, de Austmennerne.

HALVAR. Ja so daa! Tru de det, de Vestmennerne? Elder kanskje d'er ikkje til lika stor Æra fyre Vestmannen som fyre oss, naar d'er nokot godt gjort i Landet?

AAMUND. Ja, ja, du fær ikkje tykkja paa det, god Mann. Bergenhusen er alltid framfus. Men elles trur eg daa det, at ein kunde fenget godt Arbeid, og det som vænt var og, um det ikkje skulde vera so kostasamt.

OLAV. Det trur eg og. Eg er rædd fyre, at det vert for myket uppøyd til Stas og fyre Ords Skuld, og naar det daa skulde koma nokot paa, so ein kunde trenga til aa hava nokot i Bakhandi, daa heve ein inkje te fyre seg bera.

HALVAR. Eg trur no det, at det heve voret vel ettertenkt og vel utreknat altsaman, so der inkje hev voret myket burtkastat til Faanyttes. Og um det kanskje kunde henda eingong i millom, so fær ein no ikkje sjaa so myket paa det, for det er nokot, som hender alle Mann.

AAMUND. Eg kann ikkje segja nokot vidare um det. D'er mangt ein tykkjer er undarlegt, men naar ein ikkje er rettugt upplagd te snakka fyre seg og leggja Ordi sine paa beste Maaten, so fær ein ikkje nokor Umbot paa det. Eg veit ikkje, kor d'er voret med desse, som er sende til Tinget fraa oss; eg synest, d'er sjeldan, dei faa nokot fram, anten det kjem av di, at dei er for faae elder korleides det heve seg.

HALVAR. Ja – det er ein Ting, som ikkje er god aa gjera Umbot paa. Naar ein skal hava eit fritt Ting, som er valt etter Folketalet, so vil det alltid ganga so, at d'er einkvar, som inkje fær sitt fram. D'er ikkje onnor Raad en at det segjer kvar sin Trong, og sidan lyt det ganga paa Tal og ikkje paa Val med Utfallet. Og so lyt ein no alltid venta so myket av deim, som hava Yvermagti, at dei ikkje vil gjera Urett imot dei andre, for det vilde dei ikkje hava nokon Vinning av sjølve helder.

AAMUND. Aa ja, d'er vel so. Ein kann ikkje faa alt etter sin eigen Vilje. Naar ein skal hava det gode, so lyt ein tola det vonde, som med fylgjer.

HALVAR. Det er Rett. Det kann vera mange smaae Ting, som me inkje er samde um; men so er det mange store Ting, som me alle er samstelte um. Og so myket er vist, at Landet heve gjort ein god Framgang og fenget ei god Umbot, sidan me fekk Tinget. Naar ein minner seg paa, kor det stod til fyre ei fyrsti Aar sidan, og ein so ser etter, kor det stend til no, so vil ein fulla sjaa ein stor Skilnad. Synest de ikkje det, god Menner, at me hava gjort eit godt Framstig i det Bilet?

AAMUND. Jau, eg kann ikkje annat segja.

OLAV. D'er ingi Tvil um det.

HALVAR. Det var det eg visste, at me hadde alle ein Tanke um den Ting, og naar me det hava, so er det Von til, at me er samhuga um mange andre Ting ogso. Og difyre vil me ynskja, at me maa faa hava og halda den Innreidnaden i Riket, som me no hava, og at Tinget maa hava Lukka te driva sitt Verk i Ro og Fred, baade no og seinare. Og serdeildes vil me ynskja det Tinget, som no er samankomet, at det maa hava god Lukka og god Leiding i alle sine Tiltøke, so det kann gjera Rettleidingar og Umbøter, som er til Gagn fyre baade høge og laage og fyre baade rike og urike og til Gleda fyre alle deim, som elska vaart Folk og unna det ei god Framtid. Lat oss hava ei Skaal paa det.

AAMUND og OLAV. Ja, lat oss det.

HALVAR. Og so ei Visa. (Han skjænker i).

AAMUND. Hadde me berre kunna ei som høvde.

HALVAR. Aa, det skal verta ei Raad med di. Vil de syngja etter, skal eg syngja fyre.

1. Dagen er komen Mennerne møta,
dei som fraa Folket er kosne til Ting.
Mangt vil dei hava te syta og bøta,
mangt er te greida um Landet i Kring.
Vel maa dei vega kvart Ynsket, kvar Anken,

at det kann syna um Trongen er sterk.
Klaarna og skirna skal Aalmenningstanken,
til han er buen aa ganga i Verk.

2. Lenge det laag som ei Natt yver Landet,
Tinget var tagnat og Folket var fraa.
Aalmenningshugen var sovnat i Bandet,
giv han maa aldri meir sova som daa!
Tiderna vendest, og Folket var vaknat,
reist or si Lega og løyst or sitt Band.
Myket var ugjort, og myket var saknat,
lenge det leid, fyrr en alt kom i Stand.

3. No er det Von til at Verket skal lettna,
No er det tungaste Taket vel gjort.
Grunnen vil fastna og Vegen vil slettna,
Framstig vil fylgja paa Framstig alt fort.
Lat oss no vonast, at Lukka vil vera
Landet so god, at det slepp fyre Strid,
og at vaar Møda si Frukt maatte bera,
at me maa hava ei hyggjeleg Tid!



ERVINGEN.

Sangspil i een Akt.

Personerne:

HERMANN SAUENBACH, boende paa Gaarden
Flaavig.

INGA, hans Datter.

OLAV I BAKKEN, hans Nabo.

GUNNILD, Olavs Kone.

AAMUND, Arving til Flaavig.

TROND PAA BØEN, Ungkarl.

SCENE: En Lund nær ved Husene i Flaavig. Alle Personer tale i
Landsmaalet, undtagen HERMANN.

FØRSTE SCENE.

TROND. Dat er daa sant, som Folk segja likevæl, at Flaaviki er venaste Garden i heile Bygdi. Hadde eg havt denne Garden, so skulde eg liva som ein Herremann og hava alle Ting etter min eigen Vilje og blaasa aat heile Bygdi. Og eg tenkjer mest, at eg skal hava han ogso. Han Hermann er inkje nokon Jordmann vidare; han kjem til Atters Aar fyre Aar, og so verd han vël snart leid *av* di og vil giva fraa seg alt ihop. No er Dotter hans fullvaksi ogso, og dan som fær henne, han fær Jordi med. *Dat* er nokot te trøyta seg etter; – eg *maa* hava henne; eg *skal* hava henne. Ho læst no so, at ho vil inkje hava meg, men dat bryr eg meg inkje stort um; naar ho seer, at dat inkje kjem nokon annan, so tenkjer eg nog, ho *vil*. Og no heve eg lagat dat so, at inkje

nokon skal koma i Vegen fyre meg; for eg heve sett dat Ordet ut yver Bygdi, at dat er avgjort med oss tvau, og heile Grendi trur, at me er Festarfolk og skal snart hava Bryllaup. Men no lyt eg tala fiint med Faderen ogso og faa han til aa samtykkja fyre Aalvore; for han er so leid med *di*, at han segjer berre: dat hastar inkje, og me kann talast um dat ein annan Gong, og meir slikt. Eg vil inkje vita av slikt, eg vil hava ei Vissa; for dat er so mangt, som kann koma paa, maa vita. – Men dar seer eg, han kjem reikande; no lyt eg nøyta meg; for eg seer, han er i Godlaget sitt, so blid og fiin, at d'er reint ofsalegt; dat maa vera dette gode Vedret, som gjerer dat; for han er liksom Solskinfuglen: han syng berre i Solskinet og inkje oftare.

ANDEN SCENE.

Hermann og Trond.

HERMANN. Naa, er det du Trond, som er ude og gaaer?

TROND. Ja, eg gjekk og saag ut yver Marki, eg tykjer d'er so hyggjelegt te sjaa paa Grødet, kor veent dat stend baade paa Aakr og Eng; d'er ein stor Hugnad.

HERMANN. Ja, det kan ikke negtes, her staaer et vakkert Grøde; faae vi bare en god Høst, saa vil der blive noget af dette.

TROND. Dat seer no veent ut allstad i Aar, men so er dat daa ingenstad slikt som *her* likevæl; dat syner seg dar, som er Folk, som kann driva Jordi; dat verd annat Slag, en dar, som ho inkje er drivi. (Afsides.) Eg lyt no gjøla fyre han nokot, maa vita.

HERMANN. Aa ja, – man skulde troe det; imidlertid har jeg dog ikke seet den Fremgang, som jeg ventede; der maa være noget galt med Jordbunden, hvad det nu er. Jeg syntes meget godt om dette en

Tid, men nu ønsker jeg næsten, at jeg ikke havde befattet mig dermed. Disse Smaaforbedringer ere bare til Udarmelse; man burde gjøre noget stort, men dertil behøver man Penge eller rettere sagt en Kapital, og disse Ting ere ikke altid saa lette at opdrive.

TROND. Aa, dat var no væl inkje so vanskelegt fyre ein slik Mann, som de er. Og um de kunde verda leid av Bruket og tykst trenga til ei liti Kvild, og de kanskje vilde hava ein Hjelpesmann, som kunde hava noko-litet te leggja til attaat di som er fyrr, so vilde de vist inkje standa uppraadd fyre dat. Dar er fulla dei, som vilde vera baade glade og fegne, naar dei kunde koma inn i eit slikt Rom.

HERMANN. Det kunde maaskee være tjenligst at indrette det saaledes; imidlertid har jeg ikke rigtig bestemt mig endnu.

TROND. Dat er sant: um eg skulde vera so djerv og spyrja: Heve de tenkt nokot paa detta, som me talade um sist?

HERMANN. Naa ja, du mener vel dette her med min Datter? Jo jeg har rigtignok tænkt paa det; men i slige Ting maa man give sig Tid og betænke sig vel. – Men du har jo selv talt med hende; veed du nu, om hun virkelig er vel fornøiet med denne Bestemmelse?

TROND (afsides.) D'er galet te segja sant og verre te ljuga. Eg lyt slaa ein Krok paa. (Høit.) Eg tenkjer no so eg, at ho vil fyrst høyra; kvat de vil sjølv, og sidan tenkjer eg, at ho rettar seg etter *di*.

HERMANN. Ja, ja, saa kan vi altsaa tale nærmere derom en anden Gang. Jeg skal tale med hende om det.

TROND. Dat var myket snildt. Og um eg torde tenkja so stort, at de vilde telja henne til og leggja eit godt Ord fyre meg, so hadde dat voret overslege væl. Men no torer eg inkje hefta dikkor lenger;

for de kann væl hava mangt annat te tenkja paa
ogso. Far væl, Herr Sauenbach. (Gaaer.)

TREDIE SCENE.

HERMANN (alene). Det er ganske morsomt at see, hvorledes den Klodrian slæber og stræber for at snakke fiint og høfligt uden at forstaae, at en saadan Mand, som jeg, nok altid vil kunne see, hvor liden Dannelse der stikker under. Han er en Stymper som saa mange andre; han forstaaer ikke at gjøre sig elsket af et Pigebarn; men det er Ulykken, at jeg netop trænger til en saadan Mand, som har noget at gjøre med, og derfor maa jeg være nedladende og holde gode Miner til slet Spil. Trond har baade Gaard og Formue; der vilde jeg altsaa være sikker, enten det nu gik saa eller saa med det øvrige, f. Ex. med denne Odelssag, som jeg nu faaer paa Halsen. Det var da ogsaa et Vovespil af mig at kjøbe denne Gaard uden at være rigtig sikker paa, at der ikke fandtes nogen Arving; jeg hørte rigtignok, at der havde været en Arving, men han var jo borte for lang Tid siden; man troede fuldt og fast, at han var omkommen paa en Reise til Amerika, og saaledes holdt jeg mig ganske tryg. Nu kommer man og fortæller mig, at Arvingen ei alene er i Live, men at han endog er hjemkommen for at gjøre sin Ret gjældende. Men han skal ikke glæde sig for tidlig; for det kan nok hænde, at hans Ret er forspildt.

FJERDE SCENE.

Inga. Hermann.

INGA. Fa'r dar var ein Mann upp i Garden, som vilde tala med deg.

HERMANN. Aa, det er vel ikke noget, som haster synderlig. Men hør nu, Inga; jeg tænkte just paa at tale med dig om noget vigtigt. Trond paa Bøen har netop været hos mig og talt om dig; han har

naturligviis talt med dig selv ogsaa, og hvad har du da svaret ham?

INGA. Eg heve svarat, at eg vil inkje hava han.

HERMANN. Ja, men det var stygt af dig, det skulde du ikke gjøre. Det er denne Bondeviis, du har vant dig til, nemlig at sige alting saa beent frem paa en eneste Gang. Om det nu ikke var saa ganske efter dit Tykke, saa skulde du alligevel have snakket høfligt og for Exempel sagt, at du behøvede Tid til at betænke dig eller noget sligt.

INGA. Ja, men dat veit eg daa inkje, kvat dat skal vera til, at ein skal fara so og gjøla fyre Folk, naar ein inkje meiner nokot med di.

HERMANN. Ja, seer du: der er mangt, som man ikke skjønner i Ungdommen, men siden kommer det dog med Aarene; blandt andet lærer man, at et godt Udkomme er dog altid det fornemste i Verden. Da jeg for nogle Aar siden holdt op med Landhandleriet og flyttede hid, meente jeg, at alting nu skulde gaa saa fortræffeligt, men det har desværre ikke gaaet saa godt, som jeg tænkte; det gaaer til Atters, eller rettere sagt, det gaaer tilbage. Naar vi nu kunde komme i Forbindelse med en Mand, som eier noget, saa kunde vi snart oprette de faldne Sager og være lykkelige paa alle Sider. Og derfor synes jeg, at dette Tilbud ifra Trond ikke er saa ganske at foragte; det kunde hælde sig, at vi vilde angre paa at have forkastet det.

INGA. Men kunde dat inkje ogsø henda, at me vilde angra paa, at me hadde teket imot dat?

HERMANN. Naa, du vil ogsaa være klog! – Aa jo, det kunde kanskee være muligt, men det er dog ikke saa sandsynligt. Jeg veed nok, hvad du tænker paa; det er denne Ungdommens sædvanlige Drøm: man tænker, at det skal gaae til ligedan som i disse Æventyr og Kjærlighedshistorier, som man hører; man gaaer og venter paa, at der skal komme en for-

elsket Ridder, saa vakker og saa mandhaftig og galant, at ingen har seet sligt; saa skal der blive Giftermaal, og siden skal der ikke være andet end bare Kjærlighed og Kjælerie og Fornøielse, saa længe som Livet vil vare. Men det gaaer ikke rigtig saaledes til i Livet. Deels hænder det, at den rette Ridder ikke vil komme; deels hænder det ogsaa, at der kommer en, som man anseer for den rette; men han kommer da saa fattig og sulten som en Skrubb ifra Skogen, og saa kommer der En bagefter, som de kalde Smale-Hans, og han pleier at fare saa ilde med disse søde Drømme, at der omsider ikke findes noget Spor tilbage af den hele Herlighed. – Men siig mig nu engang, synes du da ikke rigtig om denne Trond?

INGA. Nei.

HERMANN. Jeg maa rigtignok tilstaae, at der var en Tid, da ogsaa jeg havde andre Planer; jeg tænkte nemlig, at du skulde faae en Opdragelse, saaledes at du kunde blive et passende Gifte, eller rettere sagt et passende Partie for en Mand af bedre Stand. Men Omstændighederne tillod mig ikke rigtig at fuldføre mit Forsæt, eller rettere sagt at realisere min Idee. Din yngre Søster havde større Lyst til at komme ud i Verden, og saa sendte jeg da hende til Byen for at lære lidt Folkeskik, men en af jer syntes mig, at jeg maatte have hjemme. Saa var din Moer død, og saa kunde jeg ikke holde dig inde længere; du klagede altid over, at det var saa langsomt og kjedeligt; du maatte have Selskab, du kunde ikke leve uden Selskab, og da her nu ikke fandtes andet Selskab end bare Bondefolk, saa gik du der og tumlede omkring iblandt dem saa længe, at du blev selv en Bondetøs i Bund og Grund. Naar nu din Søster engang kommer hjem, saa er hun en anseelig Dame, og du er en Bondeslamse, som gaaer i Stak og Livstykke og taler Bygdemaal. – Aa ja, det er just

ikke første Gang, at sligt hænder; det gaaer nu saa op og ned med Folk i Verden.

INGA. Ja, men eg tykjer d'er no so morosamt, eg, til aa fylgja Bonde-Visi; daa kann ein hava Sellskap baade stødt og stendigt, og hava Kjenningar i kvart einaste Kot i heile Sokni. Og Folket synest eg, er slett inkje lastande; for dei er baade snilde og vituge og veit væl kor dei skal gjera Folk til Vilje, naar ein berre kjem i Kjendskap med dei.

HERMANN. Aa ja, du har ikke Adgang til at see noget bedre; derfor synes du, at det er altsammen vel. Men siden du nu er saa vel fornøiet med denne Skik, saa synes jeg netop, at en Mand som Trond kunde ikke være at foragte. Imidlertid vil jeg for det første kun bede om at du maa være høflig imod ham og ikke vise ham saa tvert ifra dig; for Resten behøver vi jo ikke at haste med Afgjørelsen. – Men nu maa jeg hjem for at see, hvad der er at udrette. (Gaaer.)

INGA (alene). Jau dat seer hugnadlegt ut! Men dat kann no endaa vera, naar dat inkje er verre. Eg lyt no prøva og tala snildt med honom, sidan han Far vil dat; men eg hadde no større Hug te segja Meinigen reint ut. – Nei, eg heve seet ein Gut i Dag: dat var annat Slag; eg tykjer, eg berre lengtar, at eg skal sjaa han atter. Men, – eg veit inkje eingong kvar han er ifraa, og dess mindre nokot annat. (Gaaer.)

FEMTE SCENE.

Aamund. Siden Inga.

AAMUND. Aa, so skulde eg daa vera so lukkeleg, at eg skulde koma atter paa desse Tufterna og sjaa atter gamle Fødestaden endaa ein Gong! *Her* kann eg segja, at eg kjenner meg atter paa alla Sidor: Fjorden og Strandi, Liderna og Fossarne og Fjellgarden rundt i kring, – altsaman er gamalt Kjend-

skap; eg tykjer, eg kjenner kvar ein Stein og kvar ei Tuva uppigjenom alla Bergsidorna. Eg tykjer endaa, at eg kjenner Himmelen, som er upp yver; eg heve seet han paa andre Stader ogso, men dat var liksom han hadde ein annan Lit, som inkje var dan rette; *her* heve han dan rette Liten. Og Folket, som eg møter paa Vegen, er som dat var Systkjen alt ihop; eg heve aldri skynat Folk so væl paa nokon annan Stad; naar dei heldo paa aa gartast og lægja paa dat likaste, so tykte eg, at dat var *inkje* te lægja aat; og naar *eg* skulde segja nokot, som eg meinte var morosamt og fyndigt, so stod dei berre og glanade, og dat saag so ut, at dei tykte, *dat* var berre Gapesnakk alt ihop; *so* er dat, naar Folk inkje skyna kvarandre. Her er dat paa ein annan Maate; her slepp eg aa ottast fyre, at Folket skal inkje skyna kvat eg segjer; dat er inkje *so*, at eg treng um aa trivla etter Ordi, naar eg heve nokot te fortelja, skal eg tru. – Aa, eg er so inderlege glad! (Synger.)

(Mel. Manden og konen satte sig ned.)

1. Her er dat Land, som hugar meg best,
og hiit hev' eg lengtat lengje;
her var dat stødt, som Hugen var fest
og gjekk i sitt gamle Gjengje.
Vida hev' eg flutt og faret i kring,
aldri saag eg slike hyggjelege Ting.
Ja, myket hev' eg seet,
og meir hev' eg frett,
men her hev' eg seet dat beste.

2. Her er væl Jordi hugleg te sjaa
og yndeleg paa alla Tider,
helst naar ho heve Sumarsploggi paa
og blømer til dei øvste Lider.
Aldri vild' eg bytt i nokon-handa Skatt

denne vaar sæle sumarljose Natt,
 daa Jordi ligg i Skrud
 og søv som ei Brud,
 og Dagen vakjer trutt um Landet.

3. Her heve alt ein venare Lit,
 han gjerer meg so godt i Hjarta;
 her er dat rett, som alt hadde Vit
 og kunde baade læ' og garta.
 Folket og eg er like som eitt;
 alt kvat dei segja, skynar eg so greidt;
 og aldri er dar Ord
 paa all dan vide Jord,
 som ganga meg so til Hjarta.

4. Her kann eg kjenna Bygder og Bol
 og Berg i so ymsa Rader;
 Fjøra og Fjell og Himmel og Sol
 er kjendar' en andre Stader.
 Saart hev' eg saknat Heimen ei Tid,
 difyr' er han no so kjær og so blid.
 Lat koma kvat, som kann:
 eg møter som ein Mann,
 og aldri fer eg ut or Landet.

Nei, utor Landet; fer eg inkje, men utor Garden?
 – ja dat er eit annat spursmaal. Stakars Aamund,
 du gled deg paa tunt Øl. Dar er ingen heime, som
 ventar paa deg, og ingen som vil sjaa deg helder.
 Dar er komet nytt Folk i Faderhuset, og vil du sjaa
 inn i dat, so lyt du tigga fiint um Lov, og dat kann
 gjerne henda, at du slepp inkje inn helder. Du eig
 inkje so myket Hus som eit Gjeitefjos, inkje so myket
 Jord som ein Næperei; altsaman er gjenget fraa deg
 og komet i framande Hender, og dat kann lett laga
 seg *so*, at du fær inkje atter ein einaste Grand av
 alt ihop, og *so* lyt du fara ut-atter like snaud, som

du kom, og kanskje ein god Mun snaudare. (Falder i Tanker.)

INGA (kommer ind fra høire Side og træder frem paa Scenen uden at see Aamund). No skal dat vera Moro aa ganga burt paa Leikvollen og sjaa, um dar er myket Folk; for dar maa no væl vera Leikstemna i Dag ogso liksom hine Sundagarne. (Synger).

(Egen Melodie.)

1. Du Sundagskveld, du Sundagskveld,
du er daa alltid min beste Kveld;
du ljose, blide Sundagskveld,
du er daa min kjæraste Kveld.
Naar Ungdomen sankast or Bygdi her ned
til Gaman og Song etter gamall Sed,
til Dans og Sprang paa dan grøne Vang,
daa fell inkje Stundi lang.

2. Dei Bygdarfolk, dei Bygdarfolk
dei hava so strævall ein Sumars-Bolk;
dei Bygdar-Borni lengta so hardt,
at Helgi ho koma skal snart.
Dei faa inkje Tider te koma i Lag,
naar inkje dat hender ein Heilagdag;
dei faa inkje Tid ei einaste Rid,
so lengje som Vyrka lid.

(Idet hun vender sig for at gaae ud til Venstre, kommer hun til at see Aamund og løber forskrækket tilbage).

AAMUND. Nei, – er ho alt burte, og eg fekk inkje tala med henne? Er dat ein Draum dette, elder kvat for ei Syn-kverving kann dat vera? Ein Song, som eg inkje heve høyrte, og ein Tone, som eg helder inkje heve høyrte; dat var liksom dat skulde vera eit framandt Lag og eit kjendt Lag ihop i same Songen, ein Svip av Utlandet og ein Svip av Fødelandet samanmengde. Og Gjenta var dan same, som eg heve

seet fyrr i Dag; eg skulde kjent henne atter millom hundrad andre; for eg likade henne so godt fraa dat fyrste, eg saag henne, at eg tykte, eg kunde aldri verda leid te sjaa paa henne. Aa nei, dat var ei Synd, at eg skulde skræma henne, men eg kunde slett inkje *til* dat. Og like eins, at eg inkje skulde faa tala med henne og orsaka meg og beda, at ho inkje vilde vera harm paa meg; – no kanskje fær eg inkje sjaa henne meir atter. Aa, dat maa vera eit inderlege godt Hjarta; *dat* kunde eg merka so væl paa Laget hennar, daa ho song um Bygdarborni, kor dei lengta etter Helgi.

SJETTE SCENE.

Olav. Aamund.

OLAV. Dat var *dat*, eg tenkte; eg hadde mest ei Von um, at eg skulde finna deg her paa denne Staden. Sit i Fred, go' Mann, og vælkomen skal du vera paa gamle Tufterna, og giv dat maa vera til Heppa og til Hugnad baade fyre dan eine og dan andre! Du kann inkje tru, kor glad eg heve voret sidan i Dag, daa eg saag, at du var heimkomen; eg vilde mest inkje tru mine eigne Augo; for me hadde inkje høyrnt nokot um deg paa so lang Tid, og dat siste me høyrde, var *dat*, at du skulde vera burtkomen. Dat er no so manga Drøsor, som koma inn i Bygderna; d'er som dei segja: dei ljuga so lengje, til dei tru dat sjølve.

AAMUND. Dat er inkje annat ventande, en at Folk maa tru slikt, naar ein er so lengje burte og inkje kann koma til aa senda nokor Helsing heimatter. Eg hadde fulla tenkt aa koma heimatter fyrr, men dat vardt inkje nokot av di.

OLAV. D'er sant: dat var so litet me fekk tala um dat i Stad, – kor kom dat til, at du vardt so lengje burte?

AAMUND. Du veit kanskje, at dat var Tanken min,

at eg skulde ut og tena noko-litet Pengar, so eg kunde hjelpa han Fa'r te setja Garden i Stand, og greida Skuldi hans; for eg visste, at dat var smaatt fyre han; no var dat inkje te tena dan Gongen, utan ein foor nokot langt veg, og so foor eg daa sud i Landet, og sidan foor eg utanlands, og tenkte alltid so, at dess lenger eg kom, dess meir skulde dat løna seg. Men dat *er* som dei segja um Pengarne: Dei er seine te sankka og snare te øyda, og dar ein tenar myket, dar tærer ein myket ogso; og difyre vardt dat lengje, fyrr eg tyktest vera buen te fara heimatter. Og inkje fekk eg nokon Frettnad heimanfraa helder, fyrr eg frette dat, som eg minst vilde høyra; daa laut eg til og skunda meg paa Heimvegen, men langt var dat aa fara, og seint heve dat gjenget, so at eg er myket rædd, at eg er komen alt for seint.

OLAV. Aa ja, dat er no kanskje i seinaste Lag; men so heve du no Odalsretten te stola deg paa.

AAMUND. Dei segja, dat skal vera i siste Hogget med *di*; d'er no so, at eg heve ei Von endaa, men nokor Vissa heve eg inkje.

OLAV. Ja, lat oss vona dat beste daa. Elder er dat inkje so dei segja, at ein skal venta dat beste, og tenkja paa dat verste?

AAMUND. Eg heve høyrte dat *so* ogso, at ein skal venta dat verste, til ein seer dat beste; og *dat* segja dei, skal vera dat klokaste.

OLAV. D'er kanskje dat klokaste, men dat er inkje dat tekkaste. Men anten dat er no so elder so, du, so vilja me inkje gjera oss nokor Sorg endaa; no i Dag vil eg, at me skal berre hava Moro og sitja saman og spyrja kvarannan um alt dat, som kann vera Hugnad te høyra.

AAMUND. Eg segjer dat same.

OLAV. Eg er so forviten te høyra, um kor dat stend til uti dan store vide Verdi. Kann du segja meg

no med nokre faae Ord, kor dat seer ut i dei store
Londi elder kvat Folket gjerer *dar?*

AAMUND. Dat snaraste te segja er *dat* at dat seer
ut mest som i ei Maurtuva; dat kryp og kryr paa
alle Kantar, dat strævar og staakar paa alla Sidor,
dat er ei endelaus Røra, som dat stend i Steinbrjotar-
Visa. Ja, du heve væl inkje høyrtdan Visa; eg skal
kveda henne aat deg, so fær du høyra, kor dat seer
ut i Verdi.

OLAV. Ja, lat faa høyra!

AAMUND synger.

(Mel. efter en Slaatt.)

1. Dei træla, – dei træla
fraa Morgon til Kveld, ja dei træla;
dei stræva, – dei stræva,
dat varer um Alder og Æva,
dei freista alt, som dei kann vinna,
dei sankalt, som dei kann finna;
ja dei leita, – ja dei leita
etter alt dat, som Vinningar kann heita.

2. Dei grava, – dei grava
i Berg og i Myr, ja dei grava;
dei byggja, – dei byggja
paa Huus og paa Veg og paa Bryggja.
All Jordi, trur eg, dei vil jamna
all Malmen, trur eg, dei vil samna;
ja dei emna, – ja dei emna
paa so mangt, som eg inkje veit aa nemna.

3. Dei kappast, – dei kappast,
som Hunden um Beini dei nappast;
dei sumla, – dei sumla,
som Mauren um Tuva dei tumla.
Sin Skatt vil alle med seg føra
igjenom dan endelaus Røra;
til dei stupa, – til dei stupa,
og til andre kjem i Staden til aa krjupa.

OLAV. Eg hadde mest ei Von um, at dat skulde vera so ut-sjaaande, etter di som eg heve høyrte fyr um dat. Men eg lyt no faa vita meir um detta likevæl, naar me no faa betre Tider.

AAMUND. Eg er ogso myket forviten te høyra, kor dat stend til her i Bygderna; her er væl mange Umskifte te sjaa, sidan sist eg var heime. Dei halda paa og snu og brøyta paa alle Ting i dei andre Londi, og difyre er dat rimelegt, at dat kjennest ein liten Eim av di her i Landet ogso.

OLAV. Dat er rett, som du segjer: *dat* kjennest ein liten Eim, og han er stundom alt for stor ogso. For d'er so leidt med *di*, at dat som er Gagn i, dat kjem alltid sist, og dat som er berre til eit Skin utanpaa, dat kjem alltid fyrst. Eg likar inkje alt, som eg seer. Eg seer nog, at Folk vil skapa seg um i sin Bunad og Klædnad, og i Ord og Tale, og i onnor Aatferd; men eg seer inkje alltid, at dei verda visare og vitugare fyre *di*. Eg høyrer, dei skrøyta av Forfederne vaare og tala fagre Ord um vaare gamle Ættar-Merkje; men eg er rædd fyre, at skal dat halda fram som dat stemner, so verd dat inkje stort atter av dei gamle Ættarmerki. Dei tala um Framgang, og *dat* er godt og væl; men eg tenkjer, me kunde gjera same Framgangen, um me heldt nokot fastare paa gamle Ættar-Laget vaart. Lat oss ganga fram i dat som duger, men inkje ganga so fort, at me gløyma vaar Fedra-Sed, som dat stend i Visa. (Synger.)

(Efter en Stevmelodie fra Bergens Stift.)

1. Dei vil alltid klaga og kyta,
at me ganga so seint og so smaatt;
men eg tenkjer, dei tarv inkje syta:
me skal koma, um inkje so braadt.

2. Ja, dat skyt inkje fram, so dat dunar
(som no ingen kann undrast uppaa);

men dat munar daa jamt, ja dat munar,
so dat stundom er Hugnad te sjaa.

3. Lat dat ganga fram, lat dat siga!
Berre eitt eg ynskjer og bed:
at me inkje so høgt maatte stiga,
at me gløyma vaar Fedra-Sed.

4. Lat oss inkje Forfederne gløyma,
under alt, som me venda og snu;
for dei gav oss ein Arv til aa gjøyma,
han er større, en mange vil tru.

5. Lat dat merkast i meir en i Ordi,
at me halda dan Arven i Stand,
at naar Federne sjaa att paa Jordi,
dei kann kjenna sitt Folk og sitt Land.

AAMUND. Takk, skal du hava, Olav. Du kann tru, dat gjerer godt aa høyra atter dei gamle Notarne, naar ein heve voret burte nokre Aar og inkje fenget høyra nokot heiman-ifraa. Hadde me voret fleire saman, so vilde eg, at me skulde sett oss til aa kveda gamla Visor, so lengje at me vardt trøytt. Eg kann inkje segja, kor glad eg vardt her i Stad, daa eg gjekk fram med Leikvollen og høyrde Hardeng-Fela; eg tykte, dat var nokot som drog meg, at eg skulde burt i Leikstemna og dansa. Men eg laut halda meg ifraa dat likevæl; inkje heve eg Tid til dat, og inkje vil eg, at mange skal vita, at eg er komen; for daa vilde dat koma so mange gamle Kjenningar, at eg fekk inkje snu meg, og dat kann inkje ganga fyre seg endaa; for eg heve so mange Ærender, som dat hastar med.

OLAV. D'er sant, ja; du nemnde detta i Dag ved Kyrkja ogso, og difyre heve eg inkje sagt dat til nokon, og so heve eg bedet Kjeringi, at inkje ho helder skal tala um dat endaa. D'er Von dess, at du

heve mange Ærender no, baade hjaa Prest og Prokurator, og hjaa Peer og Paal; og so gjeng dat væl inkje so fort med di helder; ein Gong er dei inkje heime, og ein annan Gong er dei i slik Annsemd, at du fær inkje tala med dei; dat er som dat stend i Visa aat Drengen, som kravde Løni si: «Ein Gong gjeng han og tæk seg ein Tur, daa er han for full av Tankar; ein Gong ligg han og tæk seg ein Lur, og daa fær du Skam, um du bankar; ein Gong sit han og et' si Steik, og daa kunde Smoltet ulna; ein Gong sit han i Femkort-Leik, og daa kunde Punsen kolna».

AAMUND. Han heve inkje sparat Humlen, dan som bryggjade detta. Ha, ha! Nei *du* Olav, du er daa like lystig, kor gamall du verd.

OLAV. Ja men er eg so, alt medan ingi Uheppa slær paa. Eg tykjer, dat er so stygt, naar eg seer slike Folk, som korkje hava Sorg elder Sykja, og endaa kann ganga so olme og aalvorsame som ein Ukse; – aa ja, dat kann vera godt te skræma Folk fraa seg med, kanskje. – Men dar seer eg, at me faa meir Sellskap. (Afsides.) Au, dat var leidt, at ho Inga skulde koma; no faa me inkje tala um dat, som me vilde.

SYVENDE SCENE.

Gunnild. Inga (fra Gaarden). Olav. Aamund.

INGA (afsides.) Sjaa, dar er han endaa.

AAMUND (afsides.) So fekk eg daa sjaa henne atter likevæl.

GUNNILD. Er de her de, Karar; eg vonade mest, at de maatte vera her einkvarstad. No var me tenkte te ganga burt paa Leikvollen. (Afsides til Olav): Men dat var galet dat, at desse tvau skulde møtast. Um ho no spyrr meg, kven han er, so veit eg inkje kvat eg skal svara.

OLAV (afsides til Gunnild). D'er like eins med meg.

Me maa finna *paa* eitkvart Slag og sjaa til aa venda dat av. – (Høit.) Han sagde dat i Stad, denne Mannen, at naar me var fleire saman, so skulde me setja oss til og kveda gamla Visor. Hadde eg kunnat so mange no som fyrr, so skulde eg fulla havt Hug til dat same.

GUNNILD. Aa, du kann væl nokre Stubbar endaa, naar du berre kjem *paa* dei.

AAMUND. Er dei so trottige te kveda no her i Bygdi, som dei var fyrr?

INGA (afsides.) Han maa vera her or Bygdi.

OLAV (til Aamund.) Aa ja, d'er no so ymist; dat sullar og mullar kvar *paa* si Viis; for eg skal segja deg: me hava inkje lært te syngja etter Notar endaa, som dei gjera burtan fyre Fjellet; dar kann dei inkje kveda, utan dei hava Notar; ja, du veit væl, kvat eg meiner: d'er nokot, som er uppsett *paa* Papiir med nokre lange Strik og smaa Klumpar imillom.

AAMUND. Ja, dat heve eg ofta seet.

OLAV. Ja, og so vil dei inkje vita *av* nokre andre Notar en slike som er skrivne, og vil du syngja nokot annat en dat, som stend *paa* Setelen, so segja dei, at d'er Fals og Fusk. Og so skal ein inkje syngja, utan naar d'er mange saman; daa skal dei setja i, alle *paa* ein Gong, og gaula mest dei vinna.

GUNNILD. Ja men *dat* maa vera veent aa lyda *paa*.

OLAV. Dat kann so vera; men daa høyrer du berre Læta, du høyrer inkje eit Ord av Songen.

AAMUND. Men bruka dei inkje te stevjast endaa, naar dei er so i Lag i Bygdi?

OLAV. Aa jau, men d'er inkje slikt no som fyrr; for me hava so myket annat te gjera, maa vita; – me skal spela Kort um Puns og Pengar, og drikka oss fulle og sova ut-atter Ruset, og mangt slikt.

AAMUND. Ja, men dat var inkje nokor god Viis.

OLAV. Ja, seer du, Lærdomen er so: dan som skal syngja, skal ogso supa; og so kann dat lett henda, at ein gløymer Songen fyre Supen. – Men dat er sant du: d’er reint galet dette, at me inkje hava nokor drikkande Vara fyre Handi; for naar rett skulde vera, so skulde me inkje tala eit viist Ord, fyrr en me hadde eit Bord framsett og ei Punse-Kanna uppaa, so heit at dat rauk upp med Øyro; daa fyrsta skulde me faa upp Maalet.

AAMUND. Eg tykjer no so eg, at eg er friskaste, naar eg inkje drikk.

OLAV. Daa er du lik meg! – Aa nei, du Gunnild, eg kann inkje fortelja, kor glad eg er (Afsides.) Dar hadde eg so nær forsnakkat meg. – (Høit.) Dat skulde voret Moro te freista aa stevjast ein Gong, naar berre Kvendfolki vilde vera med oss.

AAMUND. Ja, dat tykjer eg og, at dat heve inkje Lag med Kvedingi, utan ein høyrer Kvendemaal.

GUNNILD. Høyr no, kor dei høla fyre Kvendfolki, gamle og unge like eins. – Men kvat skal me stevjast um daa?

OLAV. Um dat som sviv oss fyrst i Hugen. – Du Inga, skal vera med og svara oss.

INGA. Ja, men de maa inkje koma med nokot, som eg inkje kann svara paa.

OLAV. Lat oss byrja. Og hava me gløymt nokot, so skal me læra upp-atter og leggja nytt attaat: (Synger).

(Stevmelodie fra Tellemarken.)

1. Hava me gløymt vaare gamle Stev,
so læra me andre Gongen. (Til Inga.)
Høyr meg, Gjenta, du er so hæv,
kom, hjelp oss her med Songen.

INGA.

2. Kvat skal eit Barn væl finna paa,
som vituge Folk kann huga;

dat høver meg best aa høyra og sjaa,
men kveda kann litet duga.

GUNNILD.

3. Her tarv du inkje vera blyg:
her er inkje nokon te vægja.
tykja me, Leiken verd for dryg,
so skal me prøva aa bægja.

AAMUND (til Inga).

4. Gjer so væl, og haldt oss med Lag,
og lat oss Leiken byrja.
Kvat likar du best av alle Slag?
Dat lyt eg vaaga te spyrja.

INGA.

5. Dat likar eg best av alle Ting:
aa vera med Kjenningar saman,
sjaa glade Andlit rundt i kring
og høyra paa fyndarlegt Gaman.

AAMUND.

6. Dat maa eg segja, var inkje kleent,
dat var dat venaste Valet.
Vil du no kveda, so er dat veent,
so skal me lengja Talet.

INGA.

7. So vil eg venda Talen i kring
og spyrja med same Ordi:
Kvat likar du best av alle Ting,
dei som du seer paa Jordi?

AAMUND.

8. Dat som *eg* likar best, maa tru,
er korkje Gull elder Pening,
men d'er ei Gjenta, slik som du
i all si Viis og Vending.

OLAV (afsides). Au, dat gjeng ein galen Veg.

AAMUND.

9. Dat som eg likar best, maa tru,
er korkje Skip elder Baatar,
men d'er ei Gjenta, slik som du
i alle moegeleg' Maatar.

OLAV.

10. Dar skal du høyra, dat er ein Gut,
som kann baade kveda og garta.
Giv, me fekk kveda dan Kvelden ut!
Dat gjerer so godt i Hjarta.

Men dar seer eg, at han Hermann kjem og ein Mann til; dat er Von til, at dei hava nokot te talast um, og so er dat best, at me tokka oss utor Vegen, so at Mannen kann faa sitja her paa Benken sin, ifall han *vil* so. (De gaee.)

OTTENDE SCENE.

Hermann og Trond.

HERMANN. Dette kunde lettelig blive os en slem Streg i Regningen. Men er du nu rigtig vis paa, at Prokuratoren skulde reise forbi paa Nedre-Bøen ved denne Tid?

TROND. Ja, dat er eg viss paa, for dar er tilsagt Skyts aat honom til Klokka nie.

HERMANN. Det var da rigtig saa beleiligt, som det kunde være. (Tager et Brev op.) Det er sandt, jeg har ikke forsegleet Brevet, og jeg skrev det ogsaa i saadan Hast, at jeg frygter for, der kan være noget galt i det. Lad mig see! Aa jo, desværre, der er just ikke megen Skik paa det. Der staaer: «jeg har hørt, at de skulde komme», istedetfor: jeg har erholdt Underretning om, at de skulle ankomme; saaledes skulde der staae. Og ligesaa staaer der: «for et uventet Tilfælde», istedetfor at der skulde staae:

paa Grund af en indtruffen uforudseet Begivenhed. Der staaer: «der er lagt megen Omkostning paa Jorden», istedetfor at der skulde staae: der er anvendt betydelige Kapitaler paa Grund-Eiendommen. Og saa staaer der: «Halvdelen af den Vidde, som kunde dyrkes», istedetfor at der skulde staae: femti pro Cent af det dyrkbare Areal. Og ligeledes nedenfor: «dobbelt saa god som før», istedetfor at der skulde staae: hundrede pro Cent bedre end forhen. Der er jo ikke det mindste Sving paa, det er bare simple Talemaader, som enhver Bonde-Kjærring kunde sige. Jeg veed ikke hvad Prokuratoren vil tænke om sligt. Men jeg har slet ikke Tid til at skrive det om igjen; det er saavidt, at han seer Meningen, og dermed faaer det gaa. (Forsegler Brevet med en Oblat.) Vil du nu gaae og levere ham dette. Og hvis han skulde have Tid, saa bed ham om at see paa et Brev, som jeg har her, og som angaaer Kjøbet af Gaarden. (Leverer Trond Brevene.) See nu til at snakke peent og ordentligt; veed du nu hvad du skal kalde ham?

TROND. Eg kallar han Prutterakkaren?

HERMANN. Aa fy for en Skam! kan du ikke lære at sige Prokuratoren?

TROND. Pukkerakaren? Jau eg skal prøva.

HERMANN. Prokuratoren, hører du!

TROND. Pukkerataren, Pukkerataren, Pukkerataren.

HERMANN. Gaa bare og skynd dig; det bliver saa ikke ret alligevel. (Trond gaaer) – Disse Bondeklodser kan dog aldrig lære at tale et folkeligt Sprog. Aa ja, der er ikke noget at gjøre ved det; de ere saa mange, at man ikke kan lære dem alle; om man tager En og tugter ham op, saa virker det dog intet paa den store Mængde. Jeg er selv næsten bleven til en Bonde igjen; det gaaer mig omtrent ligedan som min Datter: jeg har saa længe maattet omgaaes med bare Bønder, og saa har jeg maattet nedlade mig og tale saa simpelt, at de kunde forstaae mig,

og derved har jeg vant mig saaledes til at bondske, at jeg ikke mere kan skrive til en dannet Mand, hvis jeg ikke faaer god Tid til at studere det ud i Forveien. Nei, det er dog sandt, hvad jeg nylig læste etsteds: Naar en dannet Mand skal boe i en Afkrog og omgaaes med bare udannede Folk, saa vil han om nogen Tid blive ganske rustificeret; ja ganske rigtig, han bliver rustificeret, ganske forrustet ligesom gammelt Jern. (Gaaer.)

NIENDE SCENE.

Olav. Aamund (hver fra sin Side).

OLAV. Er du alt atter komen? No heve du væl seet Garden paa dan andre Sida.

AAMUND (nedslagen). Ja, eg heve so, og eg heve inkje havt stor Hugnad *utav* di. Eg heve seet so myket, at eg er mest like glad, anten eg fær nokot av denne Garden elder ei.

OLAV. Ja, *so* daa! Aa ja, d'er altfor sant: Garden er utskjemd. Eg heve lengje harmast paa dat.

AAMUND. Eg kunde inkje eingong tru, at han skulde vera so utskjemd som han er. Alt dat, som var til Vanpryda, er verre en dat var, og alt dat som var til Pryda, er umsnutt og ut-tynt. Og dat som eg mest harmast paa, er dan vene gamle Bjørkeskogen, som er ned-hoggen.

OLAV. D'er alt for sant. Eg var ogso harm fyre dat.

AAMUND. Eg var tenkt aa gjera mange Umsnuingar paa Garden; men eg hadde fulla tenkt aa taka dat paa ein annan Maate. Eg vilde turka Myri og brjota upp Steinen, eg vilde rydja Lyng og Mose or Marki, men eg vilde lata Grasvollarne gro og Skogen standa, dar han inkje stod i Veggen. Eg vilde inkje hava dat so, som eg heve seet paa sume Stader at ein skal leggja all Mark i Røyta og gjera heile Landet til ein Mokdunge; for eg tykjer so, at Mannen

skal inkje hava alt sitt Vit i Vombi; han skal rydja og gjøda og pynta paa alt, som er til Vanpryda, men han skal ogso hava einkvar Flekken, dar Jordi heve sin naturlige Grodr og Vokstr, so dat kann vera prydelegt aa sjaa paa og hyggjelegt aa ganga til.

OLAV. Ja, dat held eg med deg i.

AAMUND. Eg vil inkje tala um denne Vanskipnaden med Jordi; dan kann ein retta paa med Tidi; men Skogen darimot: Skogen kann ein inkje reisa uppatter korkje med Stræv elder Pengar. Dat er utskjemt, dat er øydelagt. Dat er inkje dan Heimen, som eg tenkte paa, og som eg lengtade so lengje til; dat er inkje *min* Gard lenger, og difyre heve eg inkje stor Hug paa han. Eg heve teent meg so myket, at eg kann faa meg ein Gard paa ein annan Stad.

OLAV. Ja, men du tenkjer no væl inkje aa sleppa fraa deg Garden fyre dan Skuld?

AAMUND. Dat vilde vist vera dat klokaste; for so fekk daa kvar hava sitt i Fred. No fær eg fyrst ei lang Rettargangs-Sak, og dei som skal driva slika Sakjer, dei verda snarare svange og svoltne, en dei verda feite av di; dat er som ein Mann sagde eingong: Dan, som taper, stend atter naken, og dan som vinn, stend i berre Skjorta. Og um eg so skulde vinna eingong, so vilde altsaman vera endaa meir utskjemt, end dat no er.

OLAV. Nei, Aamund, no kann eg inkje halda med deg lenger. D'er alt for sant, at Garden er ille medfaren, men so er dat daa inkje verre, en at dat meste kann rette seg med Tidi, naar dei rette Henderna koma yver dat. Her er endaa ein fager Bustad, og her er Raad te faa han myket betre en han var. Dat er endaa beste Garden i Bygdi, og dat skulde daa vera hyggjelegt aa vita, at han kunde fylgja dan Ætti, som heve aatt og odlat han fraa Mann til Mann, so lengje som Folk kann minnast. Eg heve

harmast nog paa dat, at han skulde koma i framande Hender, og eg var endaa rædd, at dat skulde ganga verre en dat gjekk; for dar kunde væl koma ein, som var meir girug og storlaaten, og som vilde draga under seg baade Land og Lunnende paa alla Sidor; daa vilde han snart vera Herre yver heile Bygdi, og so kunde Bygdarfolket ganga i Tenesta og hogga Ved og bera Vatn aat dat framande Herskapet, ifall dei inkje vilde røma undan og søkja seg ein Heim paa ein annan Stad. Og daa vilde dat snart vera nytt Folk og nye Seder i Bygdi; for me vita kor næme Folk plar vera til aa apa og skapa seg etter alt dat, som er nytt og framandt. – Eg heve inkje gløymt dan gode Grannen som budde her sist, og eg vardt inkje litet glad, daa eg saag, at Ervingen hans var atterkomen og vilde setja seg i Sessen etter sine Forfeder. Men naar du no vilde sleppa Retten fraa deg med Vilje, so vilde eg tykja, dat var dan største Harm, som eg heve havt, og endaa meir: eg vilde tykja, dat var til Harm og Skade fyre heile Bygdi.

AAMUND. Dat kann vera alt for sant. Dat var myket av detta, som eg inkje hadde tenkt etter, og eg seer, at eg kann inkje segja nokot imot di. Dat lyt ganga, som dat vil daa; eg vil standa paa min Rett og inkje sleppa han, fyrr en eg seer Log og Dom fyre dat.

OLAV. Takk skal du hava! Dat var godt aa høyra. Og lat oss so vera lystige, som me var fyrr. (De gaae bort).

TIENDE SCENE.

INGA. Dat var daa underlegt, at eg aldri skal faa vita, kvar han er komen ifraa, elder kvat han vil her. Eg spurde henne Gunnild i Stad, og ho svarade, at dat var Son til ein gamall Kjenning, og so fekk eg inkje meir Greida paa dat. Men anten dat

er no so elder so, so kjem eg han i Hug baade jamt og samt; eg tykjer, at eg berre lengtar etter aa sjaa han atter og høyra Maalet hans. Han sagde, at dat som han likade best, var ei Gjenta, slik som eg i alle Maatar. Kanskje dat var meg, han meinte? – Aa, giv dat var sant! – Men nei! dat var vist inkje so te taka; han kann hava seet mange slika som eg. D'er berre Galskap aa tenkja paa slikt. Men eg veit inkje kor dat er voret; eg er liksom eg var umskapad no sidan i Dag: dess meir eg vil gløyma dat, dess meir minnest eg dat; dess meir eg vil jaga desse Tankarne veg, dess traare koma dei atter. Ja, men dat er daa ein slik overslege snild Gut likevæl; kvart eit Ord, han segjer, er so huglegt te høyra; dat var *annat Slag* en han Trond paa Bøen. (Falder i Tanker.)

ELLEVTE SCENE.

Aamund. Inga. Siden Hermann udenfor.

AAMUND (uden at see Inga.) Alltid kjem eg atter paa dan same Flekken, og alltid kjem eg atter paa dan same Tanken. Og endaa veit eg inkje, kvat Manns Barn ho er; – eg spurde han Olav, og han svarade so underlege; dat var likt til, at han vilde inkje ut med di. Kvat skal eg tru, han kunde meina med *di*? d'er no væl ingi Kongsdotter, som er utklædd i Bondeklæde, veit eg. (Gaaer længere frem og seer Inga.) Er dat du, Inga? Dat var godt, at eg fann deg, for dat var nokot, som eg vilde spyrja um. Men lat meg inkje skræma deg, so som eg gjorde fyrr i Dag. Eg tenkjer, du er rædd meg endaa?

INGA (forsikkrende). Nei.

AAMUND. Nei, dat er sant; me er kjent Folk no, sidan me heldt paa aa stevjast i Stad.

INGA. Ja, men du var for dryg til aa stevjast med likevæl. Skulde dat vara lenger, so hadde eg inkje visst eit Ord te svara.

AAMUND. Eg maa vist hava voret for myket framfus, og so lyt eg beda um, at du inkje vil tykkja paa dat. Og fyrst og fremst lyt eg beda, at du maa orsaka meg fyre dat, at eg skræmde deg her i Dag; for eg kunde slett inkje *til* dat: eg sat her og var so full av Tankar, at eg inkje saag paa nokor Sida, og daa du tok til aa syngja, so tykte eg, dat var so godt aa lyda paa, at eg kom inkje i Hug te røra meg fyrr en eg saag, at du var burte. Eg tenkjer, du vardt myket rædd?

INGA. Nei, eg vardt inkje rædd, eg berre kvakk ein liten Grand. Men dat var styggare av meg, at eg skulde røma undan soleids, liksom ein skulde vera rædd alle dei som ein inkje kjenner.

AAMUND. Nei, dat var inkje te undrast paa. Men høyr no: d'er so leidt, naar ein slett inkje veit nokot um dan som ein talar med; eg heve endaa inkje fenget vita, kvar du er ættad ifraa, elder kvar du heve Folket ditt.

HERMANN (udenfor Scenen). Inga! Inga!

INGA (hastigt). Du skal snart faa vita dat. (Løber ud).

AAMUND (ængerlig). Nei, d'er daa reint som dat var forgjort likevæl; d'er som dei skulde vera samstelte alle ihop. – Men, dat maa vist vera so, at ho tenar her paa Garden. Aa ja, so skal me vël finnast atter. (Gaaer til Venstre).

TOLVTE SCENE.

Hermann. Inga.

HERMANN. Han er altsaa borte. Men hvad Slags Kjendskab er det, du har med denne Person, at du kan gaae saaledes og snakke med ham?

INGA (forlegen). Eg veit inkje dat minste um han, annat en ho Gunnild sagde, at dat var ein av Kjenningarne deira.

HERMANN. Saa du veed ikke hvad Menneske det er, og endda kan du snakke saa fortrolig med ham?

– Stakkels uskyldige Barn, du veed ikke, hvor ondskabsfulde Folk der findes i Verden. Hør nu engang: Har han været snild og venlig imod dig?

INGA. Ja, han heve voret so inderlege snild.

HERMANN. See saa! Det er netop et Beviis paa at han har havt ondt i Sinde. Veed ikke du, hvem han er, saa veed nok han, hvem du er; det kan du lide paa.

INGA. Nei, han veit inkje, kven eg er.

HERMANN. Saa, det har han ogsaa indbildt dig! Jo, det maa være en af de rette Karlene, ret en rigtig Rovfugl. Det er ikke nok med, at han vil ødelægge os paa den ene Maade, han vil gjøre det paa den anden ogsaa, for at vor Ydmygelse skal blive saa fuldkommen, som det er muligt. Aa, usalige Time, da det Menneske kom her paa Land!

INGA. Men kvat skal no alt dette hava paa seg? Kvat Mann kann dat vera, elder kvat heve han med oss?

HERMANN. Stakkels Barn, jeg kvider for at sige dig det. Du faaer tidsnok vide det. Vi faae nok alt for god Leilighed til at kjende *den* Mand, baade jeg og du, desværre. (Gaaer).

TRETTENDE SCENE.

INGA (alene.) Nei no veit eg daa inkje meir korkje att elder fram, og endaa heve eg høyrte so myket, at eg heve inkje stor Hug te høyra meir. Eg heve mest kunnat merka, at dat var nokot, som inkje var rett voret. Men kann dat vera rimelegt, at ein Mann kann vera so snild og endaa vera ein Fant? Eg kann inkje tru, at dat er alt so galet som han Far segjer; men nokot galet maa dat vera, og nokot storgalet ogso. So myket er vist, at eg fær inkje meir tenkja, som eg heve tenkt; *dei* Tankarne lyt eg driva og gløyma, so framt eg berre kann. Og hadde eg no havt nokon, som eg kunde ganga til og fortelja

mine Tankar, so var eg endaa lukkeleg; men dat er dat verste av alt; eg torer inkje segja eit Ord til ei einaste Saal; dei vilde berre lægja aat meg og gjera Narr av alt ihop; dei vilde segja, at slikt er til Høves aat dan, som er so gapen og so godtruen. – Aa, dat maa vera tungt aa bera paa ei løynleg Sorg og inkje faa klaga seg. (Synger.)

(Mel. Jeg gik mig ud spadserende.)

1. Dan tyngste Sorg og Møda
er dan, som ingen seer;
dat verste Mein te grøda
er dat, som inkje teer.
Aa, sæl er dan, som klaga fær
og ventar Hjelp og Raad.
mot dan, som løynleg draga fær'
og ottar Spott og Haad.

2. Dat var ein Draum eg drøymde,
dan Draumen var so blid;
slik Hugnad hev' eg aldri
kjent fyrr i all mi Tid.
Eg drøymdest paa ein Blomstervoll,
og Soli skjein so bjart;
eg vaknad' paa ein Øydeholm,
og Himmelen var svart.

3. Dan Draumen lyt eg løyna
og læsa i min Barm;
og trutt skal Barmen tegja,
kor saart han svell av Harm.
I Song skal han faa letta seg
og i ein Taareflaum.
Far væl, far væl du vene Draum.
du alt for vene Draum!

(Gaaer bort grædende.)

FJORTENDE SCENE.

Hermann. Aamund.

HERMANN. Saa du synes altsaa at være vis paa at vinde denne Sag?

AAMUND. Nei, eg er inkje vidare viss paa dat; men so lyt eg no hava Voni, so lengje som dat er nokor Raad til.

HERMANN. Ja men *det* maa jeg da sige, at om saa skulde hænde, saa vil du ikke komme saa ganske lettelig til det; for her er lagt en stor Bekostning paa Gaarden, og Eiendommen er nu i en ganske anden Stand end den var.

AAMUND. Dat kann so vera, men eg vilde daa helder, at Garden skulde vera i dat Stand, som han var, sist eg saag han.

HERMANN (*fornærmet*). Saa? – Jo det var en god Forklaring! Det var naturligviis galt, at der blev gjort en liden Modsigelse imod den gamle Bondeviisdom, en liden Afvigelse fra den gamle Slendrian, som han Far og han Bedstefar har befundet sig saa særdeles vel ved. Man burde endnu en Tid faa nyde Frugterne af den gamle Dumhed og Dorskhed. Det var naturligviis fortrædeligt, at der skulde skee en Forandring i det gamle Svinerie, at man ikke skulde være saa lykkelig at faa rode i den samme Skiddenhed og Uteerlighed som før. Jo, her saae saa net og saa hyggeligt ud, da jeg kom her, at det var Skade, at der skulde gøres en Omskiftelse.

AAMUND. Eg gjerer Skil paa slike Umskifte, som er Gagn i, og slike som er inkje Gagn i. Her heve butt agtande Folk fyrr, og dei hava teket mangt eit tungt Tak og gjort mangt eit godt Verk, som inkje kann vera so synlegt fyre alle dei, som no koma her; dei hava jamnat mang ei Tuva og lagt upp mang ei Sletta, som inkje var, daa *dei* kom til. Dei hava gjort kvat dei *kunde* gjera, og meir vil dat inkje vera te segja um oss helder. Og difyre meiner

eg, dat var best aa lata dei daude kvila i Fred og helder passa paa seg sjølv. Dan som heve gjort so stor Umbot paa Jordi, han maa væl ogso hava havt ein stor Vinning av di, og heve han inkje dat, so maa dat vera galet fram-faret.

HERMANN. Ingen Næsviished, ingen Fornærmelser!

AAMUND. Nei, dat var eg inkje tenkt paa; men eg tykjer, dat er betr aa segja si Meining til ein Mann, som er sjølv til Stadar og kann svara fyre seg, en aa skamskjella Folk, som er burte og inkje kann svara.

HERMANN (afsides). Han bliver nok ikke saa let at blæse ifra sig, som jeg tænkte. (Høit). Det kan da være nok om den Sag. Men hvorledes troer du, at vi skulde komme overeens, om det skulde komme dertil, at jeg maatte afstaae Gaarden?

AAMUND. Aa, dat laut no væl verda ein Utveg med *di*; eg vilde inkje, at nokon skulde lida Urett. Og so laut eg no fyrst faa høyra, kor du sjølv vilde hava dat.

HERMANN. Hør engang: jeg lider ikke dette «Du»; vi have ikke drukket Duus med hinanden.

AAMUND. Nei, nei, eg kann gjerne bruka eit annat Ord. Men eg syntest, at de sagde «Du» til meg, og difyre trudde eg, at dat skulde so vera.

HERMANN. Jeg skulde nok mene, at man maa have Lov til at sige Du til en Bondegut.

AAMUND, Ja, ja, dat kann so vera. Dat kann henda, at naar ein Bondegut verd Landhandlar, so stig han so høgt upp um Bonden, at han inkje meir kann hava nokot Samlag med honom.

HERMANN (afsides). Hvad for noget? Skulde han vide noget om min Herkomst? – (Høit). Hør engang: har du været ved Mandal nogen Tid?

AAMUND. Ja, eg heve voret dar, og eg er væl kjend med Folk, som er darifraa ogso.

HERMANN (afsides). See saa! det manglede kun. Han

veed altsaa hele min Historie. Ja, saa faaer jeg nok tale i en anden Tone. – (Høit) Jeg er bange for at jeg har fornærmet Dem, og isaafald maa jeg da bede om Forladelse. Men hør nu engang: jeg vil fremsætte et vist Tilfælde ligesom til et Exempel. Dersom De traf en indflyttet Mand i Deres Hjembygd, og De saa vidste, at denne Mand paa et andet Sted havde gjort adskillige Dumheder, som han dog siden havde rettet paa og givet Opreisning for: hvad vilde De da gjøre med den Historie? De vilde vel ikke fortælle den til enhver, som vilde høre den?

AAMUND. Dat trur eg inkje, at eg vilde bry meg med. Dat som han hadde gjort paa andre Stader, dat kom inkje nokon ved i *mi* Heimbygd, og so vilde dat vera gagnlaust aa fortelja dat; for dat vilde berre vera ein Mann til Skade og ingen til Bate. Men naar dat skulde høva so til, at dan Mannen gjorde seg nokot for dryg anten mot meg elder mine, so kunde dat væl henda, at eg vilde lata han høyra, at eg visste dat; men ellest trur eg inkje, at eg vilde gjera nokot vidare *utav* di.

HERMANN (*afsides*). Det er sandelig en bedre Karl end jeg havde tænkt. (Høit). Det glæder mig meget at høre, at De har en saadan Tænkemaade, og jeg maa oprigtig bede om Forladelse for, at jeg ikke har behandlet Dem, som jeg burde. De vil ellers let indsee, at det maatte falde mig lidt fortrædeligt at blive forstyrret i Besiddelsen af dette Sted, som jeg nemlig nu havde anseet som min retmæssige Eiendom.

AAMUND. Dat kann eg slett inkje undrast paa.

HERMANN. Det vil altsaa være mig en Trøst, at jeg har med en saa fornuftig Mand at bestille. Og forøvrigt maa vel Sagen gaae Rettens Vei?

AAMUND. Ja, dat er væl inkje onnor Raad.

HERMANN. Jeg kan ikke sige noget derimod; enhver maa jo staae paa sin Ret. Og forøvrigt faae vi

tale nærmere sammen en anden Gang; nu for Øieblikket har jeg noget at udrette. Far vel, saalænge. (Gaaer).

AAMUND (alene). Ha, ha! Jau no kom dat annat Maal i Bjølla. – Eg kann inkje annat segja, en eg harmast, naar eg høyrer paa, kor Folk kann skjemma og svivyrda Foreldri vaare, og *me* skal inkje hava Lov te segja eit Ord imot. So var dat denne Gongen ogso, og difyre fekk han no denna Sneidi. Han er Son til ein Husmann paa ei Plasse-Bot, som heiter Saudebakken; difyre skriv han seg Sauenbach. Han var Krambudsvein nokre Aar og slog stort paa og livde som ein Ranglefant med annan Manns Pengar, og sidan kann dat vera mangt, som inkje eg veit um; og inkje bryr eg meg um aa vita dat helder. Dat vilde alltid vera so myket, at Folket her vilde hava nokot te neisa han med, naar dei kom i Ordkast med honom; og d'er væl *dat*, som han er rædd fyre. Men han skal no inkje syta so myket fyre dat helder; heve inkje nokon annan fortalt dat, so vil inkje eg fortelja dat helder. Han skal inkje hava dat te segja, at *eg* heve gjort Skade paa hans gode Namn.

FEMTENDE SCENE.

Olav. Aamund.

OLAV. Aa so er du atterkomen paa same Staden. Kanskje du heve voret inne og talat med Mannen sjølv.

AAMUND. Ja, eg heve talat myket med honom og.

OLAV. Ja so? Daa tenkjer eg mest, at de hava voret Uviner.

AAMUND. Aa – ja, dat var nokot av baade Slagi.

OLAV. Dat var mi Von. For han plar vera slik; han er so fælt strid sume Tider, men naar ein daa berre stend imot og inkje giv seg, so plar han bogna og gjera seg god atter.

AAMUND. Eg kunde mest merka dat. Men dat er sant: eg heve endaa inkje spurt etter, kvat dat er for andre Folk, som er her paa Garden. Dar skal

være eit Ungmenne, som eg vilde so gjerne høyra nokot um; men dat tenkjer eg, du berre vil lægja aat; for dat er ei Gjenta, skal eg segja deg.

OLAV (spøgende). Ei Gjenta? Eg meiner, du er galen, Gut. Tenk aldri paa nokor Gjenta, fyrr en alt annat er avgjort. (Afsides.) Dat maa vist vera ho Inga. Aa, dat var harmelegt, at ho skulde vera fast!

AAMUND. Ja, men dat var daa alltid godt aa vita, kvat Folk ein hadde fyre seg.

OLAV. Dat var so ja, men du kunde snart faa vita dat, du inkje vilde. (Afsides.) Eg lyt prøva aa faa han paa andre Tankar. – (Høit.) Dat er ein faarleg Ting, desse Kvendi: dei ganga dar so fine og blide, liksom dei vilde lokka Folk inn i Fanget; men er dat daa so, at du lèt deg draga, so veit du inkje av, fyrr en du stend so fast, at du kann korkje koma att elder fram. Dar er ei gamall Visa um dat, som du kanskje inkje heve høyr. Lat meg sjaa, kor ho byrjar (synger.)

(Egen Melodie.)

1. Aka paa Isen haale
med uskodd Øyk og kaat
beita i Stormen stride
med styrelause Baat,
renna i Kapp med Reinen,
um Raasi er tung og vaat:
Dat maa ein Galning vera,
som so vil fara aat.

(Afsides.) Haa haa! Dar kjem Kjeringi. Eg er rædd ho vil skjemma dat ut fyre meg.

SEXTENDE SCENE

Gunnhild. De forrige.

OLAV (vedbliver.)

2. Ganga og gjera seg fager
og laata so fiint og smaatt,

løyna si laake Sida,
til Maalet fyrst er naatt,
giva deg goda Voner
og svika deg sidan braadt:
dat hev' eg høyrst so ymse,
skal vera Kvende-Haatt.

GUNNILD (poldisk.) No kjem dan andre Parten:

3. Ganga med stolte Læte
og fria tidt og traatt,
freista dei arme Vækjor
til baade stort og smaatt,
lata dei sidan fara
og ha' dei til Gliis og Laatt:
dat hev eg høyrst so ymse,
skal vera Karmanns Haatt.

OLAV. Eg heve eit Skot i Hornet endaa:

4. Ganga og sjaa etter Stasen
og kaupa av alle Slag,
sitja so traatt og drøsa
i Gaman og Gjestelag,
blaasa aat dan, som mukkar,
og gi' han ein godan Dag:
dat hev eg høyrst so ymse
skal vera Kvende-Lag.

GUNNILD. Endaa er inkje siste Verset sunget:

5. Ganga og skrøyta og knota
og laast vera hæv og hag,
sitja i Drikkarstemna
og sumla Natt og Dag,
koma so heim og buldra
og truga med Hogg og Slag:
dat hev eg høyrst so ymse
skal vera Karmanns Lag.

Og endaa er dar eit litet Ende-Stev:

6. Skulde eg nokot raada
 so var dat Raadi mi:
 Lastar du andre Sida,
 so sjaa paa Sida di.
 Baada Sidor er veika,
 og kvar heve Veila si;
 di skal dei tegja baada,
 og ingi lasta hi.

AAMUND. Dat var rett. No tykjer eg, dat jamnar seg paa baada Sidor. Men dat siste Verset skulde eg havt Hug te minna meg paa.

OLAV. So skal me kveda dat baade tvau saman.
 (Olav og Gunnild gjentage Verset: Skulde eg nokot raada o. s. v.)

OLAV. Ja, dar skal du høyra, Aamund, kor dat gjeng til. Soleids kann me stevjast og kivast ofta, naar me er tvau eine. Men dat maa eg segja, at me er like gode Viner fyre dat.

AAMUND. Dat tvilar eg inkje paa. Dat er inkje slike Hogg, som gjera saart.

OLAV. Aa nei, dat hogg inkje alt so hardt, som dat hotar.

AAMUND. Men endaa heve eg inkje fenget nokor Greida paa dat, som eg vilde spyrja um.

OLAV. Nei, dat er sant. Var dat inkje ei Gjenta, som du spurde um?

AAMUND. Jau, dat var dan, som var med oss i Dag, daa me heldt paa og skulde stevjast.

OLAV (afsides). Ein Gong lyt dat no fram, seer eg. (Høit.) Dat var Dotter til dan Mannen, som du fører Saki med.

AAMUND (forundret). *Dotter* hans? dat hadde eg daa aldri kunnat tru.

GUNNILD. Nei dat var inkje so godt aa sjaa helder fyre dan, som er ukjend, maa vita; for ho seer ut radt som ei onnor Bondegjenta, ho heve havt

største Hugen te fylgja Bonde-Visi, og Fa'ren heve voret so kjær fyre henne, at han heve latet henne raada seg sjølv.

OLAV. Eg vilde inkje segja nokot stort um detta i Dag, daa me møttest her; for eg tenkte so: Her standa no desse tvo stridande Partarne so meinlause midt imot kvar-annan, og ingen av dei veit, at dan eine skal jaga dan andre ut. Faa dei no vita aldri so litet, so verda dei rædde kvartannat, og so faa me inkje meir Moro.

AAMUND. Ja men me hava no voret saman tvau eine likevæl baade fyrr og sidan.

OLAV (forundret). Ja so? Og endaa fekk du inkje høyra, kven ho var?

AAMUND. Nei. Dat var eit underlegt Tilstemne. Dat skulde alltid koma nokot i Vegen. – Men seg meg no: vita de nokot, um ho er fal endaa?

OLAV. Dess verre, du; ho skal vera fast og inkje fal etter som Folk segja.

AAMUND (nedslagen). Dat var ilt aa høyra. – Dat var harmelegt.

OLAV. Kanskje du likar Gjenta?

AAMUND. Eg likar henne meir, en eg torer segja, naar dat stend so til. Var ho til aa faa, so vilde eg havt henne, um ho inkje aatte Skoen paa Foten.

OLAV (til Gunnild). Aa, nei detta var tregelegt. Nei, eg heve aldri likat detta dar med han Trond paa Bøen.

GUNNILD. Eg heve inkje likat dat eg helder. Men vil de vita, kvat eg trur? Eg trur aldri, at ho vil hava han Trond, og naar ho inkje vil dat, so verd dat inkje nokot av di.

AAMUND. Aa, giv dat var sant. Men detta er ein Ting, som eg vil vita strakst. Eg gjeng beinast upp i Garden og leitar henne upp. Skulde eg no koma dar ogso for seint, so kunde eg daa segja, at eg var heimkomen i ein uheppen Time.

OLAV. Ja, kunde detta lukkast, so vilde alt annat laga seg av seg sjølv. Og dat kann eg segja deg, at dat er Gjenta, som er havande; d'er dan snildaste Ungdom, som kann ganga i tvo Skor. Ho er lik si Moer, og dat var ei snild Kona; alt medan *ho* livde, var han Hermann ein gild Mann; sidan heve dat voret so ymist.

AAMUND. Eg vil hava ei Vissa, og dat paa Timen.

GUNNILD. D'er fyrst best. Ber fram Bøni di, so hører du, kor dat stend til. Eg torer inkje segja nokot, men eg tykjer, at eg heve ei *god* Von. (Synger.)

(Mel. Aa vil du ha' meg, so skal du faa meg.)

1. No er dat Tid, at du Ordet nemner
og segjer berlegt, kor Hugen stemner;
og kvik og modig du vera maa,
dat vil ei Gjenta so gjerne sjaa.

2. Og lat so inkje all Voni fara,
um inkje Gjenta so braadt vil svara;
for slik ein Spurnad er alltid dryg,
og helst naar Vækja er ung og blyg.

3. Men hev' ein fyrst fenget Rom i Barmen
so fær ein ogso eit Rom i Armen.
D'er stundom, ingen um Elskan veit,
og endaa er han baad' varm og heit.

AAMUND. Takk skal du hava, og mest fyre dat siste.

OLAV. Lat oss no giva oss ut or Vegen, eg seer Mannen kjem gangande. (De gaae ud til Venstre.)

SYTTENDE SCENE.

Hermann. Trond.

HERMANN. Kom hid og lad os sætte os her; saa er der ikke nogen, som forstyrrer os. Saa du traf altsaa Prokuratoren?

TROND. Eg fann han fyrr, en eg ventade, og eg hadde endaa so nær vordet for sein; for han hadde slik ei Hast paa seg, at dat var fælt.

HERMANN. Det var slem, at han ikke skulde have Tid til at skrive nogle Ord til mig. Men siig mig nu nøie og tydeligt hvad han sagde om Brevene.

TROND. Han sagde, at dat er inkje rett til aa lita paa med Jordi; for Ervingen heve endaa sin Rett uspilt, og ifall han er nokot fyre seg, og han inkje forseinkar seg elder gløymer nokot, so heve han Vinningi.

HERMANN. See saa! Aa nei, *han* forsømmer sig nok ikke. Men er du nu vis paa, at du forstod hvad han sagde?

TROND. Ja, dat er eg viss paa; for han var baade tyd og blid og greidde dat so væl aat meg, at eg *maatte* skyna dat.

HERMANN. Naa! paa den Maade vil Sagen altsaa ende med en Udkastelste. – Men imidlertid saa anseer jeg dog ikke Sagen som afgjort endnu. Vi skal nok nappes om det en Stund, førend jeg giver mig tabt. – Men det er sandt: nu skulde vi have talt noget nærmere om dette Giftermaalet; jeg har talt om det med min Datter, og jeg tænker nok, at hun føier sig; hun gav rigtignok ikke sit fulde Samtykke, men jeg tænker dog, at det kommer.

TROND. Ja, men eg tykjer, dat er leidt aa bry og plaaga Gjenta soleids. Naar inkje Hugen og Hjartat vil dan Vegen, so vilde dat vera Synd aa lokka elder nøyda henne til dat. I dan Saki maa ho hava sin eigen Vilje.

HERMANN. Du har kanskee ikke saa megen Lyst til det nu som før?

TROND. Dat var inkje fyre dan Skuld: eg kunde vel hava Lyst; men eg heve tenkt meg um og slegget dat ifraa meg, sidan Gjenta inkje likar dat sjølv.

HERMANN. See saa! Jeg havde just en Mistanke

om dette. Der maa være kommet nye Omstændigheder til. Dette der om «Hugen» og om «Hjarta» forekommer mig at være nye Talemaader; *det* Verset stod ikke i Visen, da jeg hørte den sidst. Men jeg skal saamen ikke gjøre flere Skridt i den Anledning; det er mig ikke saa forfærdelig meget om at gjøre, og der kunde ogsaa være visse Fordele ved, at det gik forbi. Den som ikke faaer, han slipper for at takke. Og dermed skal den Sag være afgjort. (Gaaer lidt tilside.)

TROND (ved sig selv). No kann du segja kvat du vil. D'er alltid ei Gjenta te faa, men d'er inkje alltid ei slik Jord te faa. (Gaaer).

ATTENDE SCENE.

Hermann. Aamund.

HERMANN (ved sig selv, idet han sætter sig paa Bænken). Nu er det da altsaa forbi med den Plan, og det har jeg da egentlig ikke saa meget imod. Hvis jeg skulde flytte herifra, saa vilde jeg helst have Barnet med mig, og saa kan hun jo faae sig en bedre Mand paa et andet Sted. Men er det nu ogsaa vist, at jeg skal forlade dette Sted? Jeg har ikke nogen Fred paa mig, førend jeg faaer tale med Prokuratøren selv; for jeg er ræd for, at den Klodrian kan have misforstaaet ham.

AAMUND (ved sig selv, idet han kommer ind fra Gaarden). Kvar heve dat daa vordet av denne Vækja, at eg aldri kann finna henne atter? Inkje er ho heime, og inkje er ho burte, og inkje er ho nokonstad. Hadde eg endaa funnet Faderen, so trur eg, at eg vilde taka dat paa Enkjemanns Viis og fria til Fa'ren fyrst. – Sjaa, dar er han med same! (Til Hermann). Tykk inkje paa dat; kanskje eg kjem til nokor Uro?

HERMANN. Aa nei, jeg kan ikke sige *det* heller. Det var kanskje noget, som du vilde tale om

Aa, om Forladelse! Jeg er saa vant til at sige «Du» her iblandt Landsfolket.

AAMUND. Ja, kunde me inkje prøva aa segja «Du» til kvarannan? Eg tykjer, d'er lettare aa tala daa.

HERMANN. Aa – jo, – jo; det kunde nok gaa an. (Afsides). Han er temmelig dristig.

AAMUND. Dat var nokot, som eg vilde tala um, og eg veit inkje, *kor* eg skal koma *med* di; dat kunde kanskje synast so, at dat var nokot djervt og kanskje vanhøvelegt; men eg trur inkje, dat skal vera nokot vondt i dat. Dat var fyre dat fyrste berre eit Spursmaal.

HERMANN. Vær saa god! Jeg er ikke saa streng paa det.

AAMUND. Du heve ei Dotter, som er her heime.

HERMANN. Ja, det er Inga, som du vistnok har seet.

AAMUND. Eg heve talat med henne baade *einn* Gong og fleire, men eg var inkje so hæv, at eg kjende henne; eg visste inkje, kvat Manns Barn ho var, fyrr en no nyst. Maa eg spyrja, um ho er forlovad?

HERMANN (afsides). Hvad kan det betyde? (Høit.) J-Ja, om Forladelse, jeg er saa fuld af Tanker; – nei, hun er ikke forlovet, saa vidt jeg veed. (Afsides.) Det er bedst at være oprigtig, saa forsnakker man sig ikke. (Høit.) Der var rigtignok talt om en Forlovelse engang; men hun syntes ikke rigtig om det, og saa blev der ikke noget av.

AAMUND. Eg maa segja, eg likar Gjenta so væl, at eg tykst aldri hava likat nokot Kvende soleids som henne. Og naar eg kunde vita, at dat var nokor Von fyre meg, og dat inkje skulde vera for myket i Vegen, so vilde eg fria til henne.

HERMANN (afsides). Nu skal vi høre. (Høit.) Det kommer saa uventet, – jeg har ikke kommet til at

tænke paa dette, – og slike Ting burde man betænke meget vel; – men jeg troer, at det maatte kunne gaae an, ja jeg mener, at det vilde vist være godt. Jeg vil tale med hende om dette, eller rettere, jeg vil kalde hende hid og saa kan du selv tale med hende. Jeg syntes jeg saa hende borte i Gaarden. (Han raaber) Inga, Inga, kom hid! (Til Aamund.) Jeg maa sige, jo mere jeg tænker paa dette, des bedre synes jeg om det; – saaledes som Sagerne nu staae, vilde det være meget godt. (Til Inga, idet hun kommer ind). Hør, Inga, her er en Mand, som vil tale med dig. (Han sætter sig i en grublende Stilling).

NITTENDE SCENE.

Inga. Hermann. Aamund.

AAMUND (til Inga). Dat var nokot som eg vilde tala med deg um, og dat lyt eg gjera dat kortaste, som eg kann. Fyre dat fyrste maa eg spyrja, um du heve nokon Kjæraste.

INGA (ængstelig). Nei.

AAMUND. Og fyre dat andre maa eg spyrja, um du vil hava meg til Kjæraste.

INGA (seer paa Faderen, og da denne sidder i Tanker og ikke bemærker hende svarer hun med nogen Bevægelse): Nei. (Pause.)

HERMANN (reiser sig). Hvorledes var det? – Men, det er sandt: hun veed jo ingen Ting. – Om Forladelse, der er noget, som jeg har glemmt at fortælle hende. (Afsides.) Det var da ogsaa en forskrækkelig Hast; man kan jo ikke faae Tid til at tænke efter nogen Ting. (Gaaer tilside og taler sagte med Inga).

AAMUND (ved sig selv). Dat kann væl vera dat same, kvat du heve gløymt elder inkje gløymt; eg vil inkje hava annat Svar en dat, som ho kann giva med sin eigen gode Vilje. – Aa, dat var harmelegt! Dan Gjenta kjem eg seint til aa gløyma. Og eg, som trudde so stødt, at dar inkje var nokot i Vegen! Nei, dat kann ingen skyna desse Kvendi. Du Olav

i Bakken, du hadde Rett i dat, som du sagde: «dei giva deg goda Voner og svika deg sidan braadt». Men dat er sant: Ho er inkje lastande fyre dette; – maa inkje ei Gjenta hava Lov til aa vera blid og snild imot ein Kar, utan at han skal tru, at ho vil hava han? – Men eit er vist og sant: dat var tregelegt; dat var syrgjelegt! (Falder i Tanker).

HERMANN (til Inga). Saaledes er det. Det var bare denne Sag om Gaarden her og intet andet. Jeg har siden lært ham bedre at kjende, og saaledes har jeg nu de bedste Tanker om ham; det er en Mand som man kan komme godt overens med, en meget fornuftig Mand, en prægtig Karl. Jeg har endog havt Beviser paa, at han har en udmærket Tænkemaade, eller rettere sagt: en ædel, en nobel Karakter.

INGA. Aa! dat var ei Synd, at eg inkje skulde vita dat.

HERMANN. Det er vist ikke for seent endda. Jeg skal forklare ham Sagen, og saa tænker jeg nok, han kommer igjen.

INGA (glad). Ja, daa vil eg no sagte svara Ja.

HERMANN. Ja, gjør det, Barn! Du skal faa raade dig selv nu som før. (Vender sig til Aamund). Det var, som jeg formodede: der var en Misforstaaelse under. Hun havde bare hørt, at du skulde være min Uven, og at der var en forfærdelig Strid imellem os, saa at det maatte ende med Undergang og Ødelæggelse; men ellers havde hun intet hørt om, hvor det egentlig hang sammen. Deraf havde hun da gjort sig den Tanke, at du maatte være reent en farlig Fyr. Nu veed hun bedre Besked, og saa tænker jeg nok, at hun ikke har meget imod dig. Jeg har endog en liden Mistanke om, at hun har havt et godt Øie til dig fra det første, hun saa dig.

AAMUND. Nei, er dat moegelegt, at dat kann vera sant? (Til Inga). So var dat kanskje inkje so reint av Hjarta, at du svarade Nei?

INGA. Nei.

AAMUND. Aa so er dat meir Von, at dat er av Hjarta naar du svarar Ja?

INGA. Ja.

HERMANN. Man kan nok ogsaa see at dette er af Hjertet, for hun seer da sagtens ganske anderledes ud nu end før.

AAMUND. Dat er berre *einn* Ting, eg ankar paa, og dat er, at ho kjenner meg for litet. Eg kunde gjerne vera ein stor Skarv fyre alt dat, som ho veit um meg.

HERMANN. Aa Snak! det er ingen som har nogen Mistanke om det. Og desuden saa kjender du jo ikke meget til hende heller.

AAMUND. Henne? So snart eg berre hadde seet henne og talat ei tvau-try Ord med henne, so var dat nog.

HERMANN. Det kunde dog kancee være dristigt nok; men imidlertid haaber jeg, at du ikke vil angre det. Jeg maa sige, jeg er ret inderlig glad over dette her; det var et særdeles godt Raad, eller rettere sagt: en meget heldig Plan. Vi kunde ikke have kommet til nogen bedre Endskab, eller rettere sagt: til et mere fordeelagtigt Resultat. Og nu tænker jeg nok, at vi komme vel overeens om de øvrige Sager ogsaa.

AAMUND. Ja, no heve eg ei Von um, at dat vil greida seg so, at kvar er nøgd paa *si* Sida.

HERMANN. Jeg skal sige dig: jeg var allerede kjed af dette Jordbruget, saa jeg ikke for den Skyld havde noget imod at afstaae Gaarden; men jeg syntes, det var leidt, at Folk skulde sige, at jeg skulde blive udjaget. Nu er ikke *det* at frygte for; nu kan jeg jo sige, at jeg giver Gaarden fra mig til min Datter, og lader hende overføre den til hvem hun vil.

AAMUND. Ja, dat kann godt ganga fyre seg. – Men no vilde eg berre, at han Olav og ho Gunnild skulde voret her.

HERMANN. Ja! (seer sig om) De er vist ikke saa langt borte, for jeg syntes, at de netop kom gaaende paa Veien hertil. Der er de allerede. Kom hid, godt Folk!

TYVENDE SCENE.

Olav. Gunnild. De Forrige.

AAMUND (til O. og G., idet de komme ind). No, godt Folk, skal de høyra nokot spildrende nytt. Elder rettare sagt: de skal inkje høyra, de skal berre sjaa. (Tager Inga i Haanden og gaaer imod dem og bukker).

OLAV. Haa, haa! Stend dat *so* til. Jau dat kann eg halda med. Dat var daa Troll til Gut til aa hava Lukka med seg; han fær alt, som han tenkjer paa.

GUNNILD. No, Olav, var eg inkje sannspaadd? Eg tykte, eg kjende dat paa meg, at dat skulde ganga *so* til.

OLAV. Ja, kor kunde du vita dat?

GUNNILD. Jau, eg seer dat mest paa Augnelaget til Folk, naar d'er nokot, som vil ihop. Men tykjer du inkje, dat er eit veent Par dette?

OLAV. Jau mi Sann er dat so. Dat er fulla inkje Vannhøve, skal eg tru. – Aa, jau no kann du tru, dat skal verda morosamt. (Gaaer til Aamund og tager ham lidt tilside). No vil du væl inkje røma Garden, fyredi han er lite-vetta umskrift?

AAMUND. Nei daa! Eg skal snart retta paa dat, som eg inkje likar.

OLAV. Men dei gamle Bjørkerna daa?

AAMUND. Aa, lat dei liggja; her stend endaa nokra atter. Og vil me hava fleira, so skal me *saa* og setja nye Tre; verda dei inkje store i *vaar* Tid, so skal Ervingarne vaare hava dei.

OLAV (jublende). Dat var rett, dat var rett! So skal dat vera. (Skjelmsk). So du likar dat inkje reint so ille no som fyrr i Dag?

AAMUND. Nei, dat er liksom eg tykjer dat heve ein annan Lit; dat er eit annat Ljos, som skin yver dat.

OLAV. J-Ja, d'er underlegt med *di* du. Men lat no inkje Ljoset skina so yver dat, at du læt altsaman standa, som dat no stend. (Til de andre). Aa, de kann inkje tru, godt Folk, kor glad eg er; eg er so fegjen, som eg fingje eit heilt Rikje. Eg trur, eg lyt burt paa Leikvollen og dansa Halling, so gamall som eg er. Men fyrst og fremst so vil eg no kveda. (Synger).

(Egen Melodie).

1. No er alt so godt og væl,
 og ingen treng um aa sukka.
 Dat maa eg segja, dan Mann er sæl,
 som heve so god ei Lukka.
 No er Striden tagnad;
 dat var ein heppen Lagnad:
 dat som saag ut
 til Sorg og Sut,
 dat vende seg um til Fagnad.

(Olav, Aamund, Inga og Gunnild gjentage: No er Striden tagnad o. s. v.)

AAMUND.

2. Aldri veit eg nokon Strid,
 som fekk so fager ein Ende,
 som naar ei Vækja, veen og blid,
 stod upp og Striden vende.
 No er Saki vunni,
 beste Raadi er funni;
 no kjem ein Dag
 av ljosaste Slag,
 og klaraste Soli er runni.

(Aamund, Olav, Gunnild og Inga gjentage: No er Saki vunni o. s. v.)

OLAV (til Aamund).

1. Endaa ein Bate, skulde eg tru,
dat fylgjer med denne Sætti;
d'er at ein Mann i sin Heim kann bu,
og Odalen fylgja Ætti.
No skal me hage vera,
Umbot i Bygdi gjera,
setja vaart Land,
i prydelegt Stand
og endaa Nordmänner vera.

(Olav og Aamund gjentage: No skal me hage vera o. s. v.)

AAMUND.

4. No er Ervingen komen heim,
og heime vil han vera.
No vil han kjennast ved alle deim,
som Kjensel paa han bera.
No skal Frendar finnast
og gamla Segner minnast.
Ein heve gjøymt
dat, hin heve gløymt,
og so skal allting finnast.

(Aamund, Olav, Gunnild og Inga gjentage: No skal Frendar finnast
o. s. v.)



SIDSTE KVELDEN

elder:

GUNNBJØRG PAA HAUGEN.

Unge Gunnbjørg, som næste Dagen skal fylgja med paa Flutning utor Landet, hever sett seg paa ein Haug til aa taka ei sidste Utsyn yver Heimstaden sin.

So er daa denne Dagen til Ende komen, og so er det altsaman tilreidt og fraa seg gjort til Avferdi herifraa. Det hever voret ein annsam Dag; eg hever trøyyt og skundat meg, som mest eg vann, so at eg sidstpaa skulde faa ei fredeleg Stund til aa ganga ut og sjaa utyver Barneheimen og tenkja paa Barndomen. Men no verda desse Tankarne so mange og so vidsvivande, at eg verd reint fortullad utav deim; det kjem paa meg som ei Ørska, so eg ikkje rett veit, um eg er vakande elder berre drøymande. Difyre vilde eg no vera einsaman fyre meg sjølv ei liti Rid, so at ikkje Folket skal sjaa, kor avlagad og undarleg eg er. Men det er no og ein tyngjande Tanke, at ein soleides skal slita seg laus fraa alt det, som ein er van til aa sjaa og høyra, fraa Hus og Heim, fraa Gard og Grend, fraa Jamlikar og Kjenningar og endaa fraa sjølv Landet, som ein er uppalen i, og derimot vanka ute paa Viddom, der alt er nytt og framandt, og der det visst er mangt uhuglegt aa møtast med. Naar eg tenkjer paa alt slikt, so verd eg reint ræddhugad; for eg tykkjer, det er altsaman so forvillande og so undarlegt og so syrgje-

legt, at eg ikkje veit, kvat eg skal letta Huguen med.
Det skal vera ein Diktar, som hever sagt, at naar
Tankarne verda honom for stride og for myket sprengjande,
so læt han deim strøyma ut i ein Song. Ja,
hadde eg visst nokon Song, som kunde vera til nokor
Hjelp, so skulde eg hava freistat paa det same.

(Eigen Tone).

Skal det no vera sidste Gongen,
at eg kviler paa denne Stad,
her som i Skogen og Fuglesongen
tidt eg drygde so himmelglad;
her som eg saag i den ljose Vaaren
Jordi med Brudarklædnad paa,
og so den milde Himmels-Klaaren
speglad i Doggi paa Blomster og paa Straa.

So vil eg sjaa paa mitt gamle Gjenge
grant i den sidste stille Stund,
at eg kann minnast det vel og lenge
langt ifraa desse Berg og Sund.
Det skal eg minnast, naar Huguen vender
heimatter hit fraa ein framand Sveim;
der veit eg visst, – kvat helst som hender, –
at eg fær sakna min gamle gode Heim.

Fare daa vel, de gamle Tufter,
der eg kjende kvart Barn, eg saag!
Fare daa vel, de Berg og Kluffer,
der som no Vegen til Grendi laag!
Fare so vel, de gode Frender,
de som so ofta meg baud til Gjest.
Giv de faa Hugnad, som aldri endar,
giv de maa liva som lengst og so som best!

Aa kor eg no tykkjer, at dei maa vera lukkelege,
dei som faa liva i Heimbygdi i all si Tid, so dei

alltid kjenna alle sine Grendarborn fraa dei eldste til dei yngste. Ja, eg veit nog, der er dei, som helst vilja flakka og fara vidt i Kring, og som ikkje kunna trivast lenge paa same Staden. Men me andre hava det no helder so, at me alltid gjerna vilde vera nær ved Fødestaden, og me tykkja daa alltid, at det gjerer oss vondt, naar me skulo skiljast fraa gode Viner og Kjenningar. Eg hever no aldri havt Hug til aa reka i Kring paa framande Stader; men no verd eg daa nøydd til det lika fullt, for eg tykkjest ikkje hava Hjarta til aa setja meg imot Foreldrom, naar dei no endelege vilja hava meg med seg paa Utferdi: Fader min hever no eingong sett seg det i Huguen, at han skal flytja ut og taka heile Huslyden med seg; for han hever daa fenget Helsingar fraa Folk, som ero utfarne fyrr, og som no tykkjast hava det so myket betre, en som dei hadde det her heime. Og so er han daa og so misnøgd med heile Stellingi her i Landet. Her verd ikkje annat en Armod, segjer han; Folk vilja ikkje liva so smaatt og sparsamt no som fyrr, dei vilja krusa seg til og hava altsaman stort og staselegt; men detta hava dei no ikkje Raad til, maavita, og dermed so verd det ikkje annat en Skuld og Gjeld og Stakkarsdom paa alla Sidor, so um ein Mann hever nog fyre seg sjølv, so fær han ikkje Fred fyre deim, som inkje hava. Og so er no Folk helder ikkje so frie og sjølvraadande, som dei segja; eg tykkjer, eg ser Merke nog til Ufriskap og Tvang og Tyngslor, som ein aldri skulde tru, at der var nokor Torv til. Difyre var det no best aa freista, um det skulde vera lika galet paa andre Stader, segjer han. – Ja, alt detta er no nokot, som eg skynar meg so litet paa; eg kann ikkje tru, at det er alt so galet, som det læter; men kor det no er elder ei, so lyt eg no hanga med og fara ut or Landet, som eg aldri hadde trutt elder tenkt paa.

Det er daa undarlegt, kor litet me kunna raada

oss sjølve, og kor litet me kunna laga oss fyre vaar
eigi Framtid. Her ganga me imillom gamle Kjenningar
og hugsja ikkje annat, en at me alltid skulo
ferdast imillom same Folket. Og best som det er,
so verda me utslengde i Verdi millom framande Folk
paa framande Stader, som me aldri hava tenkt paa.
Kvat vita me daa, kvar me skulo hamna, elder kvat
Folk me koma i Lag med? Det kjem alt ut paa ein
Lagnad, som me aldri kunna gjera nokot ved. Og
endaa segja sume, at der ikkje er nokon Lagnad;
me hava det so, som me laga det sjølve, segja dei.
Ja det er lett aa segja fyre deim, som faa laga seg,
som dei vilja. Men so er der no og ein annan Ting
til aa merka, og det er, at um me endaa hava altsaman
vel lagat, so er der daa ingi Vissa, um kor
lenge det skal vara. Det er altsaman utrygt og umskiftelegt,
og der kann snart koma slike Umskifte,
som kasta oss inn i eit nytt Uføre og gjera alle
vaare gamle Voner til inkjes.

(Tone: Den tyngste Sorg og Møda).

Her er so mangei Vending;
det vendest alt so braatt.
Det kjem so mangei Sending,
som ingen hadde spaatt.
Naar Voni vaar er blidaste,
so kjem der Skifte paa;
naar Heimen vaar er fridaste,
so maa me derifraa.

Det var vel godt aa ganga
til Barneheimen stødt
og lata Huguen hanga
ved alt, som der var født,
og sjaa, kvat Lut av Lagnaden
den Ungdoms-Flokken fekk,
som her i største Fagnaden
med mange Voner gjekk.

Men Lagnaden vil driva
oss fort i Verdi ut,
der vidt i Kring me sviva
med kvar si eigi Sut.
Og koma me so farande
og Heimen atter sjaa,
so er der litet varande
av alt me tenkte paa.

So er daa all vaar Lukka
umskifteleg og kort;
me høyra mange sukka,
at Gleda flyr so fort.
Men millom alt, som vender seg
og hallar upp og ned,
der er vel eitt, som stender seg
og alltid varer ved.

Men kvat vilja dei no segja heime, naar dei merka,
at eg er so lenge ute? Eg tenkjer, at dei koma snart
og ropa etter meg; og daa fær eg høyra, at eg er
no alltid slik ei Drøymekolla, som gjeng og tullar og
tenkjer paa alt det, som til er, og myket meir dertil.
Og det kann vera alt for sant; det er fleire, som
segja det same. Men so er det no og sume, som
giva meg so god Uppmoding, at eg skulde berre
ynskja, at eg ikkje gløymde det. Eg veit ikkje, kvat
du syter fyre, Gunnbjørg, segja dei; du skal ikkje
kvida fyre ufengen Skade. Der er fleire, som hava
lotet langt ut i Verdi, og dei hava ikkje havt nokon
Skade av det. Det er berre Kjælenskap og Hugløysa
aa hengja seg so fast til Fødestaden sin. Du er daa
sjølv forviti og vil gjerna høyra, kor Folk hava det
i andre Land og Rike. No hever du god Tilleiding
til det. Tenk no berre paa alt det store og forvitnelege,
som du kann koma til aa sjaa. Der skal vera
Byar og Bygningar, som ero større en alt, som me

her høyra gjetet. Der skal vera Tre og Urter og Blomar, som ero vænare en alt som her vil trivast. Der skal vera Folk, som ero undarlege aa sjaa til, sume so brune som ein Koparkjetel, og sume so svarte som ei Gryta; men endaa skal det vera ærlege og vituge Folk hjaa deim so vel som hjaa andre. Slikt er nokot, som er verdt aa tenkja paa. Det gjeld um aa berre hava eit godt Mod og aldri siga ned i berre Syting og Tykkjeløysa. Ja, lat meg freista aa friska Modet daa. Eg fær godt Fylgje, og so er det ikkje verre fyre meg en fyre andre. Det maa daa vera godt aa koma ut i Verdi og sjaa nokot meir en berre den litle Avkroken, der ein er uppalen. Naar ein høyrer um alt det store og fagre, som Folk hava seet paa andre Stader, so kunde ein helder faa Hug til aa fara baade i Aust og Vest, so ein fekk sjaa nokot av alle Slag. Det var best aa sjaa so myket som moglegt av den store Verdi; det var best aa gjesta alle Land, som det heiter i ei Ferdavisa.

(Bergensk Folketone: «Friere ønsker alle Piger»).

Kvi skal ein sitja som ein Fange
stødt med det gamle Sorp og Sot?
Verdi er vid og Vegarne mange;
den, som vil fara, fær eingong Skjot.
Det gjenger Skutor med Segl og Eim
fossande fort ifraa Heim til Heim.
Staalhestar stynja, Kjerre-sloder dynja,
og Folkehopar rynja.
fraa Heim til Heim.

Alle, som vidt um Land faa fara,
rosa dei Syner, som der dei sjaa;
leikande Minne, som lenge vara,
føra dei heim derutanifraa.
Ja, rik og væn er vaar vide Jord,

ymis i Skiftom i Sud og Nord.
Best var aa gjesta alle Land og festa
i sin Hug det besta
i Sud og Nord.

Allstad kjem der ein Vaar og Sumar;
allstad skiner den same Sol.
Blomarne spretta, og Skogen brumar;
Fuglarne søkja sitt gamle Bol.
Det møtest Frender paa framand Strand,
Helsingar ganga fraa Land til Land.
Skutorna skylja Barmen sin i Bylgja.
Berre lat oss fylgja
fraa Land til Land.

Ja, soleides kann ein no øla seg upp fyre ei Stund;
men den Ølsla gjeng snart av seg, og so kjem same
Suti atter. Eg kjem til aa lengta heim atter; eg fær
lengta saart til Barneheimen. *Eg trur, at eg kjem
atter!*

Skrifter i Samling II

som ein ser elder kener, og daa kann ein gerne setja fram Folk, som inkje er til, og giva dei Namn og tala um dei, som da var kende Folk. Og like eins er da, naar ein berre vil fortelja eit Hendelse anten fyre Moro Skuld elder til Upplysnad um einkvar Lærdomen; daa maa ein og hava Lov til aa lata Tanken spela fritt og inkje binda han til da, som heve hendt ein Gong paa ein einaste Stad. Fyre daa er da inkje nokot Vitnesmaal um ein Ting, som Forteljaren sjølv heve set elder høyrst; men da er berre ei Utgreiding av ein Tanke, som han heve havt; da er inkje Mannen elder Folket, som da geng ut paa, men da er Huglyndet elder Aatferdi elder Livemaaten, anten han so kann vera lovande elder lastande. Da er berre faakunnuge Folk, som tru, at eit Dikt skal endelege handla um Diktaren sjølv elder Kenningarne hans, og som alltid spyrja etter, kven han heve meint med dei og dei Namni, som han heve brukat. Fyre da er ingi Torv til, at han skal berre fortelja Slarv og Drørsor um Kenningarne sine elder um slika Smaa-Slysnor, som kann hava hendt i Grendi.

Naar ein Maalar skal tekna eit Tre, som stend paa ein uppnemnd elder utvald Stad, so tekna han da so, som han ser da fyre seg, og freistar paa te faa da so likt, som han kann; men naar han berre skal tekna eit Tre i aalmenneleg Meining, so bryr han seg inkje med aa sjaa paa nokot Tre, fyre daa kann han laga da etter sin eigen Hug. Og naar han skal tekna eit Berg, som han ser fyre seg, daa strævar han og paa, at Tekningi kann verta so lik sjølv Tingen, som mogelegt er. Men naar han skal tekna eit Landskap elder giva ei Vitring um kor Landet ser ut fyre meste Parten, daa bryr han seg inkje med aa tekna ein einleg Flekk av Landet; men han tæk eit Berg og ein Skog elder ein Dal og eit Vatn og nokot av kvart Slag, so som da jamnaste ser ut,

og da set han ihop i ein høveleg Skipnad paa ei einaste Tavla. Daa kann ein inkje segja, at dan Jordflekken ligg her nordanfyre elder her sunnanfyre; men ein kann segja, at han ligg paa mange Stader, elder at sumt ligg paa ein Stad og sumt paa ein annan. Like eins er da med ein Fortelnad, som er diktad um Folkeseder og Folkeskipnad. Han kann tala um ei Slægt, ein Huslyd elder eit Sellskap, som inkje er til i Røyndi, men som godt kunde vera til og finnast paa mange Stader. Han kann tala um eit Fylgje av Tilburdar elder Hendelse, som inkje hava hendt paa ein einleg Stad elder ei einleg Tid, men som kann hava hendt paa ymise Stader og paa ymisa Tider. Daa er da berre eit Hopelag av upptenkte Folk og tenkjelege elder mogelege Tilburdar, som er sankade fraa ymisa Sidor og uppsette i eit tekkjelegt Samhøve, fyre di at dar skal vera meir Moro og meir Lærdom i da. Og daa kann ein inkje segja, at da er han Per elder han Paal, som er meint med di; fyre daa kann da henda, at Fortelnaden kann høva til mange Folk, som Forteljaren aldri heve kent elder høyrte eit einaste Ord um.

Slike Fortelnadar kann da røynelege vera myket Gagn i, naar dei er godt ihopkomne og høva til si Tid og sin Stad. Dei kann visa oss mange Mishøve, som trenga til Umbot; dei kann lasta og snerta paa mange Uvanar og Misdomar og falske Meiningar, som er myket aalgengde; dei kann giva Døme paa Klokskap og Godvilje, og vekkja Hug til Betring og Framgang i mange Maatar. So kann dei tena til Upplysnad og Vitring um ymise Tenkjemaatar og Seder, elder um ymise Stand og Samvære i Livet, som ein inkje ellest hadde Tilgang til aa kenna; og da er altsaman til Nytte, som kann auka Kunnskapen og giva Saali eit større og vidare Synsmaal. Og so er da dan store Dygdi med ein slik Fortelnad, at ein kann høyra og lesa han berre fyre Moro Skuld

og endaa hava Lærdom av honom. Ein kann hava baade Gagn og Gaman paa ein Gong. Da er godt aa hava Lærdomen framsett i aalvorsame Raad og Fyretolor; men da er ogso godt aa hava han framsett i Fortelnad um vekkjelege Tilburdar og morosame Tilhøve; fyre daa er Folk fusare til aa høyra paa og verta inkje so snart leide. Da er eit Ord, som var kent fyre mange hundrad Aar sidan, at «han raakar Maalet best, som Gagnet med Moro kann mengja». Og me hava so mange Døme paa, at endaa slike Menner, som hava skrivet Bøker um Kristendomen og da andelege Livet, hava inkje forsmaatt aa dikta Fortelnadar elder Sogor, som dei kunde setja Lærdomen sin inn i; og da er inkje tvilande paa, at dei gjorde god Verknad med di, like so væl som med sine andre Talar og Fyreteljingar.

Men da er inkje helder avgjort, at alt da, som er fortalt og skrivet, skal endelege vera til eit Gagn, som alle kann sjaa med da same. Mannen er no eingong so skapad, at han treng til nokot annat en berre Aalvore i Livet. Aalvoret plar jamnaste koma av sjølvo seg, og ein plar faa nog av da Slaget, anten ein leitar etter da elder ei. Da kann ofto henda, at Mannen treng til nokot, som kann letta og friska Hugen; da vil ofto henda, at han leitar etter Gaman og Skemting, og daa er da væl, um han kann finna slika Skemtingar, som er ingen Mann til Skade. Daa kann ein segja, at dan Lesnaden, som er til Gaman, er ogso til Gagn, naar han kann gera so myket, at Hugen kviknar, og Tankarne faa eit nytt Liv. Dar er, til Prøve, ein Stevleik, som heiter «Fjell-Æventyret», som er væl kend og vide kend her i Landet; da er vandugt aa segja, kva Gagn elder kva Lærdom, som kann vera i da Stykket; men vist er da, at baade kunnuge og ukunnuge Folk hava voret fegne av di og tykt, at da var stor Mun og Moro i da. Og naar ei Bok heve dan

Verknaden, so kann ein aldri segja, at ho er gagnlaus.

Her hava me talat berre um slike Fortelnadar, som ganga ut paa nokot, som er mogelegt og røynelegt i Verdi; men dar finst ogso manga Sogor um slike Tankeskapnadar og Tilburdar, som Mannen inkje kann sjaa elder merka i då røynelege Livet. Mest alle Folkeslag og Landslydar hava fraa fyrste Tidi havt ei stor Mengd av Runesogor og Vettesogor; dei hava diktat Kempesogor og Dyresogor; dei hava gjort fagra Visor um slike Tilburdar, som ganga yver alt da, som naturlegt og mogelegt er. Og Sogorna og Visorna hava genget fraa Mann til Mann, fraa dan eine Samaldren til dan andre, og Folk finna Mun og Moro i dei endaa som fyrr, um dei endaa inkje tru, at da heve genget til røynelege so, som Sogorna lyda. Slika Sogor skulde ein tru, maatte vera faanyttuga og litet verda te minnast; men naar alt er væl ettertenkt, so kann henda, dei er inkje so reint gagnlausa endaa. Me vil berre nemna, at dei kann vera til stor Upplysnad fyre dan, som vil skoda Aalmennings Hugen og likna dan eine Landslyden med dan andre. Og darnæst vil me minna paa da, som sagt er, at da, som giv Gaman og ingen Skade, da gerer daa alltid da Gagnet, um da inkje gerer annat. Ein skal inkje halda Tanken so fast og bunden, at han ei maa faa Lov til aa gera seg ein liten Sving ut um Kvardagslivet og burt i ein annan Heim. Da er meste Parten av Folket som liver i eit snævt og litet Rom; da er litet, som Mannen ser fyre seg, og da litle, som han ser, er inkje alltid av huglegaste Slaget. Men han heve ein Hug, som vil ganga vidare, en som Augat ser, og dan Hugen er alltid sterk nog til aa slita seg ut or dei tronge Bandi, som halda han fast paa Flekken. Og difyre fylgjer han so gerne med Diktaren, naar han læt Hugen leika og spela ut igjennom dan endelause Verdi og setja Liv og Rø-

relse rundt ikring seg i audslege og ukjende Heimar. Men daa vil da gelda um, at Diktaren heve nokot te fortelja, som er verdt aa lyda paa, og at han veit aa fortelja da med da rette Liv og Lag, som høver til Aalmennings Hugem.



UM STORLÆTE.

Da er ein Ting, som fylgjer med dei ymise Tilstandi i Verdi, at dar alltid maa vera myken Skilnad paa Folk, at sume maa vera megtugare en sume, og at dan eine kann hava mangein god Givnad framfyre dan andre. Men naar ein ser væl etter alt, so merkar ein og, at dar er myket som er likt med alle, at dar er ymise Veilor og Vanskar, som endaa likaste Folket inkje er fritt fyre, og at da kanskje vert rettelege litet, som dan eine heve til aa gera seg stor av framfyre hine. Fyre da fyrste er dar mange Fyremuner, som Mannen er liksom fødd med; han heve inkje lagt dei upp med sitt eget Stræv, men han heve fenget dei liksom sovande elder berre til Givende; og givna Gaavor skal ein takka Givaren fyre og inkje seg sjølv. Og darnæst skal ein hugsaa, at desse Fyremunerne er likso snart farande som komande; dei kann vera lette te tapa og tunge te halda, og difyre kann ein inkje rettelege stola seg paa dei. Til aa vera stolt og storlaaten av slike Fyremuner er difyre jamnaste berre ein Uvitingskap, og da vantar helder inkje Døme paa, at agtande Folk er smaalaatne og umgjengelege, medan faadugelege Folk er so byrge og bratte, at ein kann kvida mot aa møta dei paa Vegen.

Storlætet heve manga Orsakjer, og dei er ikje alla so myket mæta helder. Sume er storvyrdne av Likams Magt og Styrke, og sume av ein fager Skapnad og eit fint Andlit. Men da er mange, som hava havt dei Fyremunerne og endaa havt liten Baten av

dei. Styrke er godt aa hava; men endaa sterkaste Folki kann verta utslitne og underbøygde av ymise Misfelle, og da heve ofto hendt, at ein veik og vanavlug Bul heve gjort større Ting og stadet seg betre i Lengdi. Fagerskapen elder Venleiken er og ein god Ting; men han er jamnaste kverven og kortvarug; han er like eins som Blomen paa Marki, fyre han glimar og bragar, so lengje som inkje røyner paa; men so snart som da kem eit Uvedr paa, so fell og folnar han Vonom snarare; og um han endaa slepp av fyre Uvedret, so heve han daa alltid ei kort Stund til aa standa i. – Ei onnor Rot til Storvyrdna er Standet, sidan dar er ei gamall Tru um, at sume Standi skal vera høge, og sume skal vera laage. Men da er betre, at Mannen pryder Standet, en at Standet skal pryda Mannen. Da er gode og dugelege Folk te finna i dei fleste Standi, og da finst ogso laake og faadugelege Folk i dei fleste. Og so hender da ogso jamt, at smaae Folk kann vera so heppne, at dei koma i eit betre Stand, og at store Folk kann vera so uheppne, at dei koma i eit verre Stand. – So er da og med Rikdomen, som mange Folk hava so ovlege store Tankar um. Han er sein til aa sankar, og snar til aa missa; dan som var rik i Fjor, er fatig i Aar, og eit annat Aar er da væl ogso einkvar, som heve mist Magti si og lotet sjaa paa, at smærre Folk hava stiget uppatter i Staden hans. – So paa Lag er da og med ei stor Æra og eit stort Ord; dar sjaa me ofto Døme paa, at Mannen kann missa da like fort, som han fær da. Naar han kann fara fint fram og vera alle Manns Vin, so kann da væl vara ei Stund frametter; men skulde han koma til aa gera eit litet Miskast elder nøydist til aa slaa paa ein Streng, som Folk inkje likar, so er da Ende paa den Skripno, og daa kann da henda, at han fær Skam til Takk fyre alt ihop. – Nokot dilikt er da og med eit stort Vit elder ein stor Kunst og Lærdom: da er

helder inkje nokot te gera seg til av. Vitet er ei Gaava, som Mannen inkje heve givet seg sjølv; og mest like eins er da med Lærdomen og, fyre han kem oftaste av eit godt Næme og godt Tilhald i Yngdi, elder i da minste av ei god Raad og Tilleiding til aa læra. Og darnæst kann ein sjaa, at Vit og Lærdom er helder inkje alltid paalitande; fyre dar er mange Ting i Verdi, som er so blinde og løynde fyre Manns Augat, at dan lærde stend like fast som dan ulærde; og dar er so mange Tilfelle, daa ei ring og vandelaus Raad kann gera betre Gagn, en ei som er sløg og djuptenkt. Og helder inkje vantar da Døme paa, at ogso klokaste Folket kann ganga ein galen Veg, og at ein heimalen Styving kann stella seg betre en dan, som klokare skulde vera.

Alle slike Fyremuner kann ein gerne slaa saman og kalla dei berre ei god Lukka. Vistnog er da sume av dei, som Mannen kann auka og fremda med si eigi Verksemd, men alltid er da daa so, at han treng Lukka til Verksemdi si og, um ho skal vera til nokor Hjelp. Da er mange, som hava stridt og strævate fyre da, at dei skulde koma eit Stykke fram i Verdi; men da vilde inkje lukkast fyre dei, da var faafengt og gagnlaust alt kva dei strævade. Og likevæl kann ein inkje segja, at dei var mindre verde te hava Lukka en so mange andre. Da er vandt aa vita, kven som verdugast er, og da kann vël vera einkvar, som tenkjer, at naar alt skulde ganga etter Verdleiken, so vilde mangein liten Mann vera stor, og mangein stor vera liten. Men naar Verdleiken er so vand aa døma, so skulde dan, som heve Lukko med seg, vera nokot varsam og vægjesam i sitt Umgjenge med dei, som hava havt mindre Lukka. Han skulde koma i Hug, at andre Folk kunde vera like so gode som han, naar Lagnaden elder Umstødorna hadde voret like gode fyre dei som fyre honom. Han skulde ogso minnst, at dar endaa er visse Tilfelle, som bita like

hardt paa dei store som paa dei smaae, at dar er visse Tilstand, daa alle maa luta og bøygja seg, og daa korkje Magt elder Æra kann hjelpa. Og allerhelst skulde han vara seg fyre aa bruka Magti si til Ugagn, liksom til aa skræma Smaafolket med og hogga mest paa dei, som minst kann verja seg. Dei kann hava Mein og Møda nog, um dei inkje skal hava Hat og Hæding av dan, som dei helder skulde venta Hjelp og Stydna av. Dan som heve so stort eit Mod, han kann alltid finna eitkvart, som toler aa taka imot, so han treng aldri um aa øyda da paa nokot Smaaflygje; dar kann alltid vera eit Verk elder ein Freistnad te gera, som krev baade Mod og Magt; og dar er da høvelegaste te prøva, kor langt da vil rekka.

BREV OM KULTUREN.



Til Dø lens Riddagsion.

Uagtendes jeig maa skeep bereignes til de indfoldige og vandkundige folk i Lidtrad-Turen saa alligevel beføler jeig en vis Indspiration til ad skrive dem Til, vilket jeig jøer med saa meget mere modighed, da jeg har forhørt ad de skal være meget skaansommelighedsfuld og indtaalerandse om der skulde være nogen feiler eller Kundsigkvendser i Urtegravfien. Vadh som nu mest anbedriver mig hertil er det ad jeig for nogle Ugger siden belæste en Version i Bladet som syndtes at indbegribe nogle Hardseiladser om Kuldthuren, og dette forsadte mig i en mellemkolisk Bestemthed fordi jeg altid har vært en stor Livhaber af Kuldtuhren og ønsket ad det hele Folk var kuldtureret i sin klædedragt og spraag og bespiisning og Møblerering. Jeig gjik nu og dividerede med disse Tvivlagtigheder intil en af mine Kompani-Junger kom og indberettede mig ad der nyligens havde staaet nogle ufortræffelige Indsirater i Afviserne om

spraaget og Culturen; jeg gik da sporenstræks hen og ærholdte Afviserne og dermed var da alle mine Indpressioner forbi. Jeig kan ikke ledtelig besige vorledes jei blev beslagen af den overtræffelige Inskrifsiön, som stod i morgen Bladet om denne Adfære; dersom jej havde kjent Forfaderen til denne Opsads vilde jeg have sendt ham en Ærekjændelse skriftlig og betakket ham ret gjærtelig for al den Muntrasiön og Retterering som jeg fant i denne Forfattelse, for nu fæk jei dog ad hvide at Culturen er et Magtværk som det er usandseligt at jøre nogen Opsætsiön mod, og derfor er jei nu forstemt paa at den skal bibeholdes og bibringes hvidere saa Vel til den Menige mand som til os andre som have længe nødet goth af dens velhjærninger. Nu er det besørgeligt at ærfare voer Ilde det bestaar sig med Chulturen i diverse Stadiummer i vore Land-Istrigter; at folk boer i saadanne uanseelighedsfulde huser og at de iche have anforskaffet sig vogner og Veiturer, ad de værken have Gardyner for viin-Duerne æller Tappæder paa veggene og at de iche have saa Meget som et Porttræde eller Stille-Beensmalerie paa sine vægger, ad de icke vide noget om So-Faer eller Kom-Moder, ad de ikke sætte laas for de Lukkaler voer de have sine sænger og sammenligninger, at de ikke have forstandighed til at feire sin Givbortsdag og proppenere skaaler for det gemindelige Bæste at de ikke have læret at sige Atgjøe istædenfor Farvell æller at kalde sine Famelifolk med de rette forbenævnelser som Ungkel og Thante og Fædter og Kausiner og Svige-Rinde met mere som hører til Andstændigheden. Saadant stedfindende forhold som nu finder stæd burde iche forholde sig saaledis paa denne maade nu efter at landet er kommen i saadan real og op-prægtig stand i mange andre henseelser. Naar vi betæncker vilke kjæmpemætsige fremskridter vaart Land har hjort i de siste Dissendiummer baade

i Kunstigtudsionen og Stadsforfattelsen og forskellige Indstiftuder, vorledis at Seevilligsats-Jonen er bleven befremmed ved diverse Indstiftudsioner og Afsyler og Semi-Narriummer, vorledes Leverandsen og den madterielle Indtrædse er bleven forbædret hved en forbedret bedrivelse, vorledes Indud-Strien opstiger i priis og hvorledes Kunstigheden befodres ved Fabbrækker og Mandfakturer og mange kunstigtuerede folk af alle Nasejoner som Eta-blære sig i landet i diverse Provfestioner, medens Kommen i-Kasse-Jonen beriger sig med store Indtrædser af Damskibber og Gjenbaneveier med Tranvogner og Lokke-Modtiver ligesom ogsaa Travfikken forlettes ved opprægtige Skjodsveer eller Kauseveier i diverse Henretninger som foranlægges af anbestaltede Indskini-Ører med meget mere som beviser at der findes reale folk saa vel i den militærende stand som i den sevilligerende, Alt dette behviser ad Stadten vil faae en nye Faksion og derfor er det min ubegribelige Form-Mening at vi maa bibedrage til at de lavere staaende stænder kunde faae en forsmag paa Kuldthuren, som er en modernereret Fornemmelighed i spraag og beklædning og bespiselse og Møblemangel og i alle selvskabelige Kumplementer.

Nu hører jeig der skal være en Tvistion om noget som kaldes Nasionallidt-Heden men det er saadanne Jænstander som jeg icke kan faa rigtig Skjeni paa, og derfor antar jeg at det maa hvære bare et digtat som ikke har nogen Sandsion. Jeg havde nyligens en Conversion med en Personlighed, som var gandske indteretsandt og jeg troede at det var en Mand af Indtilligændse, for vi havde engang antruffet paa en Indreise til Byen og kommen sammen til Besiddelse i Theaderet paa det Stadium som heeder Part-Herred og koster 2 Mark Billiheten i Antræde og der blev forstillet en drammadisk Sene som kaltis den gjenkommende Naboe vorveed vi moraliserede os meget.

Men jeg anformærkede siden ad det var en af disse ergjerrige Kritikudser som ville resonere andre folker og som avends sludt vil have rett i alle Debatterier. Han holt paa og udviglede ad dette nasigjonale hvæsen var det som befindis hos Landets Almenighed i de gamle sædvanligheder hos det gemeenlige folk. Jeig jorde da det Modtiv ad dette vilde blive bare raahed og barbariskhed, men han modsvarede ad dette folkevæsen skulde foradles eller forædles ved en værdigere forbrugelse ligedant som hos andre sevelligserende folker; hertil gjorde jeig den Anbemærkning ad dette var en ganske usandselig thing, men derpaa besvarede han ad der behøvedes noget forstandighed til at befatte det og at jei hvist ikke havde forstaaet hans Formening; heraafter blev jeg meget ombragt og inddigeneret og forlydede mig med at jeg ikke vilde hvide af nogen Argumente eller fornærmelighed, voer paa Diskusionen blev megit ophidsig saa at det vaer næsten kommet til et spændende forhold imillem os, men saa gjæk han bordt idet han besnakkede nogit om fordommer og børnerede Andskuelser. Der kan man see vilke Parlamenter og Skikkahner som man er udsættendes for med slike folker som altid ville have noget at dominere med og oppenedre for. Havde jei været rægtig talemægtig skulde jeg bibringet ham en direktig Opskuration paa stædet, men naar man icke har Talenter saa faar man skrive i Afviserne, for jeig har ofte opsalveret at slige opsætsionelle folker have en stor befrygtelse for en Refsion i Bladene.

Vad derimod Norskheeden anbelanger da haer jei en stor Erbødighed og Rispægt for den, for nordsk har jei hvært i al min dag og saa indirektig real naarsk som nogen kand hvære, hvilket jeg foranbetragter som en stor Haannør og Ærefuldhed; saaledis er jeg ogsaa en stor Ælsker og Livhaver af det naarske spraag som jeg Selv thaler, og er meget

glædelighedsfuld naar jeg forhører at ny naardske ord ere opfundne af kulturiserede folker, saasom Rigemente for Kompan-Ni, og Kongs-Stabel for Væktere. Derimod kand jeig icke finde Besmagelse i slige Utrykkelser som kommer fra de lavere kulturløse klasser og som jeig iche Selv thaler, derfor kand jei icke stæmme for den Forslaaeelse at saadanne thinger skulde anforsædtes til nogen Æragtelse; dersom jeg befant nogen forsmag i det saa skulde jeig hjerne sandsionere den hele Proppesætsion, men ligesom det er ont at spidse naar man icke har Abetidt, saa er det ogsaa noget skineerligt at afprobere en Proporsion, som man iche kand taalerere. Liggervis er det ogsaa med dette gammeldaksagtige hvæsen i Leverandsen og IndvendSIONen i huserne, ad der maa være Nyandser og ny Affærer ligsom i spraaget, og der som det skulde blive Reglemangel ad det ældste skulde hvære det mest forberettigede, da hvilde dette blive en Beskrækkelse for mange Destingsionerede Folker, som vilde betrakte dætte som et Tyra-9 og et Despo-10, som vilde bevække en Opsætsion som vilde beføre til Rivoludsion; og paa grund af disse grunder finder jeig al grund thil at haalde fasth ved det foranbestaaende.

Jeig maae anbeklage, at jei har haft liden Belæsning i Lidtrad-Turen men derimod har jeig ansamlet megen Bevidstighed ved Hørelse og ved omgangelse med kundSIONerede folk, og det er mange Jænstander som jeig haer tengt ad skrive forhandlinger om, saavel til udøvelse i spraaget som til gavn og forhjælpelse for det gjemenlige Bæste; saaledes vilde jei skrive for Ekksempel, om Opliggasioner og Kundtragter, om forholdelsen imillem Bønder og Propperie-Tærere, om Indførsel af Indjuryer, om en ny Afkordt med Dannemark, om de skandinaviske Idioter, og saa videre exseetra med megit mere. Men da jeig er nogit tvivlagtighedsfuld om voerhvidt jei kunde finde

nogen Syndpathiter for disse Foranskuelser, saa betænker jeg at forudsætte dette til en bedre beleilighed. Imidlertidig maae jeig anbetyde at min Bemærksomhed i de nyere Thider er bleven meget henrettet paa Spraaget, og da jeig har forlæst i en nyligens udkommendes Jordbeskrivelse, at naaer et spraag skal blive Til, da maae en heel Almeenhed gaa med og bringe Steener til bygnings Tomten, saa haer jeg ogsaa betænkt paa at anibringe mine Stener til bøgningen, og saalehdes haer jeig een deel gemeennyttige Provskjekter til spraagets befremmelse, saasom at forbruge latinske Boxstaver og at sætte smaae boegstaver for alle smaathingen men store Bog-Staver for de ord som indeholder megen Kuldthur og for de Stavelser som Fortoning falder paa. Ligesaaledes at mand skulde indføre en ind-kunstsæk-vendt Ordtograd-Fi med den ordtop-fundiske skrivermaade efter den naardske Utale og Ordganer, og dernæst at mand skulde anbefølge en nordsk Stavelsemaade i diverse forfremmende Ord som anholder til Culduursproget, som nætop derved vilde blive mere popplærde og antydelige, som jeig her har beviist ved Ægsempler og skal hvise end mere naar mine Mandhuusskrifter blive forfærdige. Liggerviis borde mand ogsaa indbeføre en større forvexling og Varigation i Skriften, saa at man icke skrev ordene altid ligedant, for dette er eensformeligt og kjedeligt. Imeller-Thied er jeig endnu ikke kommen til Ret fuulkommenhed i min Reglemangel og det betræffer sig under Tiden at jei sædter Semikolonner og Pungtom paa uredte stæder, vilket den gunstighedsfulde Læser formodes om at ville erbødigst berette.

Med megen Forbeentlighed og Æragtelse.

Scharfvebagchen den 5tende Gjenuari 1800 9, 50.

Ohle Ohltzén.

UM FOLKASEGNER PAA ISLAND.



Det er kunnigt nog, at Folk i fyrre Tider hava havt ei stor Mengd av Vettesegner (um Risar, Dvergar, Alvar og dilikt) og at mange av deim ero endaa til og ganga fraa den eine Ætti til den andre. Vistnog er det so, at dei no ero mest brukade fyre Skjemt og inkje stort umvyrde; men lika vel ero desse Segnerne merkjelege nog, med di dei hava ein Rikdom av forvitnelege Hugsviv og diktarverdige Billæte, og dernæst med di at dei og finnast atter hjaa mange andre Folkaslag og visa tydelege Teikn til, at dei hava si Rot i den gamle Gudalæra elder Andalæra, som var uppe i den eldste Forntidi, so at dei sidan maa hava fylgt med Folkaslagi ut yver Landi og skapat seg til etter Tid og Stad. Det hever difyre lenge voret ettertraatt, at slike Segner skulde vera samnade fraa alle Land, og soleides hever ogso her i Landet ein Hop av deim vordet uppteiknad; mange ero samnade i Faye's «Norske Folkesagn», og einskilde Stykke ero prentade i ymse Smaaskrifter; men endaa er det vist ei munarleg Mengd atter, som inkje endaa hever komet paa Prent.

No i Aar er ogso ei Bok utkomi med slike Segner fraa Island; ho er prentad i Tydskland og heiter «Islenzkar Thjodsögur og Æfintyri», samnade av Jon Arnason. Det skal endaa koma ein Deil til, so at det vil verda tvau store Bind, naar alt er utkomet. Som ein kunde venta, er der myket i Samningi, som er likt vaare eigne Segner, og der er ogso ymist, som kann verda oss til Rettleiding og kasta ein Ljoske paa dei norske Segnerne. Det vilde vist vera mange Samanlikningar at gjera; men eg ottast fyre at eg inkje er fullkunnig i denne Greini, og difyre vil eg her berre taka ei tvo-tri Merkestader, som

kanskje kunde vera etterhugsande fyre deim, som samna Segner her i Landet.

Fyrste Deildi av Boki heiter «Godfrøðissögur» (mythiske Sogor) og er skild i tre Greiner: Alfar (Huldrer), Sæbuar (Sjo-vette) og Tröll (Risar). Her er det at merka, at «Alfar» er paa Island det same som «Huldufolk», so det er ingen Skilnad paa, utan berre at «Huldufolk» er eit vønare elder mildare Namn, som Alfarne sjølve hava sagt, at dei helst vilde hava (S. 1). Her i Landet synest det derimot hava voret ein Skilnad i Tanken um «Alv» (nokre Stader: Elv) og «Hulder» (nokre St. Huld, Hulda, Ulldr); men det er mest likt til, at denne Skilnaden er oppkomen i seinare Tider. I dei gamle Kvædi (so som i Edda) finst myket um «Alf», men inkje um Hulder. I Sverike og Danmark synest Huldrenamnet ogso vera ukjent, derimot hava Svenskarne «Elfvor», og Danskarne hava «Elver» elder «Ellefolk», soleides ogso: Ellekone, Ellekonge, Elverhøi (= Hulderhaug). Dertil kjem ogso, at vaart Alv er sedvanlega berre tenkt som eit mannlegt Vette, so ein sjeldan høyrer tala um Alvkona elder Alvkvende; derimot er Hulder jamnaste tenkt som berre kvendeleg, so det er sjeldan talat um Huldermann elder Hulderkall. Alt detta vilde jamna seg best, naar ein fekk taka det so, at Alv er det same som Huldermann, og Hulder det same som Alvkona, endaa det inkje synest høva godt saman med dei norske Segnerne. Men detta vilja me avlata til deim, som hava nærre Tilføre til at skoda paa Saki.

Men um inkje Huldernamnet er myket gamalt, so er der daa ei Segn, som gjerer det gamalt nog likavel. Denne Segni finst baade i Norig og paa Island. Eg trur knapt, at ho er komi paa Prent i Norig, men eg minnest grant, at eg hever høyrte henne fortald nord i Landet, og Fortelnaden lydde, som her fylgjer: Det var eingong, at Vaar Herre kom inn til

Adam og Eva og vilde sjaa Borni deira, og daa synte Eva honom alle dei Borni, som vaaro reine og vel umvølte, men so hadde ho nokre andre, som vaaro uvaskade og ukjembde, og dei hadde ho gjøymt av, so han inkje skulde sjaa deim. Daa han no hadde set paa deim, som inne vaaro, spurde han, um ho inkje hadde fleire, og dertil svarade ho Nei. Daa sagde han: «So mange, som ero dulde, skulo vera hulde.» (Etter den islenske Segni, S. 5, skulde det heita: Det som er hult fyre meg, skal vera hult fyre Menneskja). Og av desse avdulde Borni er Hulderfolket komet. – Ordet «huld» er her ei Bøygning av «hylja» (dvs. skylja, løyna, dylja), og det same som det danske «hyllet» (indhyllet), um nokot som er skylt, so ein inkje ser det. Ellest er det merkande, at Tydskarne hava ogso eit Ord (Hold, Holde), som er nokot likt til Hulder; men detta Namnet synest hava ei onnor Uppkoma.

I Avdeildi um «Sæbuar» (elder Sjobuar) kjenna me atter Havfrui og Marmælen, som paa Island heiter Marmennel elder Marbendel. Derimot er «Nykrinn» nokot framand fyre oss, sidan han der er tenkt i Hestaskapnad, medan me her ero mest tilbøygde til at tenkja oss «Nykken» i Mannsskapnad. I Sverige skal derimot «Näcken» hava voret tenkt i Skapnad av «ein kvit Hest». Og i den gamle Alexanders Saga finst ogso Namnet Nykr (Nykrar) um eit Dyr, som er mest likt til at vera Nilhesten elder Elvhesten (Hippopotamus).

Imillom Segnerne um Troll elder Risar (Jötlar) finna me ein Fortelnad, som vistnog er myket nærskyld til ei Kjempevisa fraa Telemarki. Det er ein Sogo-Taatt um ein fræg Mann, som heitte Aasmund Flagdagjæva (S. 171). Aasmund var fødd i ein Avdal i Norig og var den yngste av tri Søner; dei livde i den Tidi, daa Olav den heilage var Konung. Dei tvo eldste Brøderne vilde fara til Kong Olav og taka

Tensta, men paa Vegen møtte dei ein stor Jøtul og vordo so rædde, at dei rende beint heimatter. Faderen deilte paa deim fyre detta og eggjade deim ut atter. Daa fekk Aasmund vera med, og daa gjekk altsaman godt, for Aasmund gav seg radt i Kast med Jøtulen og drap honom. Sidan var Aasmund lenge med Kongen og var alltid den fremste i alle Storverk. Eingong sende Kongen honom av til aa søkja Skatt av ei ovrik Enkja, som heitte Torgerd Høldatroll og budde paa ei stor Øy nord i Landet. Detta var ei faarleg Ferd, for Torgerd var so trollkunnig, at ho gjorde Ende paa alle, som komo der imot hennar Vilje. Aasmund kom til Lands og fann fyrst ei ung og fager Gjenta, som var Dotter til Torgerd; ho bad honom spara Moder hennar, um so var, at han skulde vinna, som det var liti Von til. Sidan fann han Kjerringi sjølv; men ho vilde inkje reida nokon Skatt, utan han vilde kappast med henne i ymse «Lister» elder Kunster, som ho skulde syna honom; den fyrste Listi var, at dei skulde vada igjennom ein stor Eld; den andre var, at den eine skulde leggja Foten sin paa ein Stabbe og lata hin hogga til med all si Magt; den tredje var, at dei skulde gløypa gloande Jarn, fyrst ho og sidan han. Aasmund gjekk inn paa altsaman og krossade og signade seg, so Trolldomen inkje skadde honom; sidst paa naadde han ogso til aa signa Jarnet, som Torgerd skulde gløypa; dermed gjekk Trolldomen av, og Jarnet brende henne, so ho fekk so vondt, at ho var reint oppgjevi. Sidan tok Aasmund alt hennar Gods til Kongen, og Dotter hennar fylgde honom godviljug og vardt sidan Kona hans. Eingong seinare foor Kongen sjølv i Lag med Aasmund og tvo andre Menner til Nordland og skulde kristna eit Par Folk, som endaa vaaro Heidningar og trudde paa eit avskræmelegt Troll, som dei kallade Volske. Der vardt det ein stor Bardage; Kjerringi sjølv tok Tak med

Kong Olav og gav seg inkje, fyrren Ryggen brotnade i henne; Aasmund stridde lenge med Trollet Volske, til dess han fekk Hjelp av Kongen og gjorde Ende paa det. Desse Folki hadde ogso ei Dotter, som var baade v en og vitug og hadde harmat seg lenge yver denne Trollskapen, som ho saag hjaa Foreldrom. Ho var den einaste, som slapp av med Livet, og Kongen tr ystade henne og tok henne heim med seg. Kongen heldt Aasmund i stor Vyrding og gav honom Namnet Flagdagj eva, det er, den som hever Gj eva (Lukka) til at vinna yver Flagdi (Trolli).

Denne Segni hever nokor Likning med ymse gamle Sogor, soleides ogso med den l oglege Sogostubben, som heiter Volsa-Taatt og stend i Flat yboki. Men det, som er mest merkande fyre oss, er det, at denne Segni likjest myket paa den norske Visa um Aamund Fr egdegj avar (No. 1 hjaa Landstad). Sj olve Namnet er nokot sviplikt; vistnog kunde «Fr egdegj avar» vera ei avlagad Form av «Fr egdargj eva» (Gj eva elder Lukka til Fr egd, d. e. Ros og  era); men ein kann ogso tenkja seg, at detta kunde vera Mish yrsla elder Tilvending av «Flagdagj eva», sidan Ordet Flagd er litet kunnigt her i Landet. Visa gjeng ellers ut paa, at Aasmund fer nord i «Trollbotnen» og skal l ysa Kongsdotteri, som er innteki til ei Gygr; han f er fyrst tala med Kongsdotteri sj olv, og sidan r oder han lenge med Gygri, som forteler, at ho hadde teket Tak med Sankt-Olav og inkje vunnet med honom. Der er ogso Tale um, at ho vil r yyna Aasmund med eit gloande Jarn, men Aasmund teker til Sverdet og tyner henne. – Der er soleides baade nokot likt og nokot ulikt; sumt svipar nokot paa den eine Segni, og sumt paa den andre Ventelega er det eit gamalt Kv ede, som er Upphavet baade til den islendske Segni og den norske Visa; men sidan hever Segni fenget ymse

Vendingar og kanskje voret samanfløkt med ymse andre Sogor, som so lett vil henda med Folkasegner, som ganga lenge fraa Mann til Mann og inkje verda uppskrivne.

Lenger fram i Boki er ei Avdeild med Sogor um «Draugar», og der finna me ogso ei Segn, som teker seg Heimstad i Norig; det er Sogo-Taatten um Jon Upplandskonung (S. 284). I den Tidi, daa Olav Haraldsson var Konung i Norig (heiter det), var det ein Kongsson paa Upplandi, som heitte Jon. Han hadde bidlat til ei rik og fager Jomfru og skulde snart halda Brudlaup med henne. Daa bar det so til at Festarmøyi vardt sjuk og lagde seg til aa døya, og Kong Jon hadde inkje frett um det, fyrren han kom og skulde halda Brudlaup. Han kom seint um Kvelden til Kyrkjegarden, og der møtte han ein ridande Mann med Hauk paa Handi og ein Hund i Fylgje. Han spurde honom etter Namn, og Mannen sagdest heita «Alheim» og vera komen til at vitja Kjærasten sin, som laag der i Kyrkjegarden. Kong Jon spurde, kvat Tid ho døydde, og kvat som vardt hennar Daude. Alheim svarade, at ho var nyst nedgravi, og at han hadde gjort det med sine Kunster, at ho syntest verda sjuk og døya; fyredi han vilde, at ingen annan skulde faa henne. «Det var min Kjæraste og inkje din», sagde Kong Jon. «Aldri skal du njota henne», sagde Alheim, og dermed drog han Sverdet og hogg til honom; men Kong Jon flutte seg undan og drap fyrst Hunden hans, og sidan hogg han i Handi paa Alheim og drap Hauken og tok Hovudet av Hesten i same Hogget. «Eg tarv baade Henderne, der eg hever heima», sagde Alheim, og dermed flydde han. Daa kvad han soleides

Hest er hoggen, Hauk er daud,
Hund er skild fraa Livet;
Drengen gjeng or Garden snaud,
fekkk inkje godt av Vivet.

Kong Jon let Mennerne sine grava upp Likkista, og der laag Gjenta frisk og livande endaa. Daa vardt der Fagnad, som ventande var, og Kong Jon heldt Brudlaup og førde Brudi med seg heimatter.

Det er myket trulegt, at her maa finnast ei Segn elder Visa, som høver saman med denne Segni; endaa eg inkje no i Stundi kann minnast nokot slikt. Ellers er der ein Tilmerknad i Boki um, at Segnerne um Aasmund Flagdagjæva og Jon Upplandskonung hava voret lenge uppteiknade, at dei finnast i Brevsamningi etter Arne Magnusson, og at dei endaa hava stadet i gamle Kalvskinnbøker, som no ero burtkomne.

MERKEDAGARNE.



Den Tidarekningi, som no er gjengeleg, med tolv Maanadar i Aaret og med eit Tal fyre kvar Dag i Maanaden, er fulla ein myket gamal Skipnad, men hever likavel inkje voret i nokot aalmennelegt Bruk i vaart Land, fyrr en no i dei sidste Tider. I fyrrre Tider reknadest Dagarne mest etter ymse Helgar og Minnedagar, som me kunna sjaa i gamle Brev, der me ofta raaka paa slike Dagsetningar som til Exempel «sjau Næter etter Hallvards Messa» (d. e. 22de Mai), elder «næste Dagen etter Jakobs Voko» (d. e. 26de Juli), og so vidare. Desse Dagarne ero uppsette til Minne um ymse Hendemaal elder historiske Tilburdar, og soleides hava dei myket ujamne Millom bil, so at dei inkje gjera nokre jamlange Avdeilder i Aarsens Tider. Etter Solargangen og Daglengdi skulde ein fyrst hava tvau store Tidamerke i Aaret, eit fyre Solkverven ved Midsumar og eit annat ved Midvetter, og dernæst andre tvau fyre Jamdøgri um Hausten og Vaaren; dermed vilde Aaret vera avdeilt i fjore jamstore Fjordungar, som sidan kunde deilast i mindre Bolkar. Men etter den aalmennelege Sed-

vanen verda Solkvervarne jamnaste kallade etter den Helgi, som fylgjer næst etter deim; Sumars-Solkverven er berre tri Dagar fyre Jonsvoko-Dag, og Vettars-Solkverven er tri (elder fjore) Dagar fyre Joladag; og difyre taka me sedvanlega Jonsvoka i Staden fyre Midsumar, og Jol i Staden fyre Midvetter. Jamdøgri um Haust og Vaar verda inkje stort umtalade; men derimot hava me tvau andre Tidamerke, som falla inn um tri Vikor etter baade Jamdøgri og som fraa gamla Tider hava voret myket kunnige og aalment gjeldande her i Landet; det er Sumarnætterna (14de April) og Vetternætterna (14de Oktober). Med desse Merki verd Aaret avdeilt i tvo Halvdeilder elder Holvor, som er Sumarsholva og Vettersholva.

Dei andre Merkedagarne ero Minnetider fraa Upphavet til Kristendomen elder sidan upptekne til Minne um ymse Heilagmenne, som anten hadde lidet Pinsla og Daude og soleides vordet Martyrar (elder Vitne) fyre den kristne Trui, elder som hadde voret Vekkarar og Maalberarar fyre Kristendomen imillom Heidningom, elder som paa andre Maatar hadde gjort seg verdige til at hava eit Minne i den kristne Kyrkja. I den Tidi, daa den romerske (elder katholske) Kyrkje-Seden var mest aalmenneleg, vordo slike Dagar heilaghaldne i Kyrkjom og Klostrom med Bøn elder Messa, og stundom var det tillagt eit Bønahald um Natti fyreaat; difyre heiter det stundom «Vaka» elder Voka (paa Latin vigilia), avdi at Kyrkjetenararne skulde vaka og vera uppe til den rette Bøna-Timen¹. Av detta hava desse Dagarne fengeget Namn; dei fleste av deim kallast Messa, til Ex. Mariemessa (ofta avkortat til Marimess elder Marimøss); og nokre Dagar um Sumaren kallast Voko, til Ex. Olafsvoka (oftaste avkortat til Olsoko elder Olsok). Stundom hava ogso baade

1 I det gamle Maalet verda Formerna skilde soleides. at det Fallet, som er kallat Namnaformi (Nominativ), heiter «Vaka», men Eigeformi (Genitiv) og eit Par andra Former heita «Vöku» elder «Voko».

desse Ordi voret brukte til Skiftes, f. Ex. Jonsmessa og Jonsvoka, som soleides baade hava same Tydning.

Dei Merkedagarne, som hava voret mest kunnige her i Landet, ero desse:

I Januar Maanad. Trettande-Dagen (den 6te), ogso kallad Trikongadagen til Minne um dei vise Menner, som komo fraa Austerlandom og vilde sjaa den nyfødde Messias. (Matth. 2, 1 o. f.) – Eldbjørg-Minne (den 7de) og Brettive-Messa (den 11te) hava ymist voret nemnde, men Grunnen til deim er oss nokot ukunnig. – Tjugande-Dagen (den 13de) er kunnig som Enden paa alle Jola-Gaman. – Paalsmessa (den 25de) er teken til Minne um Apostelen Paulus og hans Umvending til Kristendomen.

I Februar. Kyndelsmessa (den 2dre) hever Namn av det gamle «Kyndill», d. e. Ljos (latinsk *candela*) og tyder soleides Ljosmessa, av den gamle Seden, at Kyrkjeljosi vordo innvigde paa den Dagen. – Petersmessa (den 22de), som er nemnd etter Apostelen Petrus, er litet kjend. – Mattismessa (den 24de) er nemnd etter Apostelen Matthias, men er oftare kallad Laupaarsmessa av den Skipnaden, som er gjord fyre fjordekvar Aar, at ein Dag verd innskoten elder tilreknad næst etter Mattismessa, so at Februar fær 29 Dagar i Staden fyre 28; daa heiter det Laupaar elder Skotaar.

I Marts. Gregorsmessa (den 12te), er nemnd etter Gregorius den store, som var Pave i Aari 590 til 604. – Bendikts Dag (den 21de), so kallad etter den heilage Benediktus av Nursia (død 543), er det same som «Jamvaar» elder Jamdøgri um Vaaren; dess lenger det daa er til full Maane, dess seinare kjem Paasken. – Mariemessa (den 25de) til Minne um Guds Bodsending til Jomfru Maria (Luk. 1, 26), heiter ogso Vaarfrumessa, som paa ymse Stader er forvendt til Voffermess, Vorsmyss o. fl., avdi at Ordi «vaar Fru» (d. e. Jomfru Maria) hava voret mistydde.

I April. Sumarnætterna elder Sumarmaal (den 14de) er fyrste Dagen i Sumars-Halvaaret. – Magnusmessa (den 16de), til Minne um Magnus den heilage, Jarl paa Orknøyom (drepen i Aaret 1115), er no litet kjend. – Gangdagen (den 25de) er ogso litet kjend; han hadde sitt Namn av den Seden, at Prest og Aalmuge skulde ganga i Fylge kring um Kyrkja med høgtidlega Bøner. Andre Gangdagar vaaro Helge-Torsdagen (Christi Himmelferd) og dei tri neste Dagarne framanfyre.

I Mai. Krossmessa (den 3die) var ein Fest til Minne um, at den heilage Krossen i Jerusalem vardt atterfunnen av Drotning Helena, Moder til Konstantin den store. – Hallvardsvoka (den 15de) er nemnd etter Hallvard den heilage), som var Nordmann og Systkinbarn til Kong Olav den heilage, ættad fraa Husaby i Lider (nær ved Dramn); han vardt drepen saklaus av ein Ovundsmann (ved Aar 1043), men var sidan kallad heilag og skrinlagd i Oslo. – Bjørnvoka (den 22de) finst paa Primstaven, men maa vera tilkomi ved Mistak av Bernhardsdag, som er den 20de Mai.

I Juni. Kolbjørn elder Kolbandsdag (den 9de) er til Minne um den heilage Kolumba (*Columbanus*), som var Klostermann og Kristnemaalberar i Skotland i sette Aarhundradet (død 597). – Botolfsvoka (den 17de), avkortat til Bolsoko, er nemnd etter den heilage Botolf, Klosterherre i Engelland i det sjaunde Aarhundradet. – Jonsvoka (den 24de), som er Minne um Johannes Døyparen, er reknad som Midsumars Helg og er soleides eit stort Tidamerke, Namnet verd avbrøytt til Jonsoko, Jensuku, Jønsok og fl. – Petersvoka (den 20de) er litet kjend.

I Juli. Sviftunsvoka (den 2dre) hever Namn av den heilage Svithunus, som var Bisp av Winchester i Engelland, 837 til 862; Namnet verd avbrøytt til Syftunsoko, Syftesok, Setsok og fl. – Seljevoka (den 8de) er mesta avgløymd; Dagen var sett til Minne um den heilage Sunneva og hennar Fylge, som etter

ei gomol Segn hadde rømt ifraa Irland fyre Heidningom og vordo avdrivne av Storm til Selja i Nordfjord, der dei ogso vordo forfylgde og leto Livet. –

Margretarmessa (den 20de) og Jakobsmesssa (den 25de) ero litet kjende. – Olavsvoka (den 29de) hever Namn etter Norigs største Heilagmenne, Kong Olav Haraldsson (Sankt Olav), som fall i Slaget paa Stiklastad i Aaret 1030. Namnet verd avbrøytt til Olavsoko, Olsoko og Olsok.

I August. Lavrantsvoka (den 10de), avkortat til Larsvoka (Larsok) er nemnd etter den heilage Laurentius, som leid Martyrdauden i Rom i Aaret 258.

– Andre Mariemessa, elder Marie Himmelferd (den 15de) er no litet kjend. – Bardsvoka (den 24de) er nemnd etter Apostelen Bartholomæus, men Namnet er myket avkortat, oftast Barsoko elder Barsok.

I September. Ædismessa (den 1ste), nemnd etter den heilage Ægidius fraa Athene, er litet kjend. – Sidare Mariemessa, elder Marie Fødsloedag (den 8de), ogso litet kunnig. – Krossmessa um Hausten (den 14de) var innsett til Minne um, at den heilage Krossen, som Persarne hadde teket burt, vardt atterteken av Keisar Heraklius og uppreist paa sin Stad i Jerusalem, i Aaret 628. – Mikjalsmessa (den 29de) er Minnedag fyre Kristendomsens Sigervinning og hever Namn av Texti um Engelen Michael og hans Strid med Draken. (Johannis Openberring 12, 7).

I Oktober. Brite-messa den 7de, so kallad etter den heilage Birgitta av Sverike (død 1373), er litet kjend. – Vetternæterna (den 14de) gjera Inngangen til Veters-Halvaaret. – Jomfrudagen (den 21de) er nemnd etter ei gomol Segn um Kongsdottri Ursula, som med eit Fylge av elleve tusund Jomfruer hadde rømt fyre Heidningom ifraa Britland til Tydskland, der dei sidan vordo drepne av andre Heidningar. – Simonsmessa (den 28de) var Minnedag etter tvo Apostlar, Simon og Judas (Thaddæus); paa sume

Stader heiter Dagen «Fyrebod», avdi at daa er Snjoen ventande.

I November. Helgamessa (den 1ste) var ein Dag til Minne um alle heilage Menner og Kvende; difyre heiter det ogso Allhelgamessa (Allhelmøss). – Marteinsmessa

(den 11te) hever Namn av den heilage Martinus, Bisp av Tours i Frankrike, Aar 375 til 400. – Klemetsmessa (den 23de) er nemnd etter Clemens, som var ein av dei fyrste Bispar i Rom og skal hava døytt som Martyr i Aaret 102. – Andresmessa (den 30te) er nemnd etter Apostelen Andreas.

I December. Barbraa-Døgri (den 4de) hava Namn av Jomfru Barbara den heilage, som var fraa Nikomedia i Litle-Asia og leid Martyrdaude ved Aaret 236. – Nilsmessa (den 6te) er nemnd etter Nikolaus den heilage, Bisp av Myra i Litle-Asia (død 343). – Lucie Dag (den 13de), nemnd etter den heilage Lucia av Syrakus, Martyr ved Aar 310. – Thomasmessa (den 21de), kallad etter Apostelen Thomas, er næste Dagen ved Vetersolkverven og soleides den stuttaste Dag. – Joladagen (den 25de) er den største av alle Helgar.

Detta er altsaman berre faste Minnedagar, som alltid fylgja same Dagatal og koma atter paa same Tid i Aaret. Ymse andre Helgar ero derimot rørlege elder flytjande, med di dei inkje fylgja detta Dagatalet, men retta seg etter ein annan Skipnad. Paaskadagen fell alltid paa Sundagen etter den Fullmaanen, som fylgjer næst etter Jamdøgri um Vaaren (21de Marts); han kann soleides koma anten i Marts, ifraa den 22de, elder i April, framtil den 25de. Og sidan er det mange andre Helgar, som retta seg etter Paasken; soleides er Igangssundag (Fastelavn) sjau Vikor fyre, og Kvitsundag sjau Vikor etter Paaskadag; Skirtorsdag er næste Torsdagen fyre, Helgetorsdag er sette Torsdagen etter. Hertil kjem ogso det, at Vikotalet inkje kann fylgja jamt med Dagatalet, avdi at Aaret hever ein Dag (og Skotaari tvo Dagar) meir

en 52 Vikor, og detta gjerer eit Framskot fyre kvart Aar, so at naar det eine Aaret byrjar med ein Maandag, so byrjar det andre med ein Tysdag o. s. v. Dei Helgar, som alltid fella paa ein Sundag elder annan Vikodag, kunna soleides inkje reknast etter det aalmennelege Dagatalet, med di at Vikotalet gjeng etter ei onnor Rekning.

ETTERSLENG TIL 17DE MAI.



Eg er so godt som framand her paa Staden; vistnog hever eg voret her mangein Dag, men kvar Dag seer eg Folk i Tusundtal, som eg inkje kjenner. So var det no paa Tysdag, daa det var so myket Folk ute; eg gjekk der og sveiv att og fram den heile Kvelden, men alt var meg framandt. Og sidan eg inkje fann andre Kjenningar til at røda med, so laut eg nøgja meg med berre Tankar og Draumar; eg tenkte meg daa, at eg hadde eit litet Lag kringum meg, og at eg reis upp og heldt ein Tale, som lydde paa Lag som so:

Mangt eit fagert Ord hava me høyrte i Dag, so det no kunde vera Tid at kvelda og kvila Øyro sine; men den som trøyter Alni kann og trøyta Spanni, og soleides kunde det vel endaa vera Raad til at leggja til nokre faa Ord attaat alle dei andre. Det hever voret talat um Fridomen, som ventande var, og slikt er alltid vænt at høyra, naar ein trur, at ein sjølv er fri. Vistnog er det mangt som renner oss i Hugen i slike Timar; me kunna inkje vita, kvat alle Mann maa tenkja; det kunde endaa vera einkvar, som tenkjer so som det stend i Visa:

Den Mann, som heve Magt,
han fær Fridom vel nog,
men fær du liti Magt,
fær du liten Fridom og.

Tenaren som aldri fær ganga til næste Garden, utan han gjeng um Natti, kann hava ymise Tankar um Tingen. Husmannen, som aldri fær vera ein Dag heime, utan i Utidom, kann og hava sine Tankar. Hersveinen, som aldri fær stiga eller standa etter sin eigen Hug, men maa lyfta Hand og Fot etter annan Manns Vilje og faa Myksla som ein Turrfisk attaat, kann vel og hava sine eigne Tankar. Og no ero me mange, som Lukka hever voret so god, at me korkje ero Tenarar elder Hersveinar elder Husmenn. Me maa daa vel vera frie skulde me tenkja. Men hørj no, Grannen min, lat oss sjaa kor det stend til. Torer du taka av deg Trøya og ganga i Skyrte-Ermom i det varme Vedret? Torer du ganga i Sko, som ero skapade til Foten, elder lyt du kanskje ganga i Sumarhiten med stive Styvlar med ein Hæl som ein Trefot og ei Taa som eit Grisatryne? Fær du klæda deg som du vilde, og fær du tala og kveda som du vilde? Nei, Granne, du kann gjerna kjennast ved di: du er bastad og bunden paa alla Sidor, du fær inkje røra deg utan etter Notar og Takt og Mode. Men endaa ljota me segja, at me ero frie, at me hava eit Grunnlag til Fridom, og dette er alt ein stor Vinning i denne Verdi. Der finst andre Folk, som hava det verre; det kunde hava voret verre hjaa oss, myket verre enn det er.

Det hever og voret talat um Opplysning og andeleg Framgang; og det er altsaman vel; der er ymse Krokar i Huset, som trenga vel til Opplysning. Naar du hørjer, kor boklærde Folk hava talat og skrivet um Landsens Sed og Viis, so ynskjer du ofta, at dei skulde vera betre opplyste. Naar du seer, kor langfarande Folk hava faret med Bondens Hestar paa Postvegen, og du hørjer deim kyta av kor mange Miler dei kørde um Dagen, so ynskjer du tidt, at dei maatte vera betre opplyste. Lika eins naar du hørjer Smellarne av Lurken paa ein Manns Rygg, liksom du fyrr hørde Smellarne paa Hestaryggen.

Naar du seer at Folk vilja hava seg ein glad Dag, og dei daa inkje vita betre Raad en at setja seg til at drikka av heile Livsens Magt, so der er inkje Tal paa Skaaler og inkje Maal paa Fylla, so ynskjer du tidt, at Folk maatte vera meir opplyste. Naar du bur i ein Gard, der boklærde Folk halda Drykkjelag um Natti, og du aldri fær sova fyre Skraal og Staak, so ynskjer du tidt, at Folk vaaro klokare enn dei ero. Og naar me soleides tenkja etter alt kringum oss, so ljota me kveda i med det same Ynskje, at Opplysningi maa stiga iminsto so myket, at dei opplyste Folki inkje maa vera verre enn dei andre.

So hever det og voret talat um Nordmannskapen elder den norske Tjodskapen, og det er godt at høyra, for der er Torv og Trong til det. Me kunna inkje annat en ynskja at Nordmannskapen maa faa ein liten Lut av den Vyrndad, som verd lagd paa ymse andre Tjodskapar. Me hava høyrte danske Landssongar sungne i Dag, og svenske ogso; men me hava inkje høyrte ei einaste norsk Visa; kvar hever det vordet av dei norske Folkavisor, som ero utkomna i stora Bøker med Notar til? Kor gjeng det til, at me allesaman vilja so gjerna vera Nordmänner, men ingen av oss torer tala elder kveda i Nordmanns Maal? Kvi er det so, at sjølve Stortingsbønder ljota klæda seg i Kjole og tala Framandmaal, so snart som dei skulo inn i Tinget, so at Utlendingarne paa Galleriet spyrja oss, um der slett inkje finst ein einaste Bonde i Tinget? Kvi er det so, at desmeir ein Bonde gløymer sin Heime-Sed, desmeir er han vyrd, medan dei, som halda paa Heime-Seden, verda haldne som Narr, som Jolabukkar, som Haugtussar elder Draugar fraa ei avlidi Tid? Høyr, godt Folk: det maa vist vera nokot som vantar paa Nordmannskapen vaar, liksom det vantar paa ymse andre Sidor. Men endaa segjer eg no som fyrr: Me ero frie, og ero me det inkje, so er det vaar eigi Skuld.

Me hava Grunnlaget til Fridom, og sidan er det vaar eigi Sak, um me vilja vera frie Folk elder Trælar. Og difyre skulo me skiljast med goda Voner. Me hava ogso den Trøyst, at me inkje hava drukket so mange Skaaler, at det kann vera til Skade fyre Avhaldssaki elder vondt Exempel fyre Aalmugen. Og dermed vilja me ganga heimatter, kvar til seg, og kvila Øyro vaare etter det store Stræv, som dei hava havt i Dag.



TALAR FYRE TOME STOLAR.

1. MINNEFESTARNE.

Detta Aaret hever voret eit stort Aar fyre alle deim, som lengta etter Festar og Stas og store Gjestbod; den eine Festen var stor, og den andre større, og Talar og Skaaler hava fallet so riklege at det lenge sidan maatte synast, at der inkje var Rom til fleire. Men endaa er det daa sume av oss, som berre hava gjenget utan i Kring og berre lydt paa og som inkje torde tala med, av di me hava ikkje Gaava til at tala soleides, som Folk vilja hava det. Dermed er det no just ikkje sagt, at me ero misnøgde med alt, som me hava høyrte; for med alt som me hava til at kjekla um, er det daa ymse Ting, som me alle taka paa same Maaten. Soleides plaga me alle vera samtykte i det Upptaket, at det var ei Lukka fyre Landet, daa det fyre femti Aar sidan slitnade langt ifraa det danske Riket; for med alt det, som er sagt um Skyldskap og Broderskap, so er det daa eit breidt Hav imillom baade Landi; og naar det eine Folket andelege skulde vera samantjodrat med eit annat, so skulde det helst vera med det, som stod næst og budde paa same Landstrøka. Lika eins plaga me vera samtykte um, at det var ei stor Heppa, at denne Løysningi kom paa ei Tid, daa

ein ny Opplysnings Ande var komen yver deim, som stodo fremst i Folkahopen, daa Løysningsstriden i Amerika, og Umstøyten i Frankrike hadde vakt upp alle vitsame Folk til at tenkja paa ein betre Tilbunad med Landsens Styr og Skipnad. Me ero mange som kalla det eit heppelegt Tilhøve, at Løysningi kom i den Tidi, daa Fridoms Anden var i sitt friskaste Lag, daa Folk vaaro mest tilbøygde til den Tanken, at Bonde og Borgar hadde same Rett til at styra sin eigen Bunad og skipa si Styring so, at dei inkje lenger skulde rekast fraa Trældom til Trældom, ut or det eine Ovriket og inn i det andra, som fyrr hadde voret deira vanlege Lagnad. Og her kunna me vist ogso leggja til, at det var eit heppelegt Tilhøve fyre vaart eget Folk, at Fridomen var trugad med store Faarar. Det var avgjort av framande Magter at me skulde faa eit nytt Herredøme i Staden fyre det gamle; dei vilde taka oss fraa det eine Riket og leggja oss under eit annat; og soleides skulde Løysningi verda berre ei Binding i eit annat Band. Skulde her verda nokot gjort, som kunde hjelpa so laut heile Landslyden standa trufast saman og gjera all den Tilkostnad, som eit Folkaslag kann gjera, naar det gjeld um Landsens Velferd. Her kunde inkje verda nokon Hovdingastrid og helder inkje nokot fullkomet Stormannsvald. Dei som stodo fremst i Flokken, vaaro nøydde til at taka heile Landslyden, heile Aalmugen med seg, soframnt dei skulde vinna nokot fyre sin eigen Part. Her var same Voni fyre Smaafolk og Storfolk; det den eine Parten vann elder tapte, det vann elder tapte den andre og. Og sidan det no gjekk so heppelegt av, at dei vigtugaste Raadgjerderna fingo Framgang og vordo samtykte av deim som dei mest komo ved, so kann ein med Sanning segja, at eit godt Umskifte var paakomet. Eit godt Grunnlag var upplagt til ein rettferdig Riksskipnad, ein ny Veg var opnad fyre Folket til at

føra si eigi Sak og fremja si eigi Æra, og dette maatte daa og verda ei Minning fyre Aalmugen um, at han skulde sjølv vera med i Raadi um Landsens Velferd og inkje lenger venta alle Ting utanifraa.

Alt detta er store Ting og gode Ting, so at Landsens Folk hever stor Orsak til at gledja seg i Minnet um det Tidarskiftet, daa den nye Riksskipnaden var grundlagd. Men med all Gleda skal ein daa ikkje reint gløyma, at alle Mannsens Tilstellingar ero ufullkomne, og all hans Lukka utrygg og lett umskifteleg. Det er nyttelegt at minna seg um at Fridomen og Sjølvbyrgdi alltid er trugad med ymse Faarar baade utantil og innantil, so det trengst ei god Gøymsla og Gjætsla, um ikkje nokor Ugreida skal koma paa. Og det kann ogso vera vel verdt at tenkja etter, um alt det gode er framkomet, som ein kunde venta seg etter slike gode Grunnlag og slike heppelege etterfylgjande Tider. Det er godt og vel, at Folkatalet hever stiget og at det endaa er meir Mat og fleire Pengar i Landet en fyrr, at mangein Jordfleck er opprudd, og mangein Veg er brøytt elder beinkad, at det gjeng fleira Vogner paa Landet og fleira Skutor i Sjoen. Men det kann og vera eit Spursmaal, um her er større Hugnad imillom Folket og større Velnøgje i Landet no en fyrr. Det er godt og vel, at der er mange fleire Skular i Landet, og at Ungdomen lærer myket meir en fyrr; men ein kann stundom spyrja, um det inkje verd myket lært, som inkje trengdest, og um inkje myket av dette er framdrivet med Tvang og Trugsmaal, inkje med vinleg Tilvending til Aalmugen men helder tvert imot hans Vilje. Det er ogso vel, at Folket lærer mange nye Ting og gjerer seg betar kjent med den store Verdi; men det er eit stort Spursmaal, um denne Lærdomen er innkomen paa rette Maaten og med det rette Umsyn til den gamle Folkaseden; um Aalmugen hever notet den same Retten her som i andre

Land, at han fekk Lov til at bruka sin Fedrased so langt, som han sjølv tykte høvelegt, elder um det var so tilteket, at han endelege skulde skapa seg um i all sin Bunad og hata og vanvyrda alt det, som hans Forfeder hadde gjort og brukt og talat. Alt detta og meir, som dermed fylgjer, er ogso Ting, som skulde vera ettertenkte; for det er ingi Tvil um, at der endaa er store Verk ugjorde, og at store Rettingar og Umbøter kunna turvast i det, som fyrr er gjort. Men som alt inkje kann vera gjort paa ei Stund, so ljota me taka detta som annat smaatt um Senn og Stykke etter Stykke. Og det som fyrst og fremst er Torv til, er at ymse Ting skulo vera beter ettertenkte no en fyrr, so at Folk kann vita kvat som rettaste er; og vaart Folk er inkje so utskjemt, at det neittar at gjera sin Rett og Børd, naar det fær den rette Greida paa Tingen.

2. LANDSENS FRAMGANG.

Fyre ei tjugo Aar sidan var det alltid so, at naar eg hørde ein Tale um den Framgangen, som vaart Land og Folk hadde gjort i dei sidste Bilom, so vardt eg so gild og glad, at det var ingen Maate paa; eg var daa so stolt og kaat av di, at eg skulde vera ein av desse so ofta umsungne «Søner av Norigs det eldgamle Rike». No er det helder so; at slikt inkje vil rett bita paa, visst inkje av di, at eg no unner Landet mindre en fyrr, men helder av den Avkjølingi som kjemer med Aldren, og som gjerer, at ein tek alle slike Ting meir varsamt og seintruande. Det er ingi Tvil um, at her er gjort store Framstig; det kann ein snøgt sjaa, naar ein minner seg atter paa Landsens Tilstand fyre ei tretti-fyrti Aar sidan. Men der er mange Hakar paa denne Tingen; og fyrst og fremst er det no den, at det er andre Land, som ogso hava gjort Framstig i det same Bilet. Hava me gjenget fram, so er me just inkje dei einaste. Det

hever voret ei Framgangstid paa alla Sidor. Den som hever livt i den Mannsaldren daa Eimskipi og Eimvognerne komo til, daa Telegrafan elder Bodsendingstraaden var oppfunnen, daa Gaslysingi var innført i Byarne, og allskyns andre Umbøter og Lettingar i Ervedet vordo upptekne, han maa vel segja, at han hever voret uppe i ei Framgangstid. Og i slika Tider er det mest umoglegt fyre eit Lands Folk at standa urørlegt paa same Stiget som fyrr. Det eine Landet dreg det andre med seg, og der dei store ganga fyre, vilja dei smaae dalka etter. Vistnog er det no so, at det er ikkje alle, som njota godt av desse Framstigi, kannhenda det og er einkvar som tapar, medan andre vinna. Og naar dei fleste vinna, so lyt ein no kalla det Framgang likavel. Men det som eg her vilde segja, var just det, at me inkje skulde gjera nokot stort Skrøyt av slike Framstig, som me inkje sjølve gjorde Upphavet til, men som me helder vaaro nøydde til at gjera, naar me skulde fylgja nokorleides jamt med dei Landslydom, som stodo næst attved oss.

Di næst er det no ogso merkande, at det er mangt, som sume kalla Framgang, men som aldri er stort verdt. Det er stundom høyrande til, at alle nye Vendingar skulde heita Framgang; det er ymse Folk, som ero reint for fatige paa alle gamle Sedvanar og vilja berre, at Folk skal alltid freista nokot nytt anten det so er slikt elder slikt. Men det er ikkje alt galet, som gamalt er, og helder ikkje alt nyttugt som nytt er. Kunna Folk faa seg betre Hus og betre Bunad av sin eigen Tilkostnad og inkje paa Laan og Borg, so er det ein Framgang, som er Mun i. Kunna dei faa betre Kunnskap og Opplysning, so er det ogso ein Framgang, soframt Kunnskapen er sann og gagnleg og inkje berre gjeng ut paa faafengde Gruvlingar paa Ting, som inkje koma Folket ved. Eg tenkjer at ein Mann kann vera ein god Framgangsmann, um

han ikkje just klæder seg i Kjole og Krage paa Herremanns Viis, um han eter sin Graut og drikker si Blanda, som Folk hava gjort fyrr. Eg tenkjer der kann vera god Framgang i eit Hus, um det inkje er maalat paa alla Sidor og fullsett med Speglar og Blomsterkrukkor. Eg helder det fyre eit litet Framstig, at Folk leggja all sin Kostnad paa Veggjer og Skaaper, og helder svelta og tyrsta en vilja høyra, at det seer simpelt ut i Huset. Og helder inkje held eg det fyrre nokon stor Framgang, at Folk vilja tufsa burt i allskyns Lærdom, og naar dei hava lært nokre nye Namn og nye Notar, tykjast vera komne so uhorvelege langt fram, at deit berre læja aat sine Forfeder og gjera Narr av all deira Tru og Tanke. Dei gamle visste ogso, kvat dei gjorde, og det spyrst, um det nye vil halda seg beter i Lengdi. Det var paa ein Stad nord i Landet, at der kom nokre framande fyre nokre Aar sidan, som lastade paa Bønderne fyre det, at dei budde i Rotstovor elder Røykstovor, og sagde deim, at detta var berre Svinaferd og Raaskap ifraa den gamle Villmannskapen. Daa var det nokre av deim, som bygde seg Omnstovor og vilde sjaa um det vardt so mykjet gildare. Men dei angrade paa Skiftet og saago, at det gamle høvde deim best, og sidan hava dei bygt seg Røykstovor etter den gamle Visi. Og same Veggen vil det vel ogso ganga med ymse andre Skifte, som hava voret utropade som eit stort Framstig, men som i Røyndi synest helder vera Nyfikna og Tidarspille.

Der er visse Skilsteinar og Endemerke fyre all Framgang i denne Heimen. Det hender og stundom, at det, som eingong var kallat Framgang, verd sidan kallat Attergang, so den heile Rørsla er snaraste som eit Umdriv, ei Kringrenning elder ein Ringstraum som fører Mannen med seg baade vidt og breidt, men sidstpaa seter honom upp atter paa same Staden som fyrr, elder kann henda driver honom av til ei verre

Kraa, en den som han kom ifraa. Me hava Segner fraa gamla Tider um Folk, som tyktest ganga munlege fram, men som daa inkje hadde stor Fagnad av det. Der var nokot som gjekk fram, og nokot som gjekk til Atters; det var nokot, som voks og sterknade gjennom heile Bygnaden. Og det same som hever hendt i Forntidi, kann vogso henda i Framtidi.

Naar ymse Landslydar alltid skrøyta av si store Magt og Styrke, so vilde det vera vel um dei brukade denne Styrken til at fremja Rett og Sanning, Det kann vera Moro at vita, at sterke Stridsskip ero bygde og langskjotande Kanonor oppfundne; men det vilde vera større Hugnad, um Folk fingo lagat det so, at dei korkje trengde Pansarskip elder Ripelkanonor. Naar me sjølve skreppa av, at me hava lært so myket meir en vaare Forfeder, so skulde det ogso visa seg, at Lærdomen hadde ført ein større Hugnad med seg og gjort Folket sedugare, ærlegare, godlyndare og rettvisare. Det burde ikkje vera so myken Tale um Ulivnad og Vantru, Fals og Snyterskap, um Lygn og Slarv og Baktaling. Ein burde ikkje høyra um so myket Ovmod og Vyrdløysa mot Folk av mindre Stand; ein burde ikkje sjaa ymse stora Lygner uppatter prentade Aar etter Aar til Traass fyre alle Motvitne. Det vilde vera det gildaste um ein saag nokon Framgang i ein rettviiis Tenkjemaate – so at Folk fingo større Vyrdnad fyre Rett og Sanning og mindre Tankar um sin eigen Storleik. For der, som Tenkjemaaten verd utskjemd, der er det litet verd i all Tilfining og Gylling utanpaa; det er helder so, at ein verd narrad av di; for der som ein seer Herremanns Huus og Herremanns Klæde, der ventar ein og at finna Folk med høgre og betre Tankar en i dei prydelause Smaakotom.

3. UM FRIDOMEN.

Mangt eit Ord hever voret sagt, og mang ei Visa sungi um Fridomen i Norigs Land sidan det fekk sin eigen Riksskipnad fyre femti Aar sidan. «Fuglen i Skogom og Baara i Nordhavet er inkje friare en Norigs Mann», heiter det i Landssongen. Det er rett nog, at Rikslogi gav eit serlege godt Grunnlag til Fridom, og detta viste seg so myket klaarare, daa ymse Grannrike hadde større Hindringar imot sin Fridom. Men det var med dette som med mangt annat, som eingong kjem i Utrop. Den eine talar etter den andre, og faae er det, som tenkja nokot vidare paa det. Eit godt Grunnlag til Fridom i eit Land er ein stor Ting, men det vilde ogso vera godt um Fridomen kom til at trengja igjenom til alla Greiner av Landslyden, alle Stand og Lag i det store Samnøytet. Det vil lettlege syna seg, at det kann vera lika so stor Tvang og Trældom i eit Land, som læst vera fritt, som i eit som heiter ufritt. Det kjem alt ut paa Tenkjemaaten hjaa deim, som hava nokot Vald i Landet. Ero dei uppfostrade til at vanvyrda Landsens Aalmuge, so dei berre vyrda seg sjølve som Landsens Herrar og Aalmugen som ingen Ting, so kunna dei lett faa laga til ein dugande Trældom, til Traass fyre all Tale um Fridom. Ero dei sjølve innflutte fraa andre Land, elder hava dei gjort seg sjølve framande og berre skapat seg til etter framande Mønstrer, so vilja dei ogso tykjast at Landsens heile Sed og Bruk er usømeleg og dermed faa dei lettlege ogso den Tanken at dei skulo tukta Aalmugen upp til at læra deira eigen Sed; og naar slik ein Tuktarskap skal koma i Gang, so verd det sannelege liten Fridom fyre Størsteparten av Landsens Folk. Det kann paa ein Maate endaa verda mindre Fridom en i eit Einvaldes Rike, for der er det daa ofta so, at Einvaldsherren lyt gjera seg kjær fyre Aalmugen, so

han kann venta seg Hjelp og Studning av honom, um so skulde ganga, at Smaaherrarne i Landet vardt honom altfor mødesame.

Det gjeld ogso myket um at hava ein klaar Tanke um kvat den rette Fridomen er. Det er ymse Ting, som me alle maa vera bundne til, so me korkje ero frie elder skulo vera det. Der er no fyrst og fremst ein Herre yver alle Herrar; det er den, som hever sett oss i denne Heimen og gjevet oss alt det, som ingen annan kunde giva; honom ero me skylduge til at tena, sofram me berre vita hans Vilje. Der er ogso nokot, som heiter Rett og Sanning og som stend i Samband med den høgste Herre, etter som «Rett høyrer Gud til», som Ordtøket lyder. Her skulde ingen tykjast vera so klok elder so stor, at han vilde segja seg fri fraa desse Magterna, for dermed vilde alle Samband slitna sundr, og Menneskja verda Jamlike med dei verste Villdyri. Derimot sjaa me ymse andra Magter, som hava ingen Rett yver oss, og ingen Ting hava gjevet oss utan Tvang og Trældom, Armod og Uhygge. Dermed meiner eg desse sjølvvalde Regjeringar av Modeherrar og Modefruer, som sitja i dei store Byom sud i Heimen og gjera Loger, um kor Folk skulo klæda seg og byrsta seg, eta og drikka, ganga og standa, heilsa og takka, og alt slikt, som det inkje trengdest onnor Log til en den, som kvart Landsfolk fraa gamall Tid hever lært seg sjølv etter Landsens eigna Tarver. Kor kjem det no til, at Folk ero alltid so ofsa viljuge til at lyda og tena desse Smaa-Magterna, og derimot ofta uviljuge til at lyda dei fyrste og største? At Folk verda tvingade til at fylgja Guds Log og Landsens Log, det er ein turveleg Ting; forutan det kann inkje godt ganga fram; men at dei ogso verda tvingade til at fylgja alle dei Nymaatar, som ero paafundne av Folk, som dei inkje hava nokot Hopehavande med, det var det inkje Torv til, og der

skulde dei vel hava Rett til at segja nei og endaa vera haldne fyre vyrdande Folk. Der skulde ein tru, at eit Lands Folk hadde Rett til at fylgja Landsens gamle Sed i alt det, som inkje var til Skade fyre andre og inkje fyre deim sjølve helder; ein skulde inkje tru, at dei skulde lida Spott og Spe, og at all deira Gjerning og Tale skulde vera vanvyrd fyre den Skuld.

Me som ero oppfødde i Landsbygdom hava ogso havt Hug til at gledja oss i Fridomen, men det hever alltid voret eitkvart som hever støytt oss tilbake. Di meir me fingo Upplysning um vaare gamle Forfeder, di meir tyktest me skylduge til at æra vaare næste Forfeder, fyre di dei endaa hadde leivt oss ein god Lut av den gamle Erveseden. Me hadde tenkt, at det kunde vera her som i andre Land, at Landsfolket skulde halda og hevda sin Ervesed og vistnog bøta og betra honom, um det turvtest, men aldri vanvyrda og spotta og hata honom. Me hadde tenkt, at sidan det no eingong hadde hendt av ei Slumpelukka at Bønder hadde fenget Lov til at vera med i Raadlaget um Landsens Saker, so skulde detta hava ein Verknad til at føra den heimlege Tenkjese og Talesed eit Stykke høgre upp; og det tyktest vera uhøvelegt, at desse Folk skulde vera nøydde til at taka ved ein framand Sed og korkje faa Lov til at tala som dei vilde elder liva som dei vilde i annan Maate, sofram dei inkje vilde høyra allskyns Drøsor og Spottord i Skrift og Tale. Me hadde ogso, daa me komo ut i Verdi, tenkt at faa taka med oss nokot av Heimseden i Tale og Framferd, og um so var, at me skulda byta burt nokot av Erveseden, so skulde det vera mot ein Sed, som hørde til vaart eget Land og inkje til eit annat Land. Og naar det no paa alla Sidor var høyrande til, at all vaar Fedrased var dømd som Svinaferd og Villmannskap; daa det saag ut som um Landet var nyst innteket av framande

Valdsmenner, som aldri kunde samtrivast med Landsens Folk, fyrr en dei fingo tukta det upp i sine eigne Seder og sitt eget Maal, so var det inkje undrast paa, um me tykte, at detta var ein undarleg Fridom, som no var komen. Det var daa rimelegt nog, at me inkje lenger hadde so stor Hug til at syngja um sjauttande Mai elder høyra paa Talarne um Landsens Fridom og Sjølvstøda.

Men med alt detta faa me daa minna oss um, at Fridomen er ein god Ting, um han endaa er misteken og illa brukad. Det er daa alltid ei Heppa at hava eit fast Grunnlag fyre Landsens Fridom, og sidan faa me daa ogso vona, at Landsens Folk med Tidi vil faa rettare Tankar um Landsseden og, so dei kunna vita betre Greida paa kvat det er, som er verdt at hævda og halda, og kvat det er, som trenger til Umbot og Betring. Me vilja vona, at vaart Folk vil snart koma til betre Skyn paa sin eigen Heider, so det inkje lenger byter burt Gulldalaren sin fyre ein Koparskilling og inkje skjemmet ved at likjast sine Forfeder i alle dei Ting som just ero Landsens Æra og Prydnad, naar dei berre verda rett upptekne.



UM NAMNET OSLO.

I dei sidste Aarom hava me einkvar Gongen seet det gamle Bynamnet Oslo umbrøytt til Aaslo, og no sidst fingo me sjaa det atter i «Illustreret Nyhedsblad» i eit Stykke fraa Nicolaysen um dei sidste Utgravningar i «Aaslo». Detta syntest oss vera ei uventande Avbrøyting i ein Ting, som me inkje trudde, der kunde verda nokot Tvilsmaal um; og difyre tyktest me ogso hava ei sterk Tildriving til at leita etter, kvat Grunn det kunde hava.

I det frægdarlege Verket «Det norske Folks Historie» hever vaar hedanfarne Prof. Munch sett fram

ei Tydning av Namnet Oslo, som me fyrst maa merka. Paa den Staden, der han talar um Grunnlaget til Byen Oslo under Harald Hardraade (B. 3, S. 201), hever han lagt til ein Merknad um, at Namnet skulde helder vera Aaslo, at det i gamle Skrifter er lika so ofta stavat «Aslo» som Oslo, og i latinske Skrifter oftaste Asloia, og at Namnet maa vera ein Samansetning av «Lo» (d. v. s.: ei laag Strand under ei Høgd eller Bergsida) med «Aas» (ein Bergrygg) og inkje med «Os» (eit Elvargap), som her inkje vilde vera høvelegt. Med det same slær han ogso paa det, at Aaslo kann fyrst hava voret Bygdarnamn eller gjeldande fyre eit heilt Herad lika eins som Foldlo (Follo), som daa var det næste Herad paa Sudsida.

Med all Vyrndad fyre Minnet av den navnfræge Mannen, som hever leivt etter seg so rike Opplysningar um Landsens Forntid, kann eg daa ikkje dylja ein Tanke um, at det her i detta Stykket maa vera nokot som er forhastat, og at der vist er lagt for stor Vegt paa den fraavikande Stavemaaten i dei gamle Brevom. Eg tykjest ikkje finna det fullt avgjort, at Oslo skulde vera eit uhøvelegt Namn, og at Aaslo skulde vera den eldste Form.

Um Namnet «Lo», som finst atter i so mange andre Gardsnamn, lyt eg segja det same, som M. Arnesen hever sagt i hans litle Bok um «Norske Stedsnavne» (Fredrikshald 1865), at det vistnog maa vera ei laag Strand, men at det just ikkje treng um at liggja under eit Berg eller Fjell. Det likjest nokot attpaa det tyske Ordet Lo (Loh), som tyder Myrar eller myrlendte Engjar; men det synest alltid vera Merke med det norske Lo, at det skal liggja tett ved Vatnet. Etter Tillægjet paa dei Gardarne, som her heita Lo, synest Namnet rett fram tyda: ei Engsletta eller Flatmark, som ligg langs med Elv eller Vatn. Og etter denne Skapnaden vil Namnet høva godt til ein Gard eller ein Jordflekk, men ikkje

til nokor større Vidd og soleides ikkje til nokot Herad eller Bygdarlag, utan soframnt som Namnet er sett i Fleirtal, soleides som i «Loar» (= paa Loom, Lom) i Gudbrandsdalen. Men naar det no er sagt, at detta «Lo» skulde høva godt attaat ein Aas, og inkje til ein Os (Elvarkjeft), so er detta ein Ting, som eg slett ikkje kann skyna. Tvertimot maa eg synast, at det inkje høver saman med nokon Aas; for det verd daa alltid eit Stykke imillom ein Aas og ei Lo, so dei ikkje rett kunna naa i Hop, utan i det Tilfellet, at der var ein gamall Gard, som heitte Aas, og so ei Lo, som laag under denne Garden og fekk Namn etter honom; men nokot slikt finna me her inkje nokot Teikn til. Derimot er der eit rett godt Samhøve imillom Os og Lo, og i Vissa her paa Staden, der det endaa er tvo Osar i Nærleiken; paa Austersida er Osen av den litle Elvi under Eikeberg (Lo-Elvi), og eit litet Sprang vestanfyre er Osen av den store Aakers-Elvi, som renn ut i same Viki rett fram fyre Byen. Det synest difyre aldri verdt at gjera seg nokor større Studering paa detta Namnet; det er greidt nog, naar ein vil taka det beint fram og tyda Oslo som ei Lo som ligger ved Osen (eller Osarne). Og eg seer ikkje nokon Ting, som kunde vera til Hindring fyre at segja Oslo, lika so vel som Osmark, Osvoll, Osbakken og meir slikt.

Med den gamle Skrivemaaten av Namnet er det vistnog so, at dei eldste Brevi hava lika so ofta «Aslo» som Oslo, som ein lettaste kann sjaa i dei store Brevsamningom, som no ero prentade med Namn av Diplomatarium norvegicum. I ymse Samningar fraa ei viss Tid (fram mot Aar 1300) finn eg endaa oftare Aslo en Oslo. Men det er at merka, at den gamle Skrivemaaten var ofta ustød, at mange av dei Brevom, som hava Aslo (Asloia), ero skrivne paa Latin, og at mange av deim ero skrivne utanlands. Det er og at merka, at me finna Oslo lika

tidlegt som Aslo (i nokre Brevsamningar endaa tidlegare), og at Oslo finst atter so einkvar Gongen i all den Tid, daa Aslo var so ofta brukat. Bisp Nikolas skreiv Oslo i Aaret 1224 (Dipl. 1, 6), lika eins Bisp Haakon i 1264 (D. 3, 9), Bisp Andres i 1279 og 1286 (D. 2, 19. 23). Bisp Eyvind i 1300 (D. 2, 53) og Lagmannen Hauk Erlendson, som er velgjeten fyre si gode Skrift, i 1302 (D. 1, 86). Og so er det og at merka, at det er berre ei viss Tid frametter, at Aslo finst so ofta skrivet, og det er just i det Bilet, daa so mange Brev vordo skrivne paa Latin; det varer frametter til 1320 eller so umkring, men paa den Tid sjaa me ei stor Vending, med di at Aslo verdt sjeldsynt og kverver burt, men derimot Oslo fær fullt Yvertak og sidstpaa verd einraadande. No er det vistnog so, at det er vandt at vita, kor denne Skilnaden kann vera oppkomen, og med fyrsta Augnasyni kunde ein ogso koma paa den Tanken, at den eldste Form var Aaslo, som sidan vende seg til Oslo. Men naar ein so vil leggja Merke til ymse Tilhøve, som eg her i kortaste Maate hever umtalat, so synest denne Tydingi hava mindre Von fyre seg. Helder kann der daa vera Grunn til at tenkja, at «Aslo» er berre ei sjølvtykkjeleg Vending, ein Sving, som var sett paa Namnet i dei latinske Brevom, og som ymse skrivande Folk hava sidan teket etter og sjøelve brukat utan nokon vidare Tanke um, kvat Grunn det kunde hava. Det finst fleire slike Avbrigde i dei latinske Skriftom, so som Bergæ fyre Bjørgvin (Bergvin), Albia fyre Elv (Gaut-Elvi), og andre, som ero endaa sterkare, som Svecia (Svealand) og Dacia (Danmark). Og eit slikt Avbrigde kunde gjerna vera ei Paaafinng av ein Brevskrivar, kann henda fyrst av ein Utlending; men naar det eingong var oppsett, og eit Exempel soleides var gjevet, kunde det alltid verda fleire, som toko etter, og endaa trudde, at det var det rettaste. Me sjaa Merke nog i vaar eigi Tid, at

ymse undarlege Avbrøyte kunna soleides koma upp, og at det just ikkje alltid er det rettaste, som fær dei fleste Fylgjesmänner.

Etter alt detta trur eg vist, at Oslo er det rette Namnet, og at Landsens Folk hava haldet det fyre det rette. Men um endaa detta inkje var so fullvist, so synest daa det vera vist, at der inkje er nokor Torv til, at me no i desse Dagar skulde byrja med ei ny Staving i det gamle Namnet. Munch sjølv synest aldri hava tenkt paa nokot slikt, endaa den Mannen ikkje var rædd fyre at slaa paa med nokot nytt, naar han tykte, det turftest. Han berre klagar paa det, at Namnet sidan vardt burtskutlat, med di at Kong Kristian IV i Aaret 1624 «hadde det uheppne Innfallet at umbyta det eldgamle ærverdige Namnet Oslo med det nye, sjølvvuppfundne og halvbarbariske Namn Christiania». (Norske F. Historie, 6, 646). Og detta er vel ogso den rettaste Synsmaaten. Er det nokot her til at retta paa, so maa det vera i Bruket og inkje i sjølve Stavemaaten. Me hava Gardsnamn i Hundradtal, som trenga til Umbot, av di dei ero forvanskade med Mistydning eller med ein undarleg Skrivemaate, so der alltid er nog til at retta og brøyta paa. Men med Namnet Oslo finna me ingen Trong til nokor Umbot.

Derimot er det ein Ting, som me helder skulde driva paa, og det er at føra Namnet Oslo til større Æra, en som det no ei Tid hever havt. Me kunna ikkje annat en kveda med i den Utsegni av Munch, at Christiania er eit Namn, som fyre oss er «halv-barbarisk». Det er mødesamt fyre Aalmugen, med di det hever so framand Form, at det lett kann verda Mistak i sjølve Uttalen; difyre høyra me so ofta, at Folk segja «Kristian» (med Tonen paa sidste Stavliden), eller «Kristians By», som er myket rettare. Det er ogso mødesamt fyre dei Folk, som skulo skriva det mange Gonger um Dagen: difyre sjaa me

ogso ymse undarlege Avkortningar (som Chra, Chria, X.ania), og soleides hava me her nokot av den same Plaaga som med andre lange og leide Namn, som dei danske Kongar hava bundet paa oss, som Christiansand, Christiansund, Frederikshald, Frederiksstad og fleire, som baade ero til Møda fyre Folket, og som dertil ogso ero uduglege til Minne-Namn, av di det hever voret so mange Kongar, som heitte Kristian og Fredrik, at det ofta er vandt at vita, kven det var, som sette Namn paa Staden. Med si latinske Form hever Namnet Christiania eit Skin av Studering og dertil ogso eit Skin av Heilagskap, daa ein snaraste skulde tru, at det kom av Ordet Christianus (ein Kristen), og i det Tilfellet vilde det høva best til ei Nybygd i eit Land, som var fullt av Heidningar. Denne Lengdi og detta Skin av Studering gjerer ogso, at Namnet sjeldan kann verda brukat i Vers; og me faa soleides inkje sjaa det i nokon Song um Fedralandet, for der vil Oslo altid bjoda seg fram med si korte Form og sin historiske Verdleike. Og sidstpaa er det ogso nokot blygslegt, at Hovudstaden i vaart Land skal hava eit latinsk Namn, medan derimot so mange andre Hovudstader hava uppehaldet dei stutte og nette Namni, som Folket sjølv hever gjevet deim i den uminnelege Forntidi. Eit slikt Uhøve maatte vel endaa vera Raad til at retta paa, og det kunde vel ogso vera betre Raad til det no en fyrr, med di at den gamle Byen (Oslo) no nyst er lagd saman med den nye, so der inkje lenger er det til at segja, at Oslo er eitt, og Christiania eit annat. Men slikt verd inkje gjort med det, at ein berre tenkjer, at det skulde vera gjort; det duger ikkje at segja, at det no er for seint, at det inkje nyttar, at det er umogelegt, og so frametter. Me hava Rett til at halda paa vaare gamle Namn, og Utlendingen kann inkje formeinka oss at nemna vaare Byar, som me sjølve vilja, naar me

tala til vaart eget Landsfolk. Vistnog er det so, at eit slikt Umskifte kann ikkje verda gjort i nokor Hast, og at det Namn, som no er i Bruk, i visse Tilhøve ogso maa standa fyre Framtidi. Men ei god Vending kunde daa altid verda gjord paa den Maaten, at Folk av eigi Drift vilde bruka det gamle Namnet i Brev og Bøker, i dagleg Tale, og i alle dei Tilfelle, daa dei inkje ero nøydde til at bruka nokot annat. Det vilde gjera so myket, at Landsens Folk vordo kjende og vande med Namnet, so dei med Tidi inkje trengde um nokot annat Namn til daglegt Bruk og millom sine eigne Landsmenn; og naar det var so langt komet, so var det viktigaste vunnet, so at det andre kunde sidan laga seg sjølv, som det vilde.



AASMUND VINJE.

Denne Mand, som nu i disse Dage har forladt os, var født den 6te April 1818 paa en liden Gaard i Nærheden af Vinje Kirke i Telemarken, hvor Forældrene Olav Aasmundsson og Torbjørg Geirmundsdotter boede. Hans Ungdomshistorie er efter hans egne Meddelelser og paa en meget lystig Maade fortalt af Botten-Hansen i «Illustr. Nyhedsblad» for 1863 (Side 125 og følg.). Hans usædvanlige Læselyst og Videlyst vakte Opmærksomhed i Hjembygden, og saaledes fik han da allerede i sit 17de Aar en Bestilling som Skolelærer, men da hans Lyst til Kundskab altid voxede, reiste han efter 5 Aars Forløb til Asker Seminarium, hvor han da tilbragte den sædvanlige Læretid af to Aar i Forventning om at faa en Ansættelse hjemme som Kirkesanger. Imidlertid havde en anden Mand faaet denne Bestilling, og Vinje modtog da en Post ved Mandals Borgerskole, hvor han forblev i 4 Aar. I denne Tid læste

han meget og havde mange Planer for Fremtiden; men den endelige Slutning blev, at han om Vaaren 1848 reiste ind til Universitetet for at studere. For at fortjene noget til sit Ophold i Kristiania, skrev han i et Par Aar adskillige Stykker for Morgenbladet; senere skrev han igjennem flere Aar en Række af Korrespondens-Artikler til Drammens Tidende, hvori han baade behandlede Dagens Nyheder og mange andre af de offentlige Sager. Imidlertid fortsatte han sine Studeringer og tog juridisk Embedsexamen i 1856, hvorefter han da fik Bevilling som Sagfører. Men denne Bestilling var egentlig ikke efter hans Sind, da han ikke fandt sig oplagt til de tørre Forretningssager og heller ikke til den Strenghed, hvormed Lovens Forskrifter maa udføres mod forarmede Skyldnere eller andre uheldige Personer. Hans Brevsendinger til Drammens Tidende havde længe vakt Opmærksomhed og været læste med Nysgjerrighed i videre Kredse; og han fattede derfor nu den Plan at udgive et Ugeblad, hvori de vigtigste Nyheder og Tidsopgaver skulde behandles. Og med det samme havde han ogsaa en anden Plan. I sine foregaaende Avisartikler havde han brugt et meget blandet Sprog, idet han optog en Mængde særegne norske Ord og Udtryk i den danske Text; nu derimod besluttede han at bruge en norsk Sprogform i det hele og forsøge paa en Oversættelse af fremmede Udtryk, som ellers vare i sædvanlig Brug i Forretningsstilen. Saaledes begyndte han da i Oktober 1858 med Bladet «Dølen», hvori man atter fandt den samme Kvikhed og Dristighed som i hans ældre Bladartikler og tillige en Prøve paa national Sprogform, som naturligvis i Begyndelsen maatte blive noget ufuldkommen og vaklende, men som i det hele omtrent lignede den Udtryksmaade, som man forhen havde hørt af oplyste Bondemænd i Forhandlinger om offentlige Sager, idet de vel fandt sig nødte til at tale i et

Slags Kancelli-Stil efter de forelagte Dokumenter, men alligevel overalt brugte sine tilvante Endelser og Bøiningsformer efter Hjembygdens Sprog.

Imidlertid havde han ogsaa Lyst til at se sig om i Landet, og da der i Sommeren 1860 var en stor Tilstrømning til Trondhjem i Anledning af Kongens Kroning, reiste ogsaa Vinje op igjennem Landet, spadserede over Dovrefjeldet, besaa Trondhjem og Indherred og kom endelig tilbage over Romsdalen og Gudbrandsdalen. Over denne Reise udgav han siden en Beskrivelse i to smaa Hefter med Titelen Ferdaminne. I 1862 fik han et Stipendium til en Reise i England og Skotland for at samle Oplysninger om Rettergangen i disse Lande. Fra denne Reise meddelte han i Dølen adskillige Beretninger om England, og under Opholdet i Edinburg foretog han sig at skrive en Bog paa Engelsk om Forholdene i det britiske Rige. Bogen vakte Opsigt og fremkaldte enkelte skarpe Anmeldelser i engelske Blade, da Forfatteren havde bedømt Landets Tilstande med en Frihed og Dristighed, som man ikke havde ventet af en reisende Person fra en Udkant af Verden.

Efter Hjemkomsten udgav han i Julen 1863 sin «Diktsamling», bestaaende deels af ældre Stykker i dansk Form og deels af nyere Stykker i Dølen's Sprog. Med selve Dølen blev der imidlertid adskillige Standsninger, deels paa Grund af Udgiverens Reiser og deels ogsaa derfor, at Bladet gav for lidet af sig, saa længe Udgiveren ikke havde nogen vissere Indtægt. Han søgte derfor efter en Ansættelse og fik da endelig en Plads i et af Departementerne, men da hans Blad senere tog til at behandle Regjeringen temmelig uskaansomt, fik han efter et Par Aars Forløb sin Afsked og var saaledes atter henvist til den uvisse Fortjeneste. Imidlertid havde han i Slutningen af 1865 begyndt paa et længere Digt,

kaldet «Olaf Storegut», som først blev trykt i Dølen og senere er udkommet særskilt i to Oplag. Desuden udgav han i 1867 et Udvalg af sine senere Skrifter under Titelen «Blandkorn». Samme Aar forsøgte han ogsaa at slaa sit Blad sammen med et andet Ugeblad, som just da begyndte under Titelen «Vort Land» og optog Dølen som en særskilt Deel i hvert Nummer; men da dette Blad sluttede efter et halvt Aars Forløb, begyndte Vinje med en ny Fortsættelse af Dølen i dens gamle Form. I Slutningen af 1868 begyndte han paa et længere Digt kaldet «Staale», som blev fortsat i Bladet igjennem det følgende Aar, men dog, som det synes, ikke fik nogen egentlig Afslutning. Formodentlig var det Forfatterens Hensigt at foretage en Omarbejdelse af dette Digt saavel som af enkelte andre Stykker, som han engang havde begyndt paa og ikke fuldført.

Imellem al denne literære Virksomhed færdedes Vinje ogsaa meget ude i Livet. Han havde mange Bekjendte og tilbragte mange Stunder i Selskab. Han var ofte indbudet til en eller anden større Sammenkomst paa Landet, og enkelte af hans Taler og Sange ere netop tilkomne ved saadanne Leiligheder. Han gjorde Reiser til Sverige, til Oplandet og til Høifjeldene, og i de sidste Aar besøgte han ogsaa Bergen og flere Byer for at holde offentlige Foredrag efter modtagen Indbydelse. Uden Udsigt til noget sikkert Udkomme levede han længe ugift, indtil han endelig i det foregaaende Aar tog sig en Kone og forsøgte at berede sig et Hjem for Fremtiden. Men hans Kone døde allerede inden et Aars Forløb og efter at have født ham en Søn, som han altsaa nu stod alene tilbage med. Dette Stød virkede haardt paa ham, og for at komme til Ro igjen reiste han ud til Besøg hos en Slægtning paa Landet; men allerede paa Reisen havde han en Fornemmelse af

en Sygdom, og skjønt han senere kom tilbage til Byen og syntes at have vundet Mod og Livslyst igjen, vilde dog hans Helbred ikke vende tilbage. I Haab om at opfriske sig ved et nyt Ophold paa Landet, steg han op af Sygeleiet og foretog en Reise til Hadeland; men Døden stod ham nærmere end nogen havde ventet, og efter et Par Dages Forløb var han allerede hensovet.

For at bedømme Vinjes Virksomhed maa man vel erindre sig, at han egentlig syntes bedst anlagt som Digter, idet han altid stod færdig til at opfatte Forestillinger og Indtryk for strax igjen at meddele dem til andre og helst til et noget stort Publikum. Af Naturen begavet med et usædvanligt Nemme, kunde han med Lethed skaffe sig et Overblik af alt, hvad der syntes ham videværdigt; og dette virkede maaskee til, at han ofte stolede for meget paa sine Evner og satte altfor stor Priis paa det geniale og storartede i Modsætning til en jævn og stilfærdig Virksomhed; men isaafald var det da en Feil, som saa mange andre have delt med ham. Han var ikke plaget af denne Frygtsomhed og Blyhed, som ofte er til Besvær for unge Mænd af Bondestanden, naar de komme ud i en videre Kreds; tvertimod optraadte han i Skrift og Tale med en saadan Djærvhed, at det af og til vakte Ængstelse hos hans Venner og Uvillie paa visse andre Sider. Hans Virksomhed blev derfor ogsaa forskjellig bedømt og tildeels behandlet med Spot og Ringeagt; men man kan just ikke sige, at hans Modstanderes Stridsmaade var bedre end hans egen. Det maa dog tilstaaes, at Vinje havde Mod til at stride for en god Sag, og at han ikke skyede at udsætte sig selv for Uleilighed, naar det gjaldt om at bekjæmpe et eller andet Slags Tyranni. Derfor var det da ogsaa, at han saa ivrigt tog Deel i Forsvaret for Folkets Nationalitet og Sprog og virkede saa udholdende for denne Sag. Hans egen

Sprogform led rigtignok adskillige Forandringer, idet han gjerne vilde lempe sig efter sine forskjellige Læseres Smag og Behag; men Fordelen ved Tingen var, at Vinje blev bestandig læst, og at Folket derved vænnede sig til at læse og efterhaanden forsonede sig med den uvante Sprogform. Og med det samme fik man da ogsaa et rigt Forraad af Exempler paa en national Digtning, som i enkelte Stykker var saa vakker, at endog Digterens Modstandere maatte synes vel om den. Det vil være let nok for Efterkommerne at finde noget at udsætte paa disse Arbejder; men det vil da gjælde om, hvorvidt de kunne gjøre sine Sager bedre, og hvis de formaae dette, ville de dog ikke saa ganske glemme den Mand, som først for Alvor optraadte som Digter i Folkets Aand og Tungemaal.

UM SJELDSYNTE DYR I SJOEN.



Daa det no i nokre Dagar heve voret Tale um eit Dyr, som nylege viste seg i Sjoen ved Aalesund, og som Folk ikkje fekk sjaa so grant, at dei rett kunde vita kvat Slag det var, so kunde det no vera tilhøvelegt aa minna seg paa nokre Fraasegner fraa fyrre Tider um ymse undarlege Dyr i Sjoen.

I den merkjelege gamle Boki, som heiter Kongespegelen (Konungs Skuggsjaa), finna me ein heil Bolk med Fraasegner um alle Kvalar og Kobbeslag, og dernæst ogso um nokre sjeldsynte undarlege Dyr, som hava voret sedde i Havet. Eit av deim er kallat Havguva (Hafgufa) og er sagt aa vera so stort, at naar det fløyter seg upp i Sjoen, so er det likare til eit Land en til ein Fisk; og dertil er det og sagt, at det føder seg paa den Maaten, at det berre held Kjeften open fyre ei Stund, og daa denne Kjeft-

en er so stor som ein liten Fjord, so samnar det seg alltid eit litet Straal med Fisk i honom, og naar so Dyret legg Kjeften i Hop atter, so fangar det dermed desse Fiskarne og gløyper heile Hopen paa ein Gong. So er der ogso fortalt um tvau andre «Skrimsl», som visa seg i Grønlands-Havet framanfyre ein stor Storm, og som hava mest som Mannsskapnad i Hovud og Herdar, naar dei syna seg paa Sjoen; det eine av deim er kallat Havstramb og det andre Margygr, og dei ero ogso nokot like, so ein mest kunde segja, at det maa vera Han og Ho av same Slaget. Men um alle desse Dyri segjer Forteljaren, at Folk hadde berre seet deim nokot langt ifraa, og at dei ikkje hadde voret veidde elder fangade, so at ein kunde faa nokor Fullvissa um Skapnaden deira. Det er likt til, at dei ogso hava voret kjende paa Island; for det finnst uppteiknat i dei islandske Aarbøker ved Aaret 1305, at nokre Kaupmänner hadde voret ute paa Havet i ein stor Storm, og daa hadde dei seet baade Margygr og Havstramb og mange andre «Skripe». Lika eins finnst det ved Aaret 1329, at Margygri hadde synt seg sunnanfyre Landet.

I ei gamall Saga, som er skrivi nokot seinare en Kongespegelen, finna me ein Fortelnad um eit Sjodyr av eit annat Slag. Den islandske Bispén Gudmund Areson (død 1237) var komen i stor Usemja med Hovdingom paa Island, so han baade ein Gong og fleire laut fly fraa sitt Bispesæte, og soleides var han daa og nokre Aar i Norig. Her var det eingong, at han var ute paa ei Ferd millom Nidaros og Bergen, og daa høvde det seg so ein Kveld, at han skulde taka Hamn i Hjørungavaag paa Sunnmøre. Men daa hadde det nylege hendt, at ein Orm med tolv Lykkjor (elder Bugter) flotnade upp or Sjoen, so han stundom laag tvert yver Vaagen og stundom løynde seg ned i Kavet, og jamnaste kom han upp, daa det var mest

til Meins fyre Folk, som vilde inn paa Vaagen. No lagde han seg ogso tvert i Vegen fyre Skuta, som Gudmund var paa, og Sjomennerne kvidde og leto illa fyre detta Meinhøvet; men Gudmund bad deim stemna beint inn paa Vaagen, og so gjorde han si Bøn og tok vigt Vatn og skvette paa Ormen; daa seig han undan, so Skuta slapp godt fram. Og det som meir var: um Morgonen etter fekk Folket sjaa, at Ormen var reken paa Land (med Flodi) og sunderhoggen i tolv Stykke. (Biskupa Sögur 2, 129).

Detta skulde daa hava hendt umkring som i Aaret 1225 elder nokot fyrr. Men der er ogso Teikn til, at der alt fyrr hadde voret ei Segn um ein Orm i denne Vaagen. Som kunnugt er, var der eingong eit stort Slag i Hjørungavaag imillom Jomsvikingom og Haakon Jarl. I detta Slaget var der ein Jomsviking, som dei kalla Bue hin digre, og som hadde med seg tvo Kistor, fulle med Gull. Han stridde mannelege, til dess han saag, at Slaget var tapt, og daa tok han Gullkistorna sine og støypte seg i Sjoen med deim. Men sidan var der ei Folkeseign um, at denne Mannen var umskapad til ein Orm og laag der paa Botnen og gjætte Gullkistorna sine. (Flatøyboki 1, 203). Detta høver no godt saman med andre Segner fraa Forntidi um slike Ormar elder Drakar, som skulde liggja og verja fyre ein nedgraven Skatt, so som den namnkunnuge Ormen Faafner, som Sigurd Faafnesbane fekk Tilnamnet sitt av. Men det som fyre oss er mest aa merka ved denne Fortelnaden um Biskop Gudmund er det, at han viser, at Folket vaart alt fyre sekshundrad Aar sidan hadde nokotsonær den same Tokknad um Sjoormen, som det sidan heve havt.

Av dei Bokmänner, som i seinare Tider hava skrivet um undarlege Dyr i Sjoen, faa me fyrst nemna Peder Claussøn (død 1614). Hans Bok um Norig

og dei umliggjande Øyar heve lenge voret kjend; men han hadde ogso skrivet nokot meir, som vardt liggjande uprentat, og dertil hørde eit Stykke um Sjoormen, som no er innført i «Christiania Viden-skabsselskabs Forhandling» fyre 1876. Etter denne Fraasegni skulde Sjoormen vera eit reint avskræmelegt Udyr, som er nokre hundrad Famnar langt og heve eit Hovud som ein stor Baat elder ei «passeleg» Jagt. Det kann vera fleire saman paa ein Stad, so som i Stavangerfjorden, der det stundom kann vera tvo elder tri paa ein Gong. Og det verste er, at han er so for frek til aa eta Folk, at han legg seg midt i Skipsleidi til aa fanga deim, som ferdast paa Sjoen; stundom berre lyfter han upp Hovudet og tek Folket ut or Skuta, og stundom slær han sunder Skutorna elder Baatarne og et upp Folket, som var i deim. Den einaste Heppa er, at det er so sjeldan han kann koma upp or Djupet; det er berre i stillaste Vedret og bjartaste Solskinet og ikkje paa andre Tider. Skulde ikkje det vera, so kunde der ikkje koma Folk paa Sjoen, og ingen kunde bu paa Øyom paa Vestersida av Landet.

Peter Dass heve ogso nokre Ord um Sjoormen i sin «Nordlands Trompet»; og sidan var det daa fleire, som skreiv um det same. Biskop Pontoppidan i Bergen sankade saman alle Fraasegner um detta Dyret og førde deim inn i si Bok um «Norges naturlige Historie». (1752). Han gav endaa paa ein Stad ei Teikning av Sjoormen; men denne Teikningi var komi fraa Presten Strøm paa Sunnmøre og var gjord etter berre Fraasegn og ikkje etter eigi Augnesyn. Det var ikkje fritt fyre, at Strøm tregade paa, at denne Teikningi skulde koma soleides ut; for han var rædd fyre, at Folk skulde tru, at han hadde seet sjølve Dyret so vel, at han kunde teikna det av etter Augnesyn. Strøm var sjølv ein ærleg «Viten-

skapsmann», som tok det grant og gløgt med si Umlysing av Landsens Dyr og Voksterslag; men han var ikkje av deim, som tru, at alt som ulærde Folk fortelja, skal vera berre Skravl og Skrynjor. Han segjer kvat han hadde høyrte um Sjøhorvi (elder Kraken), og lika eins um Havmannen (= Havstramben); og um han endaa sjølv hadde stor Tvil um Tingen, so tykte han daa, at det var «alt for vaagelegt aa vilja neitta ein Ting, som so mange truverduge Menneskior sanna». (Søndmørs Beskr. 1, 287). Nokot likt segjer han og um Sjoormen, som han med all sin Etterrøknad ikkje hadde fenget nokor nøgjeleg Greida paa. Han hadde elles høyrte ei Gisning um, at det kunde vera den Fisken, som me kalla Styrja, elder snaraste ei Rad av Styrjor, som gjekk og leikade og rende etter kvarandre i Sjoartrømen; men dette vilde han daa lata standa ved sitt Verd, til dess at betre Upplysning kunde koma. (S.207).

Det er no elles aa merka, at det paa denne Tidi (elder etter Midten av fyrra Aarhundradet) var komet eit nytt Ljos i Kunnskapen um Dyreriket og Voksterriket; og det var ei Fylgja av det store Framstiget, som denne Kunnskapen hadde gjort i Sverike med Linné og hans Fylgjesmänner. Her i Landet var Strøm ein av dei fyrste, og sidan var det fleire, som gjorde seg kjende med Linné's Skilgreida elder Samskipnad (System) og strævade trutt med aa ransaka og røkja etter alle dei Dyrslag, som dei kunde finna i sitt eget Land. Ein av dei gildaste av deim var Biskop Gunnerus i Trondheim, som og paa sine lange Embættesferder hadde Tilleiding til aa samna Kunnskap um Dyrelivet lika til nørdeste Enden av Landet. Men han tok det no elles nokot strengt med slike Ting, som han hadde nokor Tvil um. Han skreiv eingong eit Stykke um dei Sjodyri, som den gamle Kongespegelen talar um, og um ymse

andre, som elles hadde voret umtalade. I detta Stykket segjer han, at den gamle «Havguva» maa vera det same, som sidan er kallat Sjøhorvi og i Nordland (etter H. Egede) Kraken; men det er altsaman berre ei Skrynja, som er oppkomi ved Mistyding av ymse Rørslor, som Folk hava merkat i Sjoen. Um Havstramben (elder Havmannen) trur han, at det er det same, som i Nordland heiter Klakkekallen; men detta er visst ikkje annat en eit Kobbeslag, og serlege den Kobben «som Hollænderne kalde Klapmütze». Og den gamle Margygri maa og vera nokot av same Slaget. Um Sjoormen trur han, at det berre er ei Minning um Midgardsormen, som me kjenna av dei gamle Dikt ifraa Heidenskapen, og at det, som Folk no kalla Sjoorm, maa vera anten eit Kvalslag elder og ein Flokk av Styrjor, som jaga etter kvarandre øvst i Sjoen.

Herum hava no visstnog mange tykt so, at dermed var denne Saki avgjord. Men det kunde der no endaa vera ymis Tvil um. Det er sant nog at Folk i fyrre Tider hava trutt mangt og myket, som i Røynsla var berre Mistydingar og Skrynjor, so det var fullstor Torv til, at Sanningi vardt etterrøkt, og at alt var atterført til sitt rette Maal. Det var ikkje so faarlegt, naar Folk fortalde kvat dei sjølve hadde seet, som naar dei skulde herma nokot som andre hadde fortalt, for daa vilde der snart koma ymse Misminne til, og dermed kunde altsaman verda so ofsat og uppskrøyvt, at det var mange Gonger for stort, so som det visst maa vera med den Fraasegni um Sjoormen, som P. Claussøn heve gjevet. Men det vilde vel og vera for tidlegt aa tru, at alt som rørest i Havet, skulde no vera so vel oppklaat, at der ikkje kunde vera nokot meir til aa oppdaga. Det er Von til, at der i det store Djupet kann endaa vera ymist, som ikkje er fullkunnugt; og naar no ein

Sjomann elder Fiskar fær sjaa nokot slikt, so er det daa illt, at han skal heita Ljugar, naar han berre segjer kvat han sjølv heve seet. Og difyre tykkjer eg, at det er eit fagert Ord av gamle Hans Strøm, naar han segjer, at han tykte, det var for vaagelegt aa vilja neitta ein Ting, som so mange truverduge Folk hadde sannat.

Skrifter i Samling II

HEIMSYN



EI SNØGG UMSJAAING YVER SKAPNINGEN
OG MENNESKJA

TILMAATAD FYRE UNGDOMEN

Skrifter i Samling II

Naar Folk fara ut og sjaa seg um paa ein Stad, som dei skula flytja til elder busetja seg paa, so segja me, at dei era ute og heimsjaa seg. Og med ei onnor Vending kann ein ogso kalla det ei Heimsyn elder Heimsjaaing, naar unge Folk vilja sjaa seg i Kring i den store Mannheimen, elder naar dei høyra og spyrja etter nokot meir en det, som dei sjaa paa Fødestaden. Det kunde vera godt aa vita myket um den Verdi, som me liva i, um Land og Rike, um Himmel og Jord, um Skapningen paa Jordi og um ymse Tilstand i dei framfarne Tider; men naar alt slikt skal vera avgreidt i alle Smaagreiner, so vil det verda so mangfeldt og vidgjengt, at det er seint lært og snart avgløymt. Og so høver det so til fyre dei fleste Folk i den store Hopen, at dei hava so myki Annsemd med sitt daglege Vinneverk, at dei korkje faa Tid elder Tilgjenge til aa samna seg nokon munarleg Kunnskap; og daa maa dei nøgja seg med den vesle Rettledning, som dei kunna faa um dei næste og naudsamaste Ting. Og soleides kann det henda, at ein stutt Umtale av dei vigtugaste Maalemne kann ogso verda til nokor Hjelp fyre ymse Folk, som dermed kunna faa ei Tilleiding til større Ettetanke elder i minsto ei Minning um nokot, som dei elles kunde gløyma.

I. UM JORDFLATA.

Det Stykket av Jordi, som me kunna sjaa fraa Heimstaden, er berre som ein ørliten Flekk imot den

store Viddom, som liggja kringum oss. Naar me standa paa ein Stad, som er so tilliggjande, at me hava fri Umsyn til alle Sidor, so sjaa me berre nokre faae Miler ut i Rømdi og lika langt paa alle Leider, so den heile Umkverven viser seg som ei rund Skiva, og me sjølve standa i Midten. Men naar me so fara ut paa ei Langferd, so faa me sjaa, at Umkverven elder Augleitet skapar seg um, med di at det kjem upp ei ny Himmelsyning¹ paa Framsida, og derimot den gamle Syningi paa Baksida kverv undan, so at me snart koma inn i eit nytt Augleite og tapa det gamle av Synom. Soleides kunna me fara i mange Dagar og sjaa mange nye Umkvervar berre i eit einaste Rike; men endaa faa me høyra, at der er mange andre Land, som era mange Gonger større.

Yverflata paa Jordi er anten Land elder Sjo. Landet er ujamt i Høgdi, og Sjobotnen lika eins; men Sjoen sjølv stig allstad lika høgt, og difyre kann ein ogso segja, at naar Grunnen stig upp yver Sjoflata, so er det Land, og naar han ligg under Sjoflata, so er det Sjo. Store Deilder av Landjordi liggja i ei heil og samanhangande Muga, og daa kalla me det eit Fastland; men ymse Smaadeilder liggja skilde fraa Fastlandet og kringfløytt i Sjoen, og slike kalla me Øyar elder Holmar. Med Sjoen er det nokot likt som med Landet, at han paa sume Stader kann rekka langt ut igjenom store Vidder, og daa kalla me det eit Hav; men paa andre Stader tøygjer han seg ut i mindre Greiner imillom ymse Land elder Øyar, og daa kalla me det ein Fjord elder eit Sund. Det salte Vatnet, som fyller Havet og Fjordarne, kalla me Sjo elder Sjovatn; eit annat Slag er Aavatnet elder det reine Vatnet, som samnar seg i ymse Dypter paa Landet og derifraa sig ut i Aær elder Elvar imot Sjoen. Naar eit Land hallar so til, at Vatnet kann strøyma saman fraa store Vidder og

1 Horizont.

samna seg i ei einaste Lægd, so kann Elvi sidstpaa verda so stor og djup som ein Fjord, so at ho er farande fyre Skip og Baatar langt inn ifraa Sjoen. Men stundom kann det og vera store Dypter i Vatsdraget, so at det verd som ein Fjord inne i Landet ovanfyre Sjoflata, og daa kalla me det berre eit Vatn.

Naar ein fer Sjovegen sud-etter so langt som til Sudsida av Spania, so kjem ein til ein ovlege stor Fjord, som gjeng umkring som 500 Mil inn i Landet og som er kallad Midelhavet (elder Midlandshavet). Denne Sjoen er som eit Skilmerke fyre tri store Deilder av Fastlandet; dei Landi, som liggja nordanfyre, hava fenget Namnet Europa; Landi paa Sudsida heita Afrika, og den store Landmuga austanfyre desse tvo Deilderna heiter Asia elder Austerland. Desse tri Stordeilderna verda ogso kallade Gamle Heimen (elder den gamle Verdi), av di at Folket i desse Jorddeildom heve havt den eldste Minnesaga (elder Historia) og i lange Tider ikkje visst um nokot annat Fastland. Det store Havet, som er utanfyre Europa og Afrika, og som er kallat Vesterhavet elder Atlantarhavet, var difyre lenge reknat som Endemerke paa Vestersida. Men sidan vardt det daa oppdagat, at der utanfyre Vesterhavet ligg eit Land, som er myket større en Europa og rekk lenger sud en Afrika. Detta Landet, som no er kallat Amerika, vardt daa den fjerde Jorddeildi. Og sidan kom det upp, at der sunnanfyre Asia var endaa eit stort Land; og detta Landet, som er kallat Australia, vardt daa den femte Jorddeildi.

Vestanfyre Amerika er eit Hav, som er større en dei andre og som er kallat Stillehavet. Naar ein stemner tvert yver detta Havet ifraa Nord-Amerika, so kjem ein til Austersida av Asia, so at ein daa er atter komen til Gamleheimen fraa ei onnor Sida. Dermed viser det seg, at Jordi er ein Klot elder

Klump, so at ein kunde fara rundt i Kring paa alle Sidor, soframnt det var allstad lika lett aa koma fram. I Aust og Vest kann ein halda same Stemna paa heile Vegem; stemner ein jamt i Vest, so kjem ein heimatter austantil, og stemner ein jamt i Aust, so kjem ein atter vestantil. I Nord og Sud kunde ein ogsø koma rundt i Kring, naar der hadde voret framkjømt; men der er store Stengslor i Vegem, med di at den nørdeste Kuven (ved Nordpolen) er tiltakt med Isberg og Snjoberg, og den synnstete Kuven (ved Sudpolen) lika eins. For paa baade desse Stadom er der so liten Varme, at Isen ikkje kann losna elder tidna.

Denne Fyresegni um den runde Jordkloten kann i Fyrstningi lyda nokot undarlege fyre oss, daa me alltid era vane til aa tenkja oss alle Vidder som ei einaste Flata. Det kjem av di, at me ikkje kunna sjaa nokot meir en eit litet Stykke av det heile. Kunde me sjaa ut yver eit heilt Hav paa ein Gong, so vilde me finna, at det er oppkuvat elder høgt i Midten og hallar jamt ned aat Sidom; og nokot dilikt vilde det vera, naar me saago ut yver eit stort Fastland; for alle Fjell vilde verda so smaa, at den heile Muga viste seg som ei Sletta med ein Kuv i Midten og ei Halling paa kvar Sida. Og uti den store Himmelrømdi maa Jordi visa seg som ein Ball elder rund Klump, lika slett paa alle Sidor og svidande fritt i Rømdi lika eins som Soli og Maanen. Den greidaste Framsyning av heile Kloten er ei rund Kula (ein Globus) med Skilmerke fyre Land og Sjø paa alle Sidor; elles kann ein ogsø teikna Jordi flat, men daa lyt ein teikna fyrst den eine Sida og so den andre, so det verd tvo runde Skivor, som me sjaa paa Landkortom. Det er so til aa taka, som naar ein vil kløyva eit Eple midt i tvau og leggja baade Halvorna jamsides, so ein kann sjaa heile Utsida paa ein Gong.

Det kann og vera undarlegt aa høyra, at ei Sida av Jordi vender beint ifraa oss elder beint ned (som me vilde segja), og at der paa den Sida kann vera Folk, som venda Føterne beint imot oss. Men det Folket vil derimot synast, at det er me, som bu paa den nedste Sida og snu Føterne upp; for kvarsomhelst ein kjem paa Jordi, so tykkjest ein vera ovanpaa og hava Land og Sjo inn under seg. Alle Stader vil Tyngdi søkja mot Grunnen, og den Grunnen er i sjølve Jordi; for ho heve ikkje nokot til aa standa paa. Det, som me kalla upp, er det same som ut ifraa Grunnen, og det, som me kalla ned, er det same som inn imot Grunnen; og soleides verd det kallat upp og ned kring um heile Jordi, men det gjeng ikkje beint i same Lina paa den eine Staden som paa den andre.

Detta Laget, at Jordi dreg alle Ting aat seg, elder at alle Tyngder søkja mot Grunnen, er nokot, som me alle sjaa og kjenna. Alt, som er for tungt fyre Lufti, vil detta ned, og alt, som er for tungt fyre Vatnet, vil søkka aat Botnen. Alt det, som skal standa trygt, maa standa beint upp, og naar det skal rekka nokot høgt, so maa det hava fast Rot i Grunnen. Det, som ligg i ein Bakke elder paa ei Skaaflata, vil gjerna siga aat den laagaste Sida; der vil liti Kraft til aa driva det ned, men stor Kraft til aa driva det upp; difyre er det alltid tyngre aa ganga mot Bakken en undan, og verre aa ganga paa ein hallande Is en paa ein, som er flat. Det same Tildraget er det og, som gjerer, at store Skridor av Jord elder Snjo kunna losna fraa ei Bergsida og sturta ned paa Flata. Men elles er denne Krafti lettaste aa merka i Vatnet, med di at det er so tunnt og rørlegt, at det kann jamna seg til ei Flata, kvarhelst som det kjem. Naar det fyrst heve samnat seg til ein liten Bekk, so leitar det alltid upp den laagaste Dypti og holar seg ei Grov elder Renna til aa

laupa i. Raakar det paa sprokkutt og steinutt Grunn, so kann det og renna inne i Jordi og sidan koma uppsprettande paa ein laagare Stad; daa verd det ei Kjelda elder Ila. Kjem Vatnet ned i ei stor Dypt og ikkje kann finna nokot laagare Avlaup, so fyller det heile Dypti, til det naar upp til den laagaste Avlaupsstaden; daa verd det ein Hyl elder eit Vatn, som me kalla det. Kjem Elvi fram paa ein bratt Bakke elder Berghamar, so støyter ho seg ned i ein skumande Foss; kjem ho derimot ut paa ei Flata, so sig ho stillt og seint fram; men endaa stadnar ho ikkje, fyre ho naar ned til Sjöflata.

Paa Landjordi vil Vatnet soleides alltid strøyma ned imot Sjoen: men i Fjordom og i Havet er ogso ymse Strøymingar i andre Stemnor. Mest kunnig er den Rørsla, som me kalla Sjöfallet, og som heve si visse Tid, so at det verd Flod og Fjøra tvo Gonger i Døgret, med di at Sjoen stig elder fløder i seks Timar upp imot Flodmaalet og sidan fell i seks Timar ned imot Fjøremaalet. Det høver so til, at den eine Flodi kjem, naar Maanen er i Sud (elder i Middagsstriket), og den andre, naar han er paa Nordsida, og difyre verd det soleides uttydt, at Maanen heve eit Tildrag, som verkar paa Havet, so at der verd ei Strøyming imot Maanen paa den eine Sida og derimot ei Fraastrøyming paa den andre, til dess at der verd Jamvegt paa baade Sidor. Elles er det og sagt, at Tildraget imot Soli verkar nokot med. Sjöfallet kann vera myket ulikt paa ymse Stader, av di at der er Tverrbakkar i Grunnen, som møta Havstraumen elder driva honom til Sida. I store Fjodar, som liggja langt ifraa Havet, er det ofta liti elder ingi Flod, og endaa i vaart eget Land er der paa Sudsida ymse Fjodar, der det er vandt aa sjaa nokon Skilnad paa Flod og Fjøra; men derimot hava me paa Vestersida eit stort Sjöfall, umkring som fjore elder fem Alner i Høgdi. Denne Rørsla er Orsak til

mange Straumar i Sjoen og viser seg mest paa slike Stader, der det er eit trongt Innlaup til ein stor Fjord, for der strøymer Sjoen so fort som ei Elv og gjeng ut elder inn, etter som Sjoen fell elder fløder.

Grunnen i Havet er ujamn liksom paa Landet; sumstad er det store Djup, og sumstad er det Skallar og Grynnor, som stiga nokot nær uppunder Sjøflata. Dei Vidderne paa Jordi, som era yverflødde med Vatn, era myket større en det, som er Land; og det er endaa utreknat, at Landet er berre ein Tridjung, men Sjoen derimot tvo Tridjungar av Jordflata; framfyre annat er det det store Sudhavet elder Stillehavet, som tek upp ein stor Part av all denne Viddi. Den største Mengdi av Sjo er paa sydre Sida; den største Landmengdi er derimot paa den nørdre Halvparten av Jordi.

Kor Jordkloten er lagad innantil elder inn i Midten, er oss ukunnigt; men ein merkeleg Ting er det, at det paa ymse Stader er Teikn til store Rørslor inn i Jordi. Paa ymse Tider kann det koma ei Risting elder Skaking i Grunnen med ein dundrande Ljod; det er det Tilfelle, som dei kalla Jorrdune elder Jordskjelv, og som paa nokre Stader kann hava slik Styrke, at baade Hus og heile Byar kunna brotna og rynja ned. Nokot likt med detta er eit annat Tilfelle, som kann ovra seg i ymse Berg elder Jordtoppar, som dei kalla Eldberg (elder Vulkaner); det gjeng so til, at der paa ymse Tider sprett upp ein Strøym av Eldmyrja og stundom ei sjodande og gloande Røra, som sig ut yver Berget og sidan storknar og brest isunder og verd liggjande som ei Steinurd kring um Opningi. Slike Eldberg er der paa Island og ved Midelhavet, men dei fleste av deim liggja paa Vestersida av Amerika og kring um det store Sudhavet. Paa nokre Stader er det ogso Merke til, at der eingong heve voret Eldberg, som

sidan era utbrende og avsloknade, so at der berre stend atter ein rund Topp med ei Dokk i Midten.

II. UM LUFT OG VEDER.

Lika eins som Vatnet ringar seg kring um Jordi og fyller alle dei laagaste Dypter, soleides heve Jordi ogso eit annat Umlag av eit myket lettare og rørlegare To, som me i dagleg Tale kalla Vind elder stundom Luft, og som i ei vidare Umsyn kann heita Vindheimen elder Luftriket (Atmosfæra). Lufti er so tunn og gjenomsynleg, at me ikkje sjaa henne med Augom; derimot kunna me kjenna henne baade med Andedraatten og med berre Handi, naar me sveiva nokot sterkt med Armen; lika eins kann ein sankta Luft i Belgjer elder Blaasor og fylla og tømme deim, ettersom ein vil. Soleides kann ein suga Lufti ut or ei Røyr elder Pipa, og naar ein set Enden av Røyri ned i Vatn elder Væta, so kann ein dermed draga Vatnet upp igjenom Røyri; for det vindtømde Romet vil hava si Fylling, soframnt som der er nokot, som kann renna inn i Romet. Ein kann ogso gjera seg ei kunstig Sugerøyr elder Pumpa (som dei kalla det) til aa tømme Vatn or Farty og meir slikt. Der kann ein segja, at det er Lufti, som dreg Vatnet etter seg; og dermed viser det seg daa, at Lufti heve større Seigd og Styrke, en som ein skulde vona etter fyrste Svipen.

Den frie Lufti kjenna me best, naar ho er i Rørsla elder Strøyning, og det er det Tilfellet, som me jamnaste kalla Vind. Ei slik Rørsla kann stundom koma av eit Varmeskifte i Lufti. Naar Landjordi er vel oppvarmad paa ein kloor Sumardag, vil der ut imot Kvelden koma ei kaldare Strøyning fraa Havet inn igjenom Fjordarne; det er den Blaastren, som me kalla Havgula elder Utrøna. Naar derimot Jordi er tillagd med Snjo elder Is og difyre er kaldare en Sjoen, so vil der strøyma ei kald Gust ifraa Dal-

sladom ut yver Fjordarne; denne Blaastren kalla me Dalsnoa elder Skjella. Det er ogso kunnigt, at Nordanvinden jamnaste er kald, og Sunnanvinden derimot er mild, av di at Sudsida er den varmaste; men elles kann det og vera nokot ustødt med Varmen; for det gjeld um, kor langt det er, at Vinden heve gjenget beint i same Stemna. Um dei største Vindstraumarne er det opplyst, at dei ganga i store Ringar elder Kvervar, so at det, som her er Vestanvind, kann lenger i Aust vera Nordanvind, og lenger i Sud derifraa kann det vera Austanvind. Og det høver ogso ofta til, at der paa den eine Sida av Landet er ein stor Storm, medan det paa den andre Sida er Stilla elder iminsto eit annat Vindslag.

Ymse Umskifte i Lufti koma av Eimar, som stiga opp fraa Jordi; for baade det store Havet og Landjordi vil jamlege giva fraa seg ei stor Mengd av Gova elder Vaatrøyk, som stig upp i Høgdi og fer svivande att og fram, etter som Vinddraget strøyer. Detta Uppstiget kann lenge vera so smaatt og tunnt, at me ikkje sjaa det; men sidstpaa verd det daa synlegt som eit Musk i Høgdi, som me kalla Sky; stundom kann detta Musket ogso leggja seg ned paa Jordi, og daa kalla me det Skodda elder Toka. Naar Skyerna hava sankat seg og siget i Hop, so at Væta er for tung til aa sviva i Lufti, so fell ho nedatter paa Jordi, og det kalla me Nedburd. I mildt Veder vil Væta falla i runde Dropar, og daa er det Regn; men naar det er kaldt i Høgdi, so kunna Vatsperlorna vera samanfrosne i runde Korn, som me kalla Hagl, elder ogso frjosa dei saman i fine tunne Flokar, og daa heiter det Snjo. Elles kann det ogso koma ei Væta paa Jordi i klaart og turt Veder; det er den Væta, som me kalla Dagg, og som kjem av ei Avkjøling i Lufti um Kvelden, naar Soli er nedgjengi. Og stundom kann Lufti verda so kald, at Dagg fryr paa Marki; daa heiter det Hela elder Rim.

Desse Tilstand i Vedret kunna skifta seg i mange Slag, etter som Vind og Varme raader i Lufti; og sume av desse Umskiftom kunna vera vandslege nog til aa skyna. Eit av dei undarlegaste Tilfelle er det, som heiter Eldingar elder Ljon; det er ein Eldgneiste, som kveikjest i Skyom og skyt seg ut med ei unemmeleg Hast og med ein brakande Ljod, som me kalla Tora. At ei Regnsky skulde kveikja Eld, maatte synast utrulegt; men endaa sjaa me, at det kann ganga fyre seg. Der er ei Kraft i Skapningen, som her kann heita Ravkraft, og som viser seg i ymse Ting soleides, at naar dei verda hardt strokne elder skurade, so kunna dei draga ymse lette Ting til seg elder støyta deim fraa seg, og dertil kunna dei ogso skjota Gneistar med ein knettande elder smellande Ljod. Denne Krafti var fyrst oppdagad i eit Slags Steinkvaada elder Perlestein, som heiter Rav ¹; men seinare heve den same Krafti vordet funni i mange andre Ting og nøytt og freistad paa mange Maatar, so det vilde verda for langt aa tala um alt, som dertil høyrer. No verd det soleides utlagt, at der paa ymse Tider, og helst i Varme og Regnveder, er ei stor Mengd av Ravkraft i Lufti, og at detta verkar til ei Strøyning og Strjukung i Skyom, so at det stundom vil smella laust med slike Utbrot.

Nokre Syner i Lufti koma berre av ei Avspegling elder Brøyting i Ljosstraalom; dertil høyrer Regnbogen, som viser seg fyre oss, naar me hava klaar Sol paa den eine Sida og ein tjukk Regn-eling paa den andre. Di større og breidare Elingen er, di vænare verd Regnbogen; og i beste Høvet sjaa me endaa tvo Bogar, den eine upp-yver den andre, og eit myrkt Skybelte imillom deim; men naar Elingen er nokot tunn og liten, so sjaa me berre ein Stubbe

1 Det græske Namnet paa Rav er «Elektron», og deretter er denne Krafti kallad «Elektricitet». Det er eit Namn, som me ikkje kunna bruka.

av Bogen; det er det, som dei kalla Vederstuv elder Elhovud. Og slike Bogestubbar sjaa me ogso i ein Foss og i drivande Vatn, naar det kjem i den rette Høgdi, der som Vatsdroparne kunna avspegla Solstraalarne fyre oss. For den beine Lina fraa Soli og fraa vaar eigen Synstad raakar ikkje paa sjølve Regnbogen, men paa Midten i den runde Ringen, som denne Bogen vilde fylla, naar han ikkje vardt avbroten ned ved Jordi. Difyre er det so, at Regnbogen stend høgst, naar Soli er laagaste, men naar Soli er høgst, sjaa me ingen Boge.

Elles er det ymse andre Tilfall i Lufti, som berre visa seg i Myrkret elder paa Nattartider. Dertil høyrer den braglande Ljosken, som er kallad Vederlyse elder Nordlyse og som helst viser seg paa Nordsida, so at Folk so ymist hava trutt, at det skulde hanga saman med Dragsteinskrafti; det er det Laget, som viser seg i Dragsteinen elder «Magnetet», at naar han er so oppstelt, at han kann sviva kringum ein Stake elder Stolpe, so vil han alltid draga seg mot Nordsida elder mot Polen. Men elles heve det voret so mange andre Gisningar um denne Ljosken, at det er vandt aa vita, kvat som er det vissaste. – Eit annat Slag er det, som me kalla Stjernerap, av di at det syner seg som ei fallande Stjerna; og nokot dilikt er ogso desse Eldkulorna, som me kalla Vederbrand elder Drake. Det verd so uttydt, at det er nokot, som kjem inn i Lufti utanifraa og som kveikjest og lyser paa sin Gang igjenom Lufti. Der er eit Slags Malmklumpar, som skal vera tilkomne av slike Eldkulor, som hava fallet til Jordi; men kvar den Malmen heve skapat seg til, er nokot uvisst aa vita.

Upp i Høgdi verd Lufti tunnare og tunnare, og paa dei høgste Fjellom paa Jordi skal der vera so tunn Luft, at det er knapt ein kann draga Ande. Etter alt, som er kunnigt, rekk ikkje Luftlaget meir

en nokre faae Miler ut ifraa Jordi, og sidan er det berre den klaare Himmelrømdi utanfyre. Der maa det daa vera tomt og audt fyre den Lufti, som høyrer til Livet paa Jordi; og dertil maa der ogso vera ein Kulde, som er større en alt, som Folk hava freistat.

III. UM HIMMELKLOTARNE.

Etter det, som fyrr er sagt, er Jordi sjølv ein svivande Klump elder Klot i den store Himmelrømdi; og av slike Klotar er der ogso fleire, som me alle sjaa med Augom, av di dei visa seg fyre oss som Ljos elder lysande Ting. Dertil høyrer no fyrst «dei tvau store Ljosi», som er Sol og Maane. Av desse er det Maanen, som er næst ved Jordi; det kunna me sjaa paa Skinet, med di at han verd myrk, naar han kjem paa den Sida, der Soli er, og kann fyrst faa sitt fulle Skin, naar han kjem paa den andre Sida av Jordi. Dermed viser det seg og, at han i seg sjølv er lika so myrk som Jordi, og at han berre lyser med eit Atterskin fraa den Sida, som vender mot Soli. Med Solljoset er derimot eit annat Lag: Soli stend alltid med fullt Ljos, alltid lika bjart og brikjande, so at den Sida av Jordi, som vender imot henne, vil alltid faa sitt fulle Dagsljøs, og um Lufti stundom er full av Skyer, so er Ljoset endaa sterkt nog til aa trengja seg igjenom og gjera Dag paa Jordi.

Fyre Augnesyni viser det seg so, at Jordi stend fast i Midten av Himmelrømdi, og at Sol og Maane og Stjernor ganga rettsøles i ein Ring elder Boge um Jordi. Difyre segja me og, at Soli gjeng upp og ned, og Maanen lika eins; for det fell oss so kvæmt og høvelegt, at me ikkje kunna segja det paa annan Maate. Det heve ogso voret lange Tider, daa alt Folk trudde, at alle Himmelklotar gingo rundt um Jordi, men i seinare Tider, daa Jordi vardt umsigld,

og Himmelbularne vordo grannare ettersedde, viste det seg, at desse Tilhøvi maatte hava ei onnor Tyding. Og sidstpaa vardt det daa avgreidt so, at det er berre Maanen, som gjeng rundt um Jordi, men at Jordi sjølv gjeng rundt um Soli, og at der endaa er fleire Klotar, som ganga i Kring um Soli, og at sume av deim ogso hava sine Maanar med seg.

Etter denne Tydingi heng det soleides saman, at Soli stend paa sin eigen Stad som ei onnor Stjerna, og at Jordi gjeng i ein avlang Ring um Soli, so at ho fullfører denne Umgangen paa eit Aar; og paa denne Vegen fylgjer Maanen med, so at han gjeng rundt um Jordi tolv Gonger og nokot paa den trettande, fyrr en Aaret er utlidet. Men med det same heve Jordi ogso ei onnor Rørsla, med di at ho snur seg rundt i Kring og fullfører denne Umsnuingi paa fjore og tjuge Timar, som me kalla eit Døger. Og desse Rørslorna ganga so jamt og stødt i den store Rømdi, at me ikkje kjenna nokot til deim; den eine Umgangen er so lik den andre, at me ikkje kunna sjaa nokon Skilnad paa deim.

Daa no Soli alltid er lika ljøs, vil det alltid vera ein Halvpart elder ei Sida av Jordi, som heve Ljøs og Dag, medan den andre Sida stend i Skuggen og heve Natt. Og daa Jordkloten er skapad som ei Kula (som fyrr er sagt), so verd det alltid berre ei liti Flata, som vender beint imot Soli. I Midten av Dagsida verd det ein liten Kuv, som heve Soli beint upp yver seg; utanfyr den Kuven verd det ein stor Ring, som hallar nokot burt ifraa Soli, og utarst i Dagsida hallar det so sterkt, at Soli stend tett ved Landbruni elder i laagaste Himmelsynet. Men daa no Jordi alltid held paa med ei Umsnuing, so vil denne Dagsida alltid flytja seg etter Soli fraa den eine Flata til den andre. Og deretter vil ogso Varmelaget retta seg; der som Soli stend høgst, verd Varmen størst; men ute paa Sidom verd han mindre,

og i Skuggen elder paa Nattsida verd han alltid minst.

No er det aa merka, at detta Umsvivet gjeng alltid i same Stemna (fraa Vest mot Aust), og at der er tvo Flator elder Rundingar, som alltid halla nokot burt fraa Soli og aldri venda beint imot henne. Det er dei Rundingarne, som dei kalla Polar (Nordpolen og Sudpolen). Paa ei Kula, som snur seg rundt, er det alltid ein Prikk paa kvar Sida, som ikkje snur seg; lika eins paa eit Nysta, som heng i ein Traad, so at alle Sidorna kunna sviva i Ring: den øvste og den nedste Toppen kjem so midt i Ringen, at han ikkje kann sviva. So er det med Jordkloten og: dei tvo Polarne standa paa sin visse Stad, medan heile Umkverven snur seg kringum deim, og det heile Umsvivet gjeng so stødt og trygt, som um Jordi hadde ein Aas elder Nagle til aa snu seg paa; difyre verd det ogso talat um Jord-aasen (elder Axen), endaa der er ikkje annan Aas en berre det beine Striket i Himmelrømdi. Detta Striket stend ikkje beint i Tverlina fyre Soli, men alltid nokot hallande til den eine Sida; og denne Hallingi gjerer so myket, at Jordi fær ein Gong Sumar paa Nordsida og ein annan Gong paa Sudsida.

Ein Gong um Aaret hallar Nordpolen so langt ifraa Soli; at ho ikkje naar til aa skina paa den Landbolken, som er lengst i Nord; det er ved Jole-Tider, og daa hava me her paa Nordsida den lengste Natti; men dei, som bu paa Sudsida, hava lengste Dagen og høgste Sumaren. Tri Maanadar deretter heve Jordi gjenget ein Fjordung av sitt lange Skeid kring um Soli; daa er ho komi i det Tilhøve, at Solljoset naar Nordpolen og lika eins til Sudpolen, so at Dagen er lika lang som Natti kring um heile Jordi; difyre heiter det Jamdøger. Medan Jordi sidan gjeng den andre Fjordungen av Umvegen sin, hallar Nordsida meir og meir aat Soli alt fram til Jonsvoko-

Tider; daa er Nordpolen lengst inne paa Dagsida, og daa hava me lengste Dagen her; men paa Sudsida hava dei lengste Natti og høgste Vetteren. Dermed byrjar det andre Halvaaret, daa Jordi kjem bakleides paa andre Sida aat Soli; etter tri Maanadar er det Jamdøger paa nytt, og Nordsida hallar meir og meir fraa Soli, til dess ho kjem atter i det same Stødet, der ho var fyre eit Aar sidan. Daa heve Jordi fullført sin Umgang og byrjar den same Langferdi paa nytt og med same Gangen som fyrr.

Fraa vaar eigen Bustad viser alt detta seg so, at Soli laagnar um Hausten til Midvetters Tid; daa stend ho so laagt, at det er litet ho kjem upp yver Himmelsynet; men so tek ho til aa stiga og gjeng høgge og høgge alt fram til Midsumars Bil; daa gjeng ho so vidt i Kring, at det er berre nokre faae Timar, som ho er burte. Sidan laagnar ho paa nytt, so lenge til ho kjem atter i Midvetters-Maatet. Men no vita me og, at der er stor Skilnad imillom Nord og Sud. Naar Folk fara berre so langt nord som til nørðste Enden av vaart eget Land, faa dei alt sjaa ein annan Solargang: midt paa Vetteren sjaa dei berre ein liten Ljoske av Dagen, men ingi Sol; midt paa Sumaren sjaa dei Soli heile Døgret igjenom; der verd ingi Natt, for Soli gjeng aldri ned. Naar Folk fara langt i Sud, faa dei derimot sjaa, at Soli gjeng høgge en her, men brattare upp og ned. Ved Mid-Lina (Æqvator) elder i Tverstriket midt paa Jordi gjeng Soli beint upp og midt yver Hovudet; og naar ein kjem nokot langt Sud um Lina, kann ein endaa faa sjaa Middagssoli paa Nordsida.

Med Umsvivet millom Aust og Vest er det nokot likt som med Vendingi millom Nord og Sud, med di at me berre sjaa ei Vending paa Himmelen, men ikkje paa Jordi; det er mest so, som naar me sigla langs med med Landet med ein makleg Byr; me tykkja, at det er Landet, som sigler, og ikkje Baaten. Etter

vaar Augnesyn kjem Soli upp paa Austersida og gjeng i ein Boge mot Sud og Vest, til dess at ho sig under elder «gjeng i Havet», som me segja. Men no vita me, at det alltid er ei heil Sida elder Halva av Jordi, som vender mot Soli og heve Dag; og daa no Jordi alltid sveiver seg rangsøles i Kring, so maa denne Dagsida alltid flytja seg smaatt i Senn fraa Vest mot Aust. Naar no vaart Land kjem aust um Dagsida og inn i Skuggen, so hava me Natt, og sidan gjeng Landet aust igjenom Skuggen, til det møter Dagsida paa nytt; daa sjaa me fyrst ein liten Ljoske paa Austersida, og sidan hava me Dag, til dess at Skuggen kjem atter austantil. Dermed kunna me ogso skyna, kor det heve seg, at Klokkeslættet er so ulikt i Aust og Vest. Naar me fara nokre Miler mot Vest, so verd Klokka vaar for snar, og fara me mot Aust, so verd ho for sein; og di lenger Vegen er, di større er Skilnaden. Auster i Russland er det Middag tvo Timar fyrr en her; ute paa Island er det tvo Timar seinare, og vestanfyre Havet (so som i Ny-York) er Middagen seks Timar seinare en hjaa oss. Og so paa Lag maa det vera, naar Dagen skal koma rundt i Kring paa eit Døger.

Av alt detta kunna me merka, at Soli heve ein overslege stor Verknad paa Jordi. Men um sjølve Soli vita me litet meir, en at ho er mange tusund Gonger større en Jordi, og at ho er so langt burte, at der er tvo Klotar (elder Planetor), som standa imillom henne og Jordi, og endaa er desse Klotarne so langt fraa oss, at dei visa seg berre som Stjernor paa Himmelen. Serdeiles merkverdig er den Varmen, som fylgjer med Ljoset fraa Soli; og difyre høyra me og so mange undarlege Gisningar um, kor denne Varmen skal koma til. Snaraste vilja no Folk tru, at Soli berre varmar fraa seg som ein annan Eld, men detta kann ikkje vera den rette Tydingi; for

dertil er Soli for langt burte og dernæst so sjaa me, at ho alltid varmar mest paa Laaglandet og minst i Høgdi, so at der endaa i varmaste Jordbolken kann vera Fjell med Is og Snjo paa Toppen. Det einaste visse er, at Ljoset fraa Soli heve ei serleg Kraft til aa vekkja Varme paa Jordi elder til aa varma det Luftlaget, som er næst ved Sjoflata. Denne Krafti er nokot vandsleg til aa skyna og tyda; men so er det og med mange andre av dei store Krafter i Skaparverket.

Maanen er oss myket nærre en alle andre Himmelklotar, og difyre synest han vera so stor, endaa han er berre liten imot andre Klotar. Maaneljoset er, som fyrr sagt, berre eit Atterskin; og derav kjem det, at det veks og minkar. Naar Maanen stend imillom Jordi og Soli, so vender han Baksida til oss og er myrk; men etter tvo-tri Dagar er han komen so langt auster um Soli, at me sjaa ein Trøm av den ljose Sida paa honom, og sidan verd denne Ljossida større fyre kvar Dag. Etter fjortan Dagar er han komen paa Baksida av Jordi, so at han vender heile si ljose Sida imot oss; det kalla me «full Maane». Deretter gjeng han um paa vinstre Sida, og daa vender den ljose Maanesida meir og meir ifraa oss, til dess at ho kverv reint burt; og daa verd det «ny Maane» atter. Denne Umgangen kjem nær inn paa tretti Dagar (eigenlege 29 1/2 Dag), og deretter er Maanadstalet reknat; men daa det verd nokot meir en tolv Umgangar i eit Aar, so er nokre Maanadar reknade til tretti Dagar, og nokre til ein og tretti, so det kann høva saman med Aarsgangen. For eit Aar er det same som ein Umgang um Soli og heve alltid si visse Lengd, som er try hundrad og fem og seksti Dagar og seks Timar, so at fjordekvart Aar verd ein Dag lenger.

I den Timen, daa Nymaanen gjeng auster um Soli, hender det stundom, at han kjem so beint i Striket

millom Sol og Jord, at han halvt elder heilt kann skylja Soli fyre oss, med di at Jordi daa kjem inn i Skuggen av Maanen. Det er det Tilfelle, som dei kalla ei Formyrkning. Eit annat Tilfelle er det, at Jordi kann koma beint i Striket millom Sol og Maane, so at Skuggen av Jordi kjem inn paa Maanen; daa er det so aa sjaa til, som det var ei rund Skiva, som kom sigande inn yver Maanen; og det er ogso eit Merke paa, at Jordi er rund. Desse Formyrkningar hava sine visse Tider, so at kunnige Folk vita grant, kvat Dag og Time dei skula koma; og dei kunna endaa rekna det ut fyre mange Aar fram igjenom Tidi. Slik ein jamn og stødug Gang hava desse Klotarne paa sin avstakade Veg i den store Himmelrømdi.

Dei andre Klotarne, som me sjaa i Himmelromet, kalla me allesaman Stjernor; men det er upplyst, at nokre av deim era myrke Klotar, som berre lysa med eit Atterskin fraa Soli og ganga kringum Soli lika eins som Jordi. Dei era kallade «Planetor», det er Flutningsstjernor, av di at dei flytja seg fraa den eine Himmelbolken til den andre. Tvo av deim standa imillom Soli og Jordi (som fyrr er nemnt); det er «Merkur» næst Soli og «Venus» næst Jordi. Paa andre Sida av Jordi er fyrst «Mars» og so ein Flokk av Smaaklotar, som era litet kunnige; deretter kjem der fjore store Klotar (Jupiter, Saturnus, Uranus og Neptunus), som kvar fyre seg heve eit litet Fylgje av Maanar kringum seg. Nokre av Planetom era so ljose, at ein ser deim godt med berre Augom, og tvo av deim (som er Venus og Jupiter) hava endaa so bjart eit Skin, at dei stundom visa seg som dei største av alle Stjernor. Naar me no tenkja oss, at Jordi sjølv i langt Fraastand maa visa seg som ei Stjerna, so kunna me ogso tenkja, at vaar Jord er sjølv ei Planeta, som stend i tridje Staden fraa Soli, midt imillom Venus og Mars; og so faa me det ut,

at heile denne Flokken er eit Solfylgje (Solsystem), med di at heile Radi svingar seg kring um Soli og fær sitt Ljos fraa henne.

Utanfyre desse Flutningsstjernorna er der ogso nokre som dei kalla Kometor, det er Haarstjerner, av di at dei hava nokot med seg, som er likt til ein Hale elder Dusk; men desse Synerna era vandslege aa skyna, og det er uvisst, um det er nokot hardt elder heilt To i deim. Det kann ogso vera mange Aar, at ein ikkje ser deim.

Dei andre Stjernorna era jamt aa finna paa same Staden elder i same Bolken som fyrr; og difyre era dei kallade faste Stjerner (Fixstjerner). Dei era uteljande mange, som ein kann sjaa med Augom, og endaa fleire, som ein ser med Glas; men dei era so udømelege langt burte, at ein fær ikkje sjaa nokot stort meir en ein lysande Prikk, som det skulde vera ei Sol i eit umælelegt Fraastand. Og difyre hava Folk ogso tenkt, at det maa vera Soler, som standa lika so langt ifraa kvarandre som fraa vaar eigen Synstad, og at det er mogeleg, at dei hava sine Fylgje-Klotar elder Planetor kring um seg likasom vaar eigi Sol. Vistnog er detta nokot, som me ikkje kunna vita til Fullnad; men er det so som det synest vera, so maa baade vaar Jord med all sin Storleike og endaa vaar Sol med alt sitt Fylgje vera berre ein liten Deil av det store Skaparverket. Og dermed kunna me daa faa eit Hugbod um, kor litet det er, som me vita, og kor liti all Magt paa Jordi er imot den Magti, som styrer det store Verket i den umælelege Himmelrømdi. Men med det same maa me ogso minnast, at Skaparen er lika so stor i det smaae som i det store og heve Tilsyn med det smaae sovel som med det store. «Han kjenner kvar Saal i sitt Rike», som det heiter i Salmen; og um no hans Rike er større en alt, som me kunna skyna, so faa me endaa tru, at han er allstad lika nær og alltid lika vakande.

IV. UM JORDBOLKARNE.

Etter det, som no er umrødt, er det liti Raad fyre oss til aa vita nokot stort um alt det, som er utanfyre Jordi; og difyre faa me daa nøgja oss med aa skoda paa den Klotten, som me ganga paa. Men so er der og so myket til aa sjaa og skoda paa sjølve Jordi, at me hava riklege nog fyre ein lang Alder. Det er store Vidder paa Jordflata, som hava voret lenge ukjende, og der er endaa ymse Land, som Folk vita litet um. Det kann paa mange Stader vera so myket Ulende og Uføre og so mange Faarar i Vegen, at der knapt er farande fyre Folk; og daa er det faae, som vilja vaaga seg paa Ferdi berre fyre Kunnskaps Skuld, soframnt som der ikkje er nokon annan Vinning til aa trøyta seg etter. Paa sume Stader er Solvarmen so stor, at det er mest utolande utan fyre deim, som era barnfødde i Landet; paa andre Stader er Kulden for stor, so som under Nordpolen og endaa meir under Sudpolen, med di at store Vidder er so tillagde med Is, at ein ikkje rett kann vita, kvat Grunn som er innunder.

Til Merke fyre dei ymse Bolkar elder Deilder paa Jordi bruka Folk aa nemna deim etter visse avmælte Strik og Linor, som ein kann teikna paa eit Landkort elder helst paa ein rund Klot (Globus). Dei Striki, som ganga nord og sud fraa den eine Polen til den andre, heita Lengdarstrik og verda reknade etter Lengdi mot Aust elder Vest fraa eit visst Middagsstrik (Meridian). Eit annat Slag er Tverstriki, som ganga i Aust elder Vest i ein Ring um Jordi og verda reknade etter Breiddi fraa Midlina og til Polen; dei era kallade Breiddarstrik og era ulike paa Lengdi, med di at alle Ringar minka fraa Midlina og ut imot Polen, so at det sidstpaa verd berre ein liten rund Kringel um Polstaden. Den største Ringen

er den, som gjeng midt yver Kloden og er allstad lika langt ifraa Nordpolen som fraa Sudpolen; det er det Striket, som Sjomennerne kalla Lina elder Midlina (Æqvator), og det gjeng tvert yver Afrika og Sud-Amerika. Ein slik Ring er reknad til 360 Grader (elder Mælingstig), og daa no ein Grad paa Midlina er 10 norske Miler (lik 15 tyske elder geografiske Miler), so verd heile Lina 3600 norske (elder 5400 tyske Miler), og det er daa Lengdi paa den heile Umferdi kring um Jordi. Hermed fylgjer daa ogso, at ein halv Ring er 180 Gradar, og ein Fjordungs Ring er 90 Gradar; og soleides verd det nitti Gradar (elder 900 Miler) fraa Midlina til Polen.

Etter det, som fyrr er sagt um Solgangen og um Tilsningi paa Jordi (S. 234), gjeng Soli det eine Halvaaret nord um Midlina, og det andre Halvaaret sud um henne. Paa Nordsida kjem Soli so langt, at ho er yver det Striket, som er 23 Gradar fraa Midlina; det heiter det nørdrre Vendingsstriket (elder ogso Krabbestriket, etter eit visst Stjernemerke paa Himmelen). Paa Sudsida er det lika eins, at Soli kjem so langt som yver 23 Gradar, og der er daa det sydre Vendingsstriket (som er kallat Steinbukk-striket). Imillom desse Solvendingsstrikom er det soleides ein Teig elder Bolk, som gjeng rundt i Kring fraa Aust til Vest og er 46 (elder 47) Gradar i Breiddi fraa Sud til Nord; og i denne Bolken er det allstad ei viss Aarstid, daa Soli gjeng beint yver Hovudet elder midt igjennom Toppmaatet (Zenith), Dermed fylgjer daa ogso, at der alltid er stor Varme, og difyre er det kallat det varme Jordbeltet.

Nordanfyre Varmebeltet er det nørdrre halvvarme (elder tempererade) Jordbeltet, og det strekkjer seg igjennom 43 Gradar fraa Vendestriket ($23 \frac{1}{2}$) til Pol-Ringen ($66 \frac{1}{2}$), som er det nørdrste Striket, som Solskinet naar til paa Midvetters Tid. Nordanfyre detta Striket er det kalde Jordbelte kringum Nordpolen; der er

det eit Bil utan Sol, og eit annat Bil med Sol igjennom heile Samdøgret. – Sunnanfyre Varmebeltet er det lika eins, med di at Sudsida ogso heve sitt halvvarme og sitt kalde Jordbelte med same Storleike som paa Nordsida; og soleides verd det heile fem Jordbelte imillom Sudpolen og Nordpolen.

No er det aa merka, som fyrr er sagt, at det er berre som ein Tridjepart av Jordflata, som er turt Land, og at den største Landmuga ligg paa nördre Sida av Jordi. Dertil kjem no ogso, at Landet er myket ulikt med Tilhøvet til Buland elder Bustader fyre Folk, og at ymse Vidder (so som i dei kalde Jordbolkom) ikkje kunna vera nokot buande Land. Snaraste skulde ein daa tru, at den varme Jordbolken maatte vera den rikaste og høvelegaste til Bustad, og i Vissa er det nog so, at der er den største Rikdom av Vokster og Liv og den største Pryda paa Jordi av alle Slag; men so er der ogso ymse Meinleikar med, so som av skadsame Dyr, elder av Udæme i Lufti, og av ein kvæveleg Varme. Paa nokre Stader er det store Øydemarker, som era ubbyggjande fyre Vatsløysa, med di at Grunnen er so uppturkad, at der bid ikkje annat en fjukande Sanden. Difyre høyra me og, at det er ikkje just dei varmaste Landi, som er dei folkerikaste, men at derimot den halvvarme Bolken er best fullsett med Folk, og det nördre halvvarme Jordbelte heve alltid voret liksom Heimstaden fyre dei største Folkeslagi. Den sydre halvvarme Bolken heve berre liti Folkemengd, av di at der er langt meir Sjo en Land.

Og lika eins som det allstad verd kaldare Vederlag, di lenger ein kjem fraa Midlina til Polen, so verd det ogso allstad kaldare, di lenger upp ein kjem ifraa Sjøflata, so det endaa i eit mildt Land kann vera ymse Bolkar, som era ubbyggjande fyre Kulde og Voksterløysa. Me kunna sjaa det paa vaare egne Fjell, at naar det ber nokot høgt, so minkar Skog-

vokstren og Grasvokstren, so at det sidstpaa verd berre Snaudberg, og naar der daa er store Dypter paa Fjellet, so kann Snjo og Is verda liggjande i store Bredar, som ikkje tøya upp, um det er aldri so varm Sumar. Men elles kann det og vera myket Land, som heve baade høveleg Høgd og høvelegt Varmelag, men endaa er nokot ulagat til Buland, av di det anten er for myket brattlendt og bergutt elder for myket myrlendt og vaatsamt. Det høvelegaste Land til Bustad er eit Laaglende, som er nokot jamt elder flatt, men daa ikkje flatare, en at Vatnet kann hava godt Avsig. Og so er det og eit godt Lunnende fyre eit Land, at det heve mange Fjordar og Vikar elder lange Elvar og Vatsdrag, som era farande med Baat og annan Farkost. Difyre sjaa me og, at Strenderna langs med Fjordom og Elvom jamnaste era nokot tettbygde, soframnt som dei ikkje era for myket bratte.

Um alle dei einskilde Land paa Jordi med deira serlege Skap og Lag vilde det her verda for langt aa tala; men so faa me daa leggja nokre Ord til um dei store Jorddeilderna, som fyrr era nemnde.

Europa er den minste av dei tri store Jorddeildom, som me hava kallat Gamleheimen; men det er myket folkerikt og fyre det meste vel lagat til Buland. Det ligg i det nördre halvvarme Jordbeltet; men paa Nordsida rekk det ogso inn i Kuldebeltet. I Auster er det landfast med Asia; men elles heve det Hav paa alle Sidor: Ishavet i Nord, Vesterhavet (elder Atlantarhavet) i Vest og Midelhavet i Sud. Serskilde Greiner av Vesterhavet er Nordsjoen, som skil Engelland og Skotland fraa Fastlandet, og dernæst Øystersjoen, som gjeng langt inn imillom dei nördste Landi. Langs med Vesterhavet ligg: Norig og Sverike nordanfyre Øystersjoen, og dernæst Danmark og ei Hyrna av Tydskland; dernæst er Holland og Flamland (elder

Belgia) paa Fastlandet, og Øyarne Britland (elder Engelland med Skotland) og Irland utanfyre Nordsjoen; og sunnanfyre Flamlan er Frankrike, Spania og Portugal. Langs med Midelhavet er fyrst Sudsida av Spania og Frankrike og dernæst Italia, Grækarland, Tyrkriket og ei Hyrna av Russland. Lenger inn fraa Sjoen er Ungarland, Austerrike, Tydskland og Sveits (Schweiz) og ymse andre Land, som era lagde inn under andre Rike; derimillom er det gamle Polslan (elder Polen), som no er reknat nokot til Russland og nokot til Tydskland. Det største Riket er Russland, som rekk alt fraa Midelhavet til Ishavet og endaa heve ein stor Part av Asia med seg.

Dei synnste Landi era gode Buland med lang Sumar og ein rik Vokster; dei nørdrø Landi hava lenger Vetter og mindre Varme; men endaa hava dei ein god Skogvokster og Grasvokster. Til dei nørdrø Landi høyrer vaart Land Norig; det er so langt fraa Midlina paa Jordi, at nørdrø Enden av det rekk langt inn i Kuldebeltet og ser ingi Sol ved Midvetters Tider. Men med alt detta heve daa vaart Land eit mildare Vederlag en andre Land, som liggja so langt nordarlege; for dei Landsbolkarne, som liggja beint austanfyre (sosom Nordparten av Russland og Asia), hava ein Kulde, som er langt større og lenger varande. Det mildaste Luftlaget er ved Havet paa Vestersida, og det skal hava si Orsak i ein Havstraum, som gjeng ifraa Varmebeltet nord med Amerika og derifraa yver til Nordvest-Kanten av Europa.

Asia er den største av alle Jorddeildom og fem Gonger so stort som Europa. Det ligg jamsides med Europa i den halvvarme Jordbolken og nokot inn i Kuldebeltet, men paa Sudsida rekk det myket lenger, so at det naar langt inn i Varmebeltet. Paa Vestersida naar det til Midelhavet, og der er dei gamle vidgjetne Landi: Litle-Asia, Syria og Judeland. Paa

Sudsida er Arabia, Persia og India med nokre store Øyar, som liggja midt i Varmebeltet. Paa Austersida er det store folkerike Kina og Øylandet Japan. Paa nørdeste Sida er det store Sibiria, som no høyrer til Russland. Lenger inn ifraa Sjoen er ymse store Landvidder, som era kallade Mongolland, Turkestan elder Tatarland og fleire. Med si store Vidaatta heve Asia alle Slags Landskapnad fraa det laagaste Flatland til det høgste Bergland og dei høgste Fjell paa Jordi; lika eins heve det alle Slags Varmelag fraa den sterkaste Solbakster (som i Arabia og India) til det hardaste Frost (som i Sibiria).

Asia kann med god Rett heita den store Folkeheimen; for det heve eit Folketal, som er reknat til 500 Millionar, og det er umkring som Halvparten av Folketalet paa heile Jordi. Det er ogso trulegt, at Menneskja heve havt sin fyrste Heimstad der og sidan dreivt seg ut derifraa til dei andre Jorddeilderna.

Afrika er den synnste Parten av Gamleheimen og ligg fyre det meste i det varme Jordbeltet, men det rekk ogso inn i det halvvarme Beltet paa Nordsida og lika eins paa Sudsida. Det kann soleides framfyre alle andre Jordbolkar heita eit Varmeland, og paa ymse Stader er Jordi endaa reint uppturkad av Varme og Vatsløysa, so som i den store Sandmoen Sahara, som er frammot 500 Miler lang. Paa mange Stader er Landet ogso ukjømt og vandslegt aa fara i; og difyre er det myket av Innlandet, som er litet kunnigt. Langs med Sjoen er myket Folk og mange Smaarike; men det er faae av deim, som hava nokor Velmagt.

Afrika er mest aa kalla som ei Øy elder eit Land fyre seg sjølv, med di det heve Hav paa alle Sidor so nær som ei liti Flata, der det heng saman med Asia. Denne Flata er det namnkjende Suez-Eidet, som er berre 10 Miler breidt og møter Midelhavet

paa Nordsida og Raudehavet paa Sudsida. Detta Eidet er no i dei sidste Aar gjenomgravet, so at der no er eit Farvatn elder ein Sundveg (Kanal) fyre dei Skipom, som fara til India og andre Land paa Austerleidi. Næst ved detta Eidet ligg det gamle Ægypten, som alltid heve voret eit vidgjetet Land.

Amerika ligg serskilt fyre seg sjølv imillom Vesterhavet og Stillehavet. Det heve ei stor Lengd i Nord og Sud, so at det rekk alt til Ishavet paa Nordsida og langt inn i den halvvarme Bolken paa Sudsida. Det er ogso nokot breidt baade i Nord og Sud, men i Midbolken er det so mjaatt og smalt, at det paa ein Stad, som heiter Panama-Eidet, er berre nokre faae Miler fraa det eine Havet til det andre. Dermed deiler Landet seg i tvo store Halvdeilder: Nord-Amerika og Sud-Amerika. Dei største Riki era «dei sambundne Statarne» i Nordamerika og Keisardømet Brasilia i Sudamerika.

I nørdeste Enden bøyger Landet myket mot Vest, so at der er berre eit Sund (Behrings-Strættet) imillom Amerika og Asia. Nordanfyre Fastlandet er der nokre Øyar og Landskagar, som høyra til Ishavslandi; dertil høyrer ogso Grønland, som ligg langt imot Aust. Imillom Fastlandet og Ishavslandi er der store Sund; men dei era ikkje farande fyre Is og Frost.

Australia, som er den femte Jorddeildi, ligg i Sudhavet sunnanfyre Asia, nokot i det sydre halvvarme Jordbelte og nokot i sjølve Varmebeltet. Hovudlandet er eit stort Land, som er kallat Ny-Holland, og alt det andre er Øyar, som liggja vidt og breidt i Kring i Sudhavet. Innlandet i Nyholland er litet kjent, av di at det er nokot ukjømt og mødesamt aa fara igjenom.

I dei fyrre Tider var det ingi Sjøferd til slike fjerrliggjande Land som Amerika og Australia, og difyre var desse Jorddeilderna ukjende fyre Folket i Gamleheimen. Daa dei spanske Sjomennerne i Aaret 1492

hadde funnet Øyarne austanfyre Amerika, trudde Folk, at desse Øyarne høyrde til India, og difyre vardt det Landet kallat Vest-India. Men etter den Tid var det mange, som foro vidare i Kring paa Havet, og daa vordo Øyarne i Sudhavet ogso oppdagade. Og baade i Amerika og Australia var der Folk fyrr, daa Sjomennen fraa Europa komo der. Kor detta Folket hadde komet der, er vandt aa vita; men ventelege maa deira Forfeder eingong i Forntidi hava komet fraa Asia.

V. UM SKAPNINGEN PAA JORDI.

Dei mange Slag elder Kynder av skapade Ting paa Jordi skilja seg i tri store Deilder elder sokallade Rike, som er Steinriket, Voksterriket og Dyreriket. I den fyrste Deildi er slike Skapkynder, som korkje hava Vokster elder Liv elder nokot Slags Innreide og difyre kunna heita reidelause elder uvoksterlege ¹ Skapningar. I andre Deildi er slike Kynder, som hava Innreide til aa draga Safter i seg og tilverka Safterna, so at dei kunna veksa og halda sin Vokster i kvar sin eigen Skapnad og Storleike. I tridje Deildi er ogso Skapningar, som veksa og fodra seg, men som dertil og hava Innreide til fullkomet Liv med Rørsla og Nørsla etter sin eigen Vilje. Dei tvo sidste Deilderna hava det Laget saman, at Einingarne (elder dei einlege Skapningar) koma til fraa eit litet Upphav og veksa til ein viss Alder og sidan kunna øksla seg sjølve med nytt Elde av sitt eget Slag, so at Ætti stend uppe, um Einingen ² fell ifraa. I fyrste Deildi er ikkje nokre slike Skifte, som kunna vekkja so stor Forvitna; men lika fullt er no denne Deildi som eit Grunnlag fyre dei andre, og difyre synest det vera høvelegt her som annanstad aa nemna

1 uorganiske.

2 Individet.

fyrst det, som eldst er, elder rettare: det som fyrst laut vera, fyrr en det andre kunde vera.

a) Steinriket.

Til Steinriket høyrer allskyns Jordslag og Grjot og Malmar; difyre er det stundom ogso kallat Malmriket. Det skil seg i mange ulike Slag, og sume av deim era nokot sjeldsynte, medan andre derimot finnast i so stor Mengd, at dei fylla heile store Vidder paa Jordi. Nokre Slag liggja samnade i store Floer elder Veltor, og nokre liggja sundrade i smaae elder store Klumpar og ofta i smaa Korn, som kunna vera innsprengde i Klumpar av andre Slag.

Det hardaste og traustaste Telet i Jordflata er det, som me i dagleg Tale kalla Berg (Stein). Det ligg utbreidt i Jordi i ovlege store Mugor, og det deiler seg ogso i mange Slag, som kunnuge Folk hava sine visse Merke paa; men desse Merki era vande aa skyna fyre andre en deim, som era dertil opplærde, av di at fleire ymislege Grjot elder Steinslag kunna liggja samanmengde i same Berget, so at snart det eine og snart det andre Slaget gjerer Yvermengdi. Nokot likt er det og med dei mjukare Steinslag og Jordkynder, som liggja ovanpaa Grunnberget elder imillom Berghøgdom; dei kunna og vera samanmengde paa ymse Maatar, so det er vandt aa skilja deim fraa kvarandre. Den grannaste Skilnad kann vera gjord med Sundring og Samanstrjoking elder Smelting, naar ein dermed kann faa utrøynt, kvat som er det rette To elder Grunn-tel i alle Steinslag; men dertil treng ein mange serlege Reidskapar, so at det aldri kann verda nokon aalmenneleg Kunnskap.

Det vanlegaste harde Bergslaget kalla me jamnaste Graaberg elder Kamp, og stundom Blaaberg elder Raudberg (Raudegrjot), naar det heve ein annan Svip i Liten. Ymse Bergslag, som lata seg kløyva elder hogga og skjera, era kallade Helleberg, Flisberg (elder

Skalberg) og Esja og Telgjestein (Blautegrjot). Elles er Steinslaget oftaste nemnt etter dei Ting, som Folk hava brukat det til, so som: Kverneberg, Slipesteinsgrjot, Bryneberg, Heineberg, Tavlestein og Takstein. I Bøker, som høyra til Bergkunnskapen, finna me derimot mange andre og mest berre framande Namn paa Steinkyndi, so som Granit, Gneis, Skifer, Sandstein, Kisel og fleire slike; men desse Nemningarne retta seg berre etter Grunntelet i Steinen, og dermed fylgjer daa, at det same Namnet kann gjelda um fleire ulike Ting. Soleides høyra me, at baade Kverneberg og Bryneberg og Telgjestein er reknat til «Skifer», og at baade Kvitestein (Qvarz) og Tinna (Flint) og Dvergsmide (Krystall) er altsaman reknat til «Kisel».

Av dei mange ymislege Tel og To, som liggja innsprengde i Berg elder Jord, er der nokre, som era finare og seigare en andre Slag, so at dei lata seg støypa elder forma i ymise Skap og soleides verda brukade til Smidefang. Dertil høyrer dei tunge Malmar (elder Metall), som er Jarn, Kopar, Tin, Bly, Sylv og Gull og mange fleire, som era mindre kjende, so som Nikkel, Zink, Platin og nokre andre. Til slike Malmar rekna dei ogso Kviksylv, som merkjer seg ut fraa dei andre med di, at det held seg rennande elder sigande som ei Væta. Nokre Malmar lata seg mengja elder samstøypa med ymse andre Slag, og paa den Maaten kann ein laga blandade Malmar, so som Massing og Tambak (av Kopar og Zink), Klokkemalm og Brunkopar elder «Bronze» (av Kopar og Tin), og Nysylv (av Kopar med Nikkel og Zink). Med serleg Tilverkning kann ein ogso gjera Jarn til Staal og til Blekkplator. Til Manns Bruk er Jarnet den gagnlegaste av alle Malmar.

Nokre fine Steinslag merkja seg ut med ein serleg Lit og Glans og verda difyre ofta umtalade som Prydesteinar i ymse Kunstverk; det er slike som Demant,

Rubin, Smaragd og fleire, som era nokot sjeldfengde og standa høgt i Pris. Ei fin Steinkynd, som kløyver seg i tunne glitrande Skivor, og som me kalla Kraakesylv, er mangstad aa finna, men er ikkje vidare havd til nokot Bruk. Av dei mange mjukare Steinslag kunna me nemna Kalkslaget; dertil høyrer Kalk (elder Limstein) og Gips og Krit, og dertil rekna dei ogso Marmor, som er myket brukat til ymse Kunstverk. Nokre Steinslag lata seg brenna og verda reknade til Kol-kyndi; det er slike som Brennestein (elder Svaavel) og Rav og Steinkol; og til denna Kyndi rekna dei ogso Demanten, som elles er det hardaste av alle Steinslag. Nokre andre lata seg bræda elder tida upp til Væta, og dei verda reknade til Saltkyndi; det er slike som Salt, Salpeter, Alun og Svertestein (Vitriol).

Det Steinslaget, som er vidaste aa finna, høyrer no elles til same Telet, som det faste Bergslaget; og i Blanding med Steinen er der ymse Kynder av lausare og mjukare Tel, som liggja utjammade i store Floer paa Jordi; det er slike som Aur, Sand, Leir, Torv og Mold. Av desse Jordkyndom er det Moldjordi, som er vidaste utbreidd, og som dertil ogso heve det største Verdet fyre Grasvokstren og Skogvokstren. Ein kann endaa segja, at liksom Jordi tenar til Fodring fyre Vokstren, so tenar Vokstren ogso til Fodring fyre Jordi, med di at alt Avfall av visnad og oppmorknad Vokster vil smaatt um Senn skapa seg um til Mold og mengja seg med den underliggjande Jordtorva.

Bergkunnuge Folk gjera Skilnad paa eldre og yngre Lag i Jordbotnen, so at dei deila Grunnen i try store Lag, som er Grunnberg og Fletberg ¹ og Tridjelag ², og dernæst lata dei det lause Jordslaget fylgja som eit Tillag ovanpaa. Desse Lagi skilja seg stundom i

1 Etter det tydske Flötzgebirge. Flötz er ei Flata elder Flo; eigenlege det same som vaart gamle «Flet».

2 Kallat dei «tertiære» Lag.

fleire Floer, og paa sume Stader kann det vera mange Floer fraa Grunnen og upp til Jordtorva; paa andre Stader kann Grunnberget ganga heilt upp i Jordflata og endaa stiga i Høgdi som store Fjell. Paa sume Stader kann eit Bergslag vera fullt av Smaafloer elder Millomfloer av eit annat Grjot, som me kunna sjaa i ymse Bergbrot, som hava heile Rader av slike Millomfloer, so at dei visa seg mest som Gaarar i Tre elder som Render i ein Vev. Ofta høver det og so til, at desse Gaararne halla upp og ned, so det er mest aa sjaa til, som um Berget hadde eingong voret blautt og bøyggt seg upp og ned, som Baaror paa ein Sjo, og so sidan storknat i Hop og hardnat til. Og der er ogso fleire Likinde til, at det eingong heve voret store Umskjeplingar i Jordi, fyrr en ho fekk sitt fullkomne Skap; men kor det elles heve gjenget til, er vandt aa vita. Derimot er der ymse Umskifte i det øvste Jordlaget, som era lettare aa skyna, so som at Jord og Stein heve siget lenger ned ifraa Bergom, at Vatnet heve gravet seg djupare Rennor, og at Øyarne elder Grandarne i Elvosom hava lagt seg lenger ut og vakset til av Sand og Gyрма, som Elvarne føra med seg. Slike Tiljamningar paa Jordi kunna ganga fyre seg endaa; men dei ganga so seint og smaatt, at me ikkje merka nokot stort til deim.

b) Voksterriket.

I den veksande Skapningen sjaa me ein heilt annan Skipnad en i Steinriket, med di at dei ymise Slag elder Kynder ikkje liggja samanmengde i ujamne Hopar, men derimot standa frie og serskilde kvar med sin sereigne Skapnad. Dei hava Innreide til aa draga Safter av Grunnen, som dei standa paa, og til aa laga elder tilverka desse Safterna paa kvar sin eigen Maate. Dei renna upp av eit litet Fræ og veksa til eit visst Maal, og sidan bera dei sjølve Fræ

til nye Vokstrar av same Slag. Men i denne Framvokstren er det elles myken Skilnad; for sume av deim standa berre ein Sumar til Ende, med di dei renna upp um Vaaren og visna burt um Hausten, so at det verd ein ny Uppvokster fyre kvart Aar; andre derimot veksa seint upp og verda standande i mange Aar, so at dei berre faa ein liten Tilvokster fyre kvar Sumar og derimot standa i Kvild um Vetteren. Nokre av deim faa til kvar Sumar ein Tilvokster med Lauv, men sleppa det av seg um Hausten og standa sidan snaude, til at Vaaren kjem atter.

Dei langstøduge Vokstrarne hava ein traust og heilvaksen Stuv, som veks nokot smaatt fyre kvart Aar, med di at Toppen fær eit litet Tilskot i Høgdi, og Stuvn legg paa seg ei Flo med Save, som sidan hardnar og skapar seg til Vid, so at det verd ein ny Ring elder Gaare under Borken fyre kvar Vaar, som ein kann sjaa i Hogget paa Fura og ymse andre Treslag. Dei snarvaksne Voksterslagi hava derimot ein mjuk Stylk, som stundom endaa er innhol og myket tunn, men som lika fullt kann bera kraftige Frukter, som me til eit Merke kunna sjaa paa dei Grasslagi, som me kalla Korn. For baade dei smaae og dei store Voksterkynder era fulle med fine Røyrer elder Aadrar, som føra Saft ifraa Jordi elder fraa Luft og Væta, og som løypa denne Safti ut igjenom heile Vokstren. So lenge som detta Saftlaupet heve sin fulle Gang, so stend Vokstren heil og frisk; men naar det eingong stadnar anten av Alder elder annat Avbrot, so visnar Vokstren og morknar burt som annat Avfall. I denne Tilgangen med Uppvokster og Nedfall er der nokot likt med Livet i Dyreriket, og difyre verd det stundom ogso talat um eit Voksterliv; men det synest no ikkje aa vera høvelegt helder, for me kalla det ikkje nokot Liv, naar der korkje er Rørsla elder Vit elder Vilje med det.

Paa nokre Voksterslag fell Toppen og Stuvn burt

um Hausten, men Roti stend frisk og skyt nye Renningar um Vaaren. Nokre Slag era so «viljuge» til aa veksa, at naar ein heve eit Stykke av Roti elder endaa berre ein Kvist til aa setja i Jordi, so kjem der ein ny Vokster av det. Men elles er det dei fleste Slagi, som øksla seg berre med Fræ elder Frukt, som jamnaste veks ut av Toppen elder Greinom, anten som Bær elder Neter elder Smaakorn, stundom med ein liten Dusk av Dun elder med ein liten Veng elder Skjaa kring um seg. Som Fyrebod elder Merke fyre Fræet kjem der fyrst ein Tilvokster, som me kalla Blom, og som ofta heve ein bjart og prydeleg Lit og dertil ogso ei merkjeleg Innreiding. Paa nokre Voksterslag (som Selja) kann den eine Stuvén hava bjartare Blomar med ei fin Mjølduft, som snart folnar og fell av; men den andre Stuvén heve døkkare Blomar, som verda standande og skapa seg um til Fræ; daa kann ein segja, at den eine Stuvén er Han (elder Faderstuv), og den andre er Ho (elder Moderstuv). Paa andre Slag (som Bjørk, Hasl og Storrgras) er der ein Kumar elder Knupp med berre Hanblom (Mjøltraadar) og ein annan med berre Ho-blom (Frævisar) paa same Stuvén; men paa dei fleste Voksterslagi er der Han og Ho i same Blomen, so at Frævisarne standa i Midten, og Mjøltraadarne standa utan i Kring. Det verd so uttydt, at den fine Dufti i Mjøltraadom er det fyrste Emne til eit nytt Fræ, og at Frævisarne hava ei løynleg Kraft til aa draga denne Dufti aat seg og dermed fræva seg sjølve.

Etter dei ymse Tilhøve med Blomen og Blømingi heve Voksterriket voret avdeilt i visse Hopar elder Rader til ei lettare Yversyn. Den vidkjende svenske Kunnskapsmannen Linnæus (elder Linné) deilte Voksterkynderna i 24 Hopar etter Blomskapet, og daa der er nokre Voksterslag, som ikkje hava nokon synleg Blom, so sette han desse i den sidste Hopen og gav deim eit Namn, som tyder løynmakade elder

løynleg blømande. (Kryptogame). Sidan heve Voksterriket voret vidare gjennomskodat, og andre Urtekjennarar hava gjort nye Uppnemningar, so at dei dertil toko Merke av baade Blomen og Fræet og sjølve Groren elder Uppsprettingi. Etter desse nyare Uppsetningar er Voksterriket avdeilt i tri store Deilder og kvar Deild i mange Smaadeilder. Dei tri Hovuddeilderna era: 1) *Tvisprettingar*, som renna upp av Fræet med tvau Fræblad (elder Hjartebblad) og som ofta hava Greiner paa Stylken og oftaste 5 (elder 10) Straalar i Blomen, men stundom 4 (elder 8); dernæst er: 2) *Einsprettingar*, som hava berre eitt Fræblad, ingi Greiner, og vanlege 3 (elder 6) Straalar i Blomen; dernæst er: 3) *Løynsprettingar*, som korkje hava tydelegt Fræblad elder tydeleg Blom. Den fyrste Hopen er ogso kallad Femtalsvokster, den andre er Tritalsvokster, den tridje er den blomlause Hopen.

Til den fyrste Hovuddeildi høyrer meste Parten av dei største og sjaalegaste Voksterslag, og dei deila seg ogso i mange Smaahopar; men her faa me berre nemna nokre faae av deim, som era lettaste aa kjenna. Dertil høyra: 1) *Tre*, – a) med Barnaaler: Fura, Gran, Eine, Barlind; – b) med Lauv og Kumar og Vengjefræ elder Neter: Bjørk, Ore, Vider, Pil, Selja, Osp; Alm, Ask, Løn, Lind; Eik, Bok, Hasl; – c) med Lauv og Bærfrukt: Apall, Kirsebærtre, Hegg, Raun, Asall, Hagtorn, Hyll, Krossvid, Brakall, Beinvid, Klunger, Stikelsbær, Movid (Ribs), Vidvendel. – 2) *Kjørrvokster*: Bring, Kolbær, Pors, Rape, Blokkebær, Blaabær, Tytebær, Mjølbbær, Lyng, Krekling. – 3) Urter, skilde i mange Avdeilder, slike som a) *Skaalblomar*: Skinsoleia, Ballblom, Kvitsymra, Blaaveis, Hovsoleia, Nykkjebloom; b) *Krageblomar*: Gullboste, Svæva, Dylla, Balderbraa, Hestefivel, Leirfivel, Tistel, Kviteblad, Borre, c) *Hjulblomar*: Sløkja, Kvann, Hundsløkja, Karvi, Jordnot; d) *Lepeblomar*: Revbjølla, Engjarkall, Daae, Mynta,

Dauvnetla; e) *Krossblomar*: Kaalrot, Næpa, Aakerkaal, Mustar (Senap); f) *Skolmegras*: Erter, Bauna, Graserter, Tiritunga, Smæra (Kløver), Kvitekoll. Av andre Hopar kunna me endaa leggja til: Blaahatt Vendelrot, Klokkeblom, Sjauskjæra, Smella, Bergfru, Mjølke, Mjødurt; Høymola, Sura, Meldestokk, Humle, Netla, Lækjeblad.

Til den andre Hovuddeildi, som me kallade Einsprettingar, høyra dei namnkjende Palme-tre, som veksa i den varme Jordbolken, men ikkje nokot av vaare eigne Treslag. Dei heimlege Voksterslagi, som høyra hertil, era: 1) nokre *Urter*, som: Marihand, Marisko, Mækja (elder Sverdliilja), Lauk, Rams, Skyrpa (Konval) og Romegras; 2) *Sevgras*: Myrsev, Frysla, Vatssev, Myrfivel, Storr, Vatsstorr; 3) *Gras*: Engjargras (Dagrap), Kvein, Bunt, Smelebunt, Røyrgras, Kjevlegras, Faks, Malrug, Kvika, Skjak (Svimling) Floghavre. Til denne Grashopen høyra ogso Kornslagi: Havre, Bygg, Rug og Kveite, som era aalment kjende fyre den kostlege Fødekraft, som dei hava i Fræet, og som difyre ogso verda aarlege utsaadde og innlodade til Matvara. Ymse andre Graskynder som veksa i rikleg Mengd utyver Markerna, hava den Dygdi, at dei tena til Fodring fyre ymse Dyrslag, som era serlege skapade til aa liva av Grasvokstren.

Til den tridje Hovuddeildi rekna me nokre Voksterslag, som spretta og øksla seg paa ein løynelegare Maate, utan nokon tydeleg Blom, og som jamnast ogso skilja seg ut fraa dei andre med ein serleg Skapnad. Nokre av deim era endaa væne og sjaalege som andre Urter; andre derimot hava korkje Graslit elder Grønska i seg. Dei skilja seg i fleire Avdeilder, soleides: 1) *Telgslag*: Snelda (elder Kjerringrokk), Skjefte, Kraakefot, Jamne, Bjørnekamb, Telg, Burkne og Einstape. 2) *Moseslag*: Myrmose, Kvitmose, Tuvemose og fleire slike. 3) *Lavslag*: Granlav, Bjørkelav, Matmose, Reinsmose,

Alvnæver, Steinblik og Korke. 4) *Tangslag*(Sjovokster): Steinsleipa, Martaum, Tare, Søl, Tang (Boletang).

5) *Soppar*: Bladsopp, Busopp, Knyska, Mjølauke, Mygla. Til Sopp og Mygla høyra elles ymse Slag, som visa seg berre som eit Hy elder Musk og era so grannlagde, at ein ikkje ser deim til Fullnad med berre Augom.

Men naar me soleides hava nemnt nokre Slag av kvar Hop, so er alt dette berre ein liten Part av det store Voksterriket; for dei einskilde Kynderna era ovlege mange, og ei stor Mengd av deim er framand fyre vaart Land. Og so er det her som andre Stader, at dei smaae elder smæste Voksterslagi era litet tilgaadde og litet kjende, so at me ikkje hava nokre heimlege Namn paa deim. Men i Skapningen kann det smaae vera lika so merkjelegt som det store, og til Prov derpaa vilja me berre nemna den undringsverdige Skirleike og Grannleike, som jamnaste viser seg i Blad og Blom og i dei minste Straa, med di at all Innreide er so fin og ørsmaa, at ein ser ikkje alle Smaadeilderna, utan ein heve Kikarglas til Hjelp, so ein dermed kann faa deim til aa hildra og skrøyva seg upp, so dei verda synlege fyre Augom. Og tilsidst vilja me ogso nemna den store Rikdomen av Frukt og Fræ, som viser seg paa so mange Urter og endaa paa ymse Treslag, med di at Aarsfræet kann vera so riklege tillagat, at um alt skulde koma til Uppvokster, so vilde der verda ein stor Skog av eit einaste Tre. Vistnog sjaa me, at største Parten gjeng til Spilles, anten av di at det ikkje kjem i Jordi, elder og at det ikkje fær Rom til aa veksa i; men um det no ikkje verd just det, som det er skapat til, so kjem det endaa til ymist Bruk i Skapningen, so som til Føda fyre Fugl og annat Livende. For den eine Deildi i Skapningen heng saman med den andre; Vokstren fodrar seg av Jordtorva elder Steinriket, og Livskapningen fodrar seg so halvveges av Voksterriket.

c) Dyreriket.

I den livande Skapningen er der nokot likt som i Voksterriket: der er mange ymislege Slag elder Kynder med kvar sin Skapnad og dertil ogso ei Sjølvfodring og ein Aldersmun med Uppvokster og Nedfall, som fyrr er umtalat; men so kjem her og nokot nytt og stort attaat, og det er Livet med all den Innreide, som dertil høyrer. Denne Livreiden er nokot av det mest forvitnelege, som me sjaa kring um oss i det store Skaparverket. Det er eit undarlege mangfeldt Gangverk av samlagade Smaadeilder, som gjera kvar si Tenesta til same Fyremaal; innantil er det sjølvverkande Reidskarar, som ikkje trenga til nokon Vilje, og utantil er det Limer, som Skapningen sjølv kannt røra og føra etter sin eigen Vilje, og som era so vel samlagade med Viljen, at dei gjera sitt Verk i same Augneblinken, som Viljen segjer til.

Taka me oss eit Dyr til Merke av dei Slag, som me kjenna best, so er det fyre det fyrste ein Bul (elder Kropp) med Beingrind innantil og med ein mjukare Umbunad av Kjøt og Hud; men so vita me og, at der inne i Bulen er ei Umstrøyming av Blod, som heve sin Midstad i Hjartat, og som elles greinar seg ut i smaae og store Aadrar i heile Bulen; og dertil vita me og, at der næst ved Hjartat er ein Belg, som dreg Luft igjennom Strupen elder som fører Vinden inn og ut i ei æveleg Rørsla, so at det alltid kjem ny Luft inn i Bringa. Dernæst er Bulen tilbudd med Innreide til Sjølvfodring, og det er ikkje berre Munn og Mage, men ogso ein grannare og løyntagare Innbunad til aa draga Kraft av Fodret og leida Krafti ut i Blodet og Limerne. Dernæst heve Bulen sine Reidskarar til Sjølvflutning og Rørsla, det er Føter elder Vengjor elder andre Utlimer, etter som Dyret skal ferdast paa Landet elder i Vatnet. So er der ein overslege grannlagad Innreide til Syn og Høyrsla og Kjensla, so at Dyret kann hava Gaaning og Vitende

um alt det, som det treng til aa vita. Og dermed fylgjer daa og ein Givnad til aa vita sine Livskrav, so som aa finna seg høveleg Heimstad og søkja si rette Føda og elles vakta og verja seg fyre all den Faare, som til kann koma.

Elles er det no myken Skilnad baade i Bul og Limer imillom dei ymise Livskapninger. Sume era berre lagade til aa ganga paa Landjordi, sume til aa fljuga i Lufti og sume til aa sviva i Vatnet. Nokre Slag kunna baade ganga og fljuga, og nokre kunna fljuga og symja lika godt; men so er der andre Slag, som ikkje kunna liva utan i Vatnet. Og lika som der er Skilnad paa Limer og Utreiding, so er der og Skilnad paa Hug elder Vilje; og alltid sjaa me, at Viljen høver til Utreidingi, so at det, som Dyrer heve beste Reidskapen til, det heve det ogso største Hugen til. Eit Dyr, som kann kliva, vil halda seg til Skogen; ein Fugl, som kann symja, vil halda seg til Vatnet; eit Dyr, som er skapat til Grasfodring, vil halda seg til Grasmarki og ikkje traatta etter annat Foder. Og alltid er der no nokot tillagat til Fodring aat kvart Dyrslag, so lenge som det fær liva fritt og halda seg der, som beste Bergningi er aa finna.

Etter den vanlegaste Skipnad i Dyreriket er det so lagat, at kvar Kynd heve tvau Kynskap, som er Han-slag og Ho-slag, og at kvart Dyr, som skal øksla seg elder faa Avkjøme, maa hava ein Make med seg. Ho-slaget er det, som yngjer elder føder, og jamnaste ogso det, som fostrar Ungarne, til dess dei berga seg sjølve. I nokre Dyrslag er Fostret myket veikt og hjelpelaust, daa det kjem til Verdi; i andre Slag kjem det fram utan Liv, med di det ligg løynt i eit Egg og ikkje eingong heve minste Teikn til, kvat Skapnad det skal faa. Men naar Avkjømet soleides treng Hjelp til si Framkoma, heve Moderi ogso ein serleg Givnad til aa hjelpa det fram. Ei Moder av Spendyr-Slaget vil vita, at ho

heve Mjølke i Spenom, og at ho skal hjelpa Ungen til aa søkja Spenarne og suga. Ei Fuglemoder byggjer seg fyrst eit Reid, og naar Eggi era vorpne, so vermer og bræder ho deim, til at Ungarne koma or, og sidan hentar ho Mat aat Ungom, til dess dei era fløygde og kunna mata seg sjølve. Stundom er det no so, at Maken til Moderi er med og hjelper til; men elles er det vel det jamnaste, at Moderi er aaleine um Uppfostringi.

Etter den ymsleige Skapnad og Bunad deiler Livskapningen seg i mange Deilder elder Hopar; men til aa taka alt paa snøggaste Maaten kunna me berre nemna seks Hovuddeilder, som era: Spendyr, Fuglar, Snauddyr (elder Krjupdyr), Fiskar, Liddy og Blautdyr. Dei fjore fyrste Deilderna hava Rygg elder Beingrind innantil; dei tvo sidste hava berre Segar elder Strengjer i Staden fyre Bein og elles mange ulike Skap, so at dei skilja seg i mange fleire Avdeilder; men største Mengdi av deim er berre smaae Dyr, og sume Slagi era endaa namnlause og litet kjende. Den gildaste Tilbunad til Flutning og Rørsla hava Fuglarne, og ymse Fugleslag kunna endaa gjera visse aarlege Langferder, so at dei trøyta Sumaren i den eine Jordbolken og Vetteren i den andre. Spendyr og Fuglar hava varmt Blod og jamnaste ein god Mun av Varme i Bulen; Snauddyr og Fiskar hava ogso Blod, men utan nokon eigenleg Varme.

Den fyrste Deildi er kallad *Spendyr* elder Sugdyr, av di at Moderdyret heve Spenar, som dei nyborne Ungarne kunna suga. Dei fleste Slag hava tvau Par Ganglimer elder Føter, og dei fleste hava ogso ein tett Haarvokster paa Hudi. Etter Skapnaden paa Utlimom kunna me snøggaste skilja deim i fem Avdeilder:

- 1) *Klodyr*, det er slike som: Katt, Gaupa, Jarv, Røysekatt, Mord, Oter, Svintoks (elder Grævling), Bjørn, Ulv, Hund, Rev og Melrakke; Rotta,

Mus, Vond, Lemende, Ikorn, Bjor (elder Bøver), Hare, Bustyvel, Musskjer, og dertil ogso Flogmus elder Skjaavengja, som heve ei Skinna imillom Fotom til aa fljuga med. – 2) *Hovdyr* er berre faae Slag; dertil høyrer Hesten (og Æselet) med einfelde elder heile Hovar og (i andre Land) Elefanten, Elvhesten og Einhyrningen (elder Nashornet) med skilde Smaahovar; og hertil rekna dei ogso Svinet, som elles er likt Klauvdyrom i Foteskapet. – 3) *Klauvdyr* (elder Jortardyr) er slike som: Elg, Hjort, Rein, Geit, Saud og Naut (elder Ku); dei hava jamnaste Horn paa Skolten og skilja seg fraa dei andre Dyrslag med ein serleg Mageskapnad, som er slik, at dei kunna «jorta» elder gulka Foderet upp or Magen og tyggja det upp atter. – 4) *Sveivdyr* er slike som Kobbe (elder Sel) og Hav-erkn og Rossmaal; det er Sjodyr, som hava Sumlabbar elder Sveivar, men som elles era like Klodyrom. – 5) *Sporddyr* er slike som Kval og Vagn (elder Staurhyrning) og Nisa; dei hava full Fiskeskapnad med snaud Hud og eit Par Sveivar, men elles ingi Føter, so at det er Sporden, som dei røra seg mest med; men i Beingrind og Innreide era dei mest like Spendyrom.

I andre Jordbolkar er det elles mange fleire Slag, som ikkje era uppnemnde her; derimillom er ymse Klauvdyr, som Kamela og Steingeit, og mange Klodyr, som Løva og Tiger (med Kattarskap), og dertil Pungdyr og Beltedyrdyr og ymse andre. Eit serskilt Slag er Aporna, som era mest like Menneskja, men hava alle Utlimerne skapade som Hender og difyre era best lagade til aa kliva i Skogom.

Mange av Klodyrom merkja seg ut med Mod og Styrke og ein rik Reidskap til aa berga seg med; men daa dei alltid vilja hava Kjød til Fodring og difyre gjera myket Draap og Skade paa andre Dyr, verda dei jamlege kallade Udyr elder Rædyr og myket etterjagade. Hovdyr og Klauvdyr liva derimot

mest av Gras, og av desse Dyrom er det nokre Slag, som Menneskja alt ifraa dei eldste Tider heve tamt og fostrat og haldet som ein serskild Eigedom.

Den andre Deildi av Dyreriket er *Fuglarne*, som ogso hava tvau Par Utlimer likasom Spendyri, men det fremste Paret er Vengjor. Dei hava Fjøder i Staden fyre Haar og øksla seg med Egg, som turva Bræding elder Verming, fyrr en Ungarne koma fram. Dei skilja seg i fleire Avdeilder, som me her skulo nemna paa det snøggaste. 1) *Ræfuglar*, som era dei sterkaste og djervaste; det er slike som Falk, Hauk, Ørn (elder Are), Fiskegjod, Bergul, Kattula. 2) *Skogfuglar* er slike som: Ramn, Kraaka, Skjor, Skrikja, Gauk, Spetta; Stare, Trast, Lerka, Steintit, Svola, Erla, Meis, Gulskur, Sporv og fleire. 3) *Hønsfuglar* er slike som: Hane (Kalkun, Paafugl og fl.); Tidur, Orre, Jarpe, Rjupa, Duva. 4) *Vadfuglar* (Strandfugl) er slike som Heidlo, Vipa, Tjeld, Trana, Hegre, Spue, Stelk (elder Graatjeld), Strandtita, Rugda, Humregauk, Myrsnipa, Aakerriksa. 3) *Sumfuglar* (Sjofugl) med serleg Skapnad i Fotom (Sumfot elder Sveiv); det er slike som Terna, Maase, Kive; Svana, Gaas, And, Æd, Havsula, Skarv, Imbre, Lom, Langve, Teiste, Lunde, Alka og fleire.

Nokre Fugleslag, som Gjæser og fleire, flytja fraa oss um Hausten til eit varmare Land, men um Vaaren koma dei atter og fostra Ungarne sine i dei nørdeste Landsbolkom.

Til den tredje Deildi, som er kallad Snauddyr elder *Krjupdyr* (Reptilier), rekna me nokre krjupande elder laagføtte Dyr utan Haarvokster og utan Varme, sume med fjore Føter og sume fotlause. Dertil høyrer: 1) *Skjelpadda*, som heve heilt Skal kringum Bulen og held seg mest i den varme Jordbolken. 2) *Ødlor* elder Fjorføtlor, som hjaa oss era smaae meinlause Dyr, men i Sudlandom ymse store og faarleige Slag, som Krokodilen og fleire. 3) *Froskar*

og Paddor, som hava den Eigenskapen, at Ungarne era fotlause og faa ei Umskapning, fyrr en dei veksa upp. 4) *Ormar*, som era utan Føter. Dei skilja seg i fleire Slag, og sume av deim era faarlege, med di at dei skvetta Eiter or seg, naar dei naa til aa bita.

Den fjerde Deildi av Livskapningen er *Fiskarne*, som berre liva i Vatnet og ikkje kunna berga seg paa Landet; dei hava ingi Utlimer utan berre Uggar og Spord; og paa Hudi hava dei jamnaste ei tunn Tekkja av ørsmaa Skalplator, som me kalla Reist (elder Ras). I Staden fyre Lunga og Andedraatt hava dei Tokner, som dei draga Vatn igjenom. Dei øksla seg med smaa Egg, som me kalla Rogn. Dyrekjennararne deila deim i fleire Avdeilder, og av desse vilja me berre nemna dei tri største. Det er 1) Beinfiskar med stinne Uggar; dertil høyrer: Aaborre, Rjot, Auger (elder Raudfisk), Styrja, Stokkaal (elder Makreel), Steinbit, Breidkjeft, Blaagume, Berggylta. – 2) Beinfiskar med linne Uggar; det er slike som: Gjemma, Laks, Aurride, Røyder, Lodda, Horr, Sik, Sild, Brisling; Torsk, Seid, Lyr, Kviting, Hysa, Longa, Brosma, Kveita, Flundra, Aal og Tangnaal. 3) Brjoskfiskar med mjuke Bein og anten slimutt elder korputt Hud utan Reist; dertil høyrer: Haastyrja, Haagylling, Haa, Haabrand, Haakjerring, Brugda, Skata og fleire.

Nokre Sjodyr (som Kval og Nisa) hava Fiskeskapnad utantil, men elles den same Innreide som Spendyri; og difyre verda dei ikkje medreknade til Fiskeslaget.

Den femte Deildi er kallad Liddy, av di at Bulen er liksom avdeild i tvo elder tri Lekkjer med Lider elder Skoror imillom, so at det er aa sjaa til, som um dei hadde voret skøyte saman. Som fyrr sagt, hava dei ingi Beingrind innantil; derimot hava mange av deim eit Skal utanpaa. Til Utlimer hava dei Føter

og Veidehorn, og mange hava ogso Vengjor og kunna fljuga so lett som ein Fugl. Elles hava dei ymisleg Skapnad og skilja seg i ovlege mange Slag; men dei fleste av deim era berre smaae Dyr og difyre litet tilgaadde. Den fyrste og største Avdeildi kann heita *Skordyr* (Insekt); dei hava tvo Ringskoror, som deila Bulen i tri Lekkjer: ein Framlekk (Hovud), ein Midlekk (Brjost) og ein Baklekk, som jamnaste er lengre en dei andre. Dertil hava dei seks Føter, tvau Veidehorn og oftaste eitt elder tvau Par Vengjor. Til denne Avdeildi høyra slike som: Skurk (elder Skarptroll), Smellar, Tordivel, Gullsmid, Sirissa, Engspretta, Styng (Øyrestyng), Fivrelde, Maur, Kvefs, Humla, Myhanke, My, Fluga, Klegg, Brims, Veggjelus, Loppa og mange fleire. – Ei onnor Avdeild er *Krabbedyri* (elder Rækjorna) med ein stor Framlekk, som er baade Hovud og Brjost, og med liten Baklekk; dei hava tie Føter og stundom fleire, eitt elder tvau Par Veidehorn og Skal yver heile Bulen. Det er mest berre Sjodyr, som Hummar, Krabbe, Rækja, Marflo og fleire. – Ei tridje Avdeild kann heita *Runddyr* elder Flaattar; det er nokre, som hava liten Framlekk og stor Baklekk og jamnaste aatte Føter. Dertil høyrer Kongurvaava (elder Vevkjerring) og Flaatt og nokre Slag, som me kalla Mott elder Mit.

Med Skordyrom er det ein merkjeleg Tilgang, at dei fleste av deim faa ein Umskapnad, fyrr en dei koma til sitt fulle Skap. Mange av dei smaae krjupande Dyr, som me kalla Makk elder Aama, er ikkje annat en Ungar, som ikkje endaa hava fenget sin rette Tilbunad; og den sidste Skapnaden kann stundom vera myket ulik den fyrste, so som naar Molduksen verd til Tordivel, Kjølmaakken til Smellar, Kaalmaakken til Fivrelde, Kjøtmakken til Fluga, og det, som me kalla Vere, verd ein Brims elder Klegg. Denne Umskapnaden gjeng fyre seg nokot løynlegt i ei Gøymsla elder Innsveiping; og difyre er det

stundom so, at me vita Namn paa Ungen, men ikkje paa det fullkomne Dyret, so som med Grasmakk, Skogmakk, Veggjesmid og fleire Slag. Det er ikkje liten Skilnad paa den uhamlege krjupande Aama og det prydelege fljugande Fivrelde; og detta Hamskiftet er ogso eit av dei mange Undringsverk i den store Skapningen.

Den sidste Deildi av Dyreriket hava me kallat Blautdyr; men paa desse er der so mange ymislege Skap, at det er vandt aa segja nokot Merke paa heile Hopen. Mange av deim hava ein serleg, undarleg Skapnad, og sume hava og so liti Rørsla, at det er knapt ein kann sjaa nokot Liv i deim elder skyna, kor dei nøra seg. Nokre av deim hava Makkeskapnad og korkje Hovud elder Limer; det er slike som Jordmakk, Sandmakk, Igle og ymse andre, som stundom verda reknade til Liddyrom. Nokre andre er slimutte Dyr med Hovud og Veidehorn, det er slike som me kalla Sniglar, men so er det mange av Snigleslaget, som hava eit skruvringat Skal elder Hus paa seg, og deim kalla me Kuvungar elder Fjørekungar. Andre Slag er berre som ein blaut Klump i eit hardt Skal, mest liksom ein Daase; det kalla me Skjel (Kraakeskjel, Øyreskjel, Ostra og fleire). Andre era skapade som ein rund Klump i eit Skal med Tindar paa; det er Igulker elder Kraakebollar. So er der eit Slag, som ein korputt Klump med stutte Straalar elder Greiner kringum; det er Krosstroll (elder Krossfisk). Eit annat Slag er som eit Hovud med lange Greiner paa; det er Spruta (Akkar elder Haldar). So er der Grordyr, som veksa saman i Duskar elder Greiner liksom ein Grasvokster; og til sidst er der nokot Livende, som kann heita Røytedyr og som er so smaatt, at ein ser det fyrst med Glas og ikkje med berre Augom. Det er mest i rotnande Væta og Gyrma, at slike Smaadyr verda oppdagade.

Det vil synast oss undarlegt, at der umfram all

den rike Livskapningen, som me sjaa med Augom, kann endaa vera so myket Liv, som me ikkje sjaa; men der er daa og so mangt annat i Dyreriket, som me ikkje rett kunna skyna elder tyda. Det er, til Exempel, ein merkjeleg Ting, at der skal vera Snikjedyr ¹, som kunna liva i Kjøtet elder Innvolen paa livande Dyr og dermed gjera deim Mein og Plaaga. Det er ogso merkjelegt, at mange væne Skapningar hava so stutt Liv, at det er knapt so myket, at dei naa fram til sin fulle Vokster, fyrr en dei døya elder verda drepne. Og ikkje minst undarlegt er det, at der skal vera so myken Ufred i Skapningen, at det eine Slaget liver av det andre, at det eine er best lagat til aa tyna og drepa, og det andre berre til aa vakta seg og røma undan. Der er endaa myket, som me sjølve maa vakta oss fyre, og me kunna tidt koma til aa undrast paa, kvi det skal vera so lagat. Me høyra so myken Tale um «nyttige» og «skadelege» Dyr, og me era alltid so tilhugade til aa tru, at alt det, som er oss til Uhugnad, skal vera nokot vondt, som ikkje skulde vera til. Men me skulde alltid minna oss um, at me slett ikkje vita, kvat alt er skapat til. Der er ymse Dyr, som gjera oss Meinsemd, so me era nøydde til aa verja oss og rydja deim av Vegen; men der er ogso mange, som me fanga og drepa til vaart eget Bruk, so at me ofta sjølve gjera lika so myket Livtjon som dei verste Rædyr. Og det vilde vera alt for faaviist aa tenkja, at der ikkje skulde vera nokot annat til, en det som me sjølve kunde bruka. Det er daa so, som det heiter i Bibelen, at det høver ikkje fyre Skapningen aa spyrja Skaparen, kvat han gjerer; det er likt, som naar Krukka skulde spyrja Krukkemakaren, kvi han gjorde henne so. ² Me kunna vel vera visse paa, at det altsaman heve sitt Fyremaal og si Tilsetning,

1 Innvolsmakkar.

2 Rom. 9, 20. Es. 45, 9.

um me endaa ikkje skyna det; og det er ein Ting, som me alltid kunna røyna, at di større Kunnskap me faa um Skapningen, di større Samhøve finna me i det heile, og di fleire Merke sjaa me paa den uransakelege Visdomen, som heve sett heile det store Verket i Gang. Dermed kunna me daa lata oss nøgja, og so skulde me elles vera glade ved, at Skaparen heve gjevet oss Vit og Skyn til aa hugnast ved all den Rikdom og Storleike og Vænleike, som viser seg fyre oss i det store Skaparverket.

VI. UM MENNESKJA.

I Samanheng med ei Umsyn i den livande Skapningen paa Jordi koma me sidstpaa til aa hugsa paa vaar eigi Ætt: Mannen elder Menneskja. (Etter gamalt Bruk taka me stundom baade desse Ordi i same Tyding). I Likams Skapnad er Mannen innreidd som eit Dyr; og difyre er det ogso ymse Kunnskapsmenn, som rekna honom saman med Spendyrom og setja honom næst ved Aporna, av di at det er det Slaget, som svipar mest paa Mannskapnaden. Ved fyrste Augsyni er det no ein Eigenskap ved Mannen, at han gjeng med Bulen beint uppreist, elder «stend paa den eine Enden», som me segja, og i det Laget er han mest lik Fuglom; men i andre Maatar heve han den same Innreiden som Spendyri, og difyre er det og so, at det er desse Dyri, som me skyna best, og det er ogso dei, som skyna oss best, so at endaa sume av deim kunna venja seg til aa lyda oss og halda seg til vaar Heimstad. I ymse Høve kunna Dyri berga seg lettare en Mannen; dei hava sterkare Hud med full Haarvokster; dei hava gløgg Syn og Høyrsla, og mange av deim era riklege utreidde med Styrke og med gode Verjor, medan Mannen berre heve Henderna til aa hjelpa seg med. Men so heve han daa den Fyremunen, at Henderna hans era so vel lagade, at han dermed kann gjera

seg Verjor etter si eigi Torv og laga deim so, som han best likar. Og dertil heve han daa og fenget mange større Gaavor, som visa seg best i Uppvokstren og i Samlivet med annat Folk, som me sidan skulo nemna.

Med sjølve Livet og den likamlege Framvokstren er det nokot lika eins i Mann-ætti som i den andre Livskapningen, at det einskilde Livende kjem til Verdi med ei Fødsla og veks og sterknar i fyrste Bilet, men derimot veiknar og dovnar av imot Enden. Mann-ætti skil seg i tvau Kyn, som er Mann og Kvinna, og jamnaste er det so tilskipat, at der i den store Hopen er mest lika mange av kvart Slag. I beste Aldren heve baade Mann og Kvinna ein medskapad Hug til aa liva saman med ein Make, og den rette Samlivnaden er daa, at kvar skal hava sin Make fyre Livstid; for der vil spyrjast um eit godt Samhelde og Tolmøde til aa fostra det tilveksande Avkjømet. Det nyfødde Fostret er alltid so veikt og hjelpelaust, at det aldri kunde liva utan Røkt og Varetekt; og sidan gjeng det og so seint med Uppvokstren, at det verd mange Aar, fyrr en Ungmennet kjem til sin fulle Førleike. Ein fullkomen Mannsalder kann vera reknad umkring som til 80 Aar; men det er ein stor Hop, som ikkje naar so langt fram, av di der er so mange Tilfelle med Sjukdomar og Uheppor, som gjera Livet stuttare. Og um Mannen endaa naar fram til ein skapleg Alder, so er det daa ikkje so mange Aar, at han er i sitt fullkomne Stand; for den fyrste Fjordeparten av Alderen er jamnaste berre ein Uppvokster og ei Tilbuning til det fullkomne Livet. Men naar me hugsa paa alt det, som Mannen kann læra, so maa me segja, at det er godt, at han heve so mange Læredagar.

Til Upphald fyre Livet heve Mannen den same Torvi som andre Livskapningar, at han alltid maa hava nokot til Føda elder Mat; og dermed heve han

daa den Yvermunen framfyre Dyret, at han kann reida og mengja sitt Matfang, so det verd langt betre, en som Emnet var. Tilfanget til si Føda tek han helst av Voksterriket, so som Korn og andre Fruktar; men dertil nøyter han ogso myket av Dyreriket, som Fisk og Kjøtt og Mjølkk; og i denne Vegen er det (som fyrr sagt) Klauvdyri, som han heve gjort seg det meste Gagn av. Og attaat den daglege Føda tarv han ogso Husvære og Klædnad; men i denne Greini er det stor Skilnad, etter som Bustaden er liggjande til. I den varmaste Jordbolken kunna Folk hjelpa seg myket utan Klæde, og ikkje turva dei nokot stort til Husvære helder, daa dei lett kunna laga seg eit Tjeld av Huder elder Haarduk elder Palmelauv og dilike Ting. I dei kaldare Jordbolkom vil Folket derimot turva baade dugleg Klædnad og tette Hus til Livd fyre Væta og Vetterkulden. Og dermed fylgjer daa og, at det verd so myket større Umsut og Umak fyre Upphaldet.

I si Busetning heve Menneskja sedvanlege skipat seg so, at det vardt ein Bustad paa kvart Rom, som var stort nog til aa giva Føda fyre ein Huslyd elder fyre ei einskild Ætt, og at det ikkje vart større Fraalengd fraa andre Bustader, en at Grannarne kunde finnast nokot jamnan. Dermed heve det daa paa kvar Stad vordet ei Bygd elder Grend med Folk, som kjenna kvarandre og hava ymist Samkvæme seg imillom. I eit slikt Samlag verd det jamt ei Blanding av ungt og gamalt Folk, og Laget vil alltid faa ymse Umskifte, av di at nokre falla fraa elder døya, og andre koma til ved Fødsla og Uppvokster, so at Laget veks paa den eine Sida og minkar paa den andre. I eit Hundrad Aar kann det verda tvo, tri elder endaa fleire Busetningar av ungt Folk paa same Bustaden; og difyre hava kunnuge Folk reknat tri Ættlekkjer elder Older ¹ paa eit Hundrad Aar, so

1 Generationer.

at det verd nokot yver tretti Aar paa kvar Old elder Ættlekk; det er so til aa taka, at naar det lid ut um tretti Aar, so vil mange av deim, som vaaro fødde i dei fyrste Aarom, vera komne so langt, at dei sjølve hava Born, so at der alt er Emne til ein ny Folkesetnad.

Som fyrr er sagt, heve Mannen fenget ymse Gaavor og Krafter, som fyrst koma til Framvokster i Samlivet med annat Folk. Han er ikkje berre upplagd til aa tenkja og døma um dei Ting, som han kjenner til, men ogso til aa tyda sin Hug og Tanke fyre annat Folk. Og dertil heve han fenget ei serleg Gaava, med di at Munn og Tunga er so vel skapad til aa skifta Ljod, at han alt i Barndomen kann læra aa tala; han kann nemna den Ting, som han tenkjer paa, med visse Ord elder Namn, so at andre maa tenkja paa den same Ting, so snart som dei høyra Namnet; han kann segja, kvat han heve seet og høyrte, og alt kvat han elles vil; og med nokor Øving og Upplæring kann denne Fraasegni falla so lett, at Talen gjeng lika so fort som Tanken. Dei, som bu i same Grendom, vilja alltid skyna dei same Ordi, og soleides verd det daa eit Tungemaal med Ord i Tusundtal, som ein alltid kann taka i Bruk og setja saman, etter som ein treng til. Detta er ei overslege stor Gaava; og ein kann endaa segja, at det er Grunnlaget til Mannsens største Fyremuner i Skapningen. For Tungemalet hjelper baade til aa giva Tanken den rette Skipnad og Greidskap, og det hjelper og til aa føra Tanken alt vidare og vidare fraa Stig til Stig, fraa det kjende til det ukjende, fraa det synlege til det usynlege. Ein endaa større Vinning verd det, naar ein kann teikna Maalet med Skrift, so ein kann baade sjaa og høyra det fyre seg; men detta høyrer no ikkje til Mannsens fyrste Torv; det er fyrst i eit Samlag med større Vitsemnd og Kunnskap, at det skriftlege Maalet kjem til Bruk.

Naaraltsaman gjeng sin skaplege Gang, vil den nyfødde Menneskja veksa upp hja sine Foreldre i eit litet Samlag av Skyldfolk og Grannar; og det fyrste, som Menneskja lærer, er daa det Tungemaal, som Grendi talar, og den Sed og Tru, som Ætti er uppfostrad med. Menneskja heve ein medfødd Hug til aa taka etter og gjera som andre hava gjort; og i den lange Uppvokstren lagar ho seg meir etter Sed og Vis en etter sitt eget Vit; for Vitet kjem lika so seint som Vokstren og stundom helder seinare. I den Vegen er der stor Skilnad imillom Folk og annat Livende. Det frie Dyret treng ikkje til annan Lærdom en aa fylgja sin eigen Medgivnad; dermed verd det unge Kvikinde lika fullkomet som det gamle; men so verd det helder ikkje nokot meir. Menneskja derimot vil turva lang Upplæring baade til ymis Embætting og Vinneskap og lika eins til aa temja seg til eit skaplegt Samliv med annat Folk. Etter sin eigen Medgivnad er Menneskja upplagd til baade godt og vondt, og i ymse Ungmenne kann den vonde Hugen vera sterkare en den gode, so der jamnan vil vera Torv til Tugt og Age. Difyre er det ei stor Heppa aa vera uppfostrad i ei Grend, som elsker gode Seder og alltid vaktar seg, at der ikkje skal verda nokot Atterfall til Villskap og Vyrdløysa.

Den største Fyremun, som Menneskja heve i Skapningen, er soleides den, at ho med Hjelp av Tungemaal kan erva den Kunnskap og Røynsla, som Forfederne hava havt, og at ho med sin eigen Tilgaaning kann vinna seg eit Skyn paa den heile synlege Skapningen og endaa ein Tanke um dei usynlege Ting. Med sin medfødde Givnad til aa gledjast av alt, som er fagert, kann ho alt finna rikleg Fagnad berre av si Umsyn i sjølve Skaparverket; og med den Lærdom, som ho erver etter sine Fyremenner, kann ho ogso hava ei Vitring um Skaparen og dermed og ei Rettleiding til aa styra sin eigen Hug og vakta seg

fyre slike Tiltak, som draga Uhugnad etter seg. Og daa det timelege Livet er stutt og umskiftelegt og jamnan fullt av Faare, so vil Menneskja sidstpaa hava største Hugnaden av si Tru paa Guds Tilsyn og av si Von um ei Uppreisning til eit nytt Liv etter Dauden.

Med Trui paa Guddomen og Guds Tilskipnad heve det elles voret myken Skilnad imillom dei ymse Folkeslag. Um det Folket, som i dei gamle Tider hadde den reinaste Tru, er det fortalt i Bibelen, at dei ofta komo paa Avveg og blandade seg med Heidningom, som helder dyrkade Avgudar en den usynlege Gud. Og endaa i vaar Tid er det myken Heidningskap utyver Jordi. Den kristelege Trui heve berre som ein Tridjepart av det heile Folketalet med seg; men so er det daa den Lærdomen, som er vidaste utbreidd, av di at dei kristne Folkeslagi hava breidt seg mest ut yver Jordi. Av andre Truer vilja me nemna den gamle judiske, som Judefolket endaa held seg til, og dernæst den mahomedanske, som heve eit stort Folketal med seg i Asia og Afrika. Ei onnor Tru, som er kallad Buddha-Læra, skal hava eit endaa større Folketal i den øystre Luten av Asia.

I lange Tider og endaa so langt, som me vita nokot visst um, heve Menneskja voret utbreidd yver alle dei store Jordbolkarne. Det heile Folketalet paa Jordi er reknat etter Gisning til framnot 1000 Millionar; og derav heve Asia vel som Halvparten, elder 500 Mill., dernæst heve Europa 250, Afrika 120, Amerika 50 og Australia 2 elder 3 Millionar. Etter ymse Merke i Skapnad og Hamlit avdeildar den heile Folkemengdi seg i try store Ættarslag; det er 1) den ljosleitte elder kvite Ætti, som er kallad den kaukasiske, 2) den gulbrune Ætti, som er kallad den mongolske, og 3) den svarte elder myrkleitte Ætti, som er kallad den æthiopiske elder Neger-

Slaget. Sume rekna endaa tvo Ætter til, som er den amerikanske og den malayiske; men den fyrste av deim skal berre vera ei Grein av den mongolske Ætti, og den andre skal vera ei Grein av den kaukasiske. Elles er no Skilnaden ikkje so stor i sjølve Likamsskapet som i Hamliten og Aasyni, og denne Ættarsvipen kann vel koma seg myket av Landslaget og Livemaaten fraa gamle Tider. Ein større Skilnad viser seg derimot i Tungemaalom, som era so mange, at ein mest kann segja, at kvar Landsbolc, som er so stor som vaart Land, heve eit Maal fyre seg sjølv. Men dermed faa me daa merka, at mange Maal kunna vera nokot skyldte til kvarandre, so at dei hopa seg saman i nokre store Maalrekkjor med visse Greiner og Avdeilder. Den Rekkja, som vaart Maal høyrer til, gjeng i ei lang Lina igjenom Asia og Europa alt ifraa India og til Vesterhavet. Ho deiler seg paa denne Viddi i mange Maal, som vistnog skilja seg myket fraa kvarandre, men som lika fullt visa myken Skyldskap i sin Innbunad og Tilskapnad.¹

Med all denne Skilnaden kann den heile Folkeoldi endaa vera komi fraa ei einaste Ætt; og etter den heilage Skrifti var det berre eit Par Folk, som vardt Fyrsteforeldre til den store Mannætti. Detta Paret maa hava livt i ein av dei milde Landsbolkom i Asia, og derifraa hava daa Ætterna sidan dreivt seg ut yver Jordi, etter som Mengdi voks til. Det er trulegt, at ymse Par elder Smaalag hava ved eit Tilfelle komet langt burt ifraa annat Folk og dermed byrjat paa ein ny Livemaate i eit framandt Land;

1 Av dei store Maalættom vilja me berre nemna dei tvo, som ganga yver Vesterparten av Europa; det er den romanske og den germanske. Til den romanske høyrer: Italisk, Spansk, Portugisisk og Fransk. Den germanske heve tri Hovudgreiner: 1) Tydsk (serskilt kallad Høgtydsk); 2) Saksisk elder Nordtydsk, avskilt i Nedertydsk, Hollandsk og Engelsk; 3) Norderlandsk (Nordisk), avskilt i Islandsk, Norsk, Svensk og Dansk.

og soleides kunde daa ymse Ættarmerke festa seg paa deira Ættingar og gjera deim audkjende i Samkoma med andre Ætter. Dermed kunde ein daa ogso tyda seg den store Skilnaden i Tungemaalom. Det fyrste Maalet heve ventelege voret nokot armodslegt og havt berre eit litet Tilfang av Ord, so at det liksom kom reint burt imillom den store Mengdi, som sidan kom upp, daa Folkehopen vardt større. Og daa Folket i det eine Landet ikkje visste nokot stort um Folk i andre Land, so kann ein ikkje undrast paa, at der maatte verda myken Skilnad i Tru og Seder, i Bunad og Livemaate, og tilmed nokot i sjølve Hugstemna elder Tankelaget.

Millom dei mange Folkeslag utyver Jordi er sume fjølmennte og megtuge, og sume faamennte og litet vinnande. Um nokre Ætter heiter det, at dei veikna og minka av; og um sume av deim heve det og voret sagt, at dei hava so litet Vit, at dei ikkje era fullføre til nokon Trivnad elder Framgang. Men me faa no ikkje tru alt, som me høyra um slike Ting; for slike Smaafolk hava no jamnan den Uheppa, at dei verda vanvyrde av dei storlaatne Framandfolk, som ferdast imillom deim, og som alltid vilja tru, at deira eigen Husbunad er den einaste sømelege, og at alt annat er berre Vyrdløysa og Villmannskap. Vistnog er der vel ymse Folkeslag, som liva i myken Villskap med ymis Utru og Used; men so høyra me ogso Merke paa, at dei sokallade Villmenner paa ymse Stader kunna hava mange store Dygder og derimillom ein stor Vyrdnad fyre Rett og Sanning etter den Lærdom, som dei eingong hava fenget. Og kvat som no elles kann skorta hjaa desse Folk, so hava me ingen Rett til aa vanvyrda deim, um dei ikkje era heilt upp slike, som me vilde, at dei skulde vera.

VII. UM FOLKESKIPNAD

(ELDER LAGSKIPNAD I LAND OG RIKE).

Etter kvart som Folketalet heve vakset til, hava smaa og store Folkehoper breidt seg ut yver alle dei Land, som vaaro nokot laglege til Livbergning og Upphald fyre Folk. Og daa det alltid er so, at «Føda kostar Møda», so laut Menneskja alltid venja seg til ymist Verk og Arbeid til aa vinna si Føda med. Den næmaste Fødevegen var aa nøyta Frukt elder Fræ av Matvokstren paa Jordi og dernæst aa saa og haustvinna og reida Jordi til aa bera matført Avgrode. Ein annan Fødeveg var aa veida Fisk elder Fugl og andre Dyr, og lika eins aa ala ymse Budyd, som Kyr og Sauder og fleire Slag. I nokre faae tunnbygde Land er det endaa heile Folkeslag, som liva mest av Veideskap; i andre Land er det Folkeslag, som liva mest av Feavle, og som helst bu i Tjeld elder lause Buder, so at dei lett kunna flytja med Fenaden sin fraa det eine Graslendet til det andre; dei era kallade Flutningsfolk elder Hyrdefolk (Nomader). Men den fredsamaste Fødeveg er daa Jordbruket, med di det fester Folket til ein viss Heimstad og eit visst Grendarlag og dermed fører til ein tryggare Skipnad i Samlaget.

Jamnaste hava no Folkehoperne viljat busetja seg so, at dei kunde baade hava Jordbruk og nokor Feavling jamsides ved; og denne Lagningi er daa og den beste, so lenge som Folket ikkje bur tettare saman, en at kvar Ætt elder Huslyd kann hava eit Jordstykke, som er stort nog, til at Lyden kann vinna si Føda av det. Elles vil det no tidt ganga so, at der samnar seg so myket Folk paa eit litet Rom, at der ikkje er nokor Raad til, at alle kunna faa nokon Part av Jordi; men paa slike Stader verd det jamnaste ymse Verk og Embættingar av annat Slag, so at mange dermed kunna vinna si Føda utan

nokot Jordbruk. Dei busitjande Folk vilja alltid turva ymis Reidskap og Husbunad, som dei ikkje sjølve kunna verka til, og so kunna daa andre Folk verka fyre deim og dermed faa seg ei Motgaava anten i Matvaror elder andre Ting, som høyra til Livs Upphelde. So er det ogso ymse Verk, som krevja serleg Kunst og Tame, so at ein gjerer deim best, naar ein fær driva stødt paa det same Handverket og ikkje hefter seg med andre Ting. Slike Handverk kunna daa ogso «føda sin Mann» (som me segja); og dermed verd det daa ei Umdeilding elder Utbyting av Arbeidet, med di at kvar Hand fær sitt visse Verk, og kvar Mann fær nøyta den Kunst, som han best heve lært, so han baade kann tena dei andre og tena seg sjølv med det same.

Med Busetningi og Jordskiftet heve det gjenget ymislege til, med di at Folket fyrst og fremst laut retta seg etter Landslaget og dernæst etter ymse andre Tilhøve. I bergutte og ujamne Landsbolkar vardt det oftaste berre einskilde Bustader elder Gardar med kvar sitt Jordstykke til. I dei store Flatlandi vardt det Landsbyar elder Torp med store Hopemarkar kringum seg. Paa nokre Stader, som laago midt i Ferdesvegom og hadde stort Tillaup fraa ymse Sidor, heve det sidstpaa samnat seg so myket Folk, at det vardt heile Byar med mange Huseigarar utan nokot Jordbruk, men elles med mange Vinnevegar med Handverk og Vareførsla og Kaupmannskap og dilike Ting. Denne Samanflutningi heve no jamnaste havt si Uppkoma derav, at Folk turfte hava ymse Marknadsstader til aa møtast paa, naar dei skulde kaupa nokot langveges fraa elder byta Varor med Folk or framande Bygder. Og difyre hava slike Møtestader stundom skapat seg midt inne i Landet, der det var store Vatsdrag og Dalføre, som møttest i ein Os elder eit Aamot; men oftaste hava dei daa komet upp paa Sjosida, der det var

ein Fjord elder Vaag med god Hamn fyre sjofarande Folk og med store Bygder i Umkverven.

Ei Umflutning av ymse Varor fraa den eine Bustaden til den andre heve alltid voret ei aalmenneleg Torv, med di at ingi Bygd kunde vera so fullbergad med alle Tarvende, at der aldri vardt Spurnad um nokor Tilførsla utanfraa. Den eine Bustaden kunde hava god Raad paa Budraatt og Suvl elder paa Fisk og annan Veideskap, men derimot hava stor Skort paa Korn elder Treverk og Timber, som Folk i eit annat Bygdarlag kunde hava god Raad paa. I slike Tilhøve maatte det laga seg so, at den eine laut fara til den andre og faa dei Ting, som han trengde til, og giva nokot jamgodt i Staden. Fyre det fyrste kunde dei byta den eine Vara med den andre etter eit visst Maal elder Tal; men med lengre Samkvæme vardt det Torv til, at Folk maatte hava ein viss Takster (elder Regel) til aa rekna etter, so dei kunde vita nokot grannare, kor myket kvar Ting skulde kosta; og helst vilde Folk hava ein viss Bytemiddel, som kunde gjelda lika godt fyre alle Varor. Dertil hava dei daa funnet den Utvegen, at dei toko visse Vegter av Sylv elder Gull til Utmæling fyre Verdet paa Varom; og slike Vegter (som Pund elder Mork) hava sidan vordet tilskapade i smaa Plator med Tal og Merke paa; det er den Ting, som me kalla Mynt elder Pengar. Deretter kann ein lettaste rekna Prisen paa alle dei Eignarmuner, som ein anten skal skifta elder avhenda; og dernæst hava Pengarne den Fyremunen framfyre annat Gods, at ein alltid kann faa Varor fyre deim, og at ein dermed lettaste kann forskylda andre Folk fyre den Hjelp og Tenesta, som ein ymist kann trenga til.

Med alt slikt Samkvæme, som Folk maa hava til innbyrdes Beining og Rettleiding, vil det Folket, som bur i ei Grend fyre seg sjølv, med Tidi verda samanbundet til eit serskilt Lag elder Samnøyte, so at det

endaa kjem til aa hava ymse Ting til Sameiga som eit Aalmennings Gods. So er det, til Exempel, naar der skal ganga ein Landsveg igjenom Bygdi, so kann den Grunnen, som er teken til Landsveg, ikkje lenger vera nokon einskild Manns Eigedom; men alle maa eiga honom i Hop. Naar nokre Grender liggja so nær saman, at dei kunna hava ein Tingstad elder ei Kyrkja fyre seg sjølv, so verd det eit Samnøyte, som me kalla eit *Tinglag* elder ei *Sokn*. Naar fleire Sokner hanga nokot saman, so verd det eit større Samnøyte, som me helst vilja kalla med det gamle Namnet: eit *Fylke*. Og naar dei serskilde Fylke i eit Land era soleides samlagade, at dei alle kunna hava same Landsrett og same Regjering, so verd det eit endaa større Samnøyte, som me kalla eit Rike. Daa kann ein kalla det so, at alle Grender i Landet era samanbundne til eit einskilt Grendarlag, og at kvar Huslyd er berre ei liti Grein av ein einaste stor Lyd, som ein kann kalla Landslyden.

No er det den fyrste Torv i eit slikt Samnøyte, at der maa vera trygt og fredsamt fyre alle ærlege Folk, so at ingen heve Lov til aa gjera andre nokon Skade. Der maa vera ein Landsrett med Tugt og Refsing fyre alle deim, som gjera Illverk paa annan Manns Liv elder Gods og Velferd. Alle maa hava jamgod Rett til aa ganga frie og ukrenkte, so framt som dei ikkje sjølve gjera nokon Ufred; og lika eins maa ein og kvar hava sin Eigedom i Fred og sjølv faa raada yver all den Midel, som han heve fenget paa ærleg Maate, og som etter hans Fraafall skal ganga i Arv til hans Born elder Ættingar. Dertilmed maa ein og kvar hava Rett til aa hava si Æra uskadd, so at ingen heve Lov til aa ljuga paa honom og dermed avla honom Skam og Vanvyrdnad, som han ikkje heve forskyldt. Alt detta er nokot, som alle vituge og fredsame Folk vilja vera samtykte um; og difyre vil og eit skaplegt Samnøyte laga seg so,

at det alltid heve ein Tilskipnad til Tugt og Age fyre deim, som gjera Uskil, og til Verja fyre alle deim, som liva fredsamt og driva sitt Verk paa ærleg Maate.

Naar det soleides alltid er Torv til, at der skal vera Log og Rett i Landet, so er det ogso tarvlegt, at der skal vera Embættesfolk til aa halda Landsretten i Hævd og til aa greida Sakerna i alle dei Kivsmaal og Tvidrætte, som ymist koma upp imillom Landsens Folk; og dermed fylgjer daa og, at desse Embættesfolk maa hava Magt til aa driva Retten fram og tvinga deim, som imot vilja standa. Men der lyt ogso vera nokot annat, som kann driva Menneskja til aa temja seg sjølv og vyrda lika myket um annan Manns Rett som um sin eigen; der maa vera ein godviljug Vyrtnad fyre Rett og Sanning, og ein ærleg Hug til aa gjera sin Skyldnad, anten det so vil falla lett elder tungt. Det er ikkje nog aa berre vakta seg fyre all den Uskil, som Landsretten kann døma og refsa; der skulde ogso vera ein Otte fyre ein Domar, som ser i Løyndom, og som viser fraa seg alle deim, som leggja Vinn paa Urett. Og difyre vil det krevjast, at Folk fraa Barndomen faa Kunnskap um Guds Ord og Guds Vilje, og at der alltid maa vera Lærarar, som kunna rettleida Folket og jamlege minna det um denne Kunnskapen. Og best er det, naar kvar Fader og Moder vil hjelpa Læraren og sjølv vera Lærar i sitt eget Hus fyre den tilveksande Ungdomen.

Di betre Landsretten er vyrd og hævdad, og di betre Samhelde der er imillom alle Deilder av Riket, di tryggare kann Riket standa, og di sterkare vil det vera til aa verja seg mot Urett fraa andre Sidor. Mest vil det gjelda um eit godt Samhelde, naar Riket kjem i Strid med eit annat Rike, og eit framandt Folk vil herja i Landet. Det er syrgjelegt aa vita, at Verdi, med alt sitt Skrøyt av Framstig og

Uppstig, skal endaa ikkje vera komi so langt, at alle Kivsmal imillom Rikjom kunde vera avgjorde med Lempa utan nokot Herverk og Mannspille. Men det er no det gamle Mein ved Mannætti, at der jamt einkvarstad er Folk, som hava Hug til Ufred, og at megtuge Folk vilja alltid visa si Magt og aldri tola nokon Motburd av sine Grannar. Og so kann det ymist henda, at eit fredsamme Folk verd innfløkt i ein Strid imillom andre Rike, so at det mot sin Vilje maa fylgja med og hjelpa den eine Parten imot den andre. Og sidan det daa alltid er ein Faare aa standa verjelous, so vil Riket vera nøydt til aa kosta seg Vaapen og Herbunad og Upplæring i Hermannskunst fyre paarøynande Tilfelle. Det er ikkje nokon hyggjeleg Tilbunad; men naar det endelege skal so vera, so er det best aa taka det som ein annan Leik; og so lenge som det gjeld um aa verja sitt Fødeland, so er det daa alltid ei Æra aa vera med og hjelpa til, at Landslyden i minsto kann vinna Vyrndad hjaa andre Folk.

Etter alt detta verd det mange Aalmennings-Saker, som binda Landsfolket saman til eit Bulag elder Sameigarlag. Ei Sokn elder Grend fær ymse Sameigor, som Kyrkja, Skule, Tinghus og dilikt; og det heile Riket fær mange større Sameigner, som Aalmennings-Marker, Landsvegar, Festningar, Herskip og Husbygningar av mange Slag. Og hertil kjem daa all den andre Fyreskipnad til Hævding av Log og Rett, til Framhjelp fyre Lærdoms-Verket, til Lette fyre Umferd og Samferd i Landet, til Umsyn med Aalmennings-Godset og til mangt annat, som dermed fylgjer. I alle desse Greiner maa der vera Raadsfolk elder Umbodsmenner, som hava kvar si Tenesta med Styring og Tilsyn og Rekneskap, so at alt maa ganga sin rette Gang. Fyrst og fremst lyt Riket hava ei Regjering elder Yverstyring, som kann hava Umsyn yver det heile; og dernæst maa dei ymise Deilder

av Riket hava sine Raadsmenner, som standa i Samband med Regjeringi og hava kvar sitt visse Verk til aa fullføra. Regjeringi kjem dermed i same Umstand som ein Husbonde elder Fyrestandar, som skal styra eit stort Bruk og leiga mange Tenarar og bjoda deim so store Aarspengar, at dei kunna vera viljuge til aa taka Tenesta hjaa honom. Denne Tenesta verd soleides ein Fødeveg fyre mange Landsmenner, og det er endaa ein Fødeveg, som er myket ettersøkt, av di at slike Embætte alltid giva ei aarviss Inntekt, medan andre Livsstand derimot era nokot utrygge, med di at Vinningen er alltid uviss og stundom kann verda alt for liten.

Desse Ting og mange andre, som høyra med til ei skapleg Innreiding i eit Rike, vilja alltid krevja visse Tilkostingar og Utgifter, som alle Landsmenner maa finna seg i og leggja sin Part til. Slike Utreidslor kunna lagast paa ymis Maate; det kann vera Skattar, som verda paalagde med ei viss Utlikning etter kvar Manns Midlar; det kann ogso vera Tollar, som era lagde paa ymis Kaupmannskap og Vareførsla, men som i Verkningi jamna seg til ei aalmenneleg Utgift, med di at Tollen gjerer Varorna dyrare fyre deim, som kaupa. Daa no slike Utreidslor verda kravde etter eit Paabod, som ein lyt fylgja og lyda, anten ein vil elder ei, so vil det ofta verda etterspurt, um det var nokor Naudtorv til aa leggja so store Tyngslor paa Folket, elder um ikkje Landet kunde standa lika godt med mindre Tilkostnad. Men det er aa merka, at det, som Folket legg ut, er nokot, som ein kann rekna; men det, som det fær atter fyre sitt Utlegg, er nokot, som ein ikkje kann rekna ut i Pengar. Ei god Landsstyring vil alltid trenga til store Midlar til Trygd og Hævding fyre Landsens Velferd, som fyrr er umtalat, og til ymis Umbot, som kann vera til Æra fyre Landet. Og difyre sjaa me og, at der er nokot so nær den same Tilskipnad i alle Rike.

Til Avgjerd av slike Tiltak og Tilkostingar, som era alle Mann vedkomande, kunde det synast som rettaste, at alle Mann skulde vera med og samraadast um Sakerna; men detta kann ikkje godt ganga fyre seg, utan berre i eit litet Samnøyte, som ein By elder eit Tinglag. I eit større Samnøyte (som eit Fylke elder Rike) fær det helder ganga paa den Maaten, at nokre Menner av kvar Landsbolc verda valde av Aalmugen til aa samna seg til eit Landsmøte elder Ting, so at dei der kunna samraadast um dei Maalemni, som trenga til Avgjerd. I slike Tingmøte er det daa dei fleste Røyster, som gjera Utfallet; det er so til aa skyna, at naar eit Fyreslag elder Tilraad er framsett fyre Tinget, og dei fleste Tingmenner (elder ogso alle) samtykkja i Tilraadet, so er det dermed vedteket og stadfest; men er det fleire, som segja imot, en som samtykkja, so er Tilraadet fallet. Med denne Avgjeringsmaaten er det no vistnog so, at det stundom kann vera mange, som mislika det Tilraadet, som er framsett, men endaa faa finna seg i, at det fær Framgang, av di at dei era for faae til aa fella det ned; og detta kann ofta vera meinslegt nog; men der er ikkje nokon annan Utveg, som kann høva betre fyre eit fritt Folk; og so er der daa alltid ei Von til, at naar dei fleste faa raada, so vil ikkje Folket faa større Tyngslor paa seg, en som det kann orka aa bera.

Med den høgste Magti i Riket er det nokot ymislege tilskipat hjaa dei mange serskilde Folkeslag. I dei fleste Rike er det gamall Skipnad, at Landet heve ein Herre elder Hovding med ein viss Fyrerett fram fyre alle Landsmenner, og at Herredømet gjeng i Arv i Ætti hans som eit annat Ervegods. Ein slik Hovding er jamnaste kallad Konung (Kong); i nokre store Rike er han kallad Keisar, og i ymse smaa Rike heiter han Hertug elder Fyrste. Men daa Styreverket i eit Rike alltid vil krevja so myki Umsut og

Rettleiding, at ingen Mann kann vinnast yver det utan Hjelp, so lyt Hovdingen alltid hava nokre Raadsmenner med seg til aa halda Verket i Gang, og dermed verd det daa eit Riksraad elder ei Regjering, som fyrr er umtalat. I sume Rike heve Hovdingen den høgste Magti i alle saker, so han kann bjoda og forbjoda som han sjølv vil; daa heiter det eit ubundet Einvelde. I andre Rike er der ein tiljarnad Riksskipnad ¹, so at nokre Landssaker (som Logsetning og Skattekrav) verda avgjorde i ei Samning av Tingmenner, som era valde av Landsens Folk til Møting og Samraad paa visse tilsette Tider; daa er det eit avmaatat elder bundet Einvelde, som er so tilskipat, at Hovdingen og Riksraadet skal styra i Samraad med Riks-Tinget.

I ymse andre Rike er det so tilskipat, at der ikkje skal vera nokon Erve-Hovding elder Konung, men berre ein Formann (Fyrestandar, Præsident), som er dertil utvald fyre nokre Aar, og som ogso kann velja seg eit Riksraad, men elles alltid maa styra i Samraad med eit Riks-Ting, som er valt av sjølve Folket. Eit slikt Valmanns-Rike er jamnaste kallat ein Fristat (elder Republik); og daa Magti her er jamnare og vidare utskift, so skulde ein og venta, at der maatte vera ein større Fridom og mindre Faare fyre nokot Ovrike elder Meinvelde. Men der er jamlege den Uheppa med, at der lett kann verda Sundring og Tvidrætte anten um Formanns-Valet elder Styringi; og naar daa den eine Hopen vil bruka Magt og Meinraad imot den andre, so kann der snart verda so stor Ugreida, at Folket vil langt helder hava ein Einvaldsherre til aa hævda Landsfreden og Landsretten. Og difyre er det og so mange av dei gildaste Folkeslag, som finna seg best nøgde med et linnt og lempelegt Kongedøme.

I Storleike og Folketal er dei einskilde Riki myket

1 Konstitution.

ulike, og mange av deim era myket større, en eit maatelegt Rike skulde vera. Det heve ikkje alltid gjenget so fagert til, at Folket i eit Land kunde slaa seg saman og velja seg Hovding og Regjering etter sin eigen Hug; helder heve det ofta voret so, at ein djerv og megtug Hovding heve lagt Landet under seg med Hermagt, og ofta heve det endaa voret ein framand Hovding, som heve trengt seg inn i Landet og gjort sine eigne Fylgjesveinar til Herrar yver Landsfolket. Dermed heve det daa vordet ei Samanhoping av Folkeslag, som ikkje hadde nokon Skyldskap med kvarandre; og slike Samanstøypningar hava so ymist gjort ei Umbrøyting i Tungemaal og Landsbunad, med di at dei undergjevne Folk hava voret udjerve og etterlaatne og skapat seg til etter sine framande Herrar baade i Maal og Bunad, so at dei dermed skulde vinna seg større Vyrndad og Gjævleike. Derimot er der andre Folk, som hava gjætt sine Ættarminne med Truskap og haldet so fast paa deim, at deira framande Herrar sidstpaa hava lært av deim og lagat seg etter deim. Slikt er nokot, som er Vyrndad verdt; for den Arveluten av Maal og Minne, som vituge og skynsame Forfeder hava leivt etter seg, er ein alt for stor Ting til aa kasta burt elder byta fraa seg fyre eit Skin av Herredom og Storleike. Og den rette Stormannskapen kann godt lata seg semja med alle Tungemaal og med alle meinlause Landsseder.

VIII. UM TILSTAND I FYRRE TIDER.

I Fylgje med denne Umsyni yver Folkeskipnaden skulde me ogso hava ei Umsyn yver Folkeminni fraa dei framfarne Tider; men detta er eit Maalemne, som baade er ofsa stort og dertil ogso myket ujamt og glepputt, med di at der heve voret lange Tider og mange Folkeslag, som me ikkje vita nokot stort um.

Det var fyrst i dei seinaste Tider, at der vardt nokor aalmenneleg *Minneskrift* (Historia), og di lenger ein kjem attertil i Tiderna, di mindre og myrkare er Minneskrifti. Det var lenge, fyrr en Skrivekunsten kom upp, og det var faae Folk, som funno paa aa skriva upp sine Minne, og so vita me og, at naar Minnesegnerna ganga lenge i Arv og ikkje verda uppskrivne, so kunna dei lett verda samanvasade med Misminne elder og so forvende med Dikt og Skrøyting, at ein aldri kann vita kvat Sanningi er. Men med alt detta er daa den skrivne Minnesegni so stor og rik, at det berre gjeld um aa velja ut dei største og vigtugaste Merkestykke. Naar ein skal taka alt paa snøggaste Maaten, so verd det berre nokre faae Ord um dei største Rike og dei frægaste Folkeslag; men endaa kann det vel alltid vera til Hjelp fyre deim, som ikkje hava Tilleiding til større Kunnskap.

Det er gamall Trunad, at dei fyrste Menneskior hava livt omkring som 4000 Aar fyre Kristendomen; men daa der ikkje kann vera nokot visst Aarstal til aa byrja med, so er det no sedvanlegt hjaa dei kristne Folk aa rekna Aari baade framtil og attertil fraa Kristi Fødeaar; det var omkring som tretti Aar etter at Keisar Augustus hadde vordet Herre yver det romerske Riket. Den fyregangande Tidi verd dermed reknad bakleides fraa detta Aaret, so at Aarstalet verd mindre etter som Tidi skrid fram: til Exempel: Alexander vardt Konung 336 og døydde 323 f. Kr. (dvs. fyre Krist). Desse fyrste Aartusundi verda kallade *Forn-alderen* elder den gamle Æva, og hertil vilja mange ogso rekna dei næstfylgjande 500 Aar. Dei næste tusund Aar (fraa 500 til 1500) era kallade Midalderen, og den seinare Tidi er kallad den nye Aldren (elder Ny-Æva).

Som fyrr er sagt, er det Asia, som skal vera fyrste Heimstaden fyre Mannætti, og i sydre Bolken av Asia

var ogso dei fyrste Riki, som me høyra nokot um. Der var det gamle Assyria med Byen Ninive og dernæst Babylonia med den store Staden Babylon, som er so ofta nemnd i Bibelen. Lenger i Aust var store Rike i India og Kina; men deira gamle Skipnad er oss litet kunnug. Lenger i Vest imot Midelhavet budde tvau Folkeslag, som vel vaaro smaa i Magt og Manntal, men som endaa hava leivt eit stort Minne etter seg. Det eine av deim var Fønisk-Folket (Phønicierne), som gjorde seg vidkunnugt med sine Sjoferder i Aust og Vest og med ymse store Uppfinningar. Det andre var Jude-Folket, som merkte seg ut fraa Heidningom med si reinare Tru um Guddomen og dei andelege Ting, so at deira Lærdom sidan vardt ei Tilbuning fyre Kristendomen.

I dei andre Jordbolkom er det dei Landi, som liggja næst ved Asia, som hava den eldste Minneseigni. I Afrika var det Ægypten, som var mest kunnugt, og som myket tidlege var eit stort Rike med eit Herrestand, som var langt framkomet i Kunst og Viting. I Europa var det Grækarland inst ved Midelhavet, som fyrst fekk nokor merkjeleg Minneskrift. Dei skilde seg i mange smaae Rike, som stundom laago i Strid med kvarandre, men stundom og kunde slaa seg saman til ymse store Tiltøkje. Millom mangt annat er der store Segner um ein Strid, som Grækarne førde mot Staden Troja i Litle-Asia (den trojanske Striden); men desse Segnera era nokot villsvivande og stydja seg myket til eit gamalt Dikt av ein Skald, som heitte Homeros. Elles vordo Grækarne myket namnkunnuge av di, at dei breidde seg vidt ut yver andre Land og stommade Nybygder elder Byar i Aust og Vest, i Litle-Asia og i Italia. Og mest vidkunnuge vordo dei fyre deira store Vitsemnd og Kunst; for dermed vaaro dei alt i gamle Tider komne til slik ein Meisterskap, at dei sidan hava stadet som ei Mynster og Fyresyning fyre andre Folk.

Dei gamle Riki i Asia hadde tidt og ofta Strid med sine Grannar og stundom ogso med stridsame Hovdingar i sjølve Riket. Det babyloniske Riket og ymse fleire kom sidstpaa inn under det store persiske Riket, som byrjade med Kong Cyrus (560 f.Kr.) og som sidan i tvau hundrad Aar var det megtugaste av alle. Det persiske Herredømet tøygde seg lika til Midelhavet; men dei græske Nybygderna i Litle-Asia gjorde Motstand og fingo Hjelp fraa Grækarland. Dermed kveiktest det daa ein stor Strid imillom Grækarland og Persia; men Grækarne varde seg traatt og herdugt imot den store Yvermagti. Den persiske Kongen Xerxes (Ahasverus) skal hava ført ein Stridsher paa tvo Millionar imot Grækarland, men endaa laut han venda heimatter med Skam og Skade. (480 f. Kr.). Og Utgangen paa Striden vardt den, at Persarne laut bjoda Fred og lata Grækarne i Litle-Asia vera frie.

Etter den Tid stodo dei græske Smaariki trygt; men dei skadde seg sjølv med innbyrdes Strid, med di at sume av deim, som Athenæ og Sparta, jamnan traadde etter Herredømet yver dei andre. Ein av deira Granne-Kongar, Filippus av Makedonia, vardt ogso inndregen i denne Striden, og den Mannen visste aa styra det so, at han sjølv vardt Herre yver heile Grækarland. (338 f. Kr.). Hans Son var den namnkunnige Alexander den store, som tok Riket etter honom. Han tok upp atter den gamle Striden med Persia og førde Stridsheren sin inn i Asia; der vann han try store Slag imot Kong Darius, og dermed gjorde han Ende paa det persiske Riket og tok under seg alle dei Land, som dertil høyrde. Sidan vann han endaa fleire Land; men just som han var i sin beste Uppgang, døydde han braadlege i Babylon (323 f. Kr.), daa han var berre 32 Aar gamall. Daa vardt der Strid, um kven som skulde erva det store Riket, og sidstpaa skilde det seg i try Rike: Grækarland og Syria og Ægypten.

Vestanfyre Grækarland var ikkje endaa nokot stort Rike; men so var der daa eit, som lagade seg til nokot stort. I Midbolken av Italia var ein By, som heitte Rom og hadde eit litet Rike kringum seg. Detta Riket hadde fyrst havt Kongar, men sidan var det umskipat til eit Valmannsrike med eit Riksraad (Senat) og med tvo Borgmeisterar (Konsuler), som vordo valde til kvart Aar. Romarne komo ofta i Strid med sine Grannar, men dei hadde jamnan Vinningen, so at dei smaatt um Senn vordo Herrar yver heile Italia, og sidan toko dei til aa tøygja seg vidare. Ein av deira sterkaste Motstandarar var den rike Staden Karthago, som laag sunnanfyre Sjoen, men som hadde vunnet myket Land paa Øyom under Italia. Det kom til Strid imillom Rom og Karthago, og Romarne vunno. (241 f. Kr.). Det vardt ein ny Strid, og daa hadde Karthagarne ein Herførar Hannibal, som gjekk inn i Italia med sin Stridsher og lagde under seg Landet baade i Nord og Sud; men endaa vende Striden seg so, at Romarne vunno. (201). Karthago-Folket leid sidan slik Trykk og Tyngsla, at det endaa tridje Gongen reiste seg til Motstand; men daa vardt Karthago lagt reint i Øyde. (146).

I desse Bilom hadde Romarne ogso Strid paa andre Sidor, som i Spania og Grækarland og Litle-Asia; og det er snøggaste aa segja, at dei jamnan gingo av med Vinningen, so dei nokot um Senn fingo Herredømet yver dei fleste Land kringum Midelhavet. Og attaat all denne Striden med framande Folkeslag hadde dei ogso myken innbyrdes Strid, so at det stundom hende, at den eine Halvparten av Riket laut strida mot den andre. I slike Tilfelle kunde det og henda, at den eine Herføraren vardt Herre yver heile Riket. So var det med Sulla (elder Sylla), som eingong var Einvaldsherre i tvau Aar (død 78). Nokot likt var det med Julius

Cæsar ¹, som elles var ein av dei mildaste og manntydaste Hovdingar, som Minneskrifti nemner; han var Herre yver Riket i tvau Aar, og daa vardt han drepen i eit Raadsmøte i Rom (44 f. Kr.). Og sidstpaa var det ein Erving etter Cæsar med Namnet Octavianus, som fekk Yvermagti (31 f. Kr.) og sidan var Herre yver Riket i 44 Aar. (død 14 e. Kr.). Han vardt kallad Augustus og er reknad som den fyrste Keisar; for etter den Tid vardt Riket eit Einvaldsrike i Staden fyre eit Valmannsvelde. Det romerske Riket var no so stort, at det naadde i Vest yver Spania, Gallia og Britland, og i Aust yver Grækarland, Litle-Asia, Syria og Ægypten; difyre er det ogso sagt, at Keisar Augustus kunde bjoda yver «heile Verdi». (Luc. 2, 1).

Den næste Keisaren etter Augustus var Tiberius (død 37). I hans Dagar var det, at Frelsaren fullførde si Sending paa Jordi, og at hans Læresveinar grunnlagde dei fyrste kristne Samstemnor elder Soknarlag. Den nye Lærdomen vardt hædd og hatad baade av Judar og Heidningar, so det i lang Tid frametter var mange, som laut lida Pinslor og Daude fyre si Tru; men lika fullt breidde Lærdomen seg alt vidare ut med si eigi Magt, og etter lange Tyngslor og Trengslor hadde dei kristne Samningarne vordet so mange, at Herrarne i Riket funno det rettaste aa lata deim vera i Fred.

Av dei romerske Keisarar hava nokre vordet mest namnkjende fyre Illska og Ulivnad, som Nero (død 68), Domitianus (død 96) og Commodus (død 192); andre hava derimot fenget eit godt Ettermæle, som Trajanus (død 117), Antoninus Pius (død 161), Alexander Severus (død 235) og fleire. Det vardt annsamt aa styra det store Riket, med di at der jamnan vardt Ufred av framande Folkeslag paa ymse Sidor. Ein Keisar,

¹ Namnet er eigenlege Caesar elder Kaisar, og derav er Tittelen «Keisar» oppkomen.

som heitte Diocletian (død 305), tok seg difyre ein Med-keisar til Hjelp, og seinare var det fleire, som gjorde det same; men so vardt der Strid imillom desse Hovdingom innbyrdes, til dess at ein av deim, som heitte Konstantin, vann yver alle dei andre og vardt Einvaldsherre. (Aar 324). Denne Keisaren er namnkunnug av di, at han samtyktest med det kristne Folket og sidstpaa sjølv tok ved Kristendomen. (død 337). Detta var eit stort Umskifte fyre det kristne Folket, som so lenge fyrr hadde lidet Skjemd og Elting med Draap og Pinslor fyre si Tru, men som no so braadlege kom til Magt og Vyrndad i Riket.

Konstantin hadde flutt sitt Kongssæte fraa Italia til Grækarland; og ein av hans Ettermenn, som heitte Theodosius (død 395) skifte det store Rike millom sine tvo Søner, so at den eine fekk det vestlege Riket med Rom til Hovudstad, og den andre fekk det øystre (elder grækiske) Riket med Hovudstaden Byzantium, som no vardt kallad Konstantinopel. Men endaa vardt kvart Rike so vidlendt, at det vardt vandslegt aa møta dei store Folkeskararne, som søkte inn paa Landet. Alt fyrr hadde ymse germanske og mest gothiske Folkeslag trengt seg inn i Landet nordantil; men no var det ogso eit nytt og ukunnugt Folkeslag, kallat Hunnar (elder Hunar), som kom innstrøymande fraa Asia, og som sette slik Uro i dei andre Folkehøparne, at det vardt ei ideleg Strøyming og Flutning mot Vest og mot Sud, so at denne Æva er kallad den store Folkeflutningi. Med Hunnarne vardt det daa ikkje nokon lang Strid; dei komo rynnande vest yver Landet lika til Gallia; men der tapte dei eit stort Slag (Aar 451), og sidan drogo dei seg tilbaka, og daa deira Konung Attila var daaen, slitnade Riket deira i sunder. Men dei andre Folkehøparne trengde seg alltid fram paa Sudsida. Det grækiske Keisardømet stod seg nokorleid imot denne Trengsla; men det romerske Riket vardt reint

yverstiget, so at sidstpaa ein tydsk Hovding, Odoaker, tok inn Rom, sette Keisaren av og kallade seg sjølv Konung av Italia. (476). Etter honom kom ein gothisk Konung Thjodrik (elder Theodorik), som var ein gild og vyrdeleg Hovding; men hans Ættingar miste si Magt, og sidan var Italia i lange Tider som ein Trætteteig imillom framande Herrar, som ymist slogost um Landet og toko snart det eine Stykket og snart det andre.

Enden paa det romerske Riket er reknad som eit stort Tideskifte, so at den fylgjande Æva er kallad *Midalderen*, til Skilnad fraa den fyrre, som er reknad til Fornalderen. Vesterbolken av Europa byrjade no aa skipa seg til i nye Rike og mest med Hovdingar av dei germanske elder tydske Ætter (Gothar, Frankar, Saksar og fleire), som i Folkeflutnings-Tidom hadde strøymt ut yver Landet. I Spania vardt eit nytt Rike tilskipat av gothiske Hovdingar. I Gallia vardt eit Rike med frankiske Hovdingar, og etter deim vardt Landet sidan kallat Frankrike. I Britannia vardt ei stor Innflutning av Saksar elder Anglar (Angel-Saksar), so at Landet etter deim vardt kallat Engelland (elder Anglia). Sjølve Tydskland var endaa skilt i ymse Smaarike; men ei stor Deild av Landet hekk saman med det nye frankiske (elder franske) Riket, som no ei Tid frametter var det megtugaste Rike paa Vesterleidi.

I desse nye Rikjom vann Kristendomen Inngang nokot um Senn, og dermed vardt daa ogso nokor Umbot i Folkeseden, og nokot større Kunnskap kom til, med di at Prestar og Landshovdingar tamde seg til med Skrift og Lesnad, so som Grækarne og Romarne fyrr hadde gjort. Kyrkje-Retten vardt tilskipad etter den Sedvane, som var tilkomen i Rom, og Bispen i Rom var halden som Hovudsmann fyre heile Kyrkjelaget og kallad Pave elder Papa (d. e. Fader). Desse Pavarne fingo dermed stor Magt og

Vyrndad, og sume av deim, som Gregor den store (død 604), verkade ogso myket godt til Framhjelp fyre Kunnskapen og til Utbreiding av Kristendom imillom Heidningom. Men medan Kristendomen soleides gjekk jamt fram i Vesterrikjom, fekk han derimot ein stor Atterstøyt paa Austersida. I Mekka i Arabia var ein Mann med Namnet Mahomed, som tok seg til aa læra Folket ei ny Tru, og daa han hadde fenget eit Fylgje med seg, tok han Landet under seg med Vald og Vaapenmagt og nøydde Folket til aa taka ved den nye Lærdomen. (død 632). Hans Ettermenner i Herredømet vaaro djerve og stridsame, so dei foro med Hermagt yver Landet i Aust og Vest og trugade Folket til aa taka Mahomed's Tru. I Asia grunnade dei eit stort Rike med Hovudstaden Bagdad, som vardt Sæte fyre deira Konung elder «Kalif». I Afrika toko dei heile Nordsida langs med Midelhavet; derifraa trengde dei seg inn i Spania og stommade der det mauriske Riket, som sidan stod lenge uppe. Sidstpaa vilde dei og leggja Frankrike under seg; men den frankiske Hovdingen Karl Martell samnade ein sterk Stridsher imot deim og slog deim i eit stort Slag (Aar 732), so dei sidan ikkje torde vaaga nokot meir paa den Sida.

Ein Son til Karl Martell vardt sidan Konung i Frankrike, og hans Son var den vidkunnuge Karl den store (død 814). Han hadde myken Strid, men var jamnan heppen, so han sidstpaa lagde under seg heile Saksland og Sud-Tydskland med Halvparten av Italia og eit Stykke av Spania. Dertil er han og myket namnfræg fyre si Umsut fyre Log og Rett og lika eins fyre Kristendom og Kunnskap. Etter hans Daude losnade det store Riket i sunder, og hans Sonarsøner skifte det i try Rike, som var Frankrike og Tydskland og Italia. (843). Tittelen av «romersk Keisar», som Karl den store hadde fenget, gjekk sidan i Arv til Kongarne i Tydskland.

I disse Bilom hadde dei nørdeste Smaariki skipat seg til try serskilde Rike: Danmark, Sverike og Norig, og den fyrste Konung yver heile Norig var Harald Haarfagre (død 933). Ymse Smaahovdingar, som tykte, at det var det trongt fyre deim i Norderrikjom, hadde teket seg til aa fara i Kring som Vikingar med Herjing og Plundring i andre Land, so at dei vordo ei stor Skræmsla fyre Folket. Ein av desse Hovdingom vann so stor Magt i Frankrike, at han tok under seg eit stort Fylke, som sidan var kallat Normandie og var det myket namnkunnugt. Elles var det Engelland, som leid mest av slike Vikingsferder. Detta Riket hadde no skipat seg nokorleid vel til og hadde ymse gilde Kongar, som Alfred den store (død 901) og Athelstan elder Adelstein (død 940); men Landet fekk alltid Ufred av framande Gjester, og sidstpaa kom ogso dei danske Kongarne til, og Knut hin rike lagde heile Landet under seg. Dei danske Herrarne fingo daa ikkje nokot langt Velde; men etter deim kom William, Hertugen av Normandiet, og tok inn Riket og gjorde sine franske Fylgjesveinar til Herrar yver dei engelske Fylke. (Aar 1066).

Ut imot Enden av det ellefte Aarhundrad byrjade dei store Herferderna, som era kallade Krossferder. Det hadde lenge voret sedvanlegt, at kristne Ferdarmenner foro til Judeland og vitjade Jerusalem og andre heilage Stader. Desse Ferderna vordo no nokot kranglege, daa Arabarne etter Mahomed hadde stomnat sitt store Rike i Asia og dermed ogso lagt Judeland under seg; men so gjekk det no tollege endaa ei Tid, til dess at der kom ei ny Hovding-Ætt (Tyrkarne), som hatade alle dei kristne Ferdarmenner og gjorde deim alt større og større Forfang. Desse Tidenderna vakte daa myken Harm i Vesterlandet, so der var det ein stor Tilbunad til aa strida fyre det heilage Landet og taka det atter fraa dei ukristne

Valdhavarom. Heile store Folkeskarar drogo aust igjenom Landi til denne Striden; men ei stor Mengd av deim gavst upp og fekk sin Bane paa den lange Vegen. Ein sterk Her av duglege Stridsmenn, med Hertugen Gottfrid (av Bouillon) til Formann, vann daa endelege so myket, at dei toko Jerusalem og sette kristne Hovdingar yver Landet (Aar 1099), men det nye Riket fekk ingen Fred, og ikkje varde det lenge helder, fyrr dei ukristne fingo Yvertaket. Seinare gjekk det fleire store Krossferder vestanifraa; men alt, som vardt vunnet, gjekk atter tapt, og det heile vardt berre til ei stor Spilling av Liv og Mannskraft.

I det kristne Kyrkjelaget hadde der nyst fyrr vordet eit Tviskifte, med di at Bisparne i det græske Riket skilde seg av fraa Paven i Rom og toko Bispen i Konstantinopel til Formann (1054). Dermed miste daa Pavarne nokot av sitt Herredøme; men so vaaro dei og so myket herdugare til aa auka si Magt yver dei vestlege Riki. Mest kjende fyre denne Trøytingi etter Magt og Velde era Pavarne Gregor VII (død 1085) og Innocentius III (død 1216). Etter deira Fyreskipnad skulde Pavarne ikke berre raada yver Kyrkja og Prestestandet, men dei kunde ogso taka seg Løyve til aa tugta sjølve Kongarne og setja deim av fraa Embættet, naar dei gjorde nokot Motstand.

Med Kunnskap og Boklærdom var det i lang Tid myket smaatt i dei fleste Land; men so er det daa likt til, at dei store Krossferderna til Austerlandet hava havt ymse gode Fylgjor i Vesterlandet og vakt ein friskare Hug til bokleg Kunst. Umkring som paa Tolvhundred-Talet viser der seg alt eit munarlegt Uppstig i Vesterbolken, so som i Frankrike og paa fleire andre Stader, og mange gilde Bøker og Diktarverk era i desse Tidom tilkomne. Ogso i vaart eget Land var der gjort ymse gode Tiltak i boklegt Verk, og Sogomennene paa Island hava endaa

merkt seg ut framfyre andre med sine meisterlege Skrifter.

Etter all den Folkeflutning, som fyrr hadde voret, kom det endaa i det trettande Aarhundradet ein ny Folkestraum fraa Asia inn yver Midbolken av Europa. Det var Mongolarne, som fyrst hadde sleget under seg eit stort Rike i Asia og sidan komo herjande inn yver Russland og fram mot Tydskland, men daa umsider stadnade og drogo seg tilbaka. (1241). Russland vardt sidan lenge standande under det mongolske Herredøme og kom dermed i stor Vanmagt.

Elles var det fleire Rike, som i lange Tider veiknade og vanskipade seg sjølve med innbyrdes Ufred og mest med Strid um Retten til Herredømet. Det gjekk ofta so til, at naar ein Konung døydde, var det tvo elder tri Ervingar, som vilde taka Riket etter honom, og som hadde kvar sin Folkehop med seg, so det berre galdt um kven som kunde trøyta lengst ut med Striden.

I dei fleste Rike var det og so, at sjølve Folket hadde liten elder ingen Aatgang til Riksstyringi, med di at der alt som vidaste hadde skapat seg ein Adel elder eit Herrestand, som vilde hava Magti fyre seg sjølv. Men so hende det daa og paa nokre Stader, og mest i Tydskland og Italia, at ymse Byar elder Smaaafylke fingo skipa seg til som eit litet Rike fyre seg sjølv. I Berglandet Sveits vardt det endaa eit Sambands-Rike av nokre Fylke, som slogo seg saman til Sjølvverja (Aar 1308) og vaaro heppne nog til aa verja sitt Sjølvvelde mot dei framande Herrar, som vilde leggja Landet under seg.

Kongarne av Engelland hadde lenge havt eit Stykke av Frankrike (Normandiet) som eit Ervegods, og seinare vilde dei og hava Herredømet yver heile Riket. Derav reiste der seg daa ein lang Strid (1340), og ei Stund frametter var det likt til, at heile Frankrike skulde koma under Engelland. Men sidan vende daa

Lukka seg so, at Franskmenerne vunno atter det, som dei hadde tapt; og den, som gjorde mest til denne Vinningen, var ei Bondegjenta, den namnkunnuge Jomfru av Orleans, som tok paa seg aa føra Stridsheren imot Fienden, daa so mange andre hadde mist Modet. Uheppelege nog vardt ho fangad av Fienden og baalbrend som ei Trollkjerring (1431); men daa hadde hennar Landsmänner alt fenget so godt Framtak, at dei sidan jamt gingo av med Sigren.

Det græske Keisarriket hadde i lange Tider havt myken Ufred baade innantil og utantil; og sidstpaa fekk det daa og ein Granne, som var det for sterk; det var Tyrkarne, som ved Aaret 1330 hadde lagt under seg Litle-Asia og sidan trengde seg inn i Europa og toko Staden Adrianopel, der dei sette seg so fast fyre, at all Freistnad til aa driva deim bakleides var faafengd. Sidstpaa toko dei sjølve Hovudstaden Konstantinopel (1453), og dermed var det græske Keisardømet fallet.

Dei nørdeste Riki hadde i desse Tider liti Magt. Den danske Drotningi Margreta fekk Norig og Sverike til aa binda seg saman med Danmark (Aar 1397); men detta Sambandet vardt berre til Vanheppa. Sverike skilde seg fraa og valde seg fyrst ein Fyrestandar og seinare ein Konung; Norig derimot vardt i lange Tider hangande fast med Danmark.

I det femtande Aarhundrad var det oppfunnet aa bruka Fyrvaapen elder Skotvaapen med Krut, og detta Bruket førde sidan til ein ny Tilskipnad i Herstriden og Herbunaden. Ei onnor Uppkoma, som vardt til stor Hjelp fyre den aalmennelege Kunnskapen, var det, at Prentekunsten umkring som ved Aaret 1440 vardt oppfunnen i Tydskland og snart deretter vardt innførd i dei umliggjande Landi.

Ein annan Tilburd, som drog store Fylgjor etter seg, var det, at Amerika no fyrst vardt kunnugt fyre

Folket i Gamle-Heimen. Vistnog var Landet funnet fyrr; det er sagt, at Folk fraa Kina hadde visst um det eit Tusund Aar tidlegare; og nokre Hundrad Aar seinare hadde Folk fraa Island og Grønland ogso funnet Amerika; men det vardt ikkje so, at det kom deim til nokot Gagn, og ikkje vardt det vidare kunnugt helder. Det var fyrst i Aaret 1492, at ein Mann, som heitte Kolombo, siglde ut fraa Spania med try Skip og stemnde vest yver Havet i den Voni, at han der skulde koma til India fraa Austersida. Det Landet, som han daa fann, vardt og sidan kallat Vest-India, men elles var det berre nokre Øyar austanfyre Amerika. Nokre faae Aar seinare vardt den rette Vegen til India ogso funnen, daa ein Sjomann fraa Portugal siglde sud um Enden av Afrika og derfraa i Aust yver det indiske Havet. Med desse Sjoferdom hadde daa Folket fenget ei ny Utsyn yver Verdi, og dermed fylgde daa ei stor Forvitna til aa fara i Kring paa Havet i Aust og Vest og leita etter nye Land, so lenge til at heile Jordi var umsigld og alle Sjovegar oppdagade.

Detta Bilet kringum Aaret 1500 er difyre reknat som eit stort Tideskifte, so at dei fylgjande Tider til Skilnad fraa Midaldren era kallade *Ny-Aldren* elder den nye Æva.

Det nyfundne Landet Amerika var ikkje nokot audt elder ubygt Land; tvertimot var der buande Folk baade i Nord og Sud, og i Midbolken var der endaa megtuge Rike, som Mexiko og det gullrike Peru-Landet, og der var eit djervt og duglegt Folk, som var vidt komet i ymis Kunst og Hagleike. Europa-Mennerne hadde ingen Rett til aa taka nokot Land fraa deim elder gjera deim nokot Forfang; men til Uheppa skøytt dei ikkje stort um nokon Rett; dei vilde hava Landet og vyrde litet um Folket; for dei hadde Krut og Kulor, som dei innfødde ikkje kjende nokot til. Dei innfødde Hovdingarne laago

ymist i Strid med kvarandre, og detta visste dei framande Gjesterne aa nøyta so, at dei snart sjølve vordo Herrar i Landet og kunde fara med Folket, som dei vilde. Spaniorarne toko dei gildaste Landi i Midbolken; Portugalsmännerne toko myket av Sud-Amerika; Franskmenner og Engelsmenner toko store Stykke av Nord-Amerika. Og paa same Tider foro Portugisar og Engelsmenner ogso paa Austerleidi og lagde under seg ymse Nylende i Sudhavet og det indiske Hav.

Den megtugaste Hovdingen paa denne Tid var Karl V, som var Keisar i Tydskland (1519 til 1556), og som dertil og ved Erverett hadde vordet Konung av Spania og Herre yver Holland med eit stort Stykke av Italia. Til hans Rike i Spania kom no ogso det nye Landet i Amerika, so det var sagt, at «Soli gjekk ikkje ned i hans Rike». Men hadde han stor Magt, so hadde han og myket til aa strida med. Um Herredømet i Italia fekk han ein lang Strid med Kongen av Frankrike (Frants I), og um Styringi i Tydskland fekk han Strid med sine Underhovdingar. I sine seinare Aar var han myket sjukleg, og difyre avleet han Keisarriket til Broder sin (Ferdinand I) og det spanske Riket til Son sin (Filip II). Tvau Aar seinare døydde han (1558).

Keisar Karl hadde ikkje berre havt Strid um Land og Rike, men han vardt og uroad av eit Kivsmaal um Tru og Kyrkjesed. Pavarne i Rom hadde lenge havt eit Velde, som var til Tyngsla fyre Folket og til Skræmsla fyre sjølve Kongarne. Bibelen var litet kjend, og Lærdomen var forvend og umvavd med mange nye Paabod; og dermed fylgde daa streng Refsing fyre alle, som mistoko seg elder gløymde nokot av desse Paabodom. Detta Meinveldet hadde paa ymse Stader vakt myket Misnøgje. Alt i det tolvte Aarhundradet var der i Frankrike ein Flokk (Valdensarne), som traadde etter ein reinare Lærdom

og som difyre vardt hardlege trugad og forfylgd. Seinare var der i Engelland ein lærd Mann, John Viclif (død 1387), som talade imot Paven og raadde Folk til aa fylgja Bibelen. Nokot slikt lærde ogso Johan Hus i Bøhmen, og difyre vardt han baalbrend paa eit Kyrkjemøte (Aar 1415). Men sidstpaa kom der daa ein Mann, som hadde større Heppa med seg; det var Martin Luther, Lærar ved Høgskulen i Wittenberg (i Tydskland). Han vitnade djervt og fyndugt mot alle Forvendingar i Kyrkje-Læra og sette sjølv upp ei Fyreskrift til ein betre Lærdom og Kyrkjesed. Han fekk godt Medhelde, og ymse Hovdingar hjelpte honom, so hans Fiendar ikkje fekk Magt yver honom. Fyrr en han døydde (1546), hadde han daa ogso den Hugnad, at hans Lærdomsbot alt var innførd i Nord-Tydskland og Holland og dertil ogso i Danmark, Norig og Sverige.

I det frie Landet Sveits vardt ogso ei Lærdomsbot innførd (av Zvingli og Calvin); men Lærdomen var ikkje heilt upp den same, som Luther hadde sett upp, og difyre vardt detta Kyrkjelaget kalla det «reformerade» til Skilnad fraa det «lutherske». I Frankrike fekk den «reformerade» Lærdomen myken Inngang, men kom ikkje til nokot Herredøme I Engelland hadde Kongen, Henrik VIII, komet i Usemja med Paven og difyre skilt seg fraa den romerske Kyrkja og innført ein ny Kyrkjesed. Dotter hans, Maria, som sidan fekk Riket, vilde derimot reisa den gamle Kyrkjeseden uppatter; men etter henne kom Systeri, Drottning Elisabeth, og i hennar lange og lukkelege Regjering (1558 til 1603) kom Lærdomsboti til fullt Herredøme.

I Frankrike vardt det ein stor Strid um Lærdomsskiftet. Dei, som stridde fyre den umbøtte (elder reformerade) Lærdomen, hadde mindre Magt og leid store Tap, og eingong vardt alle deira gildaste Menner lokkade saman med Voner til Fred og Vinskap,

men sidan sviklege yverfallne og drepne i Tusundtal. (Bartholomæus-Natti 1572). Men med alt detta vaaro dei endaa mangmennte nog til Motstand; og daa Henrik IV vardt Konung (1593), fingo dei daa umsider Løyve til aa halda sin eigen Kyrkjesed.

I Tydskland vardt det alt større og større Tvidrætte millom det gamle og det nye Kyrkjelaget; og sidstpaa kom det endaa til ein rasande Herstrid, som varde i 30 Aar og difyre er kallad Trettiaars-Striden. 1618 til 1648. Nordtydskarne, som stridde fyre Lærdomsboti, kunde i Fyrstningi ikkje standa seg imot Keisaren; men fingo sidan stor Framgang, daa den namnfræge svenske Kongen, Gustav Adolf, kom deim til Hjelp. Han fall i eit Slag (1632); men hans Fylgjesmenn sigrade, og daa Keisaren sidan ogso fekk Strid med Frankrike, laut han umsider bjoda Fred og lata Lærdomsboti hava sin Gang.

Engelland hadde i desse Tider fenget stor Magt paa Sjoen og vunnet seg mange Hamnestader og Nylende baade i Amerika og paa Austerleidi. Nokot likt var det og med Holland, som under Keisar Karl V var sambundet med Spania, men sidan sette seg upp mot det spanske Meinveldet (1579) og fekk Hjelp dertil av Engelland. I den lange Striden mot Spania og Portugal vann Holland mange rike Nybygder i India og Austerhavet.

Engelland hadde ymist fyrr leget i Strid med Skotland, som i lange Tider var eit Kongerike fyre seg sjølv; men daa Drottning Elisabeth døydde (1603), var det den skotske Kongen Jakob (elder James), som var næste Ervingen etter henne, og dermed kom daa Engelland og Skotland under same Kongen. Engelland hadde i nokre hundrad Aar havt eit Riks-Ting (Parlament), som skulde raada saman med Kongen um Landsens Saker; men det hende so ymist, at Kongarne fylgde sin eigen Vilje og ikkje lydte etter Rikstinget. So gjorde ogso Karl I, Son til Kong

Jakob; men so vardt der ein Fiendskap, som steig so høgt, at Kongen og Tinget førde Herstrid mot kvarandre, og Kong Karl vardt fangad og dømd til Daude og halshoggen (1649). Sidan var Engelland i nokre Aar kongelaust, og Herføraren Cromwell styrde Riket med stor Klokskap men myket strengt og einraadugt, so at Folket leiddest av «Fristaten»; og daa Cromwell var daaen, toko dei Kongssonen, Karl II, til Konung (1660). Etter honom fylgde Broderen Jakob II; men hans Regjering vardt so illa likad, at han sidstpaa vardt avsett, og Maagen hans, William III, vardt teken til Konung (1689). Men daa vardt der og gjort ei ny Grunnlog med greide Skilvangar fyre Kongemagti, so at Engelland dermed fekk ein friare og tryggare Skipnad en dei fleste andre Rike.

I Frankrike var i desse Bilom ein Konung, Ludvig XIV, som jamnan traadde etter Yvermagt paa alle Sidor og dermed vakte myken Ufred. Paa sine gamle Dagar førde han ein stor Strid um Kongedømet i Spania; det er kallat den spanske Ervestriden (1701 til 1714). Der hadde han baade Tydskland og fleire Magter imot seg og leid mange store Tap; men paa Enden fekk han daa sin Vilje fram, so at Sonarson hans, Filip V, fekk hava det spanske Kongedømet.

I same Tidom var det og ein stor Strid i dei nørdeste Rikjom. Sverike hadde med Gustav Adolf og etter hans Tid fenget stor Magt og vunnet ymse Landstykke innanfyre Øystersjoen. Dei neste Riki tykte detta vera ottesamt; og Kongarne av Danmark og Polsland og Russland bundo seg saman mot den unge Kongen Karl XII. Kong Karl var so god Stridsmann, at han vann paa deim alle i Hop og var nokre faae Aar i stor Uppgang; men seinare vende det seg so, at hans Fiendar fingo Yvertaket. Det Riket, som gjekk sterkaste ut av Striden, var Russland, som i detta Bilet hadde fenget ein ovlege djerv og dugleg Hovding, Zar Peter den store (død 1725).

I Nørdre-Luten av Tydskland var der oppkomet eit nytt Rike, som traadde sterkt etter større Magt og Landvinning. Det var Prussland elder «Preuszen», som eingong var eit Hertugdøme under Polsland, men sidan vardt sambundet med Brandenburg og fleire Landstykke. Det hadde fenget Namn av Kongerike (1701) og kom til stor Magt og Uppgang under Kong Fredrik II elder den store (1740 til 1786).

Det polske Riket kom derimot i Nedfall. Detta Riket hadde i nokor Tid voret eit Kongedøme med den Fyreskipnad, at Landsens Adel skulde velja den nye Kongen, naar den gamle var fraafallen. Men detta Kongevalet førde ofta til innbyrdes Strid, og sidstpaa gjekk det so, at Grannarne, Russland, Prussland og Austerrike, drogo seg inn i denne Striden og toko kvar sitt Stykke av Landet (1772). Dei polske Hovdingarne reiste seg sidan til Motstand; men dei tapte mot Yvermagti, og daa toko Grannarne det Stykket, som atter var, og bytte det imillom seg. (1795).

Engelsmennerne hadde, som fyrr er umtalt, teket eit stort Landstykke i Amerika, og myket Folk hadde flutt ut og busett seg der. Dei hadde skipat seg i ymse Fylke elder Smaarike med kvar sitt Riksting og ikkje trengt til nokor Hjelp fraa Heimlandet. Daa no den engelske Regjeringi kravde Skatt av deim, so vilde dei ingen Skatt giva, og trettan Fylke slogo seg saman og sagde seg frie fraa Engellands Herredøme (1776). Dei fingo Medhald av Frankrike og Spania, so at Engelland fekk Ufred paa alle Sidor. Og Enden paa Striden vardt daa den, at dei trettan Fylki fingo sin Fridom og vordo standande som eit Sambandsrike, som vardt kallat Unionsstatarne elder dei sambundne Statarne i Nord-Amerika. (Aar 1783).

Det Landet, som no eit Bil frametter vakte den største Tilspurnad, var Frankrike. Det franske Folket hadde lenge boret store Tyngslor og var myket mis-

nøgt med si Landsstyring og sitt Herrestand; og i Aaret 1789 kom det umsider til ei stor Umstøyting ¹. Kong Ludvig XVI laut kalla saman eit Riksting, og detta Tinget kravde store Avtak i Kongemagti og sette upp ei ny Grunnlog, som Kongen laut samtykkja. (1791). Eit nytt Ting var endaa stridare mot Kongen og Herrestandet. Mange Stormenner hadde rømt ut or Landet og eggjat dei andre Kongarne til aa hjelpa Kong Ludvig; og daa det sidan spurdest, at ein tydsk Stridsher var paa Vegen til Frankrike, so vardt Kong Ludvig skuldad fyre Samraad med Fienden, og difyre vardt han fangad og dømd og drepn. (1793). Riket vardt kallat Fristat, og Kongsmennerne vordo fangade og drepne i Tusundtal. Desse Tidenderna vakte Illhug og Fælske baade i Tydskland og fleire Rike, og store Stridsherar vordo avsende mot Frankrike til aa hjelpa Kongsmennerne, men dei tapte i Striden og fingo Ufreden inn i sitt eget Land. Dei franske Hermennerne gingo so fast fram, at dei snart vordo Herrar yver ymse store Landstykke, som fyrr hadde leget under Tydskland og Austerrike, men som no vordo umskipade til Fristatar i fast Samband med Frankrike.

Det vardt elles ikkje rett lenge, fyrr en det franske Folkeriket vardt som eit Einvaldsrike paa nytt Lag. Av dei mange gilde Herførarar, som tamde seg upp i denne Striden, var der ein, som hadde merkt seg ut framfyre dei andre og vunnet mange store Sigrar; det var Napoleon Bonaparte. Han hadde sidstpaa fenget so stor Magt og Vyrndad, at han vardt Formann fyre Riket (1799), og nokot seinare vardt han endaa utropad til Keisar (1804). Det nye Keisarriket fekk Ufred paa alle Sidor; men Napoleon hadde si gamle Lukka endaa eit Bil, so han vann alt større og større Yvermagt. Men sidstpaa var han daa uheppen og leid store Tap paa ei Herferd til Russland

1 Revolution.

(1812); og dermed fingo hans Fiendar Yvertaket og søkte inn i hans eget Land. Han vardt avsett og utviist or Landet (1814); men endaa kom han atter og sannade ein ny Stridsher imot Fienden; daa tapte han eit stort Slag (ved Waterloo, 1815), og so vardt han avsett paa nytt og utførd som Fange til ein engelsk Hamnestad paa Øyi Sant-Helena under Afrika. Seks Aar seinare døydde han.

Daa Napoleon var sigrad, hadde dei Magterna, som stridde mot honom, fenget slikt Yvervelde, at dei kunde skifta Land og Folk imillom seg, som dei vilde; og dermed vardt det daa myken Umskipnad i Tydskland og Italia og ymse andre Land. Millom annat, som daa vardt avgjort, var ogso det, at Norig skulde vera skilt fraa Danmark og lagt under Sverike; men seinare vardt det daa so tilskipat, at Norig skulde faa standa som serskilt Rike i Samband med Sverike (1814).

Av nyare Umskifte kunna me som snøggaste nemna, at Grækarland vardt skilt fraa Tyrkeriket og gjort til serskilt Kongerike 1829, at Flamlan (elder Belgia) vardt skilt fraa Holland i 1830, og at Italia umsider sannade seg til eit heilt Rike 1861. Frankrike var Kongerike til 1848, daa det vardt umskipat til Fristat; sidan var det Keisardøme under Napoleon III fraa 1852 til 1870, og so vardt det Fristat paa nytt. Um all den styggjelege Ufreden, som elles heve voret i Tydskland og Frankrike, vilde her verda for langt aa fortelja.

Eit huglegare Minne er daa dei mange heppelege Uppfinningar, som era tilkomne i den sidste Mannsaldren. Fyrst og fremst er det den Kunsten aa nøyta Eimkrafti til Flutning og Førsla; dermed kom Folk fyrst til aa byggja Eimskip til Langferder paa Sjoen, og sidan til aa leggja Jarnvegar og gjera Eimvogner til Førsla paa Landet. Dernæst kom det upp aa nøyta Ravkrafti (S. 230) til Teiknestreng (Telegraf) og der-

med senda Snarbod fraa Stad til Stad, som er til stor Vinning fyre deim, som turva Tidender langveges ifraa. Og dertil kjem daa ei heil Mengd av Drivverk og Maskinor, som era oppfundne til aa letta Tungorka og dermed spara Tid og Handemagt. Desse nye Uppkomorna hava daa og gjort myki Umbrøyting i ymis Verknad og Vinneskap; og fyrst og fremst er det aa merka, at Samkvæmet imillom dei serskilde Folkeslag heve dermed lettnat og fenet ein Framvokster, som heve gjenget yver alle Voner.

MERKNADER

Samtale imellem to Bønder prenta (anonymt) i «Morgenbladet» 1849, nr. 5. Undertittel: (om Begivenhederne i Udlandet). Merknad: Sprogformen er dannet ved Sammenstilling af flere Dialekter.

I Marknaden (anonymt) skrive 1854 og spela same aaret paa Kristiania norske teater. Uprenta so nær som songen til slutt. Aasens ms. er burtkome; men paa universitetsbiblioteket finst det nokre rollebøker og ei sufflørbok (ikkje paalitande naar det gjeld rettskriving); millom Aasen-ms. finst berre noko av eit utkast. Prof. Hægstad hev teke ei avskrift (med normalisera rettskriving); den er lagd til grunn ved prentingi.

Ervingen (anonym) prenta etter 1ste utg. Chr.a 1855.

Sidste Kvelden elder Gunnbjørg paa Haugen prenta (med forfattermerket I. A.) i «Lauvduskar» VI Bergen 1887 s.1–7.

Dagbok paa en Reise til Bergen 1841 prenta i «Samtiden» 1907.³

Dagbog paa en Reise til Trondhjem i Juli Maaned 1842 prenta i «Syn og Segn» 1902.

Erindringer af mine Reiser uprenta. Utdrag or 4 hefte med reiseminne fraa Sud-Norig (1842–45). Ms. i Moltke Moes eige. Aasen reiste fraa Sogndal 28/2 1843. Upphaldet i Ullensvang var fra 28/4-19/6 1844.

Um Vanen uprenta. Ms. i Moltke Moes eige.

3. Dei fleste merknaderne i «Dagbøker og reiseminne» hev Moltke Moe sett til.

Um Dikting og Um Storlæte or «Prøver af Landsmaalet» 1853 s. 97–106.

Brev om Kulturen (anonymt) prenta i «Dølen» I 1859 nr. 16.

Um Folkasegner paa Island (anonymt) prenta i «Dølen» III 1862 nr. 17.

Merkedagarne prenta i Læsebog for Folkeskolen og Folkehjemmet (udg. af P. A. Jensen) 1863, III s. 326–330.

Ettersleng til 17de Mai og Talar fyre tome Stolar uprenta.

Um Namnet Oslo (anonymt) prenta i «Dølen» IV 1866 nr. 26.

Aasmund Vinje (anonymt) prenta i «Dagbladet» 5/8 1870. Der er mor til Vinje kalla Torbjørg Gudmundsdotter, men ms. hev Geirmundsdotter, som er det rette.

Um sjeldsynte Dyr i Sjoen (anonymt) prenta i «Fedraheimen» 1878. nr. 58. S. 213 er Peder Claussøns daudeaar retta fraa 1623 til 1614.

Heimsyn kom ut (anonymt) som serskild bok Kr.a 1875.

S. 289 er keisar Diocletians daudeaar retta fraa 284 til 305.

*